1 Føremål

Dette reglementet skal bidra til:

- Ei føremålstenleg og effektiv arbeidsdeling mellom politiske organ og administrasjonen
- Gje administrasjonen nødvendig handlefridom til å utvikle ein effektiv organisasjon med vekt på å dekkje innbyggjarane sine behov innanfor dei politisk opptrekte rammene.
- Sikre innbyggjarane ein rask og effektiv service og sakshandsaming.

2 Rådmannen sitt arbeids- og ansvarsområde

Rådmannen er øvste leiaren for den kommunale administrasjonen. Han/hennar rettar og plikter går m.a. fram av kommunelova § 23.

Rådmannen skal ha eit særleg ansvar for:

- Leie det strategiske plan- og utviklingsarbeidet i kommunen.
- Leie administrasjonen sitt arbeid med å førebu saker for dei folkevalde organa og sjå til at desse er forsvarleg utgreidde m.a. med omsyn til heilskapsperspektiv og konsekvensar for helse, miljø, økonomi, beredskap, personell og publikum sine krav til tenester.
- Gjennomfører dei politiske vedtaka.
- Syte for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar, under dette etablere rutiner for internkontroll.
- Vidareutvikle, kvalitetssikre og tilpasse kommunale tenester til dei behov innbyggjarane har.
- Motivere og utvikle kommunen sine tilsette innanfor ein fleksibel og effektiv organisasjon.
- Kommunen sitt overordna ansvar for det interne arbeidet med helse, miljø og tryggleik og det utadretta i høve innbyggjarane si folkehelse.
- Oppfølging av dei andre kommunale leiarane.
- Delta i kommunen sitt interkommunale samarbeid og ekstern profilering.

3 Generelt mynde

Rådmannen har delegert mynde til å avgjere alle saker som ikkje har prinsipiell karakter – eller som er kurante. Kva som er av prinsipiell karakter, må takast stilling til

ikkje berre ut frå karakteren og konsekvensane av vedtaket, men også ut frå ei vurdering av i kva grad dei viktigaste skjønnsmessige sidene av den aktuelle avgjerda er klarlagde gjennom politiske vedtak, instruksar eller tidlegare praksis.

I sondringa prinsipiell/ikkje- prinsipiell sak skal ein vurdere om det er grunn for at avgjerda treng meir enn ei fagleg og/el. regelbunden vurdering eller handsaming. Dersom det er tvil om saka er av prinsipiell karakter, skal rådmannen ta opp med ordføraren om saka leggjast fram for politisk organ til avgjerd.

Rådmannen kan vidaredelegere mynde dersom kommunestyret ikkje har bestemt noko anna.

Rådmannen skal til vanleg utgreie saker som skal handsamast i formannskap og utval (første folkevalde organ som handsamar ei sak). Nærare retningsliner for form og innhald i saksutgreiingane vert fastlagde av kommunestyret.

Rådmann kan opprette og nedlegge stillingar innanfor kommunestyret si fastsette personalramme (årsverkramme). Rådmannen er tilsetjingsmynde for alle stillingar der slikt mynde ikkje er lagt til andre ved lov eller reglement.

Ved avgang av sektorleiarar (etatsjefar) skal formannskapet orienterast. Ved tilsetjing i slike stillingar, skal formannskapet orienterast før utlysing.

Rådmannen gjer vedtak i alle personalsaker innanfor dei retningsliner som politisk vert vedteke i retningsliner og arbeidsgjevarstrategien.

Rådmannen har fullmakt til å handsame klage på vedtak som underinstans.

4 Mynde i økonomiske saker

Rådmannen har ansvar for og mynde til å disponere heile kommunen sitt budsjett innanfor kommunestyret sitt vedtekne budsjett, mål og retningsliner.

Rådmannen har fullmakt til å overføre driftsmidlar mellom kommunen sine felles stabs- og støttfunksjonar når dette ikkje er i strid med budsjettføresetnadene eller fører til vesentlege endringar i budsjettet.

Rådmannen har fullmakt til å gjennomføre dei låneopptaka som kommunestyret har vedteke og fylkesmannen har godkjent etter kommunelova § 50. Fullmakta gjeld også refinansiering av eldre gjeld i samsvar med kommunen sitt finansreglement for å redusere kommunen sine finansieringskostnader.

Fordeling av låneporteføljen på fast og flytande rente og val av rentesikring skal drøftast med formannskapet.

Innanfor same eining (rammeområde) kan rådmannen omdisponere mellom alle driftspostane og eventuelt styrke driftspostar ved bruk av meirinntekter i samsvar med reglane i økonomireglementet.

Rådmannen kan auke ein driftspost ved å ta i bruk tidlegare overførde løyvingar til vedkomande føremål.

Rådmannen kan fråfalle kommunal pant eller fråfalle/vike prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.

Rådmannen har mynde til å godkjenne avdragsutsetting med inntil eitt år for lån der kommunen har gitt kommunal garanti.

5 Mynde til å treffe vedtak etter særlover

Rådmannen får delegert mynde til å gjere vedtak etter følgjande særlover med tilhøyrande forskrifter når sakene er av ikkje- prinsipiell karakter **og** myndet ikkje er lagt til anna organ ved heimel i lov eller i delegeringsreglement:

5.1 Plan og bygningslova (27.06.2008 nr 71)

I samsvar med delegasjonsreglementet er ikkje -prinsipielle avgjerder delegert til rådmannen**.** Dette inneber at ikkje prinsipielle saker i medhald av plan- og bygningslova kan handsamast administrativt.

5.2 Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) (LOV-2005-06-17-101)

- Møte på vegne av kommunen ved kart- og delingsforretningar.
- Overlate til andre å utføre kart- og delingsforretningar.
- Adresseforvaltning (§ 21).

5.3 Nabolova (16.06.61 nr. 15).

- Opptre på vegne av kommunen i naboforhold.

5.4 Veglova (21.06.63 nr. 23).

- Kommunen sitt mynde etter veglova.

5.5 Vegtrafikklova (18.06.65 nr. 4).

- Kommunen sitt mynde etter vegtrafikklova med tilhøyrande forskrifter.
- Skiltforskriftene av 10.10.80 nr. 1, pkt. 30 (Jf. Delegering frå vegsjefen av 02.01.98).

5.6 Lov om samferdsel (04.06.76 nr. 63).

- Gi uttale på vegne av kommunen i alle løyvesaker (unntatt saker vedk. kollektivtransport).

5.7 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (10.06.77 nr. 82).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

5.8 Eigarseksjonslova (23.05.97 nr. 37).

- Kommunen sitt mynde etter eigarseksjonslova.

5.9 Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (16.03.2012 nr. 12).

- Og mynde etter forskrift om kommunale vatn- og avløpsgebyr av 10.01.95.

5.10 Forureiningslova (13.03.81 nr. 6).

- Kommunen sitt mynde etter forureiningslova med tilhøyrande forskrifter (§ 83).
- Mynde etter vedtekter for renovasjon vedk. kloakkslam og hushaldningsavfall.

5.11 Konsesjonslova (Lov 2003-11-28-98)

Mynde til å gjere vedtak/uttale seg på vegne av kommunen på følgjande punkt:

- Konsesjon for bustadtomt eller tomt til fritidsbustad som det ikkje er bygd på dersom tomta er under 2 daa (§ 4, 1. ledd).
- Konsesjon på areal som er ein del av byggeområde som nemnt i plan- og bygningslova §§ 20-4, 1. ledd nr. 1 og 25, 1. ledd nr. 1.
- Konsesjon på eigedom der konsesjonsfridom er sett ut av kraft med heimel i Konsesjonslova § 5.
- Fritak frå bu- og driveplikt etter Odelslova § 28 og Konsesjonslova § 5, 2. ledd.
- Saker som gjeld søknader om bu- og driveplikt skal handsamast politisk.

5.12 Lov om trussamfunn (13.06.69 nr. 25).

- Fordele støtte til trussamfunn, jf. §§ 19, 19a.

5.13 Lov om gjeldsordning (17.07.93 nr. 99).

- Godta eller forkaste forslag til gjeldsordningar innanfor ei ramme på kr. 200.000,-.
- Gjere avskriving av tap på etableringslån, med dekning av kommunen sin innskotskonto for etableringslån i bank som vert nytta ved forvaltning av etableringslån. Innbetalingar på etableringslån i høve til oppretta gjeldsordningar godskrivast innskotskontoen.

5.14 Alkohollova (06.06.89 nr. 27).

- Godkjenne ny styrar og stedfortredar ved skifte i løyveperioden (§ 1-7c).
- Godkjenne utviding av skjenkelokale for ei enkelt tilstelling (§ 4-2).
- Avgjere søknader om ambulerande løyve til slutta lag (§ 4-5).
- Fastsetjing av avgifter etter § 7-1 i alkohollova og §§ 11-1, 11-2 og 11-3 i forskriftene.
- Alminneleg løyve til enkeltarrangement (§17)
- Tiltak etter ruspolitisk handlingsplan og vedtak om sanksjonar ved brot på alkohollova.

5.15 Serveringslova (13.06.97 nr. 55).

- Godkjenne ny styrar ved skifte (§ 4).
- Serveringsløyve
- Vedtak om sanksjonar ved brot på serveringslova.

5.16 Lov om helse og omsorgstjenester (Lov 2011-06-24-30)

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.17 Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven) av 24.06.2011 nr 29.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.18 Lov om barneverntjenester (barnevernloven) av 17.07.1992.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.19 Lov om vern mot smittsomme sykdommer av 24.05.1999 nr. 55.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.20 Lov om helsepersonell m.v av 02.07.1999 nr. 64.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.21 Lov om pasientrettigheter av 02.07.1999 nr. 63.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.22 Lov om helsemessig beredskap av 17.01.1986 nr. 3047.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.23 Lov om vern mot tobakkskader av 15.12.1995 nr. 99

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.24 Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern 02.07.1999 nr. 62.

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.25 Lov om samordnet næringsmiddeltilsyn av 17.03.1978 nr. 6

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.26 Lov om sosiale tenester i NAV (Lov 2009-12-18-131).

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som følgjer av lova.

5.27 Lov om tilsyn med næringsmiddel (19.05.33 nr. 3).

- Kommunen sitt mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova..

5.29 Lov om barn og foreldre (08.04.81 nr. 7).

- Gi uttale på vegne av kommunen (§41).

5.30 Lov om folketrygd (17.06.66 nr. 12).

- Gi uttale på vegne av kommunen (§ 18-3).

5.31 Lov om vaksenopplæring (28.05.76).

- Avgjere søknad om kommunalt tilskot til vaksenopplæring etter reglar vedteke av kommunen.

5.32 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) (17.07.98)

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med følgjande unntak:
  Saker om skulekrinsar, skulekrinsgrenser, namn på skular, målform i grunnskulen og fastsette forskrifter etter lov om opplæring og saker som kommunestyret sjølv skal handsame etter lova

5.33 Barnehagelova (05.05.95 nr. 19).

- Kommunen si oppgåve og mynde etter lova med dei unntak som fylgjer av lova.

5.34 Lov om film og videogram (15.05.87 nr. 21).

- Avgjere søknad om løyve til framvising av film og videogram i næring (§2).

5.35 Jordlova (12.05.95 nr. 23).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova med fylgjande unntak:

Saker som gjeld søknader om bu- og driveplikt skal handsamast politisk.

5.36 Skogbrukslova (LOV 2005-05-27-31)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

5.37 Odelslova (28.06.74 nr. 58).

- Fritak frå bu- og driveplikta etter § 28, jf. Konsesjonslova § 5, 2. ledd.

5.38 Lov om regulering av ervervsmessig husdyrhald (13.06.75 nr. 46) med forskrifter.

- Kommunen si oppgåver og mynde etter lova.

5.39 Viltloven (Lov-1981-05-29-38)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

5.40 Friluftsloven (Lov-1957-06-28-16)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

5.41 Forpaktingslova (Lov-1965-06-25-1)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova.

5.42 Lov om vassdrag (15.03.40 nr. 3).

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter lova knytt til landbrukssektoren.

5.43 Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven). LOV-2002-06-14-20

- Kommunen sitt mynde etter lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farlege stoff og om brannvesenet sine redningsoppgåver av 14. juni 2002 nr. 20 med tilhøyrande forskrifter vert delegert til rådmannen (rådmannen) for vidare delegering til brannsjefen.

5.44 Lov om Husbanken (29.05.09 nr 30)

- Saker om vidareformidling av Startlån og tilskot, jfr Foskrift 2014-03-12-273 om Startlån.

5.45 Introduksjonslova (Lov-2003-07-04-80)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter introduksjonslova.

5.46 Kulturlova (Lov-2007 – 06 -29 -89)

Og forskrift for tilskot til anlegg for idrett og friluftsliv (V 0732) så langt dette omhandlar kommunen (jfr teknisk godkjenning av anlegg)

5.47 Kulturminnelova (Lov-1978-06-09-50)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter kulturminnelova.

5.48 Biblioteklova (Lov-1985-12-20-108)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter biblioteklova.

5.49 Konfliktrådsloven (Lov 2014-06-20-49)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter konfliktrådslova.

5.50 Gjeldsordningsloven (Lov1992-07-17-99)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter gjeldsordningslova.

5.51 Skattelova (Lov-1999-03-26-14)

- Kommunen sine oppgåver etter skattelova.

5.52 Eigedomsskattelova (Lov-1975-06-06-29)

- Utskriving og innkreving av skatt.

5.53 Skattebetalingslova (Lov-2005-06-17-67)

- Kommunen sine oppgåver og mynde etter skattebetalingslova.

Lov om flagging på kommunenes offentlige bygninger (Lov-1933-06-29-2)

5.54 Eldrerådslova (Lov-1991-11-08-76)

- Kommunen sine oppgåver etter lova.

5.55 Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne (Lov-2005-06-17-58)

- Kommunen sine oppgåver etter lova.

5.56 Lov om kommunal beredsskapsplikt

- Kommunen sine oppgåver etter lova.

5.57 Krisesenterlova (Lov-2009-19-44)

- Kommunen sine oppgåver etter lova.

6 Mynde etter generell forvaltnings- og arbeidsmiljølovgjeving

Rådmannen har i kraft av å vere øvste leiar for administrasjonen m.a mynde etter desse lovene:

6.1 Forvaltningslova (Lov-1967-02-10)

6.2 Offentleglova (Lov-2006-05-19-16)

6.3 Arkivlova (Lov-1992-12-04-126)

6.4 Personopplysningslova (Lov-2000-04-14-31)

6.5 Arbeidsmiljølova (Lov-2005-06-17-62)

6.6 Kommunelova (Lov-1992-09-25-107)

7 Inntillingsrett

Rådmannen har innstillingsrett til alle politiske utval bortsett frå kommunestyret der innstillinga skal gå via eit underordna politisk utval. (Rådmannen kan etter lova ikkje gjevast innstillingsrett til kontrollutvalet)

Volda, august 2014

Rune Sjurgard

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Henrik Skovly	Arkivsak nr.:	2015/2048
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
157/15	Formannskapet	03.11.2015
118/15	Kommunestyret	26.11.2015

2. TERTIALRAPPORT 2015

Handsaming:
Rådmannen og økonomisjef Henrik Skovly orienterte om saka.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

1. ***2. Tertialrapport 2015 vert teken til vitende.***
2. ***Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)***
3. ***Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)***

Administrasjonen si tilråding:

4. **2. Tertialrapport 2015 vert teken til vitende.**
5. **Finansrapport (passiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 1)**
6. **Finansrapport (aktiva) vert teken til vitende (vedlegg nr. 2)**

1 INNLEIING

Siste møte i Formannskapet var 22. september Tertialrapporten kjem difor ikkje til handsaming i Formannskapet før no. Det var informert om situasjonen på driftsbudsjettet ved ugangen av august i dette møtet.

Månadsrapporten for september vert ein del av 2. tertialrapport. Dette ser ein i kapittel 3 ved at tala i hovudsak er pr utgangen av september.

Nivået på frie inntekter (skatt og rammetilskot), generelle statstilskot, eigedomsskatt og netto finanskostnader avgjer kor mykje kommunen kan bruke på tenesteproduksjon. Dette vert kalla budsjettskjema 1A (kapittel 2 i tertialrapporten).

Netto løyvingar til sektorane (inkludert felles utgifter og inntekter) er omtalt i kapittel 3 (budsjettskjema 1B).

Investeringar er kort omtalt i kapittel 4. Neste kapittel omtalar sjukefråvær. Kapittel 6 tek for seg rapportering på måloppnåing.

Finansrapport for 2.tertial 2015 vert ikkje fremja som eiga sak, og er ein del av denne tertialrapporten. Det vert vist til punkt 2 og 3 i tilrådinga.

2 BUDSJETTSKJEMA 1A

Budsjettskjema 1A består av:

- Frie inntekter
- Generelle statstilskot
- Eigedomsskatt
- Finansområdet

Frie inntekter

	Opphavleg budsjett 2015	Justert budsjett 2015
Skatteinntekter	202 747 000	190 000 000
Rammetilskot	238 813 000	249 857 000
Sum frie inntekter	**441 560 000**	**439 857 000**

Budsjettet for frie inntekter vart redusert av kommunestyret i juni, jmfr tabellen ovanfor. Forklaringa til det er at skatteinntektene vert mindre enn det son var regjeringa si prognose ved inngangen til året. Dette er tilfelle både for skatteinntektene til Volda kommune og skatteinntektene på landsbasis.

Ved utgangen av august har Volda kommune en skatteinngang på 118,6 mill kr. Dette er ca 5 mill kr mindre enn kva som var forventa skatteinngang ved utgangen av august. Svikt i vår eigen skatteinngang er ikkje det mest dramatiske. Volda kommune får kompensert 95% av differansen mellom vår eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet.

Det er svikt i skatteinngangen på landsbasis som gjer det største utslaget. Dette er fordi vi har utjamning mellom skatterike kommunar og skattefattige kommunar (slik som Volda

kommune). Dette er eit element i rammetilskotet. Jo mindre skatteinngangen er på landsbasis, desto mindre vert det å fordele til dei skattefattige kommunane.

Regjeringa kom med av prognose på skatteinngangen på landsbasis for 2015 ved framlegginga av statsbudsjettet for 2016 den 8. oktober. Prognosen er identisk med førre prognose som regjeringa gjorde da revidert nasjonalbudsjett (RNB) vart presentert i mai.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med 15,5 mill kr i inntekt frå eigedomsskatt. Eigedomskattekontoret har utarbeidd prognose som indikerer at inntektene frå eigedomskatt vert ca 16 mill kr (inkluderer ca kr. 200.000 frå Statsnett) i 2015.

Generelle statstilskot

Tabellen under viser budsjetterte generelle statstilskot for 2015.

Generelle statstilskot	2015 budsjett	2015 (prognose)
Integreringstilskott	20 937 800	25 682 528
Gr.97/investering i skulebygg	1 705 454	1 464 869
Omsorg	3 276 638	3 213 471
Kyrkjebygg	77 044	72 000
Sum	**25 996 936**	**30 432 868**

Integreringstilskot

Tabellen under viser ny prognose for integreringstilskotet pr. 21.09.15.

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	SUM
ÅR1 (2015)	232 000,00	24	**5 568 000,00**
ÅR1 (2015)	182 000,00	16	**2 912 000,00**
ÅR2 (2014)	210 000,00	35	**7 350 000,00**
ÅR3 (2013)	152 000,00	26	**3 952 000,00**
ÅR4 (2012)	82 200,00	29	**2 383 800,00**
ÅR5 (2011)	70 000,00	18	**1 260 000,00**
Familiesameinte 2015	182 000,00	9	**1 638 000,00**
Alternativ mottaksplassert		1	**118 728,00**
Ekstratilskot 2015	50 000,00	10	**500 000,00**
SUM		**168**	**25 682 528,00**

Tabellen under viser opphavleg budsjett, justert budsjett, ny prognose i månadsrapporten frå juni, samt ny prognose pr. 21.09.15 over integreringstilskotet for 2015.

Generelle statstilskot	Opphaveleg budsjett	Justert budsjett (k-sak 65/15)	Prognose 2015 (f-sak 124/15, mnd.rapp. juni)	**Ny prognose 2015 (2. tertialrapport 2015 pr 21.09.15)**
Integreringstilskot	20 217 800	**20 937 800**	24 879 000	**25 682 528**
Auke i høve opprinneleg budsjett gjennom året		720 000	4 661 200	5 464 728
Auke i høve justert budsjett i k-sak 65/15			3 941 200	4 744 728

Integreringstilskotet

- Forventa integreringstilskot vert oppjustert til **kr 25 682 528,** frå kr 20 937 800 i høve justert budsjett i k-sak 65/15. Det vil seie ei auke på kr 4 744 728. I høve opphaveleg budsjett er det ei auke på kr 5 464 728 (kr 20 207 800).
- Auka integreringstilskot kjem som følgje av auka busetjing frå 25 til 40 jf. k-vedtak 66/15, ni familiesameinte, ein alternativ mottaksplassert, samt ekstra tilskot på kr 50 000 pr. person som blir busett ut over dei 30 som var IMDi sin opprinnelege oppmoding, totalt 10 personar. Samla mottek kommunen integreringstilskot på 158 personar i 2015.
- Kommunale sektorar vil få auka kostnader som følgje av auka busetjing. Ein vil kome attende til dette i ei budsjettendringssak i løpet av hausten 2015.

  Dei andre tilskota i tabellen ovanfor er frå Husbanken, og skulle vere dei endelege tala for 2015.

Finansområdet

Finansutgifter

Det er budsjettert med følgjande utgifter på finansområdet i 2015:

	Opphavleg budsjett 2 015	Justert budsjett 2015
Renteutgifter (inkl startlån)	19 363 000	16 600 000
Avdrag	25 000 000	19 000 000
Sum finansutgifter	**44 363 000**	**35 600 000**

Renteutgifter

Sertifikatlånet på kr 84.435.000 vart refinansiert 17 juni, og vart samtidig utvida med årets opphavlege låneopptak på 45,7 mill kr. Rentevillkåra er 3 mnd NIBOR + 0,19%, og har forfall medio juni 2016.

Prognose for renteutgiftene er ca 16,4 mill kroner (inkludert Husbanklån). Det vil seie ca kr. 200.000 kr mindre enn justert budsjettert.

Minimumsavdrag

Det er budsjettert med 25 mill i minimumsavdrag for 2015. Det endelege minimumsavdraget vart nesten 21,5 mill kr i 2014. Minimumsavdraget for 2015 vert mindre enn året før. Det er 2 forklaringar på det. For det fyrste vart lånegjelda redusert i 2014 med ca 12 mill kroner fordi vi var i ROBEK. For det andre vart det gjort store investeringar i 2014, slik at attverande levetid på anleggsmidlar er større enn året før. Minimumsavdraget vert ca 19 mill kr i 2015. Utrekning av minimumsavdrag vil bli ytterlegare kvalitetssikra i løpet av hausten.

Finansrapport(passiva) for 2 tertial er med som eit ege vedlegg til saka.

Finansinntekter

	Opphavleg budsjett 2015	Justert budsjett 2015
Renteinntekter	2 100 000	2 100 000
Utbytte Tussa	3 500 000	2 662 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m	1 500 000	1 500 000
Sum	**7 100 000**	**6 262 000**

Renteinntekter

Vi har renteinntekter på ca 1.050.000 kr ved utgangen av 2.tertial. Vi har i tillegg ca kr 500.000 som ikkje er kapitalisert.

Plasseringar i obligasjonsfond m.m.

Storebrand forvaltar våre plasseringar. Ved utgangen av (september) hadde plasseringane ein samla verdi på ca 56,46 mill kr, og er ei verdiauke på omlag kr 460.000 hittil i år.

Finansrapport ved utgangen av 2.tertial (aktiva) er med som trykt vedlegg til saka. Rapporten er utarbeidd av Storebrand som forvaltar våre plasseringar.

Utbytte Tussa

Utbytte frå Tussa vart kr 838.000 mindre enn opphavleg budsjettert.

3 BUDSJETTSKJEMA 1B

Sektorane

Tabellen under viser status for sektorane ved utgangen av august. Utheva skrift indikerer rapporteringsnivå.

Tekst	Rekneskap 2015	Periodisert budsjett 2015	Opprinneleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
Rådmann	**1 325 709**	**1 119 809**	**1 542 211**	**1 294 987**
Samfunn og rådgjeving	**1 103 304**	**932 918**	**1 166 619**	**1 001 555**
Personal og løn	4 384 681	4 532 256	6 234 615	4 399 337
IKT	3 559 796	3 210 030	4 354 331	2 778 540
Innvandring	-3 863 827	787 058	1 062 851	371 472
Personal og organisasjon	**4 080 651**	**8 529 345**	**11 651 797**	**7 549 349**
Økonomi	**4 937 442**	**4 884 564**	**6 233 840**	**4 300 555**
NAV Kommune	**6 216 229**	**5 961 248**	**7 948 331**	**5 403 030**
Stab opplæring og oppvekst	25 752 541	18 369 179	26 474 517	23 036 537
Helsestasjon	3 275 164	3 236 690	4 493 977	3 062 458
Barnehage	21 187 939	24 696 570	32 282 788	18 489 089
Grunnskule med SFO	75 196 512	78 940 533	108 342 669	68 686 883
Kulturskule	2 455 508	2 587 532	3 175 531	2 405 508
Volda læringssenter	12 514 299	12 528 436	17 018 615	10 750 082
Opplæring og oppvekst	**140 381 963**	**140 358 940**	**191 788 097**	**126 430 557**
Stab helse og omsorg (inkl.servicetenester)	7 925 971	14 832 730	10 149 808	16 796 142
Sjukeheim 2. etasje	20 374 391	16 683 901	22 939 282	16 998 660
Sjukeheim 3. etasje	17 299 255	16 564 031	22 776 030	15 735 679
Heimetenester	12 216 800	11 937 098	16 444 296	7 217 532
Heimetenester omsorgsbustader	24 747 814	23 197 060	31 896 445	26 776 913
Rus og psykisk helseteneste	11 445 921	5 330 306	7 581 335	6 057 930
Tenesta for funksjonshemma	8 332 909	6 404 058	7 840 522	6 316 628
Butenesta for funksjonshemma	21 881 122	19 543 096	26 850 338	18 316 737
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	9 899 492	9 536 736	13 022 662	8 371 949
Helse og omsorg	**134 123 676**	**124 029 017**	**159 500 718**	**122 588 171**
Kultur	3 347 613	3 473 842	4 793 321	4 030 422
Servicekontor	3 883 857	3 766 127	5 150 442	3 761 491
Service og kultur	**7 231 469**	**7 239 969**	**9 943 763**	**7 791 913**
Politisk verksemd	**2 009 821**	**2 299 947**	**2 981 292**	**1 917 709**
Drift og anlegg	8 639 205	7 470 343	10 164 280	6 540 301
Brann	4 464 315	4 914 418	6 664 644	3 963 116
Eigedom	7 668 307	8 270 080	11 126 294	8 221 280
Teknisk	**20 771 827**	**20 654 840**	**27 955 218**	**18 724 697**
Sjølvkosttenester	**244 139**	**-500 114**	**-106 183**	**-7 876 612**
Plan	1 400 892	2 235 764	2 943 977	1 187 996
Landbruk	877 752	984 863	1 313 151	500 515
Kart, oppmåling og byggesak	1 065 441	758 531	1 133 869	2 439 183
Utvikling	**3 344 085**	**3 979 158**	**5 390 997**	**4 127 694**
Barnevern	**14 677 226**	**11 614 925**	**16 876 667**	**16 996 260**
SUM SEKTORANE	**340 447 541**	**331 104 567**	**442 873 367**	**310 249 864**
Felles utgifter og inntekter	**-25 467**	**4 086 294**	**3 665 059**	**8 359 708**
Sum inkludert felles utgifter og inntekter	**340 422 074**	**335 190 861**	**446 538 426**	**318 609 573**
Finansområdet, statilskott, frie inntekter	**-371 373 879**	**-361 316 372**	**-446 538 426**	**-353 551 484**
Sum heile kommunen	**-30 951 805**	**-26 125 511**	**0**	**-34 941 912**

Her er forklaringane til tabellen ovanfor:

- Kolonne 1 viser kva som er ført i rekneskapen pr utgangen av september.
- Kolonne 2 viser periodisert budsjett ved utgangen av september
- Kolonne 3 viser budsjettet for heile året (2015).
- Kolonne 4 viser rekneskapen for same periode i 2014.

Sektorane har ved utgangen av september eit forbruk på kr. **340 447 541** (grøn linje i tabellen ovanfor). Periodisert budsjett er kr. **331 104 567** for same periode. Sektorane ligg med andre ord om lag 9 million kroner over budsjettert forbruk ved utgangen av september. Når vi inkluderer fellesutgifter (blå linje i tabellen ovanfor), så er forbruket om lag 5 million kroner meir enn budsjettert ved utgangen av september.

Siste linje i tabellen viser at kommunen ved utgangen av september har ei netto inntekt på kr. **-30** 951 805 Dette er omlag 4,8 mill kr meir enn budsjettert for same periode. Dette har i all hovudsak samanheng med periodisering.

Tilbakemelding frå sektorane og stabane

Personal og organisasjon

Staben har ved utgangen av september eit forbruk som er ca 4,4 mill kr mindre enn budsjettert. Hovudforklaringa til det er tilskot på innvandrarområdet. Ein vesentleg del av desse tilskota vert sett av til fond først ved avslutning av rekneskapen på slutten av året.

Økonomi

Det vert ikkje tilsetting i stillinga som controller i 2015. Det vert innsparing på ca kr 450.000 for sektoren som følgje av dette.

Opplæring og oppvekst

Basert på månadsrapporten for september 2015, reknar Opplæring og oppvekst å ha eit mindreforbruk estimert til 1 750 000 ved utgangen av året.

Prognosen viser at det vil bli betalt ut mindre tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane enn budsjettert.

I månadsrapporten pr 30.09.2015 er ikkje tilskota til norskopplæring kome med. Som meldt i 2. tertialrapport, endrar dette biletet av rekneskapen i positiv retning. Samstundes vil utviding av lokala til Volda læringssenter gje auka utgifter til leige og inventar/utstyr.

Helse og omsorg

Her er helse og omsorg si omtale av situasjonen ved utgangen av september:

Sektoren forventar eit meirforbruk på ca 5 mill kr ved slutten av året.

Grovt oppsummert periodisert status på ulike tenesteområder:

Tenesteområde	Meirforbruk	Mindreforbruk
Stab og service		7.425.000,-
Institusjonsteneste 2.etg	3.691.000,-	
Institusjonsteneste 3.etg	735.000,-	
Sentralkjøkken	518.000,-	
Heimeteneste, heimebuande inkl. dagavd	280.000,-	
Heimetenester, omsorgsbustader	1.551.000,-	
Rus- og psykisk helseteneste	6.115.000,-	
Hamna Dagsenter	939.000,-	
Avlastingsteneste barn og unge	993.000,-	
Buteneste for funksjonshemma	2.338.000,-	
Førebygging, rehabilitering og legeteneste	363.000,-	
Samla	17.523.000,-	7.429.000,-
Differanse	10.094.000,-	

Mange av tenestene har inntekter gjennom ulike refusjonar. Sektoren ligg på etterskot med fleire refusjonar. Til lenger ut i rekneskapsåret til større vert differansen, noko som påverkar resultatet negativt. Pr. utgang august var følgjande ikkje à jour.

Tenesteområde	SUM
Felles kommuneoverlege:	562.000,-
Rus- og psykisk helseteneste:	2.560.000,-
Hamna dagsenter	881.000,-
Førebygging, rehab, legeten.	334.000,-
Manglande tenestebetaling	230.000,-
Samla	4.567.000,-

Tilsvarande har vi manglande utgifter som ikkje er ført, mellom anna refusjon til anna kommune med kr. 1.800.000,-. Dei manglande inntektene og utgiftene må sjåast saman med samla meirforbruk ein har ved utgang juni og det ein kjenner av tenesteutfordringar vi har no og truleg vidare utover i året.

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Institusjonsteneste: Meirforbruket i 2.etg. er i hovudsak knytt til variabel løn som sjukevikar, omfattande ekstrainnleige og overtid. Utfordringar knytt til demens- og psykisk sjukdom har siste 3- 4 åra vore aukande. Situasjonar som krev ekstrainnleige er ikkje lenger unntak og ekstraordinært, det er meir ein vedvarande situasjon ein må ta høgde for vil fortsette. Til tross for høgt sjukefråvær i 3 etg. er meirforbruket i hovudsak knytt til ekstrainnleige ved livets slutt (66%) og overtidsutbetaling (21% der det meste er knytt til same årsak).
- Rus- og psykisk helseteneste: Har eit stort meirforbruk, men mykje av dette er manglande refusjonsinntekter. Avtale med anna kommune vart oppsagt gjeldande frå 15.08.2015. Refusjonsinntektene vert redusert med overkant av 3,6 mill.
- Hamna Dagsenter: Meirforbruket er eit utslag av manglande refusjonsinntekter, men inntektene er forventa skal kome og vil balansere rekneskapen for Hamna D. Frå hausten vil det kome ny brukar på Hamna som dei vanskeleg klarer å yte tenester til utan å styrke bemanninga.

- Avlastingsteneste for barn og unge: Tenesta vart styrka med 1 mill. til 2015. I tillegg er det tilført 960.000 for etablering av **barnebustad** i tilknyting til avlastinga. Avlastingstilbodet manglar ca. 750.000,- for å drifte året i balanse.
- Buteneste for funksjonshemma: Variable lønskostnader er for høge og meirforbruket aukande. Lovpålagde tenester i tilknyting til gradvis innflytting i privat husvære for ein person med store tenestebehov, samt anna pålagd tiltak frå fylkesmann om å vere to personar for å unngå å bruke tvang. Det er ikkje lønsressursar til å dekke desse utgiftene.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: mindre variasjonar i dei ulike tenesteområda, manglar nokre refusjonsinntekter, men ser totalt sett ut til å vere i balanse ved årsslutt.

Totalt for sektoren viser utviklinga frå sommaren eit stigande meirforbruk. Effekten av manglande refusjonsinntekter aukar. Der vi kan sende ut refusjonskrav skal dette gjerast no, men likevel sit ein att med ein tendens til stigande forbruk på tenesteområda. Dette vert løpande gjennomgått med leiarane, der alternative måtar å løyse utfordringar på vert vurdert. Auke i tenestebehovet gjer at sektoren sjølv ved kritisk gjennomgang av ressursbruken vil gå med eit overforbruk som må dekkjast opp ved komande budsjettkorrigering.

Service og kultur

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Teknisk

Teknisk sektor reknar med å kome ut på budsjett ved slutten av året.

Utvikling

Sektoren ventar å gå i balanse ved slutten av året.

Barneverntenesta

Slik stoda er no i tenesta/talet på barn med tiltak, ligg ein innafor budsjettramma.

NAV

Ørsta kommune er vertskommune for NAV, og forventar eit meirforbruk på ca kr 500.000 på sosialhjelputbetalingar. Dette skuldast:

- Nasjonal utvikling.
- Høgare statlege rettleiande satsar,
- Høgare bu- og levekostnader,
- Opparbeiding av div. husleige –og straumrestanser hos brukarar,
- Manglande ressursar til tett nok oppfølging.

NAV jobbar med å gjere meirforbruket så lite som mogleg (fokusere på arbeid/aktivitet/tiltak, evt. statlege ytingar). Noko av meirforbruket kan dekkast inn ved bruk av bunde fond (ca kr 300.000).

Felles utgifter og inntekter

Vertkommunetilskot og tilskot for einslege mindreårige (EMI) er budsjettert her. Prognose indikerer at desse 2 tilskota vert ca kr 5.307.000 for 2015. Dette er ca 463.000 meir i inntekter enn budsjettert.

KLP forventar at Volda kommune får ca 3,5 mill kr i negativt premieavvik (utgift) i 2015. Innbetalt premie til KLP vert imidlertid også mindre enn budsjettet, og ein voner at det samla sett dermed ikkje vert noko meirforbruk på pensjonsområdet.

OPPSUMMERING

Her er ei kort oppsummering av driftssida:

Frie inntekter

Regjeringa opplyste ved framlegging av statsbudsjett for 2016 (8. oktober) at prognosen for skatteinngangen på landsbasis er uendra i høve til den som vart presentert i revidert nasjonalbudsjett (mai).

Integreringstilskot/vertskommunetilskott/tilskott einsleg mindreårige

Forventa integreringstilskot er ca 4,7 mill kr meir enn budsjettert. Vertskommunetilskottet og tilskottet for einsleg mindreårige vert samla truleg ca kr. 463.000 større enn budsjettert.

Finans

- Rente og avdragsutgifter ligger tett opp til det budsjetterte beløpet
- Vi kjem ikkje å nå den budsjetterte avkastninga på 1,5 mill kr (avkastning på ca kr.460.000 ved utgangen av september)
- Ser ut til at vi når de budsjetterte renteinntektene

Sektorane

Sektorane meldar eit samla netto meirforbruk på ca 3,3 mill kr ved utgangen av året:

- Helse og omsorg forventar meirforbruk på 5 mill kr
- NAV forventar eit meirforbruk på sosialhjelp på ca kr 500.000
- Økonomistaben forventar ei innsparing kr 450.000
- Opplæring og oppvekst forventar mindreforbruk på 1.750 000

Kommunestyret budsjetterte med avsetjing til disposisjonsfond med ca 20 mill i 2015. Dette er hovudsakleg resultatet frå 2014. Rapporteringa viser vesentleg meirforbruk i helse- og omsorg i høve til tidlegare rapportert. Samtidig er det forventa mindreforbruk i oppvekstsektoren, samt netto meirinntekter når ser frie inntekter og integreringstilskotet/vertskommunetilskotet samla. Det er for tidleg å seie korleis det endelege resultatet vil verte, men uansett vil ikkje kommunen gå ut med underskot ettersom ein har ei så stor budsjettert avsetjing til disposisjonsfondet.

4 INVESTERINGAR

Pr dato (26. oktober) er det utgiftført for ca 53 mill kr på investeringsrekneskapen. Det er budsjettert med ca 166 mill kr (inkludert ubrukte løyvingar frå tidlegare år). Det har starta å løpe utgifter på Øyra skule, slik at samla investering vil verte noko høgare i 2015, men likevel ikkje opp mot det budsjetterte. Dette skuldast m.a at det tok lang tid å rekruttere prosjektleiarar som skulle følgje opp nye investeringsprosjekt.

Det er viktig at investeringsbudsjettet er oversikteleg og ajourført. Ein føresetnad for det er at det gjeldande budsjettet så langt som mogleg kun inneheld prosjekt som er aktive. Kommunestyret vedtok difor 1. oktober å fjerne løyvingar frå investeringsbudsjettet som det ikkje er aktivitet på. På grunn av kapasitetsutfordringar, mellom anna som følgje av personellskifte ved økonomiavdelinga, har ein ikkje hatt høve til detaljert prosjektrapportering på investeringane for denne rapporteringa.

5. SJUKEFRÅVER

Vi hadde ein relativt stor auke i sjukefråveret i 2014 som heldt fram med ein topp i februar i år på 11,88%. Siste månadane har sjukefråveret gått ned, og for heile perioden januar til august 2015 er prosenten på 8,92%.

Sjukefråveret er høgast i turnustenestene. Dette gjeld både på landsbasis og i Volda kommune. Sjukefråveret går også nedover i helse og omsorg. Det er to tenesteområder som gjennom året har hatt det største fråveret, rus- og psykisk helseteneste og 3. etg. på sjukeheimen. Litt lågare er sjukefråveret i 2. etg. på sjukeheimen og i tenesta for funksjonshemma.

Opplæring og oppvekst melder også om nedgang både for skule og SFO og særskilt innanfor barnehageområdet. Barnehagane har hatt stor merksemd på sjukefråveret og styrarane har arbeidd godt med dette.

Generelt så blir det jobba på mange område og på fleire måtar for å finne moglegheiter som kan føre til redusert sjukefråver og det kan sjå ut som at vi har lukkast eit stykke på veg. Til vanleg er det slik at i sommarmånadane så går sjukefråveret ned så vi ventar noko auke utover hausten. Om vi greier å halde fokus på sjukefråversarbeidet så kan vi kanskje greie å halde på nedgangen som vi no ser.

Det er i budsjettet avsett midlar til tiltak for arbeidsmiljøet. Delar av desse midlane blir brukt i sjukefråversarbeidet i helse- og omsorg.

Drøfting av situasjonen og tiltak vert kontinuerleg teke opp med tillitsvalde. Hoved-verneombodet og verneomboda er også kopla på dette arbeidet.

I oversikta nedanfor er det ført opp statistikk for sektorane. Sektorane vart etablert ved omorganiseringa 01.01.14 slik at vi har ikkje samanliknbare tal lenger tilbake enn det.

Sektor	**Fråvær i % 2. tertial 2014**	**Fråvær i % 31.12.14**	**Fråvær i % 1. tertial 2015**	**Fråvær i % 2. tertial 2015**
Rådmann & stab	1,03	0,75	3,66	0,82
Personal/org.stab	4,43	4,2	6,49	6,59
Økonomistaben	4,34	3,71	10,13	5,52
Service og kultur	2,49	5,72	8,61	4,65
Oppl. og oppvekst	7,99	8,25	8,19	6,74
Barnevernstenesta	8,64	10,32	14,06	10,67
Helse og omsorg	12,15	12,67	13,72	11,75
Teknisk	5,95	7,36	11,30	9,19
Utvikling	5,11	13,66	12,27	8,60
Heile kommunen	**9,1**	**9,78**	**10,85**	**8,92**

6. RAPPORTERING PÅ MÅL

Personal og organisasjon

MÅL 2015	RESULTAT	KOMMENTAR
IKT Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		Sjølv med stort arbeidspress og permisjon i avdelinga så går daglege drifta stort sett greitt unna, men vanskeleg å halde forventa framdrift på planlagde prosjekt.
IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte		
Innvandring Busetje 25 flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDI		Vedtak i k-sak 66/15 om auka busetjing på totalt 40 flyktningar i 2015. Pr. 31.08.15 er det busett **27** flyktningar, inkl. 4 einslege mindreårige. Ytterlegare 10 er søkt ut for busetjing i 3. kvartal. 9 har kome på familiesameining.
50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing		**17 av dei 27** flyktningane er busett direkte i private bustader. Det er nytta 3 kommunale bustader til ein familie og to einslege. Dei 4 einslege mindreårige er busett i døgnbemanna bufellesskap. Arbeidet med gjennomstrøyming i kommunale bustader godt i gang, og fleire har hatt overgang frå kommunal til privat bustad.
30 % av flyktningane skal eige privat bustad innan seks år etter busetjing		Arbeidet med sjølvstendig bustadkarriere for flyktningar og gjennomstrøyming i kommunale bustader har resultert i at nokre har kjøpt eigen bustad. Gjennom prosjektet "God og effektiv busetjing av flyktningar" vert "Leige før eige" modellen utgreidd som verkty i dette arbeidet.
Løn og personal Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		
Sjukeoppfølging som fremjar nærvær		
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		
Korrekte tenester til rett tid		På grunn av fleire krevjande personalsakar, ligg eininga etter på sakshandsaminga.
Initiere og gjennomføre utviklings- og omstillingsprosjekt for å effektivisere tenesteproduksjonen og auke kvaliteten		På grunn av stort arbeidspress så ikkje like lett å prioritere tid til utviklings- og omstillingsprosjekt

Koordinere og bistå i gjennomføring av omstillings- og effektiviseringsprosessar		
Felles for heile staben Nærvær min 97 %		Vi kjem ikkje til å nå målet om nærver på min 97%
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Personalavdelinga koordinerer arbeidet med innovasjonspris og har arrangert innovasjonsdag i haust.

Opplæring og oppvekst

MÅL 2015	RESULAT	KOMMENTAR
Barnehageplassar til alle, også til dei som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass.		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		Vi ser at vi kan legge ut meir informasjon, som rutinar og retningsliner
Gjennomføre fire tilsyn etter barnehagelova.		
Gjennomføre systemrevisjon etter forskrift om miljøretta helsevern i tre barnehagar.		Det er sendt ut varsel om tilsyn i to barnehagar i 2015. Kommunelegen har ansvar
Oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte tidleg ved hjelp av kompetanseheving.		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som, Tidleg inn, Volda prosjektet og Zippys venner og Alle har en psykisk helse i ungdomsskulen.
Utgifter til drift av kommunale barnehageplassar skal vere lik nasjonal sats.		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter oppsett plan.		Har ein oppsett plan, men det er krevjande å rekke over alle
Resultat frå nasjonale prøver og eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Lykkast i nokre fag, men ikkje alle
Tal på elevar med spesialundervisning og bruk av ressurs til spesialundervisning skal vere på nivå med 2014.		Talet på elevar med spes.und er redusert, men timetalet har gått noko opp
60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		Vil få endeleg resultat ved skuleslutt
Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med grunnskuleeksamen som kvalifiserer til vidaregåande skulegang og utdanning.		Vil få endeleg resultat ved skuleslutt
Etablere gruppetilbod og implementere tverrfagleg drøftingsteam i barnehagar og i skular for å førebygge psykiske vanskar.		
Styrke innbyggarane sin kunnskap om kosthaldet si innverknad på helse.		Styrkinga er knytt til temakveld rundt livsstil og helse og er framleis på pl.leggingsstadiet
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		

Økonomistaben

MÅL 2015	RESULTAT	KOMMENTAR
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		
Betale fakturaer til rett tid		Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen.
Økonomireglement som gir god internkontroll		Det har vore god utvikling i oppfølging av økonomistyring, men det står att å samle rutinene i eit samla økonomisk internkontrollsystem som vert distribuert og følgt opp med opplæring i organisasjonen. Det nye kommunekartet vert endeleg klart i 2017. Utarbeiding av økonomireglement vil verte ein sentral aktivitet for kommunar som vert slått saman. Det vil difor ikkje vere tenleg å bruke tid på fullføre utarbeiding av reglementet for Volda kommune før ein veit det endelege resultatet av kommunereforma.
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Det er ikkje gjort måling på dette.
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Har generelt fokus, men ikkje noko konkret tiltak i perioden.

Utvikling

MÅL 2015	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak		
Følgje opp plan for idretts- og friluftsliv gjennom spelemiddelsøknadar		Gjort no i vår og ny runde til hausten.
Halde den økonomiske ramma		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		
Nærver 95 %		Grunna langstidsjukemelding klarar vi ikkje dette målet
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Alle som vender seg til Volda kommune skal få i samsvar med krava i forvaltningslova		
Forbetre innhald og struktur på heimesida, særs når det gjeld Planinnsyn og kart		Under arbeid.
Gjennomføre eigne planoppgåver etter prioriteringa i vedteken kommunal planstrategi og tilpassa tilgjengeleg planleggingsressurs		Ein planleggjarstilling stod vakant eit halvt år og ligg derfor noko etter. Vi har framleis ikkje fått i nokon fast, men har inne vikar fram til nyttår. Stillinga utlyst no for 2.gang.
Koordinering av gjennomføring av		Ikkje kome skikkeleg i gong enno, men

planar saman med teknisk sektor		har eit mål om å få dette betre til i løpet av året.
Få inn pkt om naturmangfaldslova i malen for saksframlegg		Ikkje på plass enno, men målet er at det skal kome.
Landbrukskontoret delta på planmøta i Volda kommune		

Helse og omsorg

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange småstillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak 1. Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste 2015. 2. Omorganisering i heimetenestene med endra driftseiningar og implementering av handhålte terminalar og aktiv bruk av Gerica gir auka ATA(ansikt til ansikt tid).	 	1. Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis. 2.Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA.
Nærvær på 90 %		Nærværprosent pr. utgang april 2015 er 85,79 %
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå leiing ved evt. ekstrabehov utover tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiarmøte kontinuerleg. Auka tenestebjehov gjer at ramma ikkje vil halde.
Tildelingskontoret er forvaltereining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå Standardardar med forankring i kommunestyre.
Arbeide med utvikling innan heiltid- og deltid stillingar.		Kartlegging av ufrivillig deltid. Arbeide i prosess med leiing og arbeidstakarorganisasjonar om tiltak. Kontinuerleg prosess.

Service og kultur

MÅL 2015	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Ungdomsklubben skal engasjere minst ti ungdomar i crew på dei opne klubbkveldane		
Ungdomsklubben skal arrangere 2 temakvelder/kurs for ungdom pr månad		Det har vore vakanse i ei stilling på ungdomsklubben, ny leiar er nettopp tilsett.
Arrangere to debattmøter i biblioteket		Biblioteket var stengt fram til omkr. 1. april, og har difor "mista" litt tid.
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor i løpet av 2015.		
Frivilligsentralen skal gjennomføre minst eit tiltak retta mot frivillig sektor i samarbeid med StudiebygdA		

Teknisk sektor

MÅL	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 3 veker		Grunna lav bemanning og rekrutteringsvanskar ser det ikkje ut til at vi greier å halde unna med 3 veker svarfrist for alle henvendelser
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		
Behalde og rekruttere personell		Ein ingeniør har slutta/fått 1 års permisjon, og vi har hatt full rekrutteringsrunde for å få inn to ingeniørar. Mange godesøkjarar gjev von om tilsetting denne gongen.
Nærver på min 95 %		Teknisk sektor har eit fråvær på 9,8% pr 1. tertial.
Brannberedskapen skal opplevast som god		Ikkje gjort måling på dette.
Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		Brannavdelnga har tilsett brannmeister som tek til i stillinga 1 oktober. Ein vil då ha bemanning som tilfredsstiller minimumskravet i dimensjoneringsforeskrifta
Redusere tal unødige brannalarmar		Har ei positiv utvikling, men for tidleg på året for å konkludere.
Tilsyn i minst 90 % av §13 objekta		I mangel av brannmester og sjukefråver hjå brannsjefen har branningeniøren måtte utføre andre oppgåver enn tilsyn. Men det førebyggande er likevel bra ivareteke.
Feiing kvart 2 år og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar		Kommunen fekk tilsett feiar i juni. Han er godt i gong med feiinga og vert i rute før nyttår.
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Har gjennomført øvingar etter oppsett plan. Det må likevel påpeikast at manglande resursar gjer at øvingane ikkje alltid vert godt nok opplagt.
Førebyggande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Gjennomførast om hausten
Serviceinnstilt og påliteleg		
Vedlikehald og rehabiliteringsplan for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og		Ressurssituasjonen er framleis pressa, slik at vi ikkje får ynskja progresjon i investeringsprosjekta. Av dei to

grunnkjøp.		nyoppretta prosjektleiarane, startar prosjektleiar for bygg 1. august, medan prosjektleiar for anlegg førebels ikkje er tilsett.
Etablere gode rutinebeskrivingar, organisere dette i kvalitetslosen.		Her er der framleis ein jobb å gjera, men vi vonar det kjem på plass i løpet av året
Få etablere base for driftsteknikarane og reinhaldarane på Gjersdalbygget		Basen er delvis etablert, men der er ikkje sett av ressursar til innvendig ferdigstilling av bygget. Dette står som investering 2016
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Vi har starta forsking på bruk av robotklipparar på offentlege areal. Prøveprosjekt vert rådhusparken.

Vedleggsliste:

1. Finansrapport 2. tertial 2015 (passiva)
2. Finansrapport 2. tertial 2015 (aktiva)

Rune Sjurgard
Rådmann

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda kommune.

Låneporteføljen

Rapport 31. august 2015.

Forklaring av ord og uttrykk finnes på siste side i rapporten.

Innhold:

- Kort sammendrag.
- Rapportering i hht. krav i forskrift og eget finansreglement.

Kort sammendrag:

Mot slutten av 2. tertial har verdens finansmarkeder vært urolige. Hovedårsaken til dette er usikkerhet omkring den kinesiske økonomien. Oljeprisen har også falt og dette er den hendelsen som har størst betydning for norsk økonomi. Rentene har falt både i Norge og internasjonalt. Samlet lånevolum 31. august er 741 millioner kroner og av dette har 13% fast rente. Lånene kommer i hovedsak fra Kommunalbanken (82%), mens resten er innvilget via verdipapirmarkedet (18%). Fast rente er etablert ved bruk av renteswapper. Refinansieringsrisikoen anses å være akseptabel da store deler av lånevolumet har lang løpetid. Gjennomsnittlig lånerente er 2,17%. I markedet for prising av flytende rente frem i tid (FRA-markedet), ser vi at markedsaktørene legger til grunn at den korte renten vil bli lavere.

Rapportering i hht. krav i forskrift og eget finansreglement.
Markedet for lån med kommunal risiko.

Sensommeren har vært urolig på verdens finansmarkeder og oljeprisen har falt. Oljerelaterte næringer strammer inn på investeringer og vi har sett at mange har fått oppsigelse fra sin arbeidsplass. Råvarevalutaer svekker seg, så også den norske krona - som er nært knyttet til olje.

Mange er også urolige for at vi får en avmatning i Kina (verdens nest største økonomi) og at dette vil gi globale ringvirkninger. Usikkerheten medfører fallende renter i alle markeder. Dette er, isolert sett, gode nyheter for låntagere. I FRA-markedet ser vi hvordan aktørene priser nivået på 3M nibor frem i tid. Denne viser en tro på fallende rente den nærmeste tiden, slik det fremgår av grafen:



Forwardprisingen innbærer en tro på at Norges Bank vil kutte renten med 0,25 prosentpoeng i løpet av høsten. For kommuner og fylkeskommer, som er ansett som gode låntagere, har ikke marginen (kredittpåslaget) på lån endret seg nevneverdig i løpet av 2. tertial.

Grafen nedenfor illustrerer endringen i pris på fastrente som har funnet sted de siste 2 måneder:



Forventninger om lavere rente innbærer en tro på lavere økonomisk aktivitet. Selv om nivåene er lave, koster en lang rentebinding dobbelt så mye som en kort rentetilpasning.

Sammensetning av låneporteføljen.
Samlet volum på låneporteføljen er 741 millioner ved utløpet av august. Lånene er etablert via Kommunalbanken og verdipapirmarkedet:

Långiver	31.aug.15	andel
Verdipapirmarkedet	130	0,18
Kommunalbanken	611	0,82
(tall i mill.)	741	1,00

Endringer i låneporteføljen/risikoeksponering i perioden (mai - august).
Refinansiering og nytt låneopptak.
Kommunens sertifikatlån pål. 84,435 mill kom til forfall den 17. juni. I den anledning ble det avholdt en anbudskonkurranse for nytt lån. I tillegg til prisforespørsel på refinansiering ble det forespurt om pris på lån for nye 45,701 mill (del av årets låneopptak), slik at samlet låneforespørsel var på 130,136 mill. Beste tilbud kom fra DnB som har tilrettelagt et sertifikatlån med flytende rente basert på 3M nibor og renteregulering hver 3. måned på IMM. I tillegg til 3M nibor påløper et margintillegg på + 0,19 prosentpoeng og denne marginen er fast i hele lånets løpetid. Lånet løper uten avdrag og forfaller i sin helhet i juni 2016.

Løpetid på lånene.
Refinansieringsrisikoen i kommunens låneportefølje vurderes som akseptabel. Dette begrunnes med at alle lån i Kommunalbanken har lang løpetid. Kommunen har ett verdipapirisert lån og dette forfaller i juni 2016 (130 mill). Løpetiden på kommunens lån er innenfor bestemmelsene i finansreglementet. Tabellen nedenfor illustrerer alle lån med volum og utløpsdato:

Långiver	saldo 31.08.2015	utløps-dato
Sertifikatlån FRN +19 ff 06/16	130 136 000	juni 2016
Kommunalbanken flytende margin	175 725 521	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	170 000 000	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	90 049 938	desember 2025
Kommunalbanken flytende margin	87 683 000	juni 2030
Kommunalbanken flytende margin	6 857 500	september 2022
Kommunalbanken flytende margin	40 000 000	mars 2031
Kommunalbanken flytende margin	21 525 000	desember 2036
Kommunalbanken flytende margin	19 370 000	september 2037

Om kommunens låneportefølje.
Lånene i Kommunalbanken har flytende rente basert på 3M nibor og renteregulering hver 3. måned på IMM. I tillegg til niborrenten kommer et margintillegg som er på 0,4 prosentpoeng. Margintillegget kan endres på kort varsel, men har vært uendret også i dette tertialet.

Ved siste renteregulering (IMM juni) var 3M nibor 1,4% og med tillegg på 0,4% i margin gir dette en flytende rente på 1,80% for lånene i Kommunalbanken. Renten antas i bli lavere ved neste renteregulering pr IMM september.

Marginen på lånet fra verdipapirmarkedet er på 0,19 prosentpoeng.

Kommunen har etablert fast rente i låneporteføljen ved å benytte renteswapper. Swappene sikrer kontantstrømmen for det etablerte volumet og gjør den mer stabil. Totalt utgjør faste renter 13% av den samlede lånemassen. I grafen nedenfor er kommunens fastrenteandel fremskrevet for hele økonomiplanperioden:



Kommunens fastrenteposisjoner er etablert i en periode da nivåene var høyere. Fastrentene fremstår på denne bakgrunn høye, sammenlignet med dagens fastrentenivåer.
Utløpstidspunkt, volum og rentenivå for alle fastrenteposisjoner fremgår av tabellen nedenfor:



Låneporteføljen har en gjennomsnittlig durasjon (varighet) på 0,83 år, mens renteføl somheten ligger på 0,82 %.

Strategi for rentesikringer.
Kommunens finansreglement innholder regler og rammer for bruk av rentesikring. Rentesikringer tas i bruk for å skape forutsigbarhet og stabilitet i kontantstrømmen knyttet til renteutgifter. Etablering av rentesikring skjer i hht. intern strategi for innlån og rentesikring. Rentesikringene foretas under forutsetning om lang tidshorisont og at de vil bli holdt til forfall.

Verdi på låneporteføljen og rentesikringer.
Når markedsrenten faller, slik den har gjort i 2. tertial, blir det et økt avvik mellom nivået på markedsrenten og kommunens tidligere etablerte fastrenter. Overkursen på etablerte rentesikringer vil øke som en følge av dette. I og med at kommunen har svært lav fastrenteandel, blir effekten av dette forholdet liten. Holdt opp mot samlet lånevolum utgjør overkursen 2,1% ved utløpet av august (1,9% ved utløpet av 1. tertial).

Når det gjelder flytende lån rentereguleres disse fortløpende, slik at det ikke oppstår nevneverdig kursutslag på denne delen av lånemassen.

Tabellen under viser løpende renteswapper med motpart, hvilken fastrente som betales på disse, sluttdato for fastrenten og markedskursen på rentesikringen. Endringer i markedskursen på rentesikringer skal ikke regnskapsføres så lenge påkrevd dokumentasjon for slik regnskapsføring er etablert. Kommunen har etablert slik dokumentasjon.

Verdivurdering renteswapper
Renteswapper - motpart, kupong, kurs og verdi.

Anvendt sikringsinstrument: renteswap/rentebytteavtale.
Type risiko: variabilitet i kontantstrøm.
Sikringsobjekt: portefølje av flytende lånemasse.
Sikringseffektivitet: Meget høy.
Formål med sikringen: sikring av kontantstrøm.

motpart	kupongrente	sluttdato	volum	markedskurs	markedsverdi	startdato	type sikring
SMN1	4,3300	imm des 18	50 000 000	110,65	55 325 000	løpende	kontantstrøm
DNB	4,4700	imm jun 21	50 000 000	118,40	59 200 000	løpende	kontantstrøm

Ved utløpet av rentebindingsperioden ("sluttdato") vil markedsverdien være lik pålydende ("volum").

Avvik mellom faktisk forvaltning og krav i finansreglementet.
Ingen bestemmelser i finansreglementet er overtrådt og det har ikke funnet sted avvik fra dette i perioden. I denne sammenheng vises til vedlegget "Avviksanalyse" lengre bak i rapporten.

Markedsrenter og egne betingelser.
Gjennomsnittsrenten i kommunens låneportefølje er 2,17%.

Kommunens lånerente kan fremskrives for økonomiplanperioden ved å ta hensyn til forventede låneopptak og avdrag (fra økonomiplanen) og ta inn når eksisterende fastrenter bortfaller. For flytende lån legges forwardkurven til grunn. Fremskriving av kommunens lånerente fremgår av grafen:



Sammenligning av renteutgifter (benchmarking).
Benchmarking av lånerenten foretas mot en referanserente som er sammensatt av 3M nibor (34% vekt) og 4 års fastrente (66% vekt). Porteføljerenten inkluderer den kredittmargin som betales, mens referanserenten er oppgitt uten kredittmargin. Grafen illustrerer at man med den lave fastrenteandelen er nokså godt tilpasset eksisterende rentenivå. Likevel bør man være oppmerksom på at med lavt sikringsnivå er man også eksponert for brå bevegelser i den korte markedsrenten.



Vurdering og håndtering av finansiell risiko.
Kommunen vurderer den finansielle risikoen i henhold til interne rutiner for finansforvaltning. Dette innebærer periodiske vurderinger, i tillegg til vurderinger i forkant av risikotilpasninger og låneopptak. Vurderingene som gjennomføres blir arkivert.

Samlet vurderes den finansielle risikoen å være tilfredsstillende, ønsket og innenfor rammene i vedtatt finansreglement, intern låne-/sikringsstrategi, forskrift og gjeldende lov.

Rentesjokk.
Grafen nedenfor viser en prognose på kommunens renteutgifter (brutto) i økonomiplanperioden (mørk farge). Det er også beregnet hvordan en umiddelbar renteøkning på 2 prosentpoeng vil slå ut på brutto renteutgifter (lys farge i grafen). "Stresstesten" har som formål å vise effekten av et forhåndsdefinert markedssjokk og illustrerer at en renteoppgang på 2 prosentpoeng omtrent vil doble renteutgiftene de nærmeste årene, sammenlignet med dagens prognose.



En eventuell renteoppgang vil også ha betydning for kommunens selvfinansierende lån og aktivaside. Det ikke tatt høyde for dette i beregningen ovenfor.

Levanger, september 2015.
Einar Bangstad

Avviksanalyse låneporteføljen - nøkkeltallsrapport.

Volda kommune

jfr. forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning, vedtatt finansreglement og intern rutinebeskrivelse for finansområdet.

Rapport "Nå" :	31. august 2015
Rapport "Forrige" :	IMM juni 2015

Sammensetning av passiva:	**Nå**	**Forrige**			**Krav/limit**
Andel lån med fast rente:	13 %	13 %		Minimumskrav:	
Andel lån med flytende rente:	87 %	87 %		Minimumskrav:	
herav rentesikret for (resten av) 2015	0 %	0 %			
herav rentesikret for 2016	0 %	0 %			
Gjennomsnittsdurasjon (år):	0,83	0,83		Min.-/makskrav:	0-4 år
Renteføl somhet (%)	0,82	0,82			
Utløp lengste rentebinding (år)	2021	2021			
Andel største enkeltlån i porteføljen:	24 %	24 %		Maksimalgrense:	35 %
Gjennomsnittlig porteføljerente:	2,17 %	2,17 %			
Anslag renteutgift 2015 (mill. kroner)	15,4	15,79		Budsj. renteutg.	
Anslag renteutgift 2016 (mill. kroner)	14,87	17,57			
Innløsningsverdi passiva (i prosent). Negativ verdi kommer i tillegg til pari kurs, mens positiv verdi kommer til fradrag til pari kurs.	-2,10 %	-1,90 %			
Innløsningsverdi passiva (i mill kroner). Negativ verdi kommer i tillegg til pålydende gjeld, mens positiv verdi kommer til fradrag til pålydende gjeld	-15	-14			
Innløsningsverdi FRA-sikring (mill. kr)	0	0			
Lån som skal refinansieres innen 1 år (%)	18 %	18 %		Maksgrense	40 %

Kommentar til "vesentlige markedsendringer":

Urolig i finansmarkedene internasjonalt. Lav oljepris. Rentene har falt i 2. tertial.

Begrensningene i Finansreglementet er overholdt.

Dato:

signatur

Volda kommune

Vurdering og håndtering av finansiell risiko.

Kontrollskjema

Risiko	Beskrivelse	ja	nei	merknad
Kredittrisiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglement kap 5, avsnitt 1. **Stikkord**: kvalitet på motpart.	X		
Markedsrisiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglement kap 5, avsnitt 1 / kap 7, avsnitt 2, 3 + kulepkt 1, 2. S**tikkord**: verdisvingninger i markedet.	X		
Renterisiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglement kap 7, avsnitt 2, 3 kulepkt 6, 7, 8. Stikkord: stabil finansiering av kommunens virksomhet.	X		
Likviditetsrisiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglement kap 7, avsnitt 1, 3 kulepkt 1, 2. Stikkord: mulighet for realisering på kort varsel.	X		
Valutarisiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglementet kap 6 avsnitt 1. Stikkord: kun norske kroner.	X		
Systematisk/ generell markedsrisiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglement kap 7 avsnitt 3 kulepkt 6,7,8. Stikkord: sannsynlighet for verdiendring i et marked.	X		
Usystematisk/ spesifikk risiko	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglementet kap 7:, avsnitt 2 (liten mulighet for denne risikoen her, gitt samme låntager). Stikkord: sannsynlighet for at avkastning på objektet avviker fra den generelle markedsutviklingen.	X		
Finansiell risiko samlet	**Plassering:** egen beskrivelse. **Lån/sikring:** Finansreglementet kap 5, avsnitt 1. Stikkord: stabil finansiering, samt betalingsdyktig og lite eksponert for risiko.	X		
Rapportering/ rutiner	**Finansreglementet kap 10.** Er finansreglementets bestemmelser om rapportering oppfylt ?	X		

Ja = i samsvar med finansreglement

Nei = avvik fra finansreglement

Dato:

signatur

ORDLISTE - forklaring til ord og uttrykk.

Niborrente: interbankrente, en rente som bankene kan låne til seg imellom. Mer presist: hva de største bankene i kronemarkedet i utgangspunktet er villig til å tilby likviditet til gjennom valutabytte. Priser stilles for ulike perioder. Mest brukt er 3 mndr.

IMM: internasjonale oppgjørsdatoer - 3. onsdag i hhv. mars, juni, september og desember.

FRA (forward rate agreement): En FRA-kontrakt er en avtale mellom to parter om å låse rentesatsen for et lån eller en plassering for et gitt volum og en gitt periode på et fremtidig tidspunkt. Avtalen gjøres opp til gjeldende Niborrente på tidspunktet for avtalens begynnelse. Mest brukt er 3M-perioder. Det utveksles kun rentebeløp (netto) ved avregning, ingen hovedstol. Kontraktene avregnes på IMM (lik tidspunktet for renteregulering av underliggende lån). Prisen (renten) på kontrakten styres av balansepunktet der låntagere og långivere finner det attraktivt å handle. Dette balansepunktet styres igjen ut fra aktørenes forventninger til økonomisk utvikling og bl.a. Sentralbankens rentebane (prognose). Ved å sette de ulike kontraktene etter hverandre kan man finne **forwardkurven** - som blir markedets prising av fremtidig kortrente. Forwardkurven benyttes i budsjettsammenheng for å finne kostnaden på den flytende delen av låneporteføljen for fremtidige perioder (f.eks. økonomiplanperioden).

Durasjon: Lån (og plasseringer) tilbakebetales ved forfall - og renter underveis betales på avtalte termindatoer frem til forfall. Til sammen utgjør dette lånets/plasseringens kontantstrømmer. Durasjon er den gjennomsnittlige tid (antall år) det tar før disse kontantstrømmene utveksles. Kontantstrømmene veies med størrelsen. Mer folkelig (men ikke korrekt) kan man si at durasjonen er et uttrykk for gjennomsnittlig rentebinding.

Rentefølsomhet: et uttrykk som henger nært sammen med durasjon (modifisert durasjon) og gir uttrykk for hvor stor kurssvingningen (verdiendringen) på et lån (eller en plassering) blir ved renteendringer. Følsomheten oppgis i prosent. En rentefølsomhet på 2% betyr at et lån (eller en plassering) vil endre seg i kurs (verdi) med 2% dersom renten endres med ett prosentpoeng.

Obligasjon: En obligasjon er et rentebærende, omsettelig verdipapir, gjerne lagt ut som et standardisert lån i et organisert marked, med lengre løpetid enn ett år ved utleggelse.

Sertifikat: som obligasjon, men med løpetid under ett år ved utleggelse.

Renteswap: (også kalt rentebytteavtale) er en kontrakt mellom to parter (f.eks en bank og kommunen) om bytte av rente. En slik avtale innebærer bytte av fast rente mot flytende/kort rente (for eksempel 3M nibor). Kommunen benytter renteswapper for å få en ønsket struktur med fast-/flytende rente i sin låneportefølje. Det utveksles ingen hovedstol i en renteswap men kun rentedifferansen (mellom fast- og flytende rente) for det avtalte volum. Nåverdien av renteswappen er null ved inngåelse. Senere vil verdien av den svinge i takt med utviklingen for markedsrenten for den avtalte perioden. Ved utløpet av perioden vil nåverdien igjen være null.

Referanserente: en rente det er naturlig å sammenligne egne resultater (porteføljerenten) med (også kalt benchmarking).

Stresstest: Test for å måle effekten av et forhåndsdefinert markedssjokk. Eksempler på mulige stresstestscenarioer er 30 prosents aksjekursfall og 2 prosent renteøkning.

Aktiva (plasseringer i obligasjonsfond, pengemarkedsfond og eigedomsfond)

Volda kommunes porteføljе er plassert hos Storebrand . Tabellen nedenfor viser porteføljen fordelt på aktivaklasser og fond ved utgangen av august 2015:

Aktiva	Verdi pr 31.08.2015	Andel
Storebrand Norsk Kreditt IG 20	10 968 550	19,4 %
Storebrand Obligasjon+	2 122 914	3,7 %
Storebrand Global Kreditt IG	10 107 970	17,9 %
Sum obligasjonsfond	**23 199 434**	**41,0 %**
Storebrand Likviditet	22 979 365	40,6 %
Storebrand Rente+	4 132 856	7,3 %
Sum pengemarkedsfond	**27 112 221**	**47,9 %**
Storebrand Eiendomsfond Norge KS	**6 305 382**	**11,1 %**
Sum totalt	**56 617 037**	**100,0 %**

* Markedsverdi ekskl. bankbeholdning.

Porteføljen hos Storebrand gave en totalavkastning på 1,46 % i første tertial 2015, som er 0,46 % høyere enn referanseindeksen. Grafen nedenfor viser porteføljens utvikling i 2015 sammenliknet med benchmark/referanse.



Det etablert et sett av forhåndsdefinerte referanseindekser for å kunne evaluere forvalternes avkastning i forhold til markedet forøvrig. En referanseindeks gir uttrykk for en veid sammensetning av verdipapirene (f.eks. obligasjoner) i et marked. Endringer i indeksens verdi viser markedets utvikling i gjennomsnitt.

Alle Storebrands fond og pensjonsmidler har krav til samfunnsansvar.

Vurdering og håndtering av finansiell risiko

Kommunen vurderer fortløpende sin finansielle risiko i porteføljen.

Markedskommentar

Det globale aksjemarkedet målt ved MSCI World hadde i august det største fallet siden 2011-2012. Korreksjonen målt fra alltime-high nivåene i mai og juli var på godt over 10 prosent, før aksjemarkedene hentet seg noe inn igjen. Episenteret for uroen var Kina, hvor frykten spredte seg etter fallet på Shanghai-børsen etterfulgt av en uventet endring i den kinesiske valutapolitikken. Med mindre man ser for seg en hard landing i den kinesiske økonomien, er det likevel vanskelig å forklare et så stort aksjemarkedsfall. Makrotallene i industrilandene holder seg fortsatt godt, hvor spesielt aktivitetstallene i USA har tatt seg opp igjen etter et svakt første kvartal. Arbeidsledigheten har falt videre og veksten i privat konsum er god etter oljeprisfallet, noe som også er betegnende for utviklingen i Eurosonen og Japan. Fundamentale forhold og konjunkturutsiktene for industrilandene skulle med andre ord oppveie for svakere vekstmomentum i fremvoksende økonomier ledet an av Kina.

Obligasjoner

Globale statsobligasjoner målt ved JPM GB Index falt marginalt i august til tross for markedsuro. Selv om det var tendenser til flukt til sikkerhet i amerikanske statsobligasjoner med fallende renter, endte både amerikanske og spesielt tyske statsrenter høyere. Fokuset er fortsatt på når den amerikanske sentralbanken starter rentehevingene, noe som trolig også har bidratt til uro i EM-markedene. Økonomene har skjøvet forventningene til oktober, mens markedene priser første halvår neste år. Vi er fortsatt undervektet i globale statsobligasjoner.

Norske statsobligasjoner målt ved ST4X steg marginalt i august. Makrotallene og spesielt arbeidsmarkedstallene har kommet på den svake siden. Oljeomslaget blir stadig tydeligere og konsumenttilliten er på det laveste nivået siden finanskrisen. Kronen er på sin side også svak og handelsvektet på sitt svakeste nivå siden 1980-tallet. Det skulle tilsi at det varslede rentekuttet heller kommer i november enn i september. Vi er fortsatt undervektet norske statsobligasjoner.

Kredittspreadene målt ved Barclays Global Credit Indeks trakk videre ut i august og er på sitt videste siden 2013. Markedsuro og fallende oljepris har bidratt til utgangen, og trolig forventinger om rentehevinger i USA senere i år. Spreadutgangen er bredt basert, og tydeligst innen high-yield som nå er tilbake til 2012-nivåer igjen. Vi er fortsatt normalvektet i selskapsobligasjoner

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkivsak nr.:	2015/2015
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
174/15	Formannskapet	17.11.2015
119/15	Kommunestyret	26.11.2015

OPPHEVING AV INNKJØPSREGLEMENTET

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:
Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.

Vedleggsliste:

Lov om offentlege anskaffingar
Forskrift om offentlege anskaffingar m/vedlegg
Innkjøpsreglement for Volda kommune

Samandrag av saka:

Det er gjort nokre små endringar i lova og vesentlege endringar i forskrifta om offentlege anskaffingar. Særleg gjeld dette terskelverdiane. Vi foreslår å oppheve det lokale reglementet og presisere at det er forskrifta som gjeld.

Saksopplysningar:
I 1997 tok KS initiativ til å betre innkjøpsrutinane i kommunal sektor. I rundskriv 22/97 Vart det opplyst at KS hadde utarbeidd eit nytt forslag til innkjøpsreglement som omfatta alle innkjøp i kommunal sektor. Kommunane vart oppfordra til å vedta eigne reglement med utgangspunkt i dette.

Vold kommune handsama saka i møte den 26.02.98, og vedtok at KS sitt forslag skulle gjelde for Volda kommune. Så kom staten på banen.

Den noverande lov og forskrift om offentlege innkjøp vart fyrste gongen sett i verk i 1999.Vi fekk detaljerte – og kompliserte reglar for korleis innkjøpa skulle gjerast, og det vart etablert kontrollorgan som skulle passe på at reglane vart følgde. Det var ikkje få kommunar som fekk strenge sanksjonar for relativt små overtramp. Omsynet til desse reglane var at ein skulle sikre at offentlege midlar vart nytta best mogleg og at ein skulle hindre for tette band mellom innkjøpar og leverandørar. Vidare måtte ein tilpasse seg EØS og EU- direktiv.
For å oppnå dette vart det nærast skipa eit mantra: Konkurranse og dokumentasjon. Alle offentlege innkjøp skulle konkurranseutsettast, og alt ein gjorde skulle dokumenterast.
Reglane har no virka lenge og det offentlege har tilpassa seg reglane godt.
Både lova og forskrifta har vore endra mange gonger sidan 1999.

Denne gongen er det i lova gjort berre ei prosessuell endring i §7.

Når det gjeld forskrifta er endringane omfattande, særleg redaksjonelt. Det viktigaste her er at Del II og Del III har bytta plass, slik at Del II no gjeld anskaffingar under EØS – terskelverdiane og uprioriterte tenester, medan Del III gjeld anskaffingar over EØS-terskelverdiane.

Vidare er lista over prioriterte og uprioriterte tenester overført til vedlegg til forskrifta og ikkje som eigne §§. Dei viktigaste endringane er endringane i terskelverdiane i §2-2 og bruksområdet for forskrifta sine ulike delar i §2-1.
Reglane er no slik å forstå:

Verdi under kr. 100.000	Forskrifta gjeld ikkje. Fritt kjøp.
Verdi mellom kr. 100.000 og 500.000	Forskrifta Del I gjeld. Reglane om konkurranse gjeld, og ein skal føre protokoll. Vedlegg 3.
Verdi mellom kr.500.000 og 1,55 mill og bygg/anlegg under 39mill.	Forskrifta del I og del II gjeld. Full konkurranse med konkurransegrunnlag og utlysing. Protokoll i samsvar med vedlegg 4.
Verdi over 1.55mill (varer/tenester) og over 39mil (bygg/anlegg)	Forskrifta del III gjeld. Full konkurranse med konkurransegrunnlag og utlysing nasjonalt og internasjonalt. Krav til protokoll og dokumentasjon.

Unntaksreglane i §3-1 er og utvida. Den viktigaste endringa er i litra l, der kontraktar med ein verdi på under kr. 100.000 er unnateke forskrifta.

Vurdering og konklusjon:

Vårt reglement har ikkje vore endra sidan det vart vedteke i 1998. I etterkant har vi fått både Lov om innkjøp og ikkje minst ei nasjonal forskrift om offentlege innkjøp. Eg kan ikkje sjå at det lenger er trong for lokalt reglement på området no når vi har fått nasjonale reglar som vi uansett må forhalde oss til. Det måtte i tilfelle vere å lage eit reglement for innkjøp under terskelverdiane og for unntakstilfella, men også her har vi prosedyrer ved innføring av protokollar for slike kjøp. Her har vi malar som vart utarbeidd medan vi hadde innkjøpssamarbeidet for Søre Sunnmøre. I dag er vi medlem av innkjøpssamarbeidet for Sunnmøre med Ålesund som vertskommune, og kommunen kan også nytte seg av prosedyrene som fagmiljøet for innkjøp har etablert der.

Rådmannen foreslår ar det lokale reglement frå 1998 vert oppheva.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen

Økonomiske konsekvensar:
Ingen direkte. Det effektiviserer arbeidsrutinene å forhalde seg til berre den nasjonale lovgjevinga, som i seg sjølv er svært detaljerte, om ein ikkje i tillegg skal ha eigne detaljerte reglar. Avskaffing av lokale tilleggsreglement er i samsvar med regjeringa sin intensjon om forenkling og mindre byråkrati.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorane

INNKJØPSINSTRUKS

FOR

VOLDA KOMMUNE

Vedteke i Volda kommunestyre

den 26.02.98, sak 30/98

INNHALD

Kapittel 1 - Alminnelege vedtekter

§ 1 Bruksområde
§ 2 Innkjøp som vert gjort på vegner av kommunen
§ 3 Kommunale selskap o.a.
§ 4 Definisjonar
§ 5 Etiske reglar
§ 6 Likehandsaming av leverandørar
§ 7 Miljø
§ 8 Svart Arbeid
§ 9 Habilitet
§ 10 Rett til offentleg innsyn
§ 11 Teieplikt

Kapittel 2 - Fellesrelar for konkurransar

§ 12 Val av innkjøpsform
§ 13 Møte og synfaringar
§ 14 Oppbevaring av anbod/tilbod
§ 15 Grunngjevingsplikt
§ 16 Fristar
§ 17 Krav til innkjøpsprotokoll
§ 18 Krav til kontraktsemnet
§ 19 Tekniske spesifikasjonar
§ 20 Rammeavtalar
§ 21 Prosjektkonkurranse

Kapittel 3 - Krav til kvalifikasjonar

§ 22 Krav til kvalifikasjonar
§ 23 Prekvalifisering
§ 24 Krav til skatteattest
§ 25 Avvisingsgrunnar

Kapittel 4 - Open og avgrensa anbodskonkurranse

§ 26 Krav til open og avgrensa anbodskonkurranse
§ 27 Kunngjering
§ 28 Krav til anbodsgrunnlaget
§ 29 Retting, supplering eller endring av anbodsgrunnlaget
§ 30 Alternative anbod
§ 31 Anbod som er komne inn for seint
§ 32 Forbod om å endre og rette i anbod
§ 33 Anbodsopning
§ 34 Avvising av anbod
§ 35 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

Kapittel 5 - Innkjøp etter forhandling

§ 36 Invitasjon til å ta del - kunngjering
§ 37 Tilbodsgrunnlaget
§ 38 Høve til forhandlingar
§ 39 Avvising
§ 40 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

Kapittel 6 - Direkte innkjøp

§ 41 Definisjon av direkte innkjøp
§ 42 Vilkår for direkte innkjøp
§ 43 Terskelverdiar
§ 44 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

Kapittel 7 - Tildeling av kontrakt

§ 45 Avlysing av konkurranse
§ 46 Kriterium for tildeling av kontrakter
§ 47 Bruk av prisanalyse
§ 48 Aksept av anbod / tildeling av kontrakt
§ 49 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

Kapittel 8 - FoU-kontraker

§ 50 Reglar for tildeling
§ 51 Kontraktsvilkår ved FoU-kontrakter
§ 52 Rettar til kontraktsemnet og resultatet av FoU-arbeida

Kapittel 9 - Kontraktsvilkår

§ 53 Alminnelege kontraktsreglar for kjøp av varer og tenester
§ 54 Alminnelege kontraktsreglar for kontrahering av bygg og anlegg
§ 55 Betalingsvilkår
§ 56 Forskotsbetaling
§ 57 Framdriftsbetaling
§ 58 Trygd
§ 59 Mulkt - konvensjonalbot
§ 60 Kvalitetskontroll
§ 61 Garantiar
§ 62 Kostnadskontrakter
§ 63 Endring av kontrakt
§ 64 Tvisteløysing

KAPITTEL 1

ALMINNELEGE VEDTEKTER

§ 1 Bruksområde

(1) Denne instruksen gjeld innkjøp av varer, tenester, bygg og anlegg som vert gjorde av kommunen.

(2) Med unntak for §§ 5-11 omfattar reglane i denne instruksen ikkje:
a) innkjøp som skal gjerast i medhald av forskrifter til gjennomføring av reglane i EØS-avtalen og WTO-avtalen om offentlege innkjøp.
b) innkjøp som vert gjorde av organ eller verksemder som er kontrollerte av kommunen aleine eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar, og som er sjølvstendige rettssubjekt.
c) tilsetjingar
d) kjøp, leige eller annan rett til fast eigedom
e) varer eller tenester som vert kjøpte på børs/råvarebørs eller annan tilsvarande marknad
f) delleveransar i medhald av rammeavtalar som er gjorde etter reglane i denne forskrifta, jfr. § 20.

(3) Instruksen går inn som ein del av kontrakten berre i den grad dette går uttrykkjeleg fram av kontraktsdokumenta.

(4) Dersom særlege tilhøve gjer det naudsynt, kan kommunen eller den som er gjeven fullmakt, i kvart einskilt tilfelle halde delar av verksemda til eller innkjøp i kommunen utanfor instruksen. Det skal fastsetjast eigne retningsliner for innkjøp for verksemder som vert haldne utanfor instruksen.

§ 2 Innkjøp som vert gjort på vegner av kommunen

(1) Dersom nokon skal gjere innkjøp på vegner av kommunen, vert den det gjeld pålagd å nytte reglane i denne instruksen.

§ 3 Kommunale selskap o.a.

(1) Dei som representerer kommunen i styrande organ i verksemder etter § 1 andre leddet bokstav b), skal medverke til at det vert fastsett reglar for korleis innkjøpa til verksemda skal gjennomførast.

§ 4 Definisjonar

(1) I denne instruksen har desse omgrepa følgjande tyding:

a) innkjøp: kjøp, kontrahering, leige eller leasing av varer, tenester eller bygg og anlegg. Leige og leasing vert omfatta utan omsyn til om oppdragsgjevaren skal ha rett til å kjøpe kontraktsemnet når kontraktsperioden går ut

b) leverandør: leverandør, tenesteytar eller entreprenør

c) open anbodskonkurranse: innkjøpsprosedyre der alle interesserte leverandørar som tilfredsstiller minimumskrava i anbodsgrunnlaget, kan kome med anbod innan same frist og på same grunnlag, og der det skal gjerast avtale utan at det vert ført forhandlingar

d) avgrensa anbodskonkurranse: innkjøpsprosedyre der berre dei leverandørane som er innbedne av oppdragsgjevaren, kan kome med anbod innan same frist og på same grunnlag og der det skal gjerast avtale utan at det vert ført forhandlingar

e) innkjøp etter forhandling: innkjøp som vert gjort etter innhenting av tilbod hjå leverandørar som oppdragsgjevaren har bede om å gje tilbod, og der vilkåra for innkjøpet, under dette også spesifikasjonane for kontraktsemnet, kan drøftast eller forhandlast om

f) anbydar: leverandør som gjev anbod i open eller avgrensa anbodskonkurranse

g) tilbydar: leverandør som gjev tilbod ved innkjøp etter forhandling

h) kandidat: leverandør som har bede om å få ta del i ein avgrensa anbodskonkurranse eller innkjøp etter forhandling.

i) tilbod: bindande skriftleg lovnad frå ein tilbydar til ein oppdragsgjevar om å levere varer og/eller ytingar etter nærare fastlagde vilkår ved innkjøp etter forhandling, jfr. kapittel 5 og avtalelova §§ 2 flg.

j) anbod: bindande skriftleg lovnad frå anbydar til oppdragsgjevar i open eller avgrensa anbodskonkurranse etter anbodsgrunnlag med tilhøyrande anbodsinnbyding etter reglane i §§ 26 flg.

k) anbods- og tilbodsinnbyding: skriftleg oppmoding til ein bestemt eller ubestemt krins av leverandørar om å gje anbod/tilbod på ei vare, ei teneste eller eit bygg- og anleggsoppdrag innan same tidsfristen og på same grunnlaget.

l) anbods- og tilbodsgrunnlag: anbods- eller tilbodsinnbydinga og dei dokumenta o.a. som syner omfanget og spesifikasjonane til leveransen, vilkåra for konkurransen og kontraktsvilkåra.

§ 5 Etiske reglar

(1) Folkevalde og tenestemenn som arbeider med saker etter denne instruksen, skal setje strenge krav til integritet og etikk for verksemda si. Dei skal auke respekten for anbodsarbeidet ved å ta avstand frå og kjempe mot alle former for uetisk forretningspraksis.

(2) Høg forretningsetisk standard skal også prege dei interne tilhøva. Rapportering, framlegg og informasjon skal gå føre seg på ein ærleg og open måte.

(3) Ein skal søkje etter ordningar og avtalar som sikrar både ein effektiv konkurranse og naudsynt kontinuitet. Det er også viktig å sikre fridomen til å kunne skifte leverandør når tilhøva er slik at dette bør gjerast.

(4) Ingen leverandør skal gjevast ugrunna fordelar framfor andre. Ingen medarbeidarar skal kunne oppnå personlege fordelar av innkjøpa til kommunen.

(5) Det skal gjevast korrekt og objektiv informasjon om kommunen si verksemd.

§ 6 Likehandsaming av leverandørar

(1) Ulik handsaming av anbydarar eller tilbydarar direkte eller indirekte på grunn av nasjonaliteten eller den geografiske tilknytinga deira skal ikkje finne stad.

(2) Alle anbydarar og tilbydarar skal gjevast like vilkår til å ta del i anbodskonkurranse, innkjøp etter forhandling og direkte innkjøp.

§ 7 Miljø

(1) Oppdragsgjevaren skal ta omsyn til miljømessige konsekvensar i samband med behovsavklaringa, planlegginga og utarbeidinga av spesifikasjonar for kvart einskilt innkjøp. Dette omfattar m.a. miljømessige konsekvensar ved bruk, vilkår for attvinning av materiale ved kassasjon og eigenskapane til materiala med omsyn til nedbryting.

§ 8 Svart arbeid

(1) Oppdragsgjevaren skal stille slike krav til kvalifikasjonane til kandidatane at berre kandidatar som har betalt skattane og avgiftene sine, og som driv verksemda si i samsvar med lovene i landet, kan ta del i konkurransen om oppdraget.

§ 9 Habilitet

(1) Ved handsaming av saker som denne instruksen omfattar, gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova (Fvl), jfr. Fvl §§ 6-10 og kommunelova § 40.

(2) Ein tenestemann kan ikkje ta del i konkurransen om leveransar til den administrasjonen der han gjer teneste. Det same gjeld firma som heilt eller i hovudsak er eigde av ein slik tenestemann, og personar som står i eit slikt forhold til vedkomande tenestemann, slik det er nemnt i Fvl § 6.

(3) Ein tenestemann kan ikkje opptre som konsulent og heller ikkje som representant for ein kandidat, anbydar eller tilbydar overfor den administrasjonen der han gjer teneste.

(4) Ingen kan få løyve til å ta del i anbodskonkurranse dersom vedkomande er knytt til oppdragsgjevaren eller medhjelparane hans på ein slik måte at det er eigna til å svekkje tilliten til at konkurransen vil verte gjennomførd på ein upartisk måte. Det same gjeld den som har medverka på ein slik måte i utarbeidinga av anbods-/tilbodsgrunnlaget at

det vil gje vedkomande ein konkurransefordel. Denne regelen gjeld ikkje kontrakter som vert gjorde etter fullførde forskings- eller utviklingsoppdrag.

(5) Oppdragsgjevaren skal ikkje søkje eller ta imot råd som kan verte nytta ved utarbeiding av spesifikasjonar for eit særskilt innkjøp, frå nokon som kan ha økonomisk interesse i innkjøpet, når dette går føre seg på ein måte som vil kunne hindre konkurranse.

§ 10 Rett til offentleg innsyn

(1) Dersom det er naudsynt, kan anbod, tilbod og innkjøpsprotokollane haldast utanfor offentleg innsyn.

§ 11 Teieplikt

(1) Reglane om teieplikt i forvaltningslova gjeld ved innkjøp som vert gjort etter denne instruksen, jfr. Fvl §§ 13 flg. og kommunelova § 31.

KAPITTEL 2

FELLESREGLAR FOR KONKURRANSER

§ 12 Val av innkjøpsform

(1) Så langt det er råd skal alle innkjøp baserast på konkurranse.
(2) Innkjøp skal gjerast anten:
  a) ved open anbodskonkurranse, jfr. kapittel 4
  b) ved avgrensa anbodskonkurranse, jfr. kapittel 4
  c) ved innkjøp etter forhandling, jfr. kapittel 5
  d) ved prosjektkonkurranse etter § 21, eller
  e) ved direkte innkjøp, jfr. kapittel 6
(3) direkte innkjøp kan berre nyttast når vilkåra i kapittel 6 er oppfylte.

§ 13 Møte og synfaringar

(1) Oppdragsgjevaren kan halde møte eller synfaring med anbydarane/tilbydarane for å gje nærare opplysningar og for å klarleggje forhold som måtte vere uklare. Møtet vert i tilfelle halde etter at det er sendt ut innkalling til alle som har fått utlevert anbods-tilbodsgrunnlaget, og i god tid før anbods-/tilbodsfristen er ute.
(2) Oppdragsgjevaren skal setje opp eit referat frå synfaringa eller konferansen, og sende det utan ugrunna opphald til alle som har motteke anbods-/tilbodsgrunnlaget.

§ 14 Oppbevaring av anbod/tilbod

(1) Mottekne anbod/tilbod skal forvarast på forsvarleg vis og slik at uvedkomande ikkje får tilgang til dei. Anbod/tilbod skal registrerast etter kvart som dei kjem inn.

§ 15 Grunngjevingsplikt

(1) Oppdragsgjevaren skal grunngje overfor alle kandidatar, anbydarar eller tilbydarar som ber om det og som ikkje er vortne valde ut eller ikkje har fått kontrakten, kvifor førespurnaden deira om å ta del, eller anbodet/tilbodet deira, er avvist eller forkasta. Dersom ein kontrakt er tildelt, skal det opplysast om namnet på den som fekk kontrakten og om eigenskapane og dei relevante fordelane til det anbodet/tilbodet som vart valt. Grunngjevinga skal gjevast innan rimeleg tid.
(2) Dersom det er vedteke at det ikkje skal gjerast kontrakt for eit innkjøp som har vore kunngjort, eller dersom oppdragsgjevaren har vedteke å gjennomføre innkjøpsprosedyren på nytt, skal oppdragsgjevaren varsle alle kandidatar, anbydarar eller tilbydarar skriftleg om vedtaket og om grunngjevinga for dette.

§ 16 Fristar

(1) Fristen for levering av anbod/tilbod må ikkje vere kortare enn at det vert tilstrekkeleg tid til å utarbeide dei, og til at det vert sikra tilstrekkeleg konkurranse. Når fristane vert fastsettte, bør det så langt som råd takast omsyn til leverandørane sine eventuelle behov for å kontakte underleverandørar o.a. Fristen kan forlengjast dersom det viser seg at den opphavlege fristen er for kort til at det er mogleg å utarbeide anbod/tilbod.

(2) Fristen for å stadfeste tilbod må ikkje setjast lenger enn naudsynt.

§ 17 Krav til innkjøpsprotokoll

(1) Ved innkjøp etter denne instruksen skal det førast innkjøpsprotokoll. Innkjøpsprotokollen skal ordnast etter lausbladsystemet eller på annan tenleg måte. I Innkjøpsprotokollen skal dei opplysningane førast som er nemnde i §§ 35, 40, 44 og 49.

(2) Innkjøpsprotokollen skal underskrivast av to representantar frå oppdragsgjevaren. Ulike personar kan underskrive for dei ulike fasane av konkurransen.

§ 18 Krav til kontraktsemnet

(1) Spesifikasjonane for det som skal skaffast, skal ikkje stille strengare krav til kvantum, kvalitet, utføring, yteevne e.l. enn det som er naudsynt for formålet. Når krava vert utforma, skal det også leggjast vekt på kostnadar ved bruk, vedlikehald o.a., og på miljømessige konsekvensar, jfr. § 7. Krava skal utformast på ein slik måte at flest mogleg kan konkurrere om leveransen.

§ 19 Tekniske spesifikasjonar

(1) Kontraktsemnet skal helst spesifiserast ved at det vert opplyst om funksjonelle krav. Dersom oppdragsgjevar krev at tekniske spesifikasjonar vert oppfylte, skal det meldast frå om desse i anbods-/tilbodsgrunnlaget.

(2) Det skal helst seiast frå om tekniske spesifikasjonar anten ved å vise til relevante norske standardar som stemmer overeins med europeiske standardar, ved å vise til europeiske tekniske godkjenningar eller ved å vise til felles tekniske spesifikasjonar. Der slike ikkje finst, skal det nyttast andre standardar som er allment brukte eller aksepterte.

(3) Det kan gjerast unntak frå reglane i første og andre leddet dersom det ligg føre særlege grunnar. Unntak frå første og andre leddet må ikkje i noko tilfelle gjerast for å gje ein leverandør ein fordel framfor andre.

(4) Det skal ikkje nyttast tekniske spesifikasjonar som omtalar varer av eit visst fabrikat eller av eit visst opphav eller særlege produksjonsmetodar dersom dette favoriserer eller stengjer ute visse føretak eller varer/tenester, med mindre kontraktsemnet gjer det rimeleg med slike spesifikasjonar. Det er heller ikkje høve til å føre opp varemerke,

patent eller typer, eller å føre opp eit visst opphav eller fabrikat. Ei slik oppføring følgt av orda "eller tilsvarande" er likevel tillate når det ikkje kan gjerast tilfredsstillande greie for kontrakten på annan måte.

§ 20 Rammeavtalar

(1) I denne instruksen tyder rammeavtalar avtalar som bind oppdragsgjevaren til å kjøpe og leverandøren på førespurnad til å levere ein eller fleire typer varer eller tenester over eit avgrensa tidsrom på vilkår som er fastsette i rammeavtalen.

(2) Rammeavtalen bør føre opp eit minste kvantum som vert kjøpt inn frå vedkomande leverandør eller tenesteytar, anten ved å føre opp ein verdi eller ein del av oppdragsgjevaren sitt totale behov. Det pårekna behovet skal førast opp i anbods-/tilbodsgrunnlaget. Det kan gjevast rammeavtale til fleire leverandørar/tenesteytarar for same type varer eller tenester.

(3) Dersom ein rammeavtale omfattar fleire oppdragsgjevarar, bør det gå fram av anbods-/tilbodsgrunnlaget kva for oppdragsgjevarar som er omfatta av rammeavtalen. Dersom oppdragsgjevaren i kontraktsperioden skal kunne gjere innkjøp som kjem inn under rammeavtalen frå andre enn den/dei som har fått kontrakt, skal det gå fram av anbods-/tilbodsgrunnlaget når dette kan gjerast.

§ 21 Prosjektkonkurranse

(1) Når det vert nytta prosjektkonkurranse, skal reglane for prosjektkonkurransen setjast opp i samsvar med krava i denne paragrafen, og leverast til dei som er interesserte i å ta del i konkurransen.

(2) I prosjektkonkurranse med ei avgrensa mengd deltakarar skal oppdragsgjevaren fastsetje klare og ikkje-diskriminerande kriterium for utveljing. Talet på kandidatar som vert inviterte til å ta del, skal i alle høve vere stort nok til å sikre ein reell konkurranse.

(3) Konkurransen skal avgjerast av ein jury som er sett saman einast av fysiske personar som er uavhengige av konkurransedeltakarane. Dersom det vert kravd ein særskilt yrkeskvalifikasjon for å ta del i prosjektkonkurransen, skal minst ein tredejedel av juryen ha same eller tilsvarande kvalifikasjon.

(4) Juryen skal vere uavhengig i vedtaka og utsegnene sine. Grunnlaget for vedtaka og utsegnene til juryen skal vere prosjekt som juryen har fått til vurdering anonymt, og berre dei kriteria som er nemnde i reglane for prosjektkonkurransen etter § 46 er relevante.

KAPITTEL 3

KRAV TIL KVALIFIKASJONAR

§ 22 Krav til kvalifikasjonar

(1) Oppdragsgjevaren skal utan omsyn til konkurranseform sjå til at anbydarane / tilbydarane har gode nok kvalifikasjonar til å fullføre leveransen på ein tilfredsstillande måte.

(2) Krav til kvalifikasjonar kan stillast opp både ved open og avgrensa anbodskonkurranse og ved innkjøp etter forhandlingar.

§ 23 Prekvalifisering

(1) Ved avgrensa anbodskonkurranse og ved innkjøp etter forhandling kan oppdragsgjevar vurdere kvalifikasjonane til kandidatane før invitasjon til å gje anbod/tilbod vert gjort kjent. Oppdragsgjevaren vel ut dei kandidatane som skal inviterast til å levere anbod/tilbod, blant dei som tilfredsstiller eventuelle minstekrav til økonomiske og tekniske kvalifikasjonar.

(2) Dersom det er opplyst i anbods- eller tilbodsgrunnlaget, kan oppdragsgjevaren setje ei grense for kor mange anbydarar/tilbydarar som vil verte inviterte. Normalt bør talet på anbydarar/tilbydarar som vert inviterte, ikkje setjast lågare enn fem.

(3) Oppdragsgjevaren kan også ha generelle prekvalifiseringsordningar der leverandørar kan søkje om godkjenning, uavhengig av det einskilde innkjøpet. Slike ordningar skal kunngjerast offentleg ein gong i året. Av kunngjeringa skal det minst gå fram kva slags innkjøp ordninga gjeld, kor lang tid avgjerda om godkjenning tek, og kvar ein kan få utlevert opplysningar om kriteria for opptak og krav til dokumentasjon. Når oppdragsgjevaren nyttar ei prekvalifiseringsordning etter denne regelen, er det ikkje naudsynt å kunngjere innkjøp som vert omfatta av ordninga.

(4) Prekvalifiseringsordningar må ikkje praktiserast slik at leverandørar urimeleg vert stengde ute frå å ta del i konkurransar.

§ 24 Krav til skatteattest

(1) Oppdragsgjevaren pliktar å hente inn skatteattest frå anbydar/tilbydar ved innkjøp der den pårekna verdien er større enn kr. 50.000,-. Skatteattest må liggje føre seinast når kontrakten vert underskriven.

§ 25 Avvisingsgrunnar

(1) Utan omsyn til kva som står i anbods- eller tilbodsgrunnlaget, kan oppdragsgjevaren ved utveljing av kandidatar og ved tildeling av kontrakt avvise ein leverandør som:

a) er insolvent

b) ved ein rettskraftig dom er kjend skuldig i lovbrot som har med den yrkesmessige vandelen å gjere

c) i yrket sitt har gjort seg skuldig i alvorleg aktløyse mot faglege og etiske krav i den bransjen det gjeld, som er påvist ved metodar som oppdragsgjevaren kan forsvare

d) ikkje har oppfylt plikter om å betale inn trygdeavgifter i samsvar med lovene i den staten der han er etablert, eller i Noreg

e) ikkje har oppfylt plikter om å betale inn skattar og avgifter i samsvar med lovene i den staten der han er etablert, eller i Noreg

f) har gjeve grovt misvisande opplysningar som svar på den informasjonen som har vore kravd i samband med konkurransen eller tidlegare konkurransar.

KAPITTEL 4

OPEN OG AVGRENSA ANBODSKONKURRANSE

§ 26 Krav til open og avgrensa anbodskonkurranse

(1) Ved open og avgrensa anbodskonkurranse vert det kravd:
- a) anbodsgrunnlag med tilhøyrande anbodsinnbyding og eventuell kunngjering
- b) anbod gjeve i samsvar med vilkåra i anbodsgrunnlaget
- c) at leverandøren vert vald ut på grunnlag av dei anboda som er mottekne, utan at det vert forhandla med nokon anbydar om anbodet.

(2) Det vert ikkje rekna som forhandlingar at oppdragsgjevar hentar inn nærare opplysningar hjå anbydarane for å få klarlagt uklare punkt ved anboda, såframt dei klare punkta ikkje er slik at anboda skal avvisast etter § 34 andre leddet. Oppdragsgjevar kan også hente inn nærare opplysningar om kapasiteten til anbydarane og om tekniske, økonomiske eller administrative kvalifikasjonar i samsvar med dei kriteria som er førde opp i anbodsgrunnlaget. Når det gjeld løysingar, arbeidsmetodar eller materiale som anbydaren sjølv gjer framlegg om, kan oppdragsgjevaren be anbydaren greie ut om og klargjere korleis krava i anbodsgrunnlaget vert møtte. Forhandlingar om pris er ikkje tillate i noko høve.

§ 27 Kunngjering

(1) Innbyding til å kome med anbod i open anbodskonkurranse eller deltaking i avgrensa anbodskonkurranse skal kunngjerast offentleg, men slik at ein kan sjå bort frå kunngjering når vilkåra i § 23 er oppfylte. Kunngjeringa skal minst innehalde dei opplysningane som er nemnde i § 28 andre leddet bokstav a)-f).

(2) Oppdragsgjevaren vel ut kandidatar som skal inviterast til å gje anbod etter reglane i kapittel 3, blant dei som har bede om å få ta del i ein avgrensa anbodskonkurranse.

(3) Dersom det er klart at kunngjering ikkje tener noko føremål, kan førespurnader om å ta del i konkurransen rettast direkte til den eller dei aktuelle leverandørane utan offentleg kunngjering.

§ 28 Krav til anbodsgrunnlaget

(1) Anbodsgrunnlaget skal vere så klart og uttømmande at det saman med eit anbod og ein aksept av dette vil utgjere ein fullstendig avtale.

(2) Anbodsgrunnlaget skal som regel innehalde opplysningar om:
- a) namnet og adressa til oppdragsgjevaren
- b) kvar ein kan rette spørsmål om konkurransen
- c) kva for konkurranseform som vil verte nytta
- d) kva for innkjøp og kva for mengd ein ønskjer anbod på

e) anbodsfrist (dato og klokkeslett) og namnet og adressa til mottakar som anboda skal leverast til
f) kva for krav som vil verte stilte til anbydarane sine kvalifikasjonar, og krav til dokumentasjon
g) kvar dokument, utgreiingar, prøver, modellar, planar o.a. som høyrer til ligg til ettersyn, eller kvar ein kan få dei levert ut, og storleiken på eit eventuelt depositum som vert kravd
h) at anbodet skal vere underskrive og lagt i lukka konvolutt som skal merkjast på ein særskild måte
i) stad og tid (dato og klokkeslett) for anbodsopninga, og om anbydarane har rett til å vere til stades ved anbodsopninga
j) at anbod som kjem inn for seint, vert avviste
k) kor lenge anboda skal vere bindande
l) korleis betaling skal finne stad (ved levering, ved framdriftsbetaling, ved forskot o.a.), jfr. kapittel 9
m) at anbod som ikkje er i samsvar med minstekrava i anbodsgrunnlaget, vert forkasta
n) når og kvar levering skal finne stad eller arbeidet utførast
o) korleis vederlaget skal førast opp (fast pris, fast pris med prisjustering, etter rekning e.l.). Dersom anbodsgrunnlaget inneheld ein føresetnad om atterhald om justering av prisen som følgje av løns- og prisstiging, eller dersom det opnar for eit slikt atterhald, skal dette nemnast særskilt, og det skal i tilfelle også gjerast greie for på kva måte prisjusteringa skal reknast ut
p) kriteria for tildeling av kontrakt, jfr. § 46
q) oppdragsgjevaren tek atterhald om retten til å forkaste alle anboda
r) at reglane i denne instruksen skal nyttast i samband med innkjøpet, og det skal opplysast om eventuelle avvik frå reglane i instruksen

(3) I den grad det er aktuelt, skal anbodsgrunnlaget elles innehalde opplysningar om:
a) i kva grad det kan gjevast anbod på delar av leveransen
b) i kva grad det kan gjevast alternative anbod, og eventuelle minstekrav som alternative anbod må oppfylle
c) prøver, modellar, planar, teikningar o.a. som anbydarane skal sende inn, og korleis desse skal merkjast
d) eventuelle krav til kvalifikasjonane til anbydarane
e) eventuelle atterhald om at forkasta anbod ikkje vert returnerte
f) storkeiken på den trygda som vert kravd, jfr. § 58
g) mulkt for for sein levering eller fullføring, jfr. § 59
h) kontroll under tilverkinga og ved mottakinga, jfr. § 60
i) garanti, jfr. § 61
j) andre opplysningar som er viktige for utarbeidinga av anbodet

§ 29 Retting, supplering eller endring av anbodsgrunnlaget

(1) Oppdragsgjevar har rett til å rette, supplere og gjere endringar som ikkje er vesentlege i anbodsgrunnlaget før anbodsfristen går ut. Alle rettingar, suppleringar eller endringar skal straks sendast alle som har motteke anbodsgrunnlaget. Opplysningar

som oppdragsgjevaren gjev på førespurnad frå ein av anbydarane, skal på same måten meldast frå om til alle.

(2) Dersom rettingar, suppleringar eller endringar av anbodsgrunnlaget kjem så seint at det er vanskeleg for anbydarane å ta omsyn til dette før anbodsfristen går ut, skal fristen utvidast tilsvarande.

§ 30 Alternative anbod

(1) Det er tillate med alternative anbod dersom det ikkje er sagt anna i anbodsgrunnlaget og dei alternative anboda oppfyller dei minstekrava som er oppførde i anbodsgrunnlaget. Alternative anbod må vere av ein slik art at kontrakten kan tildelast utan forhandlingar.

(2) Oppdragsgjevaren skal føre opp i anbodsgrunnlaget dei minstekrava som alternative anbod må oppfylle, saman med eventuelle krav til presentasjonen av anboda.

§ 31 Anbod som er komne inn for seint

(1) Eit anbod er kome inn for seint dersom det ikkje er kome fram til leveringsstaden før anbodsfristen går ut.

(2) Når eit anbod vert motteke for seint, skal anbydaren straks gjerast kjend med dette.

(3) Anbod som er mottekne for seint, skal returnerast uopna etter anbodsopninga. Dersom det er naudsynt for å få slått fast identiteten til anbydaren, kan eit anbod som kjem inn for seint, opnast straks det er motteke.

§ 32 Forbod mot å endre og rette i anbod

(1) Etter at anbodsfristen er gått ut, kan anbydaren ikkje gjere endringar i anbodet eller kalle det tilbake. Vert oppdragsgjevaren merksam på openberre feil i anbodet, skal han rette feilane dersom det ikkje er tvil om korleis dei kan rettast opp.

§ 33 Anbodsopning

(1) Anbod som er mottekne til rett tid, skal opnast på det tidspunktet og på den staden som står i anbodsgrunnlaget. Ved anbodsopninga skal oppdragsgjevaren vere representert med minst to personar, og minst ein av desse bør vere frå den ansvarlege administrasjonen.

(2) Anboda skal påførast løpenummer i same rekkjefølgje som dei vert opna.

(3) Anbydarane bør få høve til å vere til stades ved anbodsopninga. Anbodsprisane skal i så fall lesast opp, men ikkje namnet til anbydarne. Oppdragsgjevaren må heller ikkje seinare gje opplysningar om kven som har gjeve anbod, bortsett frå namnet til den som får leveransen/oppdraget og prisen for denne/dette.

(4) Innkjøpsprotokollen skal underskrivast av to av dei representantane for oppdragsgjevaren som er til stades.

§ 34 Avvising av anbod

(1) Eit anbod skal avvisast når:
- a) det er gjeve av ein person som ikkje har rett til å ta del i konkurransen når anbodsfristen går ut, jfr. §§ 9 og 28
- b) det er kome inn for seint, jfr. § 31
- c) det fører opp så låg pris at han står i eit openbert mishøve til det som skal leverast, og anbydaren ikkje kan gje fullgode grunnar til den låge prisen
- d) anbydaren ikkje tilfredsstiller dei oppstilte minstekrava

(2) Ved vurdering skal det i kvart einskilt tilfelle avgjerast om eit anbod skal avvisast fordi:
- a) det ikkje inneheld alle dei opplysningane, oppgåvene, prøvene o.a. som vert kravde
- b) det ikkje fører opp prisen slik det er sett som føresetnad i anbodsinnbydninga, jfr. § 28 første leddet bokstav o)
- c) det inneheld openberre feil som ikkje kan rettast etter § 32, eller er uklart eller ufullstendig på andre måtar, og dette kan føre til tvil om korleis anbodet skal vurderast i høve til dei andre anboda
- d) anbodet avvik frå anbodsinnbydinga på ein slik måte at det vil få innverknad på konkurransetilhøvet mellom anbydarane

(3) Dersom eit anbod vert avvist, skal den anbydaren det gjeld, gjerast kjent med avvisinga og få ei grunngjeving så snart som råd.

§ 35 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

(1) Ved open og avgrensa anbodskonkurranse skal følgjande gå fram av innkjøpsprotokollen:
- a) namnet og adresse til oppdragsgjevaren
- b) namna på dei kandidatane og anbydarane/tilbydarane som eventuelt er valde ut til å ta del i ein avgrensa anbodskonkurranse, og grunngjevinga for utveljinga
- c) namna på dei kandidatane som ikkje vart valde ut til å ta del i ein avgrensa anbodskonkurranse, eller som ikkje fekk tildelt oppdraget ved slik konkurranse, og grunngjevinga for at førespurnaden om å ta del eller for at anbodet/tilbodet vart avvist / forkasta
- d) kva for innkjøp anbodsinnbydinga omfattar
- e) dato og klokkeslett for anbodsopninga
- f) kven som var til stades ved anbodsopninga
- g) løpenummer, anbodspris og eventuell leveringstid for kvart anbod, og namnet til anbydaren
- h) oppgåve over anbod som er komne inn for seint
- i) kva for anbod som er avviste, og grunnen til det
- j) namnet på den som fekk kontrakten, og grunngjevinga for at anbodet vart godteke
- k) dei opplysningane som følgjer av § 49 når det gjeld tildeling av kontrakt

KAPITTEL 5

INNKJØP ETTER FORHANDLING

§ 36 Invitasjon til å ta del - kunngjering

(1) Ved innkjøp etter forhandling vert interesserte leverandørar oppmoda om å melde si interesse for å ta del i konkurransen gjennom offentleg kunngjering, men slik at ein kan unnlate å kome med kunngjering når vilkåra i § 23 er oppfylte. Kunngjeringa skal minst innehalde dei opplysningane som er nemnde i § 37 første leddet bokstav a)-f).

(2) Blant dei kandidatane som har bede om å få ta del, vel oppdragsgjevaren ut dei som skal inviterast til å gje tilbod i samsvar med reglane i kapittel 3.

(3) Ved forskings- eller utviklingsarbeid der ein eller fleire leverandørar peikar seg ut som særleg kvalifiserte i høve til dei krava som vert stilte, eller ved innkjøp der kunngjering openbert ikkje tener noko føremål, kan den eller dei aktuelle leverandørane få direkte førespurnad om å ta del i konkurransen utan at det vert kunngjort. Elles er det ikkje påkravd å kome med kunngjering i dei tilfella som vert omfatta av § 42.

§ 37 Tilbodsgrunnlaget

(1) Tilbodsgrunnlaget skal som regel innehalde opplysningar om:
- a) namnet og adressa til oppdragsgjevaren
- b) kvar ein kan rette spørsmål i samband med konkurransen
- c) at det vert nytta innkjøp etter forhandling
- d) kva for innkjøp og kva for mengd ein ønskjer tilbod på
- e) mottakar, adresse og tid (dato og klokkeslett) for innlevering av førespurnad om å få ta del
- f) kva for krav som vert stilte til kvalifikasjonane til tilbydarane, og kva for krav som vert stilte til dokumentasjon
- g) at oppdragsgjevaren tek atterhald om retten til å forhandle nærare om vilkåra for innkjøpet, og at ei offentleg opning av innkomne tilbod ikkje vil finne stad.

(2) Når det er aktuelt, skal det også takast inn føresegner om:
- a) kontraktstype
- b) førehandskalkyle, jfr. § 37 tredje leddet
- c) kostnadsprøving, jfr. § 62
- d) rekneskapsføringa til leverandøren, jfr. § 62
- e) spesielle vilkår for forskings- og utviklingsarbeid, jfr. kapittel 8
- f) kontraktstype
- g) andre opplysningar som er naudsynte for utarbeidinga av tilbod.

(3) Når oppdragsgjevaren finn det naudsynt for å kunne vurdere tilboda, kan det setjast som vilkår i tilbodsgrunnlaget at det vert lagt fram ein kalkyle over dei kostnadane som ein reknar med vil kome i samband med tilverkinga av varene eller tenestene. I

førespurnaden kan oppdragsgjevar i så fall ta atterhald om retten til å sjå rekneskapsdata, vedlegg o.a. som grunnlag for eventuelle prisanalysar, jfr. § 47.

(4) Ingen tilbydar må få opplysningar som gjev han fordelar i høve til dei andre tilbydarane.

(5) Dersom oppdragsgjevaren skal kunne gje kontrakt på grunnlag av innkomne tilbod utan at det vert gjennomført forhandlingar, bør tilbodsgrunnlaget tilfredsstille krava i § 28 så langt det er mogleg.

§ 38 Høve til forhandlingar

(1) Dersom tilboda som er komne inn, ikkje gjev tilstrekkeleg grunnlag for å slutte avtale, skal det i den grad ein finn det naudsynt, forhandlast/haldast drøftingar med ein eller fleire tilbydarar. Forhandlingane eller drøftingane kan omfatte både forretningsmessige vilkår og tekniske spesifikasjonar, medrekna endringar i den tekniske løysinga som det er lagt inn tilbod om.

(2) Ved slike forhandlingar skal tilbydarane ha like vilkår og opplysningar.

§ 39 Avvising

(1) Oppdragsgjevar kan sjå bort frå tilbod som kjem inn etter at fristen har gått ut. Dersom ein tilbydar som leverer for seint såleis vert stilt betre enn dei andre tilbydarane, skal tilbodet avvisast.

(2) Tilbod som vert leverte inn av tilbydarar som ikkje er inviterte til å ta del i konkurransen, skal alltid avvisast.

(3) Dersom eit tilbod vert avvist, skal den tilbydaren det gjeld, straks gjerast kjent med avvisinga og gjevast ei grunngjeving.

§ 40 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

(1) I samband med innkjøp etter forhandling skal følgjande gå fram av innkjøpsprotokollen:

a) namnet og adressa til oppdragsgjevaren
b) kva innkjøpet gjeld
c) kva for leverandørar som er spurde
d) namnet til tilbydaren, tilbodspris og eventuell leveringstid
e) ei oppgåve over tilbod som er komne inn for seint
f) ei grunngjeving for valet av leverandør
g) kva for tilbod som vert avvist, og grunnen til det
h) grunnen til at tilbod eventuelt er henta inn frå berre ein leverandør
i) dei opplysningane som følgjer av § 49 med omsyn til tildeling av kontrakt.

KAPITTEL 6

DIREKTE INNKJØP

§ 41 Definisjon av direkte innkjøp

(1) Direkte innkjøp tyder innkjøp som vert gjorde ved direkte førespurnad til ein eller fleire leverandørar utan at det vert henta inn anbod etter kapittel 4 eller tilbod etter kapittel 5. Direkte innkjøp kan gjerast ved munnleg førespurnad. Også ved direkte innkjøp bør innkjøpet gjerast etter konkurranse.

§ 42 Vilkår for direkte innkjøp

(1) Direkte innkjøp kan nyttast når:

a) prisen ikkje går over kr. 50.000,-.

b) berre ein leverandør kan levere, og vara eller tenesta er av ein slik art at det ikkje vert sett på som naudsynt å forhandle om vilkåra

c) det gjeld tilleggstingingar som skal dekkje uventa behov

d) innkjøpet på grunn av uventa omstende ikkje kan utsetjast

e) særlege gunstige tilbod ikkje vil kunne nyttast dersom ein nyttar open eller avgrensa anbodskonkurranse eller innkjøp etter forhandling

§ 43 Terskelverdiar

(1) Når prisen vert rekna ut etter § 42 første leddet bokstav a), skal ein leggje til grunn den berekna verdien eksklusiv meirverdiavgift. Elles gjeld følgjande:

a) Ved kontrakter om leasing, leige eller sal av varer på avbetaling skal utrekningsgrunnlaget vere den totale berekna verdien for kontrakten for heile kontraktsperioden.

b) Grunnlaget for å nytte det første leddet i denne paragrafen for varekontrakter som vert slutta regelmessig i ein bestemt periode, eller som skal fornyast innan ei viss tid, skal vere den totale kostnaden for liknande kontraktar som vart slutta i det føregåande rekneskapsåret, eventuelt for dei siste tolv månadane, eller den samla berekna verdien av dei faste ytingane som vil finne stad i kontraktsperioden.

c) Dersom eit planlagt innkjøp av einsarta varer kan føre til at fleire einskildkontrakter vert tildelte samstundes, skal den samla berekna verdien av desse einskildkontraktene leggjast til grunn.

d) Dersom ein planlagd kontrakt inneheld opsjonsklausular, skal utrekningsgrunnlaget også omfatte verdien av innkjøp som kan gjerast etter opsjonsklausulen.

§ 44 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

(1) Dersom direkte innkjøp vert nytta ved innkjøp som er større enn summen etter § 42 første leddet bokstav a), skal grunnen til at det vert nytta direkte innkjøp, registrerast i innkjøpsprotokollen.

KAPITTEL 7

TILDELING AV KONTRAKT

§ 45 Avlysing av konkurranse

(1) Oppdragsgjevaren pliktar ikkje å godta noko anbod/tilbod dersom ingen av dei anboda /tilboda som er komne inn, kan godtakast når dei vert vurderte i høve til kva oppdragsgjevaren kunne vente.

(2) Konkurransen kan også avlysast når det har kome til tilhøve som gjer at innkjøpet ikkje lenger er aktuelt, eller at spesifikasjonane må endrast etter at invitasjonen til å leggje inn anbod/tilbod er sendt ut.

(3) Vedtak om avlysing skal grunngjevast i samsvar med § 15.

§ 46 Kriterium for tildeling av kontrakter

(1) Oppdragsgjevaren skal basere tildelinga av kontrakter anten berre på den lågaste prisen eller på det økonomisk mest gunstige anbodet/tilbodet.
Ved tildeling av kontrakt basert på det økonomisk mest gunstige anbodet/tilbodet, kan det mellom anna leggjast vekt på pris, leveringstid, drifts- og vedlikehaldskostnader, lønsemd, kvalitet, etiske og funksjonsmessige eigenskapar, teknisk verdi, service og teknisk hjelp.

(2) Ved fastsetjing av kriterium og vurdering av det økonomisk mest gunstige anbodet/tilbodet skal det leggjast vekt både på innkjøpskostnadane og på andre kostnader som heng saman med bruk, drift og vedlikehald av den vara eller tenesta innkjøpet gjeld (livssykluskostnader).

(3) Dersom oppdragsgjevaren baserer tildelinga av kontrakter på det økonomisk mest gunstige anbodet/tilbodet, skal alle kriterium som vert lagde til grunn for tildelinga, takast med i anbods-/tilbodsgrunnlaget eller i kunngjeringa, om mogleg i prioritert rekkjefølgje.

(4) Dersom det for ein kontrakt ligg føre eit anbod/tilbod som verkar unormalt lågt i høve til ytinga, skal oppdragsgjevaren forlange dei opplysningane som er relevante om dei einskilde delane av anbodet/tilbodet før dette kan avvisast, og etterprøve anbodet/tilbodet på grunnlag av dei forklaringane som vert gjevne. Oppdragsgjevaren kan ta omsyn til forklaringar som kan forsvarast ut frå objektive grunnar, som til dømes innsparingar ved framstillingsmåten, tekniske løysingar, uvanleg gunstige vilkår for leveransen eller den nyskapande karakteren til vara.

§ 47 Bruk av prisanalyse

(1) Dersom ein går ut frå at den tilbodne prisen eller dei oppførde kostnadsoverslaga i hovudsak er baserte på usikre kostnadselement, eller dersom konkurransen er liten, bør det ved større leveransar gjerast prisanalyser før det vert delt ut kontrakt.

(2) Ved prisanalysen bør oppdragsgjevaren i den grad det er naudsynt gå gjennom budsjettdata, rekneskapsdata, vedlegg o.a. som ligg til grunn for prisen eller kostnadsutrekninga.

§ 48 Aksept av anbod / tildeling av kontrakt

(1) Anbodet/tilbodet skal veljast snarast mogleg etter anbodsopninga eller etter at forhandlingane er avslutta, og seinast slik at den som får bestillinga/oppdraget, kan gjerast kjend med det innan den fristen som er sett for stadfesting av anbodet/tilbodet. Dei anbydarane/tilbydarane som ikkje har fått godteke sine anbod/tilbod, skal gjerast kjende med dette.

(2) Når eit anbod/tilbod er valt, vert innkjøpet gjort ved skriftleg aksept av anbodet / tilbodet eller ved at det vert utarbeidd kontrakt.

(3) Når det av omsyn til leveringstida er naudsynt at arbeidet med leveransen startar så snart som råd, kan det teiknast ein mellombels kontrakt om innkjøpet.

(4) I den mellombels kontrakten skal alle hovudvilkåra for innkjøpet takast med slik at berre fastlegging av detaljvilkåra står att til den endelege kontrakten.

§ 49 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

(1) I innkjøpsprotokollen skal følgjande takast med i samband med tildeling av kontrakt:

a) når avgjerda vart teken
b) tilvising til registrert anbods- eller tilbodsopning
c) kva for anbydar/tilbydar som er vald
d) grunnen til at det økonomisk mest gunstige / billegaste anbodet / tilbodet eventuelt ikkje er valt.

KAPITTEL 8

FoU-KONTRAKTER

§ 50 Reglar for tildeling

(1) Innkjøp av forskings- og utviklingsarbeid skal gjerast etter reglane i kapittel 1-7 med dei særreglane som er fastsette i dette kapitlet.

§ 51 Kontraktsvilkår ved FoU-kontrakter

(1) Når særlege grunnar talar for det, kan ein kontrakt om forskings- og utviklingsarbeid også omfatte etterfølgjande produksjon.

(2) Leverandørar som har fullført forskings- og utviklingsoppdrag, kan også konkurrere om den etterfølgjande produksjonen.

(3) Kontrakter om forskings- og utviklingsarbeid skal innehalde følgjande spesielle kontraktsvilkår:

a) utgreiing om forskings- og utviklingsoppdraget
b) opplysningar om kor langt utviklinga skal førast, eventuelt reglar om førproduksjon og utvikling av verktøy
c) oppgåver over kva for ressursar i form av personell, utstyr, tidlegare resultat, patent o.a. som skal stillast til rådvelde
d) oppgåve over kva for rapportar, tekniske data, teikningar o.a. som skal leverast
e) reglar om rapportering og kontroll
f) tidsramme for gjennomføringa av oppdraget
g) reglar om kva for hjelp oppdragsgjevaren eventuelt skal yte, for eksempel på det teknologiske området og på brukarområdet
h) avgrensing av oppdragsgjevaren sine økonomiske plikter
i) reglar om betalingsordning. Ein kan gjere unntak frå reglane i kapittel 9 om forskot, framdriftsbetaling og trygdgjeving etter vedtak i den ansvarlege administrasjonen
j) reglar om rettar til resultata av forskings- og utviklingsarbeidet, jfr. § 52
k) reglar om at oppdragsgjevaren til ei kvar tid har rett til å avbryte prosjektet dersom han finn at leverandøren ikkje maktar å gjennomføre forskings- og utviklingsoppdraget på ein måte som fører til tilfredsstillande resultat innan tids- og prisrammene for kontrakten.

§ 52 Rettar til kontraktsemnet og resultatet av FoU-arbeida

(1) Når ein leverandør i samsvar med forskings- og utviklingskontrakt skal utvikle ei oppfinning eller ein konstruksjon som ligg innafor leverandøren sitt naturlege produktområde, slik at leverandøren kan utnytte oppfinninga/konstruksjonen, bør det i regelen avtalast i kontrakten at eigedomsretten eller retten til framtidig utnytting av oppfinninga eller konstruksjonen vert gjeven over til leverandøren dersom ikkje spesielle tilhøve talar for noko anna.

(2) Sjølv om eigedomsretten eller retten til framtidig utnytting av oppfinninga eller konstruksjonen vert gjeven over til leverandøren, skal kommunen sikrast ein vederlagsfri bruks- og disposisjonsrett til dekking av eige behov og til å oppfylle dei pliktene som kommunen måtte ta på seg.
Leverandøren skal vidare forplikte seg til ikkje å overføre eigedomsrett på annan måte utan godkjenning frå kommunen.

KAPITTEL 9

KONTRAKTSVILKÅR

§ 53 Alminnelege kontraktsreglar for kjøp av varer og tenester

(1) Reglane i §§ 55-64 skal leggjast til grunn ved utforminga av avtalar om kjøp av varer og tenester for kommunen si rekning som vert gjorde etter kapittel 4-7.

(2) Kommunen kan gje meir inngåande reglar for bruk av ulike kontraktstyper og innhaldet av desse.

(3) Innafor ramma av reglane i §§ 28 og 37 skal følgjande vilkår, som skal gjelde spesielt for det einskilde kjøpet, avtalast i den grad det er naudsynt:

a) leveringsomfang, medrekna eventuelle tilleggsytingar som teknisk dokumentasjon, handbøker, utgreiingar, opplæring, service o.a.

b) krav til utføring, medrekna kvalitetskrav, krav til yteevne, dimensjonar o.a. med tilvising til tekniske underlag, teikningar, arbeidsspesifikasjon, modellar o.l.

c) leveringsvilkår (tid, stad, emballasje, sendemåte, forsikringsspørsmål o.a.)

d) pris, eventuelt reglar for prisfastsetjinga dersom fast pris ikkje er avtalt

e) betalingsvilkår

§ 54 Alminnelege kontraktsreglar for kontrahering av bygg og anlegg

(1) NS 3430 av 1991, *Alminnelige kontraktsbestemmelser om utførelse av bygg- og anleggsarbeider*,
NS 3408 av 1992, *Alminnelige kontraktsbestemmelser med formular om utførelse av enkle bygg og anlegg*, eller
NS 3431 av 1992, *Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser*,
skal gjerast gjeldande når byggje- og anleggsarbeid som kjem under denne instruksen vert sette bort, med følgjande unntak:

a) I høve til pkt. 13.1, 13.3 og 28.3.5 i NS 3430 og pkt. 8.1, 8.3, 8.4, 18.1 og 18.3 i NS 3431 skal oppdragsgjevaren ikkje gje trygd.

b) I høve til pkt. 40 i NS 3430 og pkt. 20.1 i 3408 og pkt. 45 i NS 3431 skal tvistar som følgjer av kontraktsforholdet, avgjerast ved rettargang for dei ordinære domstolane dersom ikkje anna vert avtalt eller er avtalt. Dersom partane finn det tenleg, kan dei likevel verte samde om at reglane i NS 3430, NS 3408 eller NS 3431 skal følgjast.

c) Fristar som er fastlagde i standarden, kan endrast etter vedtak i den ansvarlege etaten.

(2) Ved inngåing av kvar einskild kontrakt kan det i unntakstilfelle avtalast andre endringar i reglane i standarden når spesielle tilhøve talar for dette. Slike endringar skal takast med i avtaledokumentet.
Når tilhøva gjer det naudsynt, kan kommunen fastsetje generelle endringar av reglane i standarden i kontrakter som vert gjorde av kommunen, eller av meir inngåande reglar for bruk av priskontrakt, kostnadskontrakt eller andre kontraktstyper.

(3) Reglane i §§ 55-64 skal nyttast dersom det vert avtalt endringar i høve til standardar som er nemnde i første leddet, eller dersom kontrakter vert gjorde utan at dei nemnde standardane vert nytta.

§ 55 Betalingsvilkår

(1) Betalinga skal skje når levering har funne stad i samsvar med kontrakten.

(2) Ved suksessive leveransar kan oppgjer finne stad ved kvar dellevering. Det skal takast standpunkt til om det skal gjevast trygd for at kontrakten vert oppfylt, jfr. § 58.

(3) Forskot og framdriftsbetaling kan avtalast etter reglane i §§ 56 og 57. Så langt det er mogleg skal det takast standpunkt til eventuell forskots- eller framdriftsbetaling alt når anbodsinnbydinga eller førespurnaden vert sendt ut, jfr. §§ 28 og 37.

(4) Til vanleg krev Volda kommune å få ei kreditttid på 30 dagar, av omsyn til sine kontrollrutiner. Avvik frå denne kredittida må avtalast særskilt.

§ 56 Forskotsbetaling

(1) Når det er i samsvar med vanleg forretningspraksis i den bransjen det gjeld, eller når det må reknast for forretningsmessig naudsynt eller økonomisk fordelaktig for kommunen, kan det gjerast avtale om at leverandøren skal få utbetalt eit passande forskot. Forskot kan også avtalast når oppdragsgjevaren finn at gjennomføringa av kontrakten vil påføre leverandøren ein unormalt stor finansieringsbyrde.

(2) Forskotet kan vere inntil ein tredjedel av kjøpesummen eksklusiv meirverdiavgift. Når særlege grunnar ligg føre, kan kommunen gje samtykke til større forskot. Storleiken på forskotet og tidspunktet for utbetalinga skal elles tilpassast kontraktsforholdet. Dersom fleire betalingar skal finne stad før levering, må dette avtalast etter reglane i § 57.

(3) Det skal gjevast trygd for forskotet i samsvar med § 58.

(4) Dersom avtalen om forskot er i samsvar med føresetnadane i anbods-/ tilbodsgrunnlaget, skal det ikkje svarast renter av forskotet.

(5) Dersom det som unntak vert utbetalt forskot som ikkje er rekna med i anbods-/ tilbodsgrunnlaget, skal det svarast renter av forskotet etter ein sats som kommunen fastset, frå utbetalingsdagen og inntil forskotet er fråreka.

(6) Utbetalt forskot skal fråreknast i seinare framdriftsbetalingar. Ved dei einskilde framdriftsbetalingane skal det reknast frå ein så stor del av forskotet som svarar til den utførte delen av leveransen. Dersom det ikkje vert gjort framdriftsbetaling, skal forskotet reknast frå i sluttoppgjeret.

(7) Så langt det er mogleg skal det opplysast om eventuell forskotsbetaling i anbods- / tilbodsgrunnlaget eller førespurnaden.

§ 57 Framdriftsbetaling

(1) Når levering (eventuelt dellevering) først kan finne stad etter meir enn 12 månaders produksjonstid, eller når oppdragsgjevaren elles finn det tenleg, kan det avtalast at leverandøren skal få utbetalt avdrag på kjøpesummen i form av framdriftsbetaling. Slik framdriftsbetaling kan avtalast anten etter reglane i andre eller tredje leddet.

(2) Det kan gjerast avtale om at framdriftsbetaling skal finne stad til bestemte tider. Storleiken på avdraga skal i så fall fastsetjast på grunnlag av ei spesifisert avdragsrekning frå leverandøren. Eit avdrag skal ikkje overstige 90 prosent av verdien av det arbeidet som er utført og dei materiala som er kjøpte inn sidan den førre utbetalinga, inklusiv dei avgiftene som forfell ved betaling. Forskot som leverandøren har utbetalt til underleverandørane sine, kan berre reknast med i den grad slik utbetaling er godkjent av oppdragsgjevaren på førehand.

(3) Framdriftsbetaling kan også fastsetjast til ein eller fleire tilmålte delar av kjøpesummen, slik at desse vert utbetalte på nærmare fastsette stadium i produksjonsgangen (ratebetaling). Ein skal søkje å fastsetje storleiken på avdraga og forfallstida slik at dei ikkje overstig 90 prosent av verdien av det utførte arbeidet og dei materiala som er kjøpte inn, inklusiv avgifter som forfell ved betaling. Som grunnlag for utbetaling skal det liggje føre ei avdragsrekning som viser kor langt produksjonen er komen.

For framdriftsbetaling som vert avtalt etter reglane i andre eller tredje leddet over, gjeld elles:

a) Er det utbetalt forskot, skal det reknast ifrå ein så stor del av forskotet som svarar til den utførte delen av leveransen ved dei einskilde framdrifts-betalingane. Dette gjeld likevel ikkje ratebetaling som er avtalt etter tredje leddet.

b) Det skal gjevast trygd for framdriftsbetaling i samsvar med § 58.

c) Dersom avtalen om framdriftsbetaling er i samsvar med føresetnadane i anbods-/tilbodsgrunnlaget, skal det ikkje svarast renter av framdriftsbetalinga.

d) Dersom det unntaksvis vert betalt ut framdriftsbetaling som ikkje er rekna med i anbods-/tilbodsgrunnlaget, skal det svarast renter av framdriftsbetalinga etter ein sats som kommunen fastset, frå utbetalingsdagen og inntil framdrifts-betalinga er fråreknа.

§ 58 Trygd

(1) Det kan avtalast at leverandøren skal gje fullgod trygd for at kontrakten vert oppfylt.

(2) Trygda skal ikkje vere større enn det som er naudsynt for å verne oppdragsgjevaren mot tap, og ho bør som regel ikkje overstige 10 prosent av kontraktsprisen.

(3) Når leverandøren har teke på seg garantipliktene etter reglane i § 61, kan det krevjast at det vert gjeve trygd for denne tida (garantitida).

(4) Trygd frå leverandøren skal i regelen ha form av garanti frå bank, forsikringsselskap, garantiselskap e.l. Kommunen kan godkjenne annan garanti. Garantien skal i alle høve gjevast som sjølvskuldkausjon.

(5) Når det er openbert at det ikkje er naudsynt, kan kommunen i det einskilde tilfellet vedta at det ikkje skal krevjast trygd etter §§ 56 og 57.

(6) Ved kjøp frå offentleg føretak skal det ikkje krevjast trygd.

§ 59 Mulkt - konvensjonalbot

(1) I kontrakten kan det fastsetjast mulkt eller ei anna form for konvensjonalbot for kvar kvardag som går over leveringsfristen.

(2) Om ikkje noko anna er særleg avtalt, skal ikkje ein slik avtale vere til hinder for oppdragsgjevaren sin rett til erstatning for forseinkinga, men i slike tilfelle skal betalt mulkt eller konvensjonalbot trekkjast frå erstatningssummen.

(3) Når det ligg føre særlege grunnar til det, kan kommunen gje samtykke til at mulkt eller konvensjonalbot som har kome i tillegg, skal reduserast eller ettergjevast.

§ 60 Kvalitetskontroll

(1) Om naudsynt skal det takast med i kontrakten reglar om at leverandøren jamleg skal ta kvalitetskontroll under produksjonen. I slike tilfelle kan det stillast spesifiserte krav til leverandøren si gjennomføring av dei naudsynte kontrollfunksjonane.

(2) Det kan også vedtakast at oppdragsgjevaren skal ha rett til kvalitetsprøving under heile framstillingsprosessen, anten sjølv eller ved andre.

§ 61 Garantiar

(1) I kontrakten kan det takast med reglar om garanti som bind leverandøren til å rette feil, byte ut defekte delar eller på annan måte betre det leverte produktet slik at det møter dei krava som er avtalte, innan ein viss tidsperiode.

(2) Garantiperioden bør som regel ikkje overstige to år frå det tidspunktet leveringa er gjord.

§ 62 Kostnadskontrakter

(1) I kontrakter der det er avtalt at den endelege prisen skal fastsetjast på grunnlag av dei kostnadane som har kome på (kostnadskontrakter og priskontrakter med vinstavgrensing), skal det som regel takast med reglar om:

a) kva for kostnader som skal leggjast inn under kontrakten

b) at det vert sett opp ein etterkalkyle som viser dei verkelege kostnadane når leveransen har funne stad

c) at leverandøren skal innrette rekneskapsføringa si slik at det let seg gjere å vurdere dei kostnadane som har kome på

d) at oppdragsgjevaren skal ha rett til å sjå på rekneskapsdata, vedlegg o.a. som ligg til grunn for kostnadsutrekninga

(2) Kommunen kan gje nærare reglar om kostnadskontroll o.a.

§ 63 Endring av kontrakt

(1) Endringar i kontrakten skal som regel gjerast skriftleg.

§ 64 Tvisteløysing

(1) Dersom ikkje anna er avtalt, skal tvistar som oppstår som følgje av kontraktsforholdet, avgjerast ved rettargang for dei ordinære domstolane.

(2) Når ein finn det tenleg, kan det i kontrakten takast med reglar om at tvistar som kejm opp i kontraktsforholdet, skal avgjerast ved skilsdom med endeleg verknad for begge partane.

(3) Sjølv om det ikkje er teke inn nokon slik regel i kontrakten, kan partane verte samde om å la tivstar som er komne opp, verte avgjorde ved skilsdom.

(4) Dersom ikkje anna er eller vert avtalt, skal skilsdomstolen vere sett saman av tre medlemer der kvar av partane oppnemner ein medlem, og desse i fellesskap den tredje. Vert dei ikkje samde om valet, vert fylkesmannen oppmoda om å oppnemne den tredje medlemen.

ooooo**O**ooooo

LOVDATA

Lov om offentlige anskaffelser [anskaffelsesloven]

Dato	LOV-1999-07-16-69
Departement	Nærings- og fiskeridepartementet
Sist endret	LOV-2013-06-14-32 fra 01.01.2014
Publisert	Avd I 1999 Nr. 16
Ikrafttredelse	01.07.2001
Endrer	LOV-1992-11-27-116
Kunngjort	
Korttittel	Anskaffelsesloven - offanskl.

Jf. EØS-avtalen art 65 og vedlegg XVI, nr. 2 (dir 2004/18), nr. 4 (dir 2004/17), nr. 4a (Kvedtak 93/327/EØF), nr. 5 (dir 89/665), nr. 5a (dir 92/13), nr. 5b (dir 92/50) og nr. 6 (frd. 1182/71). Jf. også WTO-avtalen 15 apr 1994 om offentlige innkjøp.

§ 1. *Formål*

Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

0 Endret ved lov 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762).

§ 2. *Oppdragsgivere som er omfattet*

Loven gjelder for statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer. Loven gjelder for rettssubjekter som driver virksomhet innenfor forsyningssektorene, i den utstrekning dette følger av internasjonale forpliktelser og forskrifter gitt i medhold av loven. Loven gjelder også for andre rettssubjekter i saker om bygge- og anleggskontrakter, dersom det offentlige yter tilskudd på mer enn 50 prosent av kontraktens verdi.

Kongen kan gi nærmere bestemmelser om hvilke oppdragsgivere som er omfattet av loven.

Kongen kan gi nærmere bestemmelser om lovens anvendelse på Svalbard og fastsette særlige regler av hensyn til de stedlige forhold.

0 Endret ved lover 4 juli 2003 nr. 83 (ikr. 25 juli 2003 iflg. res. 4 juli 2003 nr. 879), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762).

§ 3. *Anskaffelser som er omfattet*

Loven gjelder anskaffelser av varer, tjenester og bygge- og anleggsarbeider som foretas av oppdragsgivere som nevnt i § 2. Loven gjelder ikke anskaffelser som kan unntas etter EØS-avtalen artikkel 123.

§ 4. *Rettighetshavere*

Rettighetshavere etter loven er bare virksomheter som er opprettet i samsvar med lovgivningen i en EØS-stat og som har sitt sete, hovedadministrasjon eller hovedforetak i en slik stat. Det samme gjelder virksomheter som er gitt slike rettigheter etter WTO-avtalen om offentlige innkjøp eller andre internasjonale avtaler som Norge er forpliktet til å følge.

§ 5. *Grunnleggende krav*

Oppdragsgiver skal opptre i samsvar med god forretningsskikk, sikre høy forretningsetisk standard i den interne saksbehandling og sikre at det ikke finner sted forskjellsbehandling mellom leverandører.

En anskaffelse skal så langt det er mulig være basert på konkurranse.

Oppdragsgiver skal sikre at hensynet til forutberegnelighet, gjennomsiktighet og etterprøvbarhet ivaretas gjennom anskaffelsesprosessen.

Utvelgelse av kvalifiserte anbydere og tildeling av kontrakter skal skje på grunnlag av objektive og ikke-diskriminerende kriterier.

Oppdragsgiver skal ikke

a. diskriminere mellom leverandører på grunnlag av nasjonalitet,
b. bruke standarder og tekniske spesifikasjoner som et virkemiddel for å hindre konkurranse, eller
c. dele opp en planlagt anskaffelse i den hensikt å unngå at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov kommer til anvendelse.

§ 6. *Livssykluskostnader, universell utforming og miljø*

Statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal under planleggingen av den enkelte anskaffelse ta hensyn til livssykluskostnader, universell utforming og miljømessige konsekvenser av anskaffelsen.

0 Endret ved lover 15 juni 2001 nr. 80 (ikr. 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 617), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762).

§ 7. *Lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter*

Kongen kan ved forskrift pålegge statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer å ta inn klausuler i tjeneste- og bygge- og anleggskontrakter som inngås etter denne lov, som skal sikre lønns- og arbeidsvilkår som ikke er dårligere enn det som følger av gjeldende landsomfattende tariffavtale eller det som ellers er normalt for vedkommende sted og yrke.

Kongen kan ved forskrift pålegge oppdragsgivere å føre tilsyn med at klausulene blir overholdt, og iverksette tiltak overfor leverandøren ved manglende etterlevelse av klausulene.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at forskrifter gitt med hjemmel i første og andre ledd blir overholdt. Tilsynet gir de pålegg og treffer de enkeltvedtak som er nødvendige for gjennomføring av forskriftene. Arbeidsmiljøloven § 18-5, § 18-6 første, andre, sjette, sjuende og åttende ledd samt §§ 18-7, 18-8 og 18-10 får tilsvarende anvendelse.

Petroleumstilsynet har innenfor sitt myndighetsområde tilsvarende tilsynsansvar og myndighet som nevnt i andre og tredje ledd.

0 Tilføyd ved lov 21 des 2007 nr. 121, endret ved lover 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 11a, 14 des 2012 nr. 82 (ikr. 1 juli 2013 iflg. res. 14 des 2012 nr. 1324), 14 juni 2013 nr. 32 (ikr. 1 jan 2014 iflg. res. 14 juni 2013 nr. 617).

§ 8. *Søksmål*

Søksmål om overtredelse av denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven, reises for tingretten uten forliksmegling.

Side 172

Inntil kontrakt er inngått, kan retten sette til side beslutninger som er truffet under en anskaffelsesprosedyre når beslutningen er i strid med bestemmelser i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven.

0 Endret ved lover 14 des 2001 nr. 98 (ikr. 1 jan 2002 iflg. res. 14 des 2001 nr. 1416), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 7.

§ 9. *Beslutning om midlertidig forføyning*

For behandling av begjæring om midlertidig forføyning gjelder tvisteloven, om ikke annet er bestemt i eller i medhold av denne lov. Mot overtredelser av bestemmelser i eller i medhold av denne lov, kan det ikke besluttes midlertidig forføyning etter at kontrakt er inngått.

Kongen kan gi forskrift om at oppdragsgivers adgang til å inngå kontrakt suspenderes ved begjæring om midlertidig forføyning, når begjæringen er fremsatt innenfor en fastsatt karensperiode.

Kongen kan gi forskrift om at oppdragsgiver kan fastsette en frist for når begjæring om midlertidig forføyning mot oppdragsgivers beslutning om å avvise eller forkaste en forespørsel om å delta i konkurransen, må være fremsatt.

0 Endret ved lover 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 26 jan 2007 nr. 88) som endret ved lov 26 jan 2007 nr. 3, 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 8.

§ 10. *Underretningsplikt for retten*

Retten skal underrette departementet om saker som idømmes etter § 8, samt forføyninger etter § 9.

0 Endret ved lover 29 juni 2007 nr. 62 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 7 des 2007 nr. 1370), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 9.

§ 11. *Erstatning*

Ved brudd på denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven, har saksøker krav på erstatning for det tap han har lidt som følge av bruddet.

0 Endret ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 10.

§ 12. *Rådgivende tvisteløsningsorgan*

Kongen kan opprette et rådgivende organ for løsning av tvister om rettigheter og plikter etter denne lov og forskrifter hjemlet i denne.

Kongen kan gi forskrift om at oppdragsgivere som omfattes av loven her er pliktige til å delta i prosessen for tvisteløsningsorganet.

Kongen kan gi forskrift om saksbehandlingen i organet, herunder bestemmelser om partenes rett til innsyn i sakens dokumenter.

Offentleglova får anvendelse på den virksomhet som drives av tvisteløsningsorganet.

0 Tilføyd ved lov 15 juni 2001 nr. 80 (ikr. 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 617), endret ved lover 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 19 mai 2006 nr. 16 (ikr. 1 jan 2009 iflg. res. 17 okt 2008 nr. 1118), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 7a.

§ 13. *Søksmål om å kjenne kontrakt uten virkning*

Retten skal kjenne en kontrakt uten virkning når

a) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider over EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, og

b) oppdragsgiver enten har

1. foretatt en ulovlig direkte anskaffelse,
2. tildelt en kontrakt innenfor en rammeavtale eller en dynamisk innkjøpsordning i strid med forskrift gitt i medhold av loven, eller
3. foretatt andre brudd på forskrifter gitt i medhold av loven som har påvirket leverandørens mulighet til å få kontrakten, og samtidig har brutt bestemmelser om karensperiode eller suspensjon, og dette har fratatt leverandøren mulighet til å iverksette rettslige skritt forut for kontraktsinngåelse.

Første ledd bokstav b nr. 1 gjelder ikke om oppdragsgiver har kunngjort at det vil bli inngått en kontrakt og tidligst inngår kontrakten ti dager etter kunngjøringen. Første ledd bokstav b nr. 2 gjelder ikke om oppdragsgiver har meddelt sin beslutning om kontraktstildeling til leverandørene og tidligst inngår kontrakten etter en karensperiode.

Når vesentlige hensyn til allmennhetens interesser gjør det nødvendig å opprettholde kontrakten, kan retten unnlate å kjenne kontrakten uten virkning. Dersom konsekvensen av at kontrakten kjennes uten virkning i alvorlig grad vil kunne true et større forsvars- eller sikkerhetsprogram som er avgjørende for Norges sikkerhetsinteresser, kan ikke retten kjenne kontrakten uten virkning.

En kontrakt kan kjennes uten virkning for fremtidig kontraktsoppfyllelse. Dersom kontraktsytelsen kan tilbakeføres i vesentlig samme stand og mengde, kan kontrakten kjennes uten virkning fra tidspunktet for kontraktsinngåelse.

0 Tilføyd ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413). Jf. dir 2007/66 som endrer dir 89/665 og 92/13, se EØS-avtalen vedlegg XVI nr. 5 og 5a.

§ 14. *Søksmål om å avkorte kontrakt eller om å idømme overtredelsesgebyr*

Retten skal avkorte kontraktens løpetid eller idømme oppdragsgiver et overtredelsesgebyr når

a) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider over EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, og

1. retten unnlater å kjenne en kontrakt uten virkning etter § 13 tredje ledd, eller
2. oppdragsgiver har foretatt andre brudd på reglene om karensperiode eller suspensjon enn de som er omfattet av § 13, eller

b) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider under EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, eller uprioriterte tjenester, og oppdragsgiver har foretatt en ulovlig direkte anskaffelse.

Retten skal idømme oppdragsgiver et overtredelsesgebyr når kontrakten kjennes uten virkning for fremtidig kontraktsoppfyllelse etter § 13.

Retten kan idømme sanksjoner som nevnt i første ledd når

a) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider under EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, eller uprioriterte tjenester, og

b) oppdragsgiver enten har

1. tildelt en kontrakt innenfor en rammeavtale eller en dynamisk innkjøpsordning i strid med regler fastsatt i forskrift gitt i medhold av loven, eller
2. foretatt andre brudd på forskrifter gitt i medhold av loven som har påvirket leverandørens mulighet til å få kontrakten, og samtidig har brutt bestemmelser om karensperiode, og dette har fratatt leverandøren mulighet til å iverksette rettslige skritt forut for kontraktsinngåelse.

Første ledd bokstav b gjelder ikke om oppdragsgiver har kunngjort at det vil bli inngått en kontrakt og tidligst inngår kontrakten ti dager etter kunngjøringen. Tredje ledd bokstav b nr. 1 gjelder ikke om oppdragsgiver har meddelt sin beslutning om kontraktstildeling til leverandørene og tidligst inngår kontrakten etter en karensperiode.

Ved fastsettelse av sanksjoner skal det særlig legges vekt på overtredelsens grovhet, størrelsen på anskaffelsen, om oppdragsgiver har foretatt gjentatte overtredelser, muligheten for å gjenopprette konkurransen og den preventive virkningen. Retten kan også kombinere sanksjonene. Overtredelsesgebyret kan ikke settes høyere enn 15 prosent av anskaffelsens verdi.

0 Tilføyd ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413). Jf. dir 2007/66 som endrer dir 89/665 og 92/13, se EØS-avtalen vedlegg XVI nr. 5 og 5a.

§ 15. *Prosessuelle særregler og tidsfrister ved søksmål etter §§ 13 og 14*

Ved søksmål om forhold som beskrevet i §§ 13 og 14, plikter saksøker å varsle oppdragsgivers medkontrahent om søksmålet. Varslet gis ved oversendelse av kopi av stevningen.

Retten skal, uavhengig av partenes påstander, idømme sanksjoner som beskrevet i §§ 13 og 14, dersom vilkårene for det er oppfylt.

En rettskraftig dom som går ut på at en kontrakt kjennes uten virkning eller at kontraktens løpetid avkortes, er bindende for alle og enhver og legges til grunn i alle forhold hvor spørsmålet har betydning.

Sanksjoner etter §§ 13 og 14 kan bare idømmes når sak reises innen to år fra kontrakt er inngått.

Dersom oppdragsgiver har kunngjort konkurranseresultatet når en kontrakt er tildelt uten kunngjøring av konkurransen, kan sanksjoner etter § 13 første ledd bokstav b nr. 1 eller § 14 første ledd bokstav b bare idømmes når sak reises innen 30 dager fra kunngjøringen.

Dersom oppdragsgiver i en kunngjort konkurranse har meddelt berørte leverandører om inngåelsen av kontrakt, kan sanksjoner etter § 13 første ledd bokstav b nr. 2 eller 3, § 14 første ledd bokstav a nr. 2 eller § 14 tredje ledd bare idømmes når sak reises innen 30 dager fra meddelelsen er sendt.

0 Tilføyd ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413). Jf. dir 2007/66 som endrer dir 89/665 og 92/13, se EØS-avtalen vedlegg XVI nr. 5 og 5a.

§ 16. *Forskrifter og enkeltvedtak*

Kongen kan gi forskrift til utfylling og gjennomføring av loven. Kongen kan gi oppdragsgivere de pålegg som er nødvendige for å sikre oppfyllelse av denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven. Overfor andre oppdragsgivere enn statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer kan det likevel bare gis pålegg som er nødvendig for å oppfylle Norges forpliktelser overfor fremmede stater eller internasjonale organisasjoner om offentlige anskaffelser. Kongen kan likevel gi forskrift om begrunnelsesplikt.

Kongen kan gi forskrift om tvungent verneting for søksmål som nevnt i § 8 og for begjæringer om midlertidige forføyninger som nevnt i § 9.

0 Endret ved lover 15 juni 2001 nr. 80 (ikr. 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 617), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 11.

§ 17. *Ikrafttredelse*

Loven trer i kraft fra den tid Kongen bestemmer.[1] Fra samme tid oppheves lov av 27. november 1992 nr. 116 om offentlige anskaffelser m.v.

0 Endret ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 12.

1 Fra 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 617.

LOVDATA

Forskrift om offentlige anskaffelser

Dato	FOR-2006-04-07-402
Departement	Nærings- og fiskeridepartementet
Publisert	I 2006 hefte 5
Ikrafttredelse	01.01.2007
Sist endret	FOR-2015-06-12-622 fra 01.07.2015
Endrer	FOR-2001-06-15-616
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-1999-07-16-69-§9, LOV-1999-07-16-69-§16
Kunngjort	10.04.2006
Rettet	16.02.2015 (§ 16-2)
Korttittel	Forskrift om offentlige anskaffelser - FOA

Kapitteloversikt:

Del I. Alminnelige bestemmelser (§§ 1-1 - 4-3)

Del II. Anskaffelser under EØS-terskelverdiene og uprioriterte tjenester (§§ 5-1 - 13A-2)

Del III. Anskaffelser over EØS-terskelverdiene (§§ 14-1 - 22A-3)

Del IV. Øvrige prosedyrer (§§ 23-1 - 25-2)

Del V. Ikraftsetting (§26-1)

Vedlegg 1. Liste over forskjellige former for bygge- og anleggsarbeid

Vedlegg 2. (Opphevet)

Vedlegg 3. Protokoll for anskaffelser mellom 100.000 og 500.000 kroner eksl. mva.

Vedlegg 4. Protokoll for anskaffelser som overstiger 500.000 kroner eksl. mva.

Vedlegg 5. Prioriterte tjenester

Vedlegg 6. Uprioriterte tjenester

Side 177

Hjemmel: Fastsatt ved kgl.res. 7. april 2006 med hjemmel i lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser § 9 og § 16. Fremmet av Fornyings- og administrasjonsdepartementet (nå Nærings- og fiskeridepartementet).
EØS-henvisninger: EØS-avtalen vedlegg XVI nr. 2 (direktiv 2004/18/EF endret ved forordning (EF) nr. 1422/2007, forordning (EF) nr. 213/2008, forordning (EF) nr. 1177/2009, forordning (EU) nr. 1251/2011, forordning (EU) nr. 1336/2013), nr. 4 (direktiv 2004/17/EF endret ved forordning (EU) nr. 1336/2013), nr. 5 (direktiv 2007/66/EF), nr. 5c (direktiv 2009/81/EF endret ved forordning (EU) nr. 1251/2011, forordning (EU) nr. 1336/2013) og vedlegg XI nr. 51 (direktiv 1999/93/EF).
Endringer: Endret ved forskrifter 13 okt 2006 nr. 1150, 24 nov 2006 nr. 1295, 20 des 2006 nr. 1504, 20 feb 2008 nr. 163, 8 mai 2008 nr. 446, 17 okt 2008 nr. 1119, 25 jan 2010 nr. 66, 24 feb 2010 nr. 983, 3 sep 2010 nr. 1236, 8 juni 2012 nr. 500, 25 juni 2012 nr. 654, 25 juni 2012 nr. 726, 26 okt 2012 nr. 996, 8 juni 2012 nr. 500, 4 okt 2013 nr. 1184 som endret ved forskrift 30 okt 2013 nr. 1738, 3 mars 2014 nr. 249, 28 mars 2014 nr. 336, 21 mai 2014 nr. 673 bortfalt jf. 10 juni 2014 nr. 719, 12 juni 2015 nr. 622.
Rettelser: 16.02.2015 (§ 16-2).

Del I. Alminnelige bestemmelser

Kapittel 1. Formål og virkeområde

§ 1-1. ***Formål***

Forskriften skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Forskriften skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

§ 1-2. ***Hvem som er omfattet av forskriften***

(1) Denne forskrift gjelder statlige, kommunale, fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer og sammenslutninger dannet av en eller flere av disse.

(2) Et offentligrettslig organ er ethvert organ:

a. som tjener allmennhetens behov, og ikke er av industriell eller forretningsmessig karakter, og
b. som er et selvstendig rettssubjekt og
c. som i hovedsak er finansiert av myndigheter eller organer som nevnt i første ledd, eller hvis forvaltning er underlagt slike myndigheters eller organers kontroll, eller som har et administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av slike myndigheter eller organer.

(3) Forskriften gjelder også når bygge- og anleggskontrakter og tilhørende tjenestekontrakter tildeles av andre enn oppdragsgiver som nevnt i første eller annet ledd, forutsatt at de er direkte subsidiert med mer enn 50 prosent. Dette gjelder likevel bare kontrakter som nevnt i vedlegg 1 (liste over forskjellige former for bygge- og anleggsarbeid) kategori 3 eller kontrakter som gjelder sykehus, idretts-, rekreasjons- og fritidsanlegg, skole- og universitetsbygninger og bygninger til forvaltningsformål. Oppdragsgiver skal gjøre støttemottaker oppmerksom på denne bestemmelsen.

(4) Forskriften får ikke anvendelse for oppdragsgivere som omfattes av forskrift 7. april 2006 nr. 403 om innkjøpsregler for oppdragsgivere innen vann- og energiforsyning, transport og posttjenester (forsyningsforskriften). Dette gjelder imidlertid bare i den utstrekning anskaffelsen skjer som ledd i utøvelse av aktivitet som er angitt i forsyningsforskriften.

(5) Ved overdragelse av en enerett eller særrett til å utføre offentlige tjenester til rettssubjekter som ikke omfattes av forskriften, skal det pålegges rettssubjektet å overholde prinsippet om likebehandling når det foretas vareanskaffelser.

§ 1-3. ***Hvilke kontrakter som er omfattet av forskriften***

(1) Denne forskrift får anvendelse på tildeling av offentlige kontrakter om levering av varer, tjenester eller utførelse av bygge- og anleggsarbeider.

(2) Forskriften får ikke anvendelse på:

a. kontrakter som kan unntas i henhold til EØS-avtalens artikkel 123 eller er omfattet av forskrift vedtatt ved kgl.res. 4. oktober 2013 nr. 1185 om forsvars- og sikkerhetsanskaffelser § 1-3 (hvilke kontrakter som er omfattet av forskriften). Tilsvarende gjelder for kontrakter som ikke overstiger terskelverdiene i nevnte forskrifts § 2-2 (terskelverdier og CPV-koder) første ledd.
b. kontrakter om erverv eller leie, uten hensyn til finansieringsform, av jord, eksisterende bygninger eller annen fast eiendom, eller om rettigheter til slik eiendom. Kontrakter om finansielle tjenester, uten hensyn til form, inngått samtidig, før eller etter kontrakten om erverv eller leie, omfattes imidlertid av denne forskrift,
10	Thomas Busker Larsen m underskriftsliste
11	Ola A Rangsæter

Fylkesmannen i Møre- og Romsdal

*Støy: Resultata av støyrapporten må nedfellast i føresegnene og konkretiserast – t.d med høgde på støyvollen og tiltak på bygningsmassen. Det er ikkje nok å krevje dette i byggesaka. Reiser difor **motsegn** mot planen.*
Samfunnstryggleik:
Etterlyser geofagleg vurdering av skredfaren i planomtalen. Ser at slik vurdering er gjort ut av Føresegnene. Planomtalen må oppdaterast på dette punktet.
Meiner vidare at andre avsnitt av §7.3 må vere ei rekkefølgjeføresegn under §8.
Barn og unge:
*Nærleikeplassane i BK1 og BK2 må kartfestas, og funksjonskrava må inn i føresegnene. Fylkesmannen reiser **motsegn** på dette punktet.*
Vil også ha klarare utformings- og funksjonskrav på leikeplassane Leik_1 og 2, samt at ferdigstilling av desse plassane må inn som rekkefølgjekrav i §8

Kommentar:
Støy:
Som grunnlag for støyrapporten som er utarbeidd av Sweco (Kilde Akustikk) er det lagt inn høgde over noverande terreng på støyvollen. Dette går fram på s 9 i den vedlagte støyrapporten. Horisontal plassering av støyvollen går fram av reguleringskartet, og i planomtalen er vertikal plassering synt på snitta. Støysonene er omtala i planomtalen under §7.3-4. Krava til inne- og utandørs støynivå for BK og FS-områda er spesifisert i §4.1-h og §4.2-g Tiltak på bygningsmassen skal utarbeidast av fagkunnige og det er i føresegnene sett vilkår om etterfylgjande støyavklaring tilknytt detaljert byggeplan for dei ulike områda. Etter etterfylgjande dialog er desse tilhøva avklara og motsegn til plan i høve støy er trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av 9.11.2015 og justert planframlegg som no blir tilrådd godkjent. Støyskjerm er teikna inn i plankartet, og krav om etablering inngår i føresegnene pkt 4.4

Samfunnstryggleik:
I tilknyting til planutarbeidinga er det utarbeidd geofagleg vurdering av området ved ekstern geolog. Denne vurderinga er vedlagt saksdokumenta. Konklusjonen frå den geofaglege vurderinga er med i planomtalen i §§7.3-1 og 7.10 samt at resultata er innvevd med krav i føresegnene. Viser elles til NVE sin merknad der dei peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utførd, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. NVE har ut frå dette ingen merknad til planen

Barn- og unge:
Etter varsla motsegn er det i dialog med fylkesmannen avklara endringar i plankart og føresegner som gjer at motsegn no vert trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av ??.11.2015.

Det er no innarbeidd område for leik tilknytt områda Bk1 og Bk2, område f_leik3 og f_leik4. Det er gitt klare føresegner om utforming og minimum innhald i desse plassane, og sett rekkefylgjekrav som sikrar opparbeiding før bustadane kan takast i bruk.
Leik_1og 2 skal vere naturleikeplassar utan vesentleg tilordning. Dette går klart fram av planomtalen §7.3-3 og føresegnene §4.3.

Møre- og Romsdal Fylkeskommune.

Kulturavdelinga v/ Øyunn Kleiva:
*1: **Har motsegn til planen** – pga føremålet o_AFr - nærmiljøanlegg der det kan byggast t.d. ballbinge. På området er det registrert eit automatisk freda kulturminne id nr 177066 der området ikkje kan bebyggast eller tildekkast. Krev at arealbruken her vert endra og at omsynssonene vert innteikna på plankartet*
2: Arealbruken på BK1 kan vere uendra. Føresegnsområde (RpBo) skal vere nummerert i planen, og nummereringa skal finnast igjen i føresegna: "RpBo nr 1 - ID 177067". Føresegnene til RpBo skal ikkje ligge under omsyns-sonene, men under hovud-føremålet som her er BK_1. Dvs at §7.4 i føresegnene går ut, og at bestemmelsane der vert lagt inn i §4.4 pkt. a: o_Leik og respektive §4.1 pkt. i (RpBo på BK1).
3: Planomtalen må ha med eit avsnitt om automatisk freda kulturminne.

Kommentar:
Arealbruken på Nærmiljøtomta (**o_AFr** – sosi 1440) er i justert plan endra til off. leikeplass (**o_Leik** - sosi1610). Begge desse føremåla er leikeområde. Forskjellen er at på o_AFr kunne det byggast t.d ballbinge, medan det på o_Leik ikkje kan gravast, overdekkast eller byggast. (Ut frå omsyn til fornminne).
Med det nye føremålet får tomta same funksjon som ho har i dag, og vert liggande utan andre inngrep enn eventuell sikring /støyskjerming mot E39. RpBo-markeringa på dette arealet er erstatta med omsynssone D (H_730), og ikring denne er det avsett omsynsone C (H_570). Desse løysingane er i ettertid akseptert av Fylkeskommunen i brev av 4.11.2015 der motsegn er trekt. Føresegnene i plan slik denne no vert fremja for slutthandsaming er i samsvar med vilkåra i dette brevet. Planomtalen er justert tilsvarande.

Barn og unge
*Det vert varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge sine interesser. Konkret knytt til manglande avsett areal for leik tilknytt Bk1 og Bk2. Aksepterer ikkje at dette skal utsettast og kome som del av samla byggeplan for desse områda slik utbyggar har lagt til grunn. Heller ikkje krav til kvalitet på desse areala er tilfredsstillande avklara i plan.*

Kommentar:
I justert plan datert 10.11.2015 er det no avsett slike areal for leik.
Det er gitt endra føresegner til plan som sikrar krav til utforming og innhald for desse leikeareala, og rekkefylgjebestemmelsar som sikrar samtidig opparbeiding.
Den varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge, er ut frå dette trekt etter justering av plan slik den no er fremja for slutthandsaming.

Statens vegvesen
1: Støyproblematikken er tilfredsstillande ivareteke.
2: Ynskjer 15m byggegrense frå CL E39
Kommentar:
Byggegrensa er i justert plan endra til samsvar med tilråding frå Statens vegvesen.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/endring av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentleg ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då ma St.Vegvesen ikkje sette vilkår om dette, St.vv fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.
Skal tilhøva i dette krysset betrast må linjeføringa for hovudvegen på strekninga endrast. Vegen må hevast forbi krysset, og bakketoppen aust for krysset må skjerast ned for å oppnå betre sikt mot sentrum. Ved heving av hovudvegen kan stigninga i krysset bli noko betre. Vidare må/bør det då vurderast etablering av avsvingefelt før krysset frå nord for å unngå opphoping i kryssområdet og dei mulegheiter dette gir for påkøyringar bakfrå i dette området. Alternativt forbikøyringslomme og betre skilting/forvarsling av farleg kryss, og redusert fartsgrense i området. Td kan 50km-sona flyttast til vest om krysset/svingen nord for krysset.

Slike endringar vil i stor grad også påverke tilhøva på sørsida av vegen, m.a avkøyrsler og er eit prosjekt som må sjåast samla som del av utbetring av E39 i samråd med Statens vegvesen.

Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle rekkefylgje-bestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid. Vi finn det ikkje rett å tilrå ei slik løysing no.

NVE
Peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utført, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. Har difor ingen merknad til planen.

VØR :
Ynskjer avsett felles returpunkt for renovasjon for bustadane i FS1og2
Snuplassen for SKV_2 må vere dimensjonert for renovasjonsbil («L» = Lastebil)
Felles returpunkt for renovasjon for BK_1 og BK_2

Kommentar:
Felles returpunkt for FS-områda vil bli plassert oppe ved kommunevegen. Renovasjonsbilen slepp då å snu på sin veg opp til Nordalsfeltet.
Jf. Elles krav i reguleringsføresegnene om lokalisering av slike returpunkt som del av detaljert byggeplan for kvart byggeområde, føresegnene §3 i og §4.1 –a og b.

Inge Lid:
Leik 2: Flott at den gamle steingarden vert teken vare på. Her må ein også sikre mot leikeplassen slik at barn ikkje klatrar og får stein over seg. Eit godt gjerde er truleg beste løysinga.
Køyreveg: Tilkomst til FS1 og FS2. Før utbygging av disse områda kan skje må vegen frå enden av den opparbeidde Nordalsvegen i dag og til SKV 2 opprustast til dagens standard for bilvegar.

<u>Kommentar:</u>
Oppgradering av forlenging av kommunevegen (30-40m) bort til SKV_2 må takast inn i utbyggingsavtalen med kommunen. Utbyggingsavtalen skal etablerast for å sikre deltaking og kostnadsdeling for utbygging /oppgradering av veganlegga i samsvar med plan. Sjå føresegnene §5.2 pkt. c.
Krav om opprusting av vegar vert også sett som rekkefylgjebestemmelsar i føresegnene §8.

Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge
Er usamd i at det skal etablerast fortau langs Gamlevegen – vil heller ha sperring for gjennomgåande biltrafikk. Meiner at etablering av fortau vil generere ny auka trafikk.
Ber kommunen om ***å beskytte etablerte stiar / ferdselsårer*** *samt nye potensielle ferdseslsårer og naturen i området. Desse kan med fordel rustast opp og få «..ei meir universal utforming og ikkje være ein salderingspost for utbyggar.»*

Kommentar
Overordna trafikkstruktur i området er vurdert i kommunedelplan.
Når det gjeld etablerte stiar og ferdselsårer kan vi ikkje sjå at nokon slike vert råka av planframlegget.
Ein legg i staden opp til ny turtrasé opp frå Gamlevegen til utmarka i Nordalen, samt at det er lagt inn stort samanhengande friluftsområde opp mot E/Klepp og vidare til fjells. Sjå elles kommentar til innspel Hauge/Busker-Larsen nedanfor.

Christopher og Therese Berg Zetterstrøm

Del av området mellom Strand og Skjønberg er eigd av Zetterstrøm. Det vert peika på at dette er ein del av hagen som dei benyttar dagleg.
Kommentar*:*
Det går ein sti langs høgste ryggen inntil Zetterstrøm si grense. Nedre delen av Zetterstrøm sitt område er nokså overgrodd og er ikkje opparbeidd eller nytta som hage.
Grøntstrukturføremålet i planen f_GT er justert slik som synt på denne skissa. Eigedomen 15/52 vert då berre røyrt heilt nede ved Gamlevegen

Hake AS v Øyvind Eidså
(Hake AS er det firmaet som p.t bygg ut firemannsbustadane på nabotomta, Gamlevegen 48)

Finn det umogleg å ta stilling til planen då her ikkje er med plassering av hus, parkeringsplassar, avkøyrsler eller internvegar.
Dersom planen vert vedteken i om lag ei slik form som den no ligg føre må det stillast krav om bebyggelsesplan i ettertid.
Meiner at byggehøgda(12m) er for stor i høve avstand til nabogrense (4m), og at vi med utnyttingsgrad på 40% bør ha minst 5-6m byggegrense frå naboeigedom

Kommentar:
Sjå føresegnene §4.1-a og b der det er sett vilkår om samla byggeplan for området før utbygging. Dette vil då også verte framlagt som del av nabovarsling og vi då også gi høve til innspel og merknader og ev klage.
Spørsmål om byggegrense kontra byggeavstand nabo er reell. Byggehøgda for område Bk2 er såleis justert i føresegnene til maks 10.5 m målt i front av bygg. Med terrenghellinga som er i området vil dette gi høgde i høve til gjennomsnittleg terreng på ca 8m, som tilseier min. 4 m frå nabogrense.

Thomas Busker Larsen, med fleire i Gamlevegen, jf underskriftsliste.

Ønskjer at infrastrukturen knytt til hele Gamlevegen blir utbetra/gjennomført før ein gir løyve til fleire nybygg.
Ønskjer at Gamle Engesetveg og innkjøyringa ved Fjordsyn må bli fysisk stengt, slik at trafikken blir leda heilt ned i sentrum.
Krysset ved E39 og Frøholmfeltet må bli utbetra.
Alternativt ønskjer dei at Gamlevegen blir stengt med bom slik som det er gjort i Uravegen og Brenslene. På den måten vil ein avgrense trafikken, og unngå gjennomkøyringa som er i dag.

Kommentar
Innspela frå Larsen gjeld i hovudsak eksterne tilhøve og ikkje konkrete tilhøve i planområdet. Dei ytre rammene og trafikksituasjonen langs Gamlevegen er i plan handsama i samsvar med intensjon i overordna plan.
Kommunedelplanen frå 2009 fastset at Strandområdet kan leggast ut som bustadfelt. Trafikktilhøva i Gamlevegen er vurderte både i kommunedelplan, og ved utforming av detaljplanen for Strand. Vegutforminga er i samsvar med intensjon i kommuneplan og har med vegutviding og fortau-løysing gjennom området.
Stenging for gjennomgåande biltrafikk i Gamlevegen må eventuelt gjerast som del av framtidig revisjon av trafikktryggingsplan/skiltplan for området.
Tilhøvet til Krysset mellom Gamlevegen og E39 er ikkje teke inn som vilkår i planen. Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje dette krysset, og Statens vegvesen har heller ingen kommentar til løysinga i høve krysset.
Jf omtale om dette tidlegare i saka (Statens vegvesen og samandrag).
Dei andre løysingane knytt til skilting i Gamlevegen og tilhøyrande kryss (mot G.Engesetv. og ved Fjordsyn m.fl) er tiltak som bør vurderast i trafikktryggingsplan uavhengig av dette planprosjektet.

Ola A Rangsæter
Positivt at det ser ut til å bli mindre gjennomgangstrafikk opp Frøholmfeltet enn frykta
Peiker på krysset Gamlevegen/E39 og gjer framlegg om tiltak som kan forbetre situasjonen.
Ynskjer gjennomskøyringsforbod i Gamlevegen, men føreset at dette vert gjort med skilting (Ikkje bom?) i krysset Gamlevegen/E39 slik at Frøholm/Norddalen kan få tilkomst også via Gamlevegen.
Er totalt sett positiv til utbygginga av Strand-feltet

Kommentar:
Innspela frå Rangseter og framlegg til løysing for eksisterande kryss/trafikkfarlege punkt (jf pkt 2 i merknaden) er ein samd i, og er tiltak som ut frå dagens situasjon bør kunne spelast inn mot Statens vegvesen som reine trafikktryggingstiltak uavhengig av reguleringsplanen for Strand.
Jf. Omtale ovanfor om dette.
Spørsmål om å gjere planen for Strand-området avhengig av vegutbetringar her var tema ved planoppstart og ved utlegging av plan til off ettersyn. Ut frå m.a innspel frå Statens vegvesen vart det valt å halde dette utanfor.
Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje kryssområdet E39/ Gamlevegen, og Statens vegvesen har ingen kommentar til løysinga i høve krysset – dei berre konstaterer at støyproblematikken for nye bustadar i Strandfeltet er løyst på akseptabelt vis. Eventuell løysing av eksisterande siktproblem langs vegen er ei sak

for Statens vegvesen knytt til E39. I tillegg til dei tiltaka Rangseter peiker på i pkt 2 i innspelet kan ei løysing vere å forlenge 50 km/t – sona utover forbi pleieheimen til Klippa. Ei skilting som skissert i innspelet vil truleg gje auka trafikk i Gamlevegen noko som ein ikkje ynskjer.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vert avklara gjennom planprosessen.
Opprusting av veg med fortau vil vere positivt. Auka trafikk vil vere eit minus.
For Volda kommune er leik og aktivitetsområde for born og unge ekstra viktig. Dei avsette områda f_leik1 og 2 og O_leik gir saman med turvegdraget f_GT eit samla godt tilbod til naturoppleving og leik. Jf også krav i føresegnene til internleikeplassar i byggeområda.
Krav om sikring mot støy frå E39 og etablering av støyvoll vil også ha positiv effekt for deler av eksisterande bebyggelse.
Rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av veg, leikeplassar mv før bustader kan takast i bruk er positive helse og miljøtiltak.

Økonomiske konsekvensar:
Kommunal deltaking vert avklara gjennom utbyggingsavtale basert på godkjent plan. Her skal det og sikrast at dei deler av teknisk infrastruktur som kommunen skal overta vert tilfredsstillande løyst og ferdigstilt før overtaking.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Er avklara gjennom planprosessen.
Jf vedlagde utfylt skjema for risiko og sårbarheitsvurdering og gjennomført geoteknisk vurdering og krav til vidare avklaring gjennom detaljplan og innlagde omsynssoner.
Jf også gjennomført støyvurdering av reguleringsføresegner tilknytt sikring mot støy.

Vurdering-Konklusjon:
Innspela ved offentleg ettersyn er gjennomgått ovanfor.
Det er gjort endringar i plan som imøtekjem ein del av desse, og varsla motsegner er trekte.
Gjennom justert plan slik den no vert fremja har vi også fått ein tydelegare avklaring i høve til dei registrerte kulturminne i området, det er definert klare område for leik/friområde knytt til kvart utbyggingsområde.
Vidare er planlagt utbyggingsmønster klarare definert, jf illustrasjonar i planomtale.
Det er sett klarare krav til utforming og innhald i etterfylgjande byggeplan for dei einskilde utbyggingsområda og for leikeområda.
Vidare er det gitt rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av vegar og leikeplassar i samsvar med plan før bustadane vert tekne i bruk.
Omsynet til sikring mot steinsprang mv og omsyn til å ivareta støytilhøva for nye bustader er ivareteke gjennom planløysing/føresegner.
I dialog med tiltakshavar har ein også justert føresegnene knytt til planlagt byggehøgder i området. I området Bk2 er såleis no byggehøgd justert til maksimal byggehøgde (gesims og mønehøgd) til 10.5m, målt i høgste fasade på bygget. Dette gir rom for ein utbyggingsmodell med inntil tre etg. pluss eventuell kjellar/underetasje under terreng med garasje/bodplass.
For byggeområde BK_1 var det i planframlegget tidlegare lagt til grunn maksimal gesims og mønehøgd på 9m. I illustrasjon som fylgjer planen er det vist bygg med inntil 2 etg.
Kommunen tilrår å redusere byggehøgd til maks gesimshøgd 8m og maks mønehøgd 9m slik at det er samsvar mellom planomtale og føresegner. jf justerte føresegner datert 10.11.2015.

I kommunen si tilråding ved offentleg ettersyn vart det rådd til at område FS_2 blei tatt ut av plan. Dette ut frå at området er svært bratt og eksponert og planlagt plassering av bustad her, både tilkomstveg, naudsynt utsprenging av tomt og byggplassering vil vere svært uheldig

landskapsmessig. Ved nærmare synfaring av området, vart det ut i frå ei vurdering frå formannskapet tilrådd å behalde FS_2 til bustadformål, då området vart sett på som ein kvalitet.
Dette gjer det naudsynt med nærare avklaringar og dokumentasjon kring sikring/skredfare i høve utbygging av FS_2. Det må difor gjennom nye berekningar og vurderingar knytt til utbyggingsplan for området dokumenterast at tilhøva vert tilfredsstillande sikra for bustadformål, dette er sikra i føresegnene til plan.
Administrasjonen er likevel framleis skeptisk til at denne tomta vert lagt ut som byggeområde, ut frå dei aktuelle og uavklara sikringsbehov og dei store terrengmessige utfordringane som ei utbygging her vil medføre.
At dette området vert liggande som ei naturleg vidareføring av natur/friområdet langs åsryggen ville vere ei betre løysing for heile området.
Og med den sterke utnytting som elles er lagt opp til med kanskje 30-40 bustader samla i Bk1 og Bk2 kunne gjerne eit slikt marginalt areal i bustadsamanheng, men eit unikt areal i friluftssamanheng, få ligge urøyrt.
I lojalitet til politisk vedtak om aksept av planløysinga ved utlegging til offentleg ettersyn har vi likevel ikkje tilrådd endringar i plan på dette punktet no.
I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2.Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f_SKV_1.
Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrsler i området og ut frå terrengtilhøva.

Justert plan datert 1.11.2015 vert tilrådd fremja med sikte på eigengodkjenning i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12, men med fylgjande endring:
Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f_SKV_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

……
Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Går som melding til sektor Utvikling, planseksjonen for kunngjering av plan etter vedtak i kommunestyret.

Kopi:
Strand Utvikling v/Trond Klepp
Svein Holmen Planlegging

Reguleringsplan

STRAND

Gnr:15, brnr: 2 m.fl i Volda sentrum

Volda, 20.feb 2015
Svein Holmen

Revideringar:

1) Revidert: 19.mars 2015 S.H.

2) Revidert 3.juni -15 etter vedtak i Volda formannskap 19.05 –15 sak PS 75/15 S.H

3) Revidert 8.okt 2015 etter off. ettersyn SH

4) Revidert 30.okt 2015 etter motsegn SH

Plankonsulent:

SIV.ING SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

Tiltakshavar:
Trond Klepp
Fransvegen 17
6100 Volda

Innhald

1 - Samandrag s2

2 - Bakgrunn ……..….s3
2.1 Sentrale opplysningar
2.2 Føremålet med planen
2.3 Tidlegare vedtak i saka
2.4 Utbyggingsavtalar
2.5 Planprogram –konsekvensutgreiing?

3 – Planprosessen…… …s4
3.1 Medverknadsprosess, oppstartmøte og varsling

4 - Planstatus og rammebetingelsar..... ....s13
4.1 Overordna planar
4.2 Gjeldande reguleringsplanar
4.3 Tilgrensande planar
4.4 Statlege planretningsliner / rammer / føringar

5 - Beskrivelse av planområdet, eksisterande tilhøve…… … …..s15
5.1 Beliggenheit
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk
5.3 Landskap og stadskarakter
5.4 Kulturminne og kulturmiljø
5.5 Naturverdiar
5.6 Rekreasjonsverdi / rekreasjonsbruk, uteområde, barn-og unge sine interesser
5.7 Trafikktilhøve
5.8 Sosial infrastruktur
5.9 Universell tilgjengelegheit
5.10 Teknisk infrastruktur
5.11 Risiko-ogsårbarheit (eksisterande situasjon)

6 - Beskrivelse av planframlegget…..……s23
6.1 Grunngjeving for reguleringa
6.2 Reguleringsføremål
6.3 Gjennomgang av føremåla
6.4 Tilknyting til infrastruktur
6.5 Planlagde offentlege anlegg
6.6 Universell utforming
6.7 Skog-og landbruksaktivitet
6.8 Kulturminne
6.9 Sosial infrastruktur
6.10 Avbøtande tiltak / løysingar ROS

7 - Verknader av planframlegget……...s34
7.1 Overordnaplanar
7.2 Landskap, bygningsmiljø og estetikk
7.3 Konsekvensar for naboar
7.4 Kulturminne og kulturmiljø
7.5 Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn- og unge sine interesser
7.6 Trafikktilhøve
7.7 Sosial infrastruktur
7.8 ROS
7.9 Teknisk infrastruktur Universell tilgjengelegheit
7.10 Jordbruk / skogbruk
7.11 Økonomiske konsekvensar for kommunen

8 Innspel etter forvarslinga……s37
8.1 Gjennomgang og kommentar til innspela
8.2 Kopi av alle merknadane.

9 - Plankart og føresegner…….s45
9.1 Plankart m tittelfelt
9.2 Føresegner

1 Samandrag.

Oppstart / Forvarsling:
Saka begynte med oppstartkonferanse 12.12.2012 der Per Heltne møtte for Volda kommune, Halvard Rusten som tiltakshavar og Svein Holmen som plankonsulent. Saka vart forvarsla i samsvar med reglane PBL med annonsering i lokalavisa 31.01.13 og på kommunen si heimeside, samt at alle rørde partar fekk skriftleg varsel. Vi fekk inn 13 innspel ved forvarslinga, og desse ligg som vedlegg til rapporten.

Planinnhald:
Planen samsvarer med kommunedelplanen(2011)for Volda der Strand er lagt ut til bustadområde (B60) og LNF-områder. Vi legg opp til konsentrert bebyggelse i nedre delen av området, medan øvre delane vert utnytta til meir klassisk bustadbebyggelse. Det vert avsett ein grøn korridor mellom dei eksisterande bustadane i Frøholmfeltet og vår nye bebyggelse. Denne korridoren skal dels fungere som buffer mellom gamal og ny bebyggelse og dels som turdrag. Utvidelsane (lommene) i korridoren skal fungere som leikeplassar i feltet.
Ovanfor busetnaden mot Kleppåsen er det foreslått eit offentleg friområde som heng saman med- og er vidareføring og utviding av friområda i reguleringsplanane for Gamlevegen 48 og Engeset / Klepp.

Flateplan – Illustrasjonar bebyggelse:
Reguleringsframlegget er i utgangspunktet ein flateplan der tiltakshavar skal regulere til bustadføremål i samband med utskifting av buet. Vi har likevel teke med ein god del detaljar som framstår som illustrasjonar i planomtalen – dette er gjort for å synleggjere og kunne vurdere volum av bebyggelse som her er plass til. Areala er bratte og smale, og både tilkomst og husplassering kan bli krevjande pga høgdeskilnadane. Detaljane på illustrasjonane er ikkje juridisk bindande.

Restriksjonar – Arkeologi / Rasfare / vegtrafikkstøy:
Det er gjort arkeologisk registrering på området, og der vart det avdekka gamle (bronsealder) fossile dyrkingslag med ei rydningsrøys. Dette er automatisk freda kulturminne, men Fylkeskommunen kan godta at det vert gjeve lokal dispensasjon til bygging utan vidare vilkår i og med at dyrkingslaga og rydningsrøysa er avdekka og registrerte. Områda går fram av plankartet som bestemmelsesområder med tilhøyrande bestemmelser i føresegnene.
Det er også gjort geologisk vurdering (skredfare) for området. Fareområda er innteikna på regulerings-kartet med bestemmelser i føresegnene for dei byggeområda som kjem i konflikt med fareområda.
Delar av arealet har litt for mykje vegtrafikkstøy (gul farge) i høve krava. Desse sonene er innteikna som omsynssoner med eigne føresegner.

2 Bakgrunn.

2.1 Sentrale opplysningar

Lokalitet	
Stad	Strand, Volda sentrum
Kommune	Volda kommune
Gnr/brnr:	Delar av: 15/2,7,18,30,52 samt liten bit av16/2
Gjeldande planstatus:	Kommunedelplan: 2011: Bustadområde B60, LNF-områder. Krav om detaljregulering – uregulert no
Formalia	
Tiltakshavar	Trond Klepp
Grunneigar	Strands dødsbu v Hallvard Rusten
Plankonsulent	Svein Holmen Arealplanlegging
Omfang	
Areal heile planområdet	18,15da
Byggeomfang:	K-felt 9,8da Frittliggande småhus: 5,3da
Oppstart / Kunngjering	
Oppstartkonferanse	12.12 -12: H. Rusten, S. Holmen, P.Heltne
Kunngjering av forvarsling	31.01-13 - «Møre» + Komm.si heimeside
Varsling rørde partar	Eige brev 31.01 -13

2.2- Føremålet med planen

Hovudføremålet med planarbeidet er å tilrettelegge for bustadbygging i samsvar med kommuneplanen sin arealbruk. Vårt reguleringsområde har nemninga B60 i kommuneplanen

2.3 - Tidlegare vedtak i saka

Det einaste kommunale planvedtaket som gjeld området som vi kjenner til er kommuneplanvedtaket frå 2011.

2.4 - Utbyggingsavtalar

Dersom utbetring av del av Gamlevegen med fortau skal inngå i gjennomføringa av planen må utbyggar forhandle med kommunen om utbyggingsavtale.
Det same gjeld evt. opprusting / bygging på ball-løkka ytst i Gamlevegen

2.5 -Planprogram – konsekvensutgreiing?

Det er ikkje krav om planprogram og konsekvensutgreiing for planarbeidet. Arealdisponeringa samsvarer med kommuneplanen frå 2011.

3 Planprosessen

3.1 - Medverknadsprosess, oppstartmøte og varsling.
Utsendingsdokumenta og referatet frå oppstartsmøtet er synt på dei neste 9 sidene.

Kunngjering

Til alle
høyringspartane

SIV.ING SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

VARSEL OM REGULERINGSARBEID:

Reguleringsplan (detaljplan) for:
Strand, Gnr/br.nr 15/1,2,7,18,30,52 og 54 i Volda kommune.

I samsvar med reglane i PBL§12-3 og §12-8 vil vi med dette gjere kjent at det vert sett i gang arbeid med detaljregulering for Strand (15/2) i Volda sentrum. Eigedomen inngår som bustadfelt B60 i den nye kommunedelplanen for Volda sentrum. Avgrensinga er synt på skissa på neste side. Planområdet berører desse eigedomane: 15 / 1,2,7,18,30,52 og 54

Området skal – i samsvar med kommuneplanen - regulerast til bustadføremål med tilhøyrande infrastruktur samt til grøntdrag langs vestskrenten av Kleppåsen. Gamlevegen på strekninga frå kryssing m E39 og gjennom planområdet inngår i planen.
Planområdet skal tilkoblast eksistende kommunale tekniske anlegg i området.
Tilkomt til dei nedre delane av feltet skal takast frå Gamlevegen, og til øvste delen frå Nordalsvegen.

Tiltakshavar for prosjektet er eigarane v/ Hallvard Rusten.
Svein Holmen Arealplanlegging er plankonsulent.

Innspel i saka skal sendast skriftleg til:
Svein Holmen Arealplanlegging, Postboks 319, 6101 Volda innan 15.mars 2013.
Meir informasjon kan ein få hos:
Svein Holmen, Hamnegata 10, 6100 Volda tlf. 90844415 e-post: sv-holm@online.no
eller på Volda kommune si heimeside.

Volda, 31.jan. 2013.
Mvh
Svein Holmen

VARSEL OM REGULERINGSARBEID:

Reguleringsplan (detaljplan) for:

Strand, Gnr/br.nr 15/1,2,7,18,30,52 og 54 i Volda kommune.





UTBYGGINGSTYPE:

På dei areala som ligg nedanfor Gamlevegen (der løda står) ynskjer vi å planlegge konsentrert utbygging medan areala ovanfor Gamlevegen vil bli planlagt med frittliggande småhusbebyggelse.
Tilkomt til nedre del av feltet vil bli teke frå Gamlevegen, og til øvste delen frå svingen på Nordals-vegen ovanfor Inge Lid si tomt.

OVERSIKT OVER ARBEID OG FRAMDRIFT:
Enkelt program for arbeidet

Reguleringsplan (detaljplan) for: Strand,
Gnr/br.nr 15/1,2,7,18,30,52 og 54 i Volda kommune.
Bustadfelt B60 i kommunedelplanen for Volda sentrum

Innhald:

1: Bakgrunn
2: Lovgrunnlag og føremål
3: Planprosess, organisering og framdrift :
4: Tilhøvet til eksisterande planar
5: Utbyggingstype:
6: Nødvendige utgreiingar

1: Bakgrunn

Strand er i den nye kommunedelplanen for Volda sentrum teke inn som bustadområde B60.
Eigarane ynskjer no å utarbeide detaljplan for bustad-bygging på eigedomen i samsvar med kommune-delplanen



2: Lovgrunnlag og føremål

Planen for B60 skal utarbeidast som detaljregulering i samsvar med reglane i PBL § 12-3.
Planen utløyser ikkje krav om planprogram eller KU (Jf PBL § 4-2 samt forskrift om KU)

Føremål / utbyggingstype

Planområdet skal nyttast til bustadføremål med til-høyrande infrastruktur samt grøntdrag og leikeareal.
På den delen som ligg nedanfor Gamlevegen (der løda står) ynskjer vi å planlegge konsentrert utbyg-ging , medan arealet ovanfor Gamlevegen vil bli planlagt med frittliggande småhusbebyggelse.
Tilkomst til nedre del av feltetvil bli teke frå Gamlevegen, og til øvste delen frå Nordalsvegen.

3: Planprosess og medverknad:

PROSESS, Detaljplan (PBL§12-3)	Forum / Deltakarar / Kunnskapsbase	Framdrift
Forarbeid: Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av bakgrunnsmateriale	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	Veke 48-49 - 2012
Oppstartkonferanse: Kommunale føringar og føresetnadar	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	12.12. -12
Utarbeiding av forvarslingsdokument	Plankonsulent / tiltakshavar – kontroll: Volda kommune	Veke 3 - 2013
Forvarsling: Annonsering. Utsending til rørde partar: **Høyringsperiode:** Høyring på plandokument og planprogram **-** 6 vekers frist for innspel **Merknadshandsaming – Konfliktavklaring:** Gjennomgang av innkomne merknadar. Avklaring av motsegner / protestar **Konklusjon etter forvarslinga.** **RAPPORT**	 Lokalavisa "Møre" og Volda kommune si heimeside Eigarar, fagutval, off.organ og lag / organisasjonar Alle høyringspartane Plankonsulent - merknadsorgan. Plankonsulent / Volda kommune.	 31.jan 2013 31.jan 2013 1.feb - 15.mars -13 Mars-apr -13 April 2013.
Utarbeiding av planframlegg **Utgreiingar:** A: Natur og landskapB: Friluftsliv. C: ROS-analyse D: Universell utforming E: Arkeologisk registrering **Plandokumenta:** -Plankart SOSI 4.5 -Føresegner, -Planomtale m utgreiingane **Korrigering etter kvalitetskontroll i kommunen:** Kontroll før innsending av planframlegg	 Plankonsulent - Kommune Fylket sine naturbaser Kommunale fagorgan. Plankonsulent Plankonsulent(korrigeringsarbeid). – kommuneadm. kontroll	
Kommunalt plangebyr: Fakturerast direkte til tiltakshavar	kommuneadeministrasjonen	
Kommunal slutthandsaming : Vedtak om off. ettersyn Off. ettersyn i 6 veker Planvedtak – innstilling til K.styret Eigengodkjenning Utlysing av vedtaket med klagefrist	Formannskapet Formannskapet Kommunestyret: Kommuneadministrasjonen	

4: Tilhøvet til eksisterande planar

Planavgrensing og føremål er i samsvar med den nye kommunedelplanen for Volda sentrum.
Vår plangrense er samordna med dei nyare reguleringsplanane i området. På to gamle planar (Nedre Klepp og Frøholmfeltet) overlappar vi litt – dette fordi desse planane har løysingar som ikkje er aktuelle no eller at vegsystema er underdimensjonerte eller ikkje tilpassa dagens situasjon

5: Utbyggingstype:

Planområdet skal nyttast til bustadføremål med tilhøyrande infrastruktur samt grøntdrag og leikeareal.
På den delen som ligg nedanfor Gamlevegen (der løda står) ynskjer vi å planlegge konsentrert utbygging, medan arealet ovanfor Gamlevegen vil bli planlagt med frittliggande småhusbebyggelse. Tilkomt til nedre del av feltetvil bli teke frå Gamlevegen, og til øvste delen frå Nordalsvegen.

6: Nødvendige utgreiingar

I Planomtalen vil vi ta med desse utgreiingstemaa:

a:Natur- og landskap:

Området ligg synleg og bratt ved inngangen til Volda frå vest.
Vi vil gjere ei vurdering av topografi og landskap samt ei registrering av eksisterande byggestil i området som ei grunngjeving for det regelverket vi velger m.o.t høgde- og utforming av bygga.
Dette skal innlemmast i planomtalen.

c: Friluftsliv/gjennomfart:

Planområdet er lite nytta til gjennomfart og friluftsliv no. Skrenten ned frå Kleppåsen til vårt areal er svært bratt, men vi vil prøve å legge inn enkle stiar / korridorar som kan sikre samband til fots frå Nordalen og opp på Kleppåsen.
Sjølve grøntdraget mellom Kleppåsen og B60 vil også kunne vere eit attraktivt og utfordrande leike-område for ungane i felta – både på Kleppåsen og i Nordalen/Frøholmfeltet. Vi vil sjå på desse mulegheitane til utforming av spennande leikeområde på denne trafikktrygge sida av feltet.

d: Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse):

Det skal utarbeidast ei enkel ROS-analyse for området etter fylkeskommunen sin standard.
Framlegg til ROS-analyse er utarbeidd og ligg ved.
Deler av området er så bratt at her er fare for ras / Steinsprang. Det er utarbeidd rasrapport for delar av området – denne rapporten må evt. utvidast til å omfatte resten av planområdet.

e: Universell utforming:

Området er nokså bratt, så det vil krevje store terrenginngrep å tilrettelegge t.d. friområda og grøntdraga med universell standard. Vi vil difor ikkje gå inn for dette. Nedre delen av planområdet skal som nemnd leggast ut med meir konsentrert bebyggelse. Her kan vi få til universell standard frå parkeringsplass til inngang husvære. Uteareala er også her sopass bratte at vi ikkje med rimelege terrenginngrep greier å få laga tilkomststiar i U.S.

f: Arkeologisk registrering:

Vi rekner med at det vert aktuelt med arkeologisk registrering og at dette må gjerast etter forvarslinga i planutarbeidingsfasen. Rapport skal innarbeidast i planomtalen.

ROS-analyse

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne		Er det knytt **uakseptabel risiko** tilfølgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgjevne forhold	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	1	
	b	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	2	
	d	Er området utsett for flaum / flaumskred?	X	
	e	Er det registrert radon i grunnen?	3	
	f	Vil skogbrann / lyngbrann i området vere ein fare for bustader / hus?	X	
	g	Er området sårbart for ekstremvêr / stormflo?	X	
	h	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b	Naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta / ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande Verksemder (industriføretaketc.) , utgjere ein risiko for området?	X	
Brann-/ulukkes-beredskap	a	Har området tilstrekkjeleg sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomstruter for utrykkingskjørety?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulukkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta / ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande Transportårer inkl. sjø-og luftfart utgjere ein risiko for området:	**X**	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skule / barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	 X X	
	d	Er det transport av farleg gods til / gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspentliner?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspentmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke / svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet ? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon / spillvatn?	 X X X X	
	b	Er det vassforsyning / drikkevatn i området?		X
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ Forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje- / terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje- / terrormål i nærleiken?	X	

Punkt som må undersøkast nærare:

1: Skredfare:

Området er bratt med fare for steinsprang på utsette stadar. I samband med bygging av nye hus på Gamlevegen 42-48 vart det utarbeidd ein skredrapport som i nokon grad omfattar vårt areal. Denne rapporten må utvidast til også å omfatte resten av planområdet.

2: Lausmasseavsetning / Utglidningsfare:

Pga. bratt terreng har vi underdsøkt utglidningsfaren.
Her er ikkje registrert marine avsetningar i området. I følge NGU sine lausmassekart består grunnen av "tynn morenemasse" som er stabil.

3: Radongass.

Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon er knytt til forekomst av alun-skifer, men vi veit ikkje om det er alun-skifer i grunnen her. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m3 inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit her, men dette kan forekomme svært lokalt – så det er omtrent umogleg å vite sikkert
Frå Statens strålevern saksar vi:
…."Statens strålevern anbefaler ikke undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok…..".

Vi legg ikkje opp til å undersøke forekomst av Radongass, men satser i staden på tett sålekonstruksjon og god ventilasjon som preventivt avbøtande tiltak. Krav omtett sålekonstruksjon er teke inn i føresegnene §3e

VOLDA KOMMUNE
Samordnings- og utviklingsstaben

Svein Holmen Arealplanlegging
postboks 319

6101 VOLDA

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/2636	11755/2012	2012011	SAM/ PH	12.12.2012

PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND FØREHANDSKONFERANSE

Det vart i dag 12.12.2012 gjennomført oppstartmøte vedkomande aktuelt detaljplanarbeid for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum, del av gnr 16 bnr 2.
Desse møtte:
Frå tiltakshavar: Halvard Rusten (Bustyrar 16/2)
Plankonsulent- Svein Holmen
Volda kommune: Planleggar Per Heltne
Tiltakshavar/plankonsulent gjorde kort greie for dei tankar dei har om oppstart av planlegging for område B60 utlagt til byggeformål bustad i kommunedelplan for Volda sentrum. Grunneigar har intensjonsavtale med aktuell utbyggar om planlegging/utvikling av området.
Kommunen skisserer følgjande utgangspunkt for ev. planoppstart:
Kommunedelplanen er utgangspunkt for arbeidet. Bustadformål med krav om detaljreguleringsplan før bygging/deling. Planlegging vil bli å gjennomføre etter reglar og føresetnader nedfelt i ny planlov.
Kommuneplan legg ikkje klare føringar for opprusting/utvikling av vegsystem til dei nye områda. Det må såleis leggast til grunn at eksisterande vegnett skal kunne nyttast, og at ein i planprosessen fastset dimensjoneringskrav og behov/krav til opprusting. For område Gamlevegen 48 er fylgjande dimensjonering lagt til grunn – og ein føreset dette vidareført- 1.5m annavegområde-4m gatebreidde-3mfortau og 1.5 m gjerdeavstand. Samla 10m vegområde. Det bør vurderast behov for møteplassar på strekninga.
Krav om opprusting/kostnadsdeltaking i naudsynt oppgradering av vegnett må fastsettast gjennom utbyggingsavtale.
Status kommunaltekniske anlegg:
Volda kommune har planar om opprusting av hovudleidningar for vatn og avløp i Gamlevegen. Kommunaltekniske anlegg elles er dimensjonert slik at dei nye områda kan tilknytast utan vesentlege nye eksterne kostnader. Dimensjonerande kapasitet vil vere krav til brannvatn.
Byggegrense mot E39 i utgangspkt. 50 m frå senterline. Avvik /reduksjon etter konkret vurdering/avbøtande tiltak gjennom reguleringsplan etter samråd/avklaring med Statens Vegvesen/M.R.Fylke.
Byggegrense langs kommunal veg min.10m frå senterline veg.

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058717 Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

Andre stikkord for planarbeidet:
Avgrensingar av område. Planavgrensing vist på vedlagt kartutsnitt. Mindre vesentlege justeringar av yttergrenser ut frå konkret vurdering av terrengtilhøve/arrondering kan vere aktuelt ut frå omsyn til ras-avklaring-, omsyn til natur og friluftsliv og terrengtilpassing.
Vegområdet i Gamlevegen skal vere med i planområdet. For å sikre full opparbeiding av Gamlevegen må også eigedomen 15/7 og areal mellom gamlevegen og utbyggingsområdet inkluderast i planområdet.
Tilkomst og bebyggelse bør planleggast ut frå ønskje om minst mogeleg sjenanse og konflikt med eksisterande bebyggelse/bumiljø. Som utgangspunkt bør utbygging baserast på tilkomst frå Gamlevegen.
Grøntareal/fellesareal til leik etter konkret vurdering, med min 50m2 pr bueining som utgangspunkt.
Dette bør ivareta både småbarnleikeplassar nær bustad og større felles aktivitetsareal.
Mogeleg behov for rasvurdering og avgrensing av byggeareal i høve til dette må avklarast gjennom prosessen. Jf. rapport for Gamlevegen 42-48.

Tiltakshavar bestiller nytt kartgrunnlag frå kommunen. Dette inkluderer oversyn tekniske anlegg og eigedomsoversyn.
Kommunen sender over sosifil for plan for Gamlevegen 48 mv, og for Nordalen B59, samt PDF-fil plan Frøholmfeltet.

Som utgangspunkt for varsel om planoppstart bør ein vurdere utarbeiding av idéskisse for utvikling av området.
Aktuelle kontaktpersonar i kommunen:
Planleggingsprosess/plangrunnlag : Per Heltne/Harald Berstad
Kartgrunnlag: Torgeir Stensø
Kommunaltekniske anlegg/utbyggingsavtale: Asbjørn Aasebø
Landbruksspørsmål: Steinar Drabløs
Barnerepresentant i planutvalet: Berit Koen

Med helsing
Samordning og Utviklingsstaben

Per Heltne
planleggar

Kopi:
Halvard Rusten
Harald Berstad
Torgeir Stensø
Asbjørn Aasebø
Steinar Drabløs
Berit Koen

4 Planstatus og Rammebetingelsar

4.1 - Overordna planar – kommuneplanen 2011



Vårt planframlegg omfemner bustadfelt B60 der det er krav om regulering i kommuneplanen.

4.2 - Gjeldande reguleringsplanar

Vårt planområde er ikkje tidlegare regulert. Kommunedelplanen for Volda (2011)krev regulering før bygging her. (sjå ovanfor)

4.3 - Tilgrensande reguleringsplanar:

Mot søraust grensar vår plan til "Gamlevegen 48– PlanID 1995001", i nordaust til Reguleringsplan for Engeset – Klepp – 1990002, i nord mot «Nordals-planen – 15192011008» og i vest mot den gamle planen for Frøholmfeltet. Desse planområda går fram av skissa nedanfor



Avgrensing mot Nedre klepp



Avgrensing mot Frøholmfeltet



4.4 Statlege planretningsliner.

-RPR for barn og unge sine interesser i planlegginga
-RPR for samordna areal- og transportplanlegging

5 Beskrivelse av planområdet, eksisterande tilhøve

5.1 Beliggenheit

Planområdet ligg i Gamlevegen i området Nedre Klepp på grensa til Nordalen i Volda sentrum. Gamlevegen går parallelt med E39 gjennom vårt felt og kryssar ned på E39 rett vest for vår plangrense



Avgrensing og størrelse på planområdet

Den opprinnelege avgrensinga av området er justert etter forvarslinga pga feil i den kommunale eigedomsbasen (nord-aust-enden av området) samt at vi har gjort div tilpassingar ettersom tilhøva har blitt avklara i området. På skissa nedanfor er den opprinnelege avgrensinga teikna med raud strek og den endelege med svart strek.



5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Strand er eit gammalt småbruk med bratt og tungdriva innmark. Det har ikkje vore jordbruksdrift her på mange år, og både innmark og beiteområder er dels attgrodde.Det meste av areala er omkransa av bustadområder.

På sørsida av feltet - mellom feltet og fjorden, krysser E39 med høg ÅDT. Det er planlagt omlegging av E39 til tunellsamband mellom Volda sentrum og Furene, og då vil noverande E39 forbi Strand bli nedklassifisert til kommunal veg med mykje mindre trafikk. Ei slik omlegging kan ventast ferdigstilt tidlegast innan år 2022.

Våningshuset og løda på Strand ligg på kvar si side av «Gamlevegen» som er ein kommunal samleveg med lav standard. I kommuneplanen frå 2011 er det lagt inn gangveg/fortau langs Gamlevegen inn til Klokkarvegen

5.3 Landskap og lokalklima

Landskap

Planområdet ligg i ei nokså bratt og skogkledt sør/vest-helling. Området utgjer vestskrenten av Kleppåsen heilt ned mot det flatare landskapet på Strand og i Frøholm/Nordalen. Både Kleppåsen og Frøholm er etter kvart nokså tett bebygd.

Den brattaste delen av denne skrenten opp mot bebyggelsen på Kleppåsen er LNF-område i kommune-delplanen. Pga.at området er faresoneområde vert tradisjonell sogsdrift med flatehogst ikkje tillatt, og området går ut som produksjonsareal i landbruket. Vi omdisponerer og legg området inn i ein overordna grønstruktur som startar nede ved Gamlevegen og skal gå heilt til fjells. Friområdet er brattlendt, dels rasfarleg og tett skogkledd så her er vanskeleg å ferdast, men området utgjer ein god buffer mellom byggefelta, og det er samstundes viktig å behalde skogen av omsyn til rasfaren.



Solforhold

Planområdet ligg fritt og sør-vest vendt med gode soltilhøve og flott fjordutsikt.

Lokalklima

Pga fri og solvendt lokalisering kan sjølvsagt også vind og vér ta litt hardt – både sørvesten og lavtrykka kan herje meir her enn inne ved Volda sentrum, og utrøna kan vel også vere litt lei på fine dagar. Men ikkje noko utanom det vanlege for ein sør-vest vendt fjordlokalitet.

Sjå ellers bilde på neste side.

Eksisterande bebyggelse

På nord- og vestsida av planområdet ligg Frøholmfeltet - eit einebustadfelt frå 60/70–talet. Langs Gamlevegen finn vi i stor grad eldre bustadhus med store hagar, men også ein del einebustader typisk etablert på 70/80–talet. Nordaust for planområdet ligg dei nye byggefelta i Engeset / Klepp med nyare konsentrert busetnad, også som terrassehus

5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne:

Rapport etter ARKEOLOGISK REGISTRERING PÅ STRAND - dato:12.juni 2014

1.0. Sammendrag

Denne arkeologiske undersøkelsen ble foretatt på Strand (gnr. 15) i Volda kommune, i forbindelse med en ny reguleringsplan som berører brukene 1, 2, 7, 18, 30, 52 og 54.

Feltarbeidet ble utført innenfor perioden 20.05. – 04.06.14 av undertegnede, og rapporten ble ferdigstilt den 12.06.14. Totalt ble det benyttet 15 dagsverk på saken.

De feltarkeologiske metodene som ble benyttet var visuell overflateregistrering, manuell prøvestikking og maskinell sjakting.

Totalt ble det funnet 2 lokaliteter som er definert som automatisk fredete kulturminner innenfor planområdet:

- ID 177066, Strand1: Dyrkningsspor
- ID 177067, Strand2: Dyrkningsspor

ID 177066 er tolket som en lokalitet bestående av en fossil dyrkningsflate. Dyrkningsflaten, som ble påvist under den forstyrrede matjorda, har en utbredelse på ca. 330 m^2 og en tykkelse på opptil ca. 20 cm.

Én kullprøve ble sendt inn til analyse fra denne lokaliteten:

- KP #JSPE3, fossilt dyrkningslag (lag 2–1, sjakt 2)

ID 177067 er tolket som en lokalitet bestående av et større område med en sammenhengende fossil dyrkningsflate samt en struktur som er tolket som en liten rydningsrøys. Dyrkningsflaten, som ble påvist under den forstyrrede matjorda, har en utbredelse på ca 1,610 m^2 og en tykkelse på opptil ca. 20 cm.

To kullprøver ble sendt inn til analyse fra denne lokaliteten:

- KP #JSPE4, rydningssrøys (str. 6–1, sjakt 6)
- KP #JSPE5, fossilt dyrkningslag (lag 7–1, sjakt 7)

8.0. Konklusjon

Hele området som ble berørt av reguleringen av Strand i Volda kommune, er undersøkt, jf. Kulturminneloven § 9.

Av metoder ble det benyttet visuell overflateregistrering, manuell prøvestikking og maskinell sjakting.

Undersøkelsen resulterte i funn av 2 lokaliteter som er tolket som automatisk fredete kulturminner:

- ID 177066, Strand1: Dyrkningsspor
- ID 177067, Strand2: Dyrkningsspor

Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoner «H 730 og H570» på plankartet i området o_Leik.
Kulturminnet ID 177067 er markert med RpBestemmelseGrense og påskrift «RpBo nr 1 - ID 177067»
Bestemmelser om kulturminna er tekne inn i føresegnene i §4.1-j , §4.4-a,b samt §7.4 samt i reg.kartet

Strandløda vart bygd i 1899 som driftsbygning på 15/2 av Anders Pedersson Strand.
Løda vart SEFRAK-registrert i 1988 med objekt-ID 1519373. Det er ikkje gjort vurderingar av verneverdi i samband med registreringa. Fleire opplysningar om bygningshistorie etc ligg altså i SEFRAK-registeret som diverre er rekna som sensitiv informasjon og ikkje er ålment tilgjengeleg på nettet.
Til dokumentasjon og opplysning av saka har vi teke med utklipp frå SEFRAK-registreringa her:

OBJEKT: Løe Øggarden Strand
EIGAR (tittel, namn, postadresse): pensj trygdesjet Anders P. Strand, Gamlevegen 54, Volda
BRUKAR (tittel, namn, postadresse): —

ARKIV-/KARTREF:
1 KORTARKIV-NUMMER: Kommunenummer 1519 | Registreringskrins nummer 003 | Hus løpenummer 373
2 FOTOARKIV-NUMMER: Filmnummer V063 1519 | Biletnummer, lågaste ~10 29 | Biletnummer, høgaste ~15 44
3 ØKONOMISK KARTVERK BLAD-NEMNING: Sone A | Aust-vest i sona 0 | Nord-sør 0097 | Målestokk 1 5 | Bladnummer 41 3
4 KOORDINATAR (skal ikkje fyllast ut): System | Akse/sone | Y = ± | X =

RING:
5 KOMMUNE: Kommune, namn Volda | Topogr. nemning, namn og nummer Volda 3114
6 TOPOGR.NEMNING
7 MATRIKKEL-NEMNING: Gardsnummer 15 | Bruksnummer låg. 2 heg. | Undernummer (feste- m.m.) låg. heg.
Anna matrikkelnemning (berre for eigedomar utanfor landsmatrikkelen)

REGISTRERING AV FASTE KULTURMINNE I NOREG
REGISTRERING AV HUS

Plass for fotografi



BYGGEMÅTE M. M.:
17 KONSTRUKSJON AV UNDERBYGNINGEN: 1. Grunnmur 1 4 | 2. Pilarar, laftestein e. l. | Merknad Skjul i s-v. kjørm. mot. 1950 talet 1960
18 UTNYTTING M.M. AV KJELLAR/UNDERETASJE: 1. Oppfylt | 2. Ganghøgd 1 | 3. Kryperom | 4. Open | Merknad sjå '93
19 KONSTRUKSJON AV YTTERVEGGEN: 1. Tre- 2 | 2. Mur- | 3. Støypt | 4. Metall- | 5. Blandings- | 9. Anna | Merknad
20 FASADEKLEDNING: 1. Ingen | 2. Jord, torv | 3. Tre 2 | 4. Stein | 5. Sement- | 6. Plater | 7. Papp, plast | 9. Anna | Merknad
21 TAKFORM: 1. Saltak 1 | 2. Valm m.m. | 3. Pult, flatt | 4. Kvelv, kup. | 9. Anna | Merknad
22 TAKTEKKINGS-MATERIAL: 1. Never, torv | 2. Tre | 3. Naturstein | 4. Teglstein | 5. Sementstein 2 | 6. Plater | 7. Papp, plast | 9. Anna | Merknad Spontak til om lag 1920
23 ETASJETAL: 1et. | 1½ ⊗ | 2et. | 2½ | 3et. | 3½ | 4et. | 4½ | 5et. | Merknad
24 HOVUDMÅL I PLAN: Lengd 1350 cm | Breidd 680 cm | X
25 TAL PÅ SKORSTEINAR: Skorsteinar stk. | Merknad
26 PLANFORM (skal ikkje fyllast ut) | Merknad
27 STILPREG (skal ikkje fyllast ut) | Merknad
28 TIDFESTING/ BYGGJEÅR: Tidskode 1 1 8 4 | Merknad 1898

YNSE OPPLYSNINGAR:
36 KARTFEST PÅ ØKONOMISK KARTVERK? Ja ⊗ Nei
37 REGISTRERT/OPPMÅLT FØR? Ja Nei
38 ELDRE FOTOGRAFI/TEIKNINGAR? Ja Nei — Foto kanskje hos Solveig Strand Ryste, Rystem, Øysta
39 BRANNTRYGDELAG: Volda brtr. lag / Vnr
40 INNSKRIFTER, DEKOR M. M.: "1898" malt på bakside av låvedør
41 BYGGHERRE: Anders Pedersson Strand 1853-1939
42 BYGGMEISTER/ARKITEKT
43 ANDRE OPPLYSNINGAR: 18. Hesgolv oppr. jord / tre, støypt 1950 åra

Steingardar:
Vi har registrert ein steingard som ligg i bytet mellom 15/2 og 16/2 i nord-vestre grensa av planområdet. Dette er ein bytegard som er både godt og stabilt lødd og fin å sjå til, men den ligg dels innpå 16/2 og er soleis dels utanfor vårt planområde. Vår arealbruk inn mot steingarden er Turdrag (f_GT) og leikeområde (f_Leik_2), og vi vil svært gjerne ta vare på steingarden som innramming av desse grøne funksjonane.



5.5 Naturverdiar

I Direktoratet sin naturbase er det ikkje registrert spesielle dyre- eller planteartar. Fauna og flora innanfor planområdet er prega av stadtypisk vestnorsk vegetasjon og ditto fugle-/dyreliv.

5.6 Rekreasjonsverdi / rekreasjonsbruk, uteområde, barn- og unge sine interesser

Planområdet grensar i nord og aust til eit samanhengande natur- og friluftsområde, med samband til populært turvegnett opp i lidene og dei nære fjellområda bak Volda sentrum.
Fjorden med naust og populære badeplassar («Strandfjøra») ligg ca 150m nedanfor feltet.
Her er altså lett og kort tilkomst både til fjellet og til sjø- og fjøre.
Frå gamalt har her vore ei ball-løkke på den kommunale eigedomen vest for BK_1 mellom Gamlevegen og E39. Denne ballplassen ligg svært utsett til m.o.t vegtrafikk og støy, og den er langt frå flat.
Barnerepresentanten i kommunen krev at ball-løkka vert oppretthalda som ballplass

5.7 Trafikktilhøve

Gamlevegen er kommunal samleveg med mange direkte-avkøyrsler og med lav horisontal og vertikal standard og dårleg sikt. Det er etablert fartshumpar,og fartsgrensa er 30 km/t.
Stenging for gjennomgangstrafikk har vore aktuelt politisk tema i kommunen pga svært lav standard, stor gjennomgangstrafikk og stort innslag av mjuke trafikantar (gåavstand til sentrum) men ikkje fortau/gangveg. Den nye kommuneplanen legg ikkje opp til stenging, men har i staden teke med gangveg/fortau langs Gamlevegen inn til krysset med Klokkarvegen.
Det er ikkje registrert spesielle ulukkespunkt på vegsystemet i området.Det er ikkje kollektivtilbod langs Gamlevegen, men frå Strandfeltet er det kort avstand til E39 med godt busstilbod.

5.8 Sosial infrastruktur

Planområdet er sentrumsnært, og det er gangavstand til det meste av privat- og offentleg tenestetilbod.
Avstanden til næraste barneskule - Øyra skule, er om lag 1,6 km, og til Volda ungdomsskule noko lengre alt etter kva rute ein vel.
Det er generelt god barnehagedekning i Volda, og næraste barnehage ligg 0,7km unna

5.9 Universell tilgjengelegheit

Den eksisterande busetnaden både langs Gamlevegen og i Frøholmfeltet vart bygd før regelverket om universell utforming vart innført, og husa er soleis ikkje opprinneleg tilrettelagt for universell standard. Inni husa har vel dei som treng det tilordna bustaden etter eventuelle behov.

5.10 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp
Vassleidning og spillvassleidning går over eigedomen langs Gamlevegen / E39.



Renovasjon:
VØR henter i dag avfall ved off. veg.

5.11 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Vi har gått gjennom og fylt ut Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Delar av planområdet er definert som aksomhetsområde (NGU) for snøskred og steinsprang. Dvs at vi må ha inn geofagleg vurdering av rastryggleiken i området.

GIS-link Plansjekk syner at her er mykje vegtrafikkstøy. E39 skal framleis gå her fram til ca 2020 då Ørstatunellen etter planen skal vere i drift, og vi må difor ta høgde for dette i vårt planarbeid.
Vi vil hyre inn kompetanse (Sweco / Kilde akustikk) for å få fastlagt trafikkstøynivåa og få vurdert aktuelle avbøtande tiltak.

6 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET

6.1 Grunngjeving for reguleringa

Arealet på Strand er i kommuneplanen avsett til bustadområde – B60, og eigarane meiner no at tida er moden for – i samsvar med kommuneplanen, å realisere ei omdisponering av desse areala som har vore ute av produksjon i lang tid. Dette vil gi mynt i kassa og bustader til den lokale marknaden

6.2 Reguleringsformål

Vi viser til reguleringskart på s45 samt reguleringsføresegner på ss46-50

Føremål – PBL§12-5	Nemning	Sosi-koding	Areal da	Utnyttingsgrad
Bebyggelse og anlegg (A)				
Frittliggande småhus	FS_1,2	1111	5,3da	BYAmax 30%
Konsentrert bustadbygging	BK_1-2	1112	9,5da	BYAmax 40%
Offentleg Leikeplass	o_Leik	1610	0,97da	
Felles leikeplass	f_Leik_1,2,3 og 4	1610	4,1da	
Samferdsleanlegg (S)				
Gamlevegen	o_SKV_Gamlevegen	2011		
Tilkomstvegar m P-plassar,	f_SKV_ 1-2	2011		
Gang- og sykkelveg	o_SG/S	2015		
Annan Veggrunn (Kantareal langs o_SKV)	o_SAv_1-2	2018		
Felles parkeringsanlegg	f_SP_1-2	2080		
Grønstruktur (G)				
Grønstruktur - friområde	o_GFr_1	3040		
Grønstruktur – Turdrag	f_GT_1	3030	1,2da	
Omsynssoner				
RpSikringSone (Frisikt)	H140_1,2			
RpSikringSone (Restriksjon på hogst)	H190_1			
RpStøySone (Støy <1,5m o bakken – gul sone)	H_220_1,2			
RpFareSone (Skred/steinsprang-fare)	H310_1			
RpBandleggingSone (Kulturminne ID177066)	H730			
RpAngittHensynSone (buffer)	H570			
RpJur.liner				
RpBestemmelseGrense (kult.minne ID177067)	RpBo nr1			

6.3 Gjennomgang av reguleringsformåla

Plassering og utforming av husa.
Tiltakshavar har enno ikkje inngått nokon avtale med utbyggingsfirma, og vi har soleis ikkje noko konkret «program» for kva typer hus som skal byggast. Vi tenkte i utgangspunktet berre å lage ein flate-reguleringsplan utan for mykje detaljar, men pga. marginale tilhøve med bratt terreng og nokså smal arrondering på tomta der vi berre kan ta tilkomst heilt nede (Gamlevegen) og heilt oppe (Nordalsvegen) har vi sett nærare på nokre detaljar for å vere sikker på at vi kjem oss opp på tomtene utan alt for høge kostnadar og store inngrep, og at vi får plassert hus der. Nokre av desse detaljane er synt på dei neste sidene der reguleringsføremåla vert gjennomgått. Der har vi også lagt inn døme (m.«vanlege» hustyper) på korleis vi kan utnytte tomtene.

Utnyttingsgrad:
Vi legg opp til BYAmax=40% for den konsentrerte delen av feltet og BYAmax=30% for frittliggande småhus. Dette er i samsvar med utnyttinga i naboområdet (Gamlevegen 48) som er regulert i nyare tid.

Høgde og volum
Bustadbygningane si høgd skal vere innafor dei generelle reglane i plan- og bygningslova på maksimal gesimshøg på 8 meter og maksimal mønehøgd på 9 meter. Pga bratt terreng vil vi akseptere noko friare bygningsform, t.d terassering, og møne- og raftehøgder vert soleis ikkje så eintydige her som ved bygging på flat mark. Det kan t.d vere aktuelt med lavblokker eller terassehus der vi kanskje må avvike frå generelle rafte- og mønehøgder. Dette må takast stilling til i byggeplanane for dei ulike felta.

Uteareala
Vi legg opp til fleire samlande lekeplassar i feltet:

Offentlege friområde
I vestenden av planområdet ligg ei gammal «ball-løkke» (kommunal eigedom) som vart mykje brukt då «Frøholmfeltet» var nytt. Då var trafikkmengda på Gamlevegen og E39 mykje mindre enn no, og det var dessutan ikkje stilt krav til støydemping og trafikktrygging. Standardkrava var heilt annaleis på den tida. Det har kome krav frå kommunen om at denne ball-løkka må takast inn i planen.
Vi har teke området inn i planen som kommunal leikeplass (o_Leik) Dersom denne staden skal kunne nyttast til leikeplass med dagens krav må det her gjerast både støydempings- og sikringstiltak. Dette er ein kommunal ballplass som skal tene all bebyggelsen i området – både Frøholmfeltet, Strand og Gamlevegen 48, og det vert då kommunen som må stå for evt støy- og sikringstiltak. Vi har teke dette inn i føresegnene.

Skrenten opp mot Kleppåsen er LNF-område i kommunedelplanen for Volda sentrum. For ikkje å auke rasfaren er det lagt restriksjonar på skogsdrift med flatehogst i området, og det vil soleis ikkje vere mogleg å drive tradisjonell skogsdrift her. Området (3,7da) er tatt inn i planen og endra til friområde (o_GFr_1). Dette vil då – saman med arealbruken i tilgrensande planane for E/Klepp og Gamlevegen 48, utgjere ein gjennomgåande grøntkorridor som går vidare oppover til turområda ovanfor bebyggelsen i Volda sentrum.

Felles grøntområder:

Vi har lagt inn ein gjennomgåande grøn korridor (f_GT) mellom vårt byggefelt og Frøholmfeltet. Denne går samanhengande frå Gamlevegen og heilt opp i Nordalsvegen og skal fungere som turdrag og som buffersone mellom eksisterande og ny bebyggelse. Langs turdraget, mellom småhusbebyggelsen og konsentrert felt, har vi lagt inn to felles leikeplassar (f_Leik_1-2) som også kan benyttast av eksisterande bebyggelse i Frøholmfeltet. Desse to plassane er hhv 0,6da og 1,2da, men dei er bratte og oppfyller ikkje krava til US utan store terrenginngrep. Vi vil ha desse to plassane som naturtomter utan inngrep.

Nærleikeplassar på byggetomtene

I føresegnene har vi kravd at det skal innpassast nærleikeplassar på 50m2/husvære innanforBK_1og2, og at desse plassane skal ha universell standard.Husplassering, høgder, internvegar, parkering og nærleikeplassar skal innarbeidast i byggeplanane for kvart einskild byggeområde.
Vi har utarbeidd døme på korleis dette kan utformast – sjå illustrasjonar på ss 28-29. Desse skissene er ikkje juridisk bindande. Etter motsegn frå Fylkesmannen har vi lagt inn desse nærleikeplassane som eigne reguleringsføremål med nemningane f_Leik_3 i BK_1, og f_Leik_4 i BK_2.

Offentleg Leikeplass (o_Leik)

Kommunen krev at vi må ta med den kommunale ball-løkka ved vestenden av Gamlevegen i planen. Dersom vi velger å nytte dette arealet til andre føremål må vi stille erstatningsareal til tilsvarande ballplass i området. Pga det automatisk freda kulturminnet «Dyrkingsspor ID 177066» kan vi ikkje gjere inngrep ved bygging på- eller skjæring / fylling i dette arealet, og vi må difor beholde noverande utforming på området. Ball-løkka er soleis teke inn i planen som kommunal frileikeplass o_Leik med uendra utforming.
Dette er ein kommunal ballplass som skal nyttast av alle som bur i området – både Frøholmfeltet, Nordalen, Strand og Gamlevegen 48, og det vert då kommunen som må stå for evt utbygging av skjermings /sikrings-tiltak. Vi har teke dette inn i føresegnene.

Nedanfor syner vi eit snitt gjennom tomta.
Her er som vi ser ei stigning på 1:8 på sentrale delar av tomta. For at dette skal bli ein brukbar, støydempa og sikker ballplass etter dagens krav må det som minimum støydempast med støyskjerm mot E39.



6.3.1 - Bebyggelse og anlegg (A)

Frittliggande småhus (FS_1,2)

Områda for frittliggande småhus ligg øvst i feltet og skal ha tilkomst via den kommunale vegen opp gjennom Frøholmfeltet. Terrenget er sopass bratt at det er utfordrande å få på plass ein intern tilkomstveg ned i denne delen av området. Den austre delen av området (inn mot skrenten) er omsynssone – steinsprangfare. Med bakgrunn i ovanståande har vi fått plass til 3 frittliggande småhus i denne delen av området. Dette er vel ogspå tilstrekkeleg m.o.t. trafikkauke gjennom Frøholmfeltet. Skissa nedanfor syner veg med lengdeprofil, felles garasjeplassering samt områda FS_1 og 2



Øvre bustadgate

FS_1,2

Makebyte m Inge Lid:
Eigarane (Strands dødsbu) har avtalt eit makebyte med naboen i vest (Inge Lid) for å få til ei betre nedkørsle til vårt felt. Vi har flytta avkøyrsla ca 20m vestover andsynes Nordals-planen.

Tilkomst – garasjeplassering:
For å forenkle tilkomsten på bustadhusa på FS_1 har vi lagt opp til felles garasjeplassering ovanfor tilkomstvegen. Dette vil frigjere formgjeving og tilkomst på tomtene.

Mønehøgder og byggutforming:
Tomtene er bratte, og vi har gitt opning for ei noko friare utforming, evt terrassering av husa. Utforming med høgde og husplassering må godkjennast av kommunen. Pga bratt terreng vil vi ikkje dele FS_1 i tomter, men vi legg opp til 2 bustadhus på dette arealet, og så får vi dele FS_1 i to tomter ut frå tilkomstproblematikk og husform. Vi krev samla byggeplan for FS_1 før bygging på dette området. Vi har lagt opp til BYAmax=30% for FS_1 og 2

Steinsprangfare
I følge skredrapporten frå Breiteig Fjordsenter (geolog Arne Sandnes) er her ikkje steinsprangfare på bustadtomtene. Omsynssona går ned til tilkomstvegen (f_SKV_2).

Vertikalnivå – tilkomstvegen: Vi meiner at veglina bør leggast nokså tungt i terrenget for å redusere fyllinga på bustadsida av vegen og soleis lette tilkomsten.



Konsentrert bebyggelse (BK_1-2)
På områda BK_1 og 2 er det høve til oppføring av fleirmannsbustader / lavblokker / terassehus.

BK_1:
Oppfylling av tomta for BK_1:
Tomta fell nokså mykje av ned mot søraustre hjørnet. Her tenker vi å fylle opp arealet med overskottsmasse frå bygginga i feltet.Kartet og snittet nedanfor syner korleis vi tenker denne oppfyllinga. Støyvollen skal leggast oppå fyllinga. Sjå skisse og snitt nedanfor.



Oppfylling av terrenget i sør-austre hjørnet av tomta



Utnytting av BK_1:



Døme på korleis vi kan utnytte areala på BK_1. Her har vi plassert 3 små firemannsbustadar med garasjer og P-plassar på tomta. Løda skal rivast. Bak støyvollen tenker vi å utnytte arealet til felles uteområde for desse tre firemannsbustadane – her er plass til små kjøkkenhagar, skjerma småbarnsleikeplassar etc.
Tiltakshavar har førebels ikkje inngått avtale med nokon utbyggar, og vi krev difor samla byggeplan og prosjektering av BK_1og2 før bygging. Illustrasjonane i planomtalen er ikkje juridisk bindande. Dei er berre døme på korleis vi tenker oss utbygging her

Snitt gjennom tomta. Snittplassering synt på skissa ovanfor



Utnytting av BK_2



Døme på korleis vi tenker oss utnytting av areala på BK_2. Her har vi plassert 3 små firemannsbustadar og to lavblokker med parkering i kjellaren pluss utvendige P-plassar på tomta. Den austlege lavblokka kan få parkering i underetasjen og tilkomst direkte frå Gamlevegen
Tiltakshavar har førebels ikkje inngått avtale med nokon utbyggar, og vi krev difor samla byggeplan og prosjektering av BK_1og2 før bygging. Illustrasjonane i planomtalen er ikkje juridisk bindande. Dei er berre døme på korleis vi kan tenke oss utbygging her



6.3.2 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (S)

Offentleg veg (o_SKV_Gamlevegen)
Den kommunale samlevegen (o_SKV_Gamlevegen) er teken inn i planen tvers gjennom vårt planområde. Vegen er planlagt med den standard som vart bestemt i førehandskonferansen: 4m køyrebane, 3m gangveg / fortau, samt 1,5m kantareal påbegge sider av vegen. Samla 10m breidde på veganlegget Lineføringa for CL Gamlevegen er identisk med eksisterande senterline, og geometrien er knytt saman med lineføring / geometri i reguleringsplanen for Gamlevegen 48 aust for vårt planområde. Vertikalgeometrien er også i samsvar med noverande.

Offentleg gang-/sykkelveg(o_SG/S)
Langs o_SKV_Gamlevegen er det lagt inn fortau m 3m breidde



Interne tilkomstvegar:
Dei interne tilkomstvegane på BK_1 og 2 må planleggast og prosjekterast saman med bygningane.
Det må leggast fram samla byggeplan for kvart område før bygging kan godkjennast. Byggeplanen skal innehalde horisontal- og vertikal husplassering samt detaljert utomhusplan med vegtilkomst, parkeringsanlegg og nærleikeplassar / uteplassar.

Gang- og sykkelveg
Det er planlagt (kommunedelplanen) nytt fortau langs Gamlevegen. Vi har teke inn dette fortauet gjennom vårt planområde.Inntil utbygging av gangvegen er gjennomført vil Gamlevegen heilt inn til sentrum ha blanda trafikk.

6.3.3 - Grøntstruktur (G)

Off. grøntområder:
Skrenten opp mot Kleppåsen er LNF-område i kommunedelplanen for Volda sentrum. For å dempe rasfaren er det lagt restriksjonar på skogsdrift med flatehogst i området, og det vil soleis ikkje vere mogleg å drive tradisjonell skogsdrift her. Området (3,7da) er i staden tatt inn i planen og endra til friområde (o_GFr_1). Dette vil då – saman med arealbruken i tilgrensande planane for E/Klepp og Gamlevegen 48, utgjere ein gjennomgåande grøntkorridor som går vidare oppover til turområda ovanfor bebyggelsen i Volda sentrum.

Felles grøntområder:
Vi har lagt inn ein gjennomgåande grøn korridor (f_GT) mellom vårt byggefelt og Frøholmfeltet. Denne går samanhengande frå Gamlevegen og heilt opp i Nordalsvegen og skal fungere som turdrag og som buffersone mellom eksisterande og ny bebyggelse. Langs turdraget, mellom småhusbebyggelsen og konsentrert felt, har vi lagt inn to felles leikeplassar (f_Leik_1-2) som også kan benyttast av eksisterande bebyggelse i Frøholmfeltet.
Desse to plassane er hhv. 0,6da og 1,2da, men dei er bratte og oppfyller ikkje krava til US utan store terrenginngrep. Vi vil ha desse to plassane som naturtomter utan inngrep.

6.3.4 - Omsynssoner

Sikringssoner:
Skogen på **H190** inngår som del av *skredsikring* av området o_GFR_1 og det er forbod mot flatehogst i dette området. Vanleg skogskjøtsel kan tillatast.
H140_1,2 er frisiktsonene i hovudkryssa. Dei internvegane som ikkje er inne på plankartet må ha med frisiktsoner i byggeplanen som skal følgje byggemeldinga. Som hovudregel skal det vere fri sikt i ei høgd på max 0.5m over planet for dei tilstøytande vegane. Høgstamma tre, trafikkskilt ol. som er lite sikthindrande kan godtakast i desse sonene.

Støysoner:
H220_1,2 utgjer *støysoner- trafikkstøy gul sone 1,5m over terreng***.** For støytala ved terrengnivå (uteområda) er det stort sett claro – dvs akseptabelt nivå overalt. For nivå 4m over terreng, altså andre etasje på husa, er det ein del gule soner oppover i planområdet – dette er områder som har litt for høgt støynivå. I samband med byggeplanen for dei husa som ligg innanfor denne sona må det leggast fram plan for støytiltak, og fagkunnige skal dokumentere at tilstrekkelege støytiltak er gjennomført før desse husa kan takast i bruk. Støyrapporten i sin heilskap er lagt ved som vedlegg til denne planrapporten.

Faresoner:
Innafor **H310** er det registrert skredfare. Det kan ikkje ferdigstillast bustadbygg innafor faresona før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert / godkjend av geolog.

Automatisk freda kulturminner
Ved den arkeologiske registreringa vart det funne to automatisk freda kulturminner m ID177066 og 177067. Fylkeskommunen vil nytte forenkla dispensasjon, og tiltak i samsvar med planen er tillatt. ID177067 er allereide undersøkt og dokumentert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår knytt til dispensasjon der. ID177067 er markert på reguleringskartet med Juridisk line RpBestemmelsGrense og nemninga «RpBo nr 1.» Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoner «H 730 og H570» på plankartet i området o_Leik.

6.4 Tilknyting til infrastruktur

Plan for vatn og avløp samt tilknyting til offentleg nett

Planforslaget legg til grunn tilknyting til eksisterande offentleg nett for vatn og avlaup i Gamlevegen.
Sjå skisse s21

Avfallshandtering/

På byggeplanen skal det visast plass for felles returpunk for renovasjon på kvart av byggeområda.
Plassen må lokaliserast slik at VØR sine bilar lett kan kome til utan for mykje snuing og bauting.
VØR skal godkjenne plasseringa.

6.5 Planlagde offentlege anlegg

Planframlegget omfattar
- Bygging / utbetring av offentleg veg og gang-/sykkelveg. (Gamlevegen m nytt fortau) samt
- Tilordning av kommunal ball-løkke – friområde med støydempings- og sikringstiltak.

Det må inngåast utbyggingsavtale med kommunen for desse anlegga.

6.6 Universell utforming

Innafor BK_1og2 legg planen til rette for oppføring av fleirmannsbustadar. Bygningane i BK_2 vil ha parkering i underetasje. Frå parkeringskjellar til bustadetasjane vil det vere krav om heis. Bustadbygning med krav om heis har også krav om universelt utforma uteareal. Dette gjeld tilkomst, parkering og uteopphaldsareal.
Nærleikeplassane på BK_2 skal også ha US – sjå døme på s29 der slikt leikeareal er illustrert
I BK_1 vil vi legge opp til universelt tilgjenge på 2.etasje-planet som kan leggast på same nivå som parkeringsanlegget. Underetasjen her vil ikkje få US. Nærleikeplassane på BK_1 skal ha US, men pga plasseringa nedom husa vil dette krevje noko tilpassing / inngrep.

Dei felles leikeområda f_Leik_1og2 vil ikkje få universell standard (bratte naturtomter) og den off.leikeplassen o_Leik kan nåast frå Gamlevegen av rørslehemma, men sjølve området er så bratt at det kan vere vanskeleg å bevege seg der med rullestol då vi ikkje kan gjere tilpassingar eller inngrep pga ID177066.

6.7 Skog- og landbruksaktivitet

Skrenten opp mot Kleppåsen er LNF-område i kommunedelplanen for Volda sentrum. For å dempe rasfaren er det lagt restriksjonar på skogsdrift med flatehogst i området, og det vil soleis ikkje vere mogleg å drive tradisjonell skogsdrift her. Vanleg skogskjøtsel er OK
Området (3,7da) er tatt inn i planen og endra til friområde (o_GFr_1). Dette vil då – saman med arealbruken i tilgrensande planane for E/Klepp og Gamlevegen 48, utgjere ein gjennomgåande grøntkorridor som går vidare oppover til turområda ovanfor bebyggelsen i Volda sentrum.

6.8 Kulturminne

Automatisk freda kulturminne:

Av automatisk freda kulturminne er det avdekka to lokalitetar med fossile dyrkingslag (ID177066 og ID177067) som i vart tolka som dyrkingsspor frå brosealderene etter at prøver vart sendte til karbon-datering (C14) i USA. Etter nærare gjennomgang av funna og avklaring mellom registrator, fylkeskonservator og riksantikvar har dei vorte samde om at det kan nyttast lokal dispensasjonsheimel på dette – dvs at MR Fylkeskommune (i staden for Riksantikvaren) kan gi dispensasjon for bygging i alle fall på eine lokaliteten (ID177067). Kulturminnet ID 177067 er markert med RpBestemmelseGrense og påskrift «RpBo nr 1 - ID 177067» på plankartet. Fylkeskommunen (Kleiva) konkluderer med at…*«Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereide avdekka og registrert, og det vert ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med dispensasjonen.»*

Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoner «H 730 og H570» på plankartet i området o_Leik og kan ikkje bebyggast eller fyllast opp / planerast.

Steingardar:

Det er berre ein synleg steingard i området. Den ligg langs grensa til bustaden til Inge Lid og er både godt og stabilt lødd og fin å sjå til. Denne steingarden som ligg i grensa mot naboen skal bevarast, i alle fall på vår side, og det vert ikkje gjort noko tiltak som kan røyve denne garden på vår side. Steingarden er dokumentert på s.20 i kap.5 om eksisterande tilhøve

Løda:

Løda skal rivast. Informasjon om bygningshistorie etc går fram på s19 i kap. 5.4 om eksisterande tilhøve.

6.9 Sosial infrastruktur

Planområdet er sentrumsnært, og det er gangavstand til det meste av privat- og offentleg tenestetilbod. Avstanden til næraste barneskule- Øyra skule, er om lag 1,6 km og til Volda ungdomsskule noko lengre alt etter kva rute ein vel.

Det er generelt god barnehagedekning i Volda, og næraste barnehage ligg 0,7km unna

6.10 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

NGU sine aktsemdskart viser aktsemdsområde her vest i Kleppåsen. Vi fekk difor gjennomført skredfarevurdering av Breiteig Fjordsenter v geolog Arne Sandnes (sjå vedlagt rapport).

Rasrapporten omfatter vurdering av Strand-feltet ut fra massestabilitet, fare for steinsprang og fare for snøskred.

Konklusjon:

… «Konklusjonen bygger på vurdering av aktsomhetskart steinsprang, snøskred, løsmassekart, topografiske kart, flybilder, geologiske vurdering i felt og til sist historisk informasjon som inkluderer samtale med kjentmann Trond Klepp.

Fra en geofaglig vurdering er nominell sannsynlighet for at en eller flere av de nevnte geofarer skal inntreffe mot byggverk i det definerte planområdet med tilhørende uteareal tilfredsstillende relatert til TEK 10 § 7-3.

Fra et geofaglig ståsted kan planarealet, med ivaretakelse av de bemerkninger som er gjort, anbefales for tiltenkte formål….»

7 Verknader av planframlegget

7.1 Overordna planar

Planforslaget er i samordna med følgande vedtekne planar:
Kommuneplanen:
Reguleringsframlegget for Strand er i samsvar med kommunedelplan for Volda sentrum.
Reguleringsplanar:
Vi har tilpassa oss desse vedtekne regulerinsplanane:
-Gamlevegen 48, -Nordalsplanen, -Engeset og Klepp, -Frøholmplanen.

7.2 Landskap, bygningsmiljø og estetikk (Sjå bilde på s 16 og 17)

Strandeigedomen framstår no som ein noko attgrodd landbrukseigedom med gammal kulturmark og eit gamalt, fragmentert tun med ein kommunal samleveg forbi mellom våningshuset og løda. Områda både på aust-, nord- og vestsida har preg som bustadområder frå litt ulike tidsepokar men klart som ein del av bygdebyen Volda sitt sentrumsområde. Det avgrensa området som utgjer dette smale bruket vil endre karakter frå å vere landbrukseigedom med eit frittliggande bustadhus, ei løde, ein gammal garasje og stor hage, til å bli eit nokså tett bustadområde med opparbeidde vegar og bearbeidd terreng der det før har vore kulturlandskap og hage. Ei slik fortetting tek vekk eit lita grøn lunge mellom byggefelta, men dette er bestemt i kommunedelplanen og vil samstundes vere i tråd med den utviklinga vi ser i tilgrensande område.

7.3 Konsekvensar for naboar

Våre byggefelt vil nok merkast mest for naboane i vest i Frøholmfeltet som er eit tradisjonelt villaområde med einebustadar og store hagar. Vegsystemet i feltet er ganske bratt, særleg den gjennomgåande Øggardsvegen som er den gamle gardsvegen til bruket Nordal som ligg ovanfor Frøholmfeltet.
Bebuarane i Frøholmfeltet fryktar for at det vil bli mykje gjennomgangstrafikk då Nordalsvegen som er ei rein bustadgate vil verte det naturlege vegvalet når ein skal køyre heilt opp gjennom feltet.
Vi har difor lagt det opp slik at det berre er dei 3 tomtene i FS som må ha tilkomst via Frøholmfeltet. Dette skulle vere til å leve med.
Elles ligg det ein markert rygg mellom Frøholmfeltet og våre nye bustadfelt, så våre hus vert lite synlege frå dei næraste villaene. Soltilhøve og utsikt vil ikkje forringast for naboane.

7.4 Kulturminne og kulturmiljø

Utbygginga vil ikkje ha negativ verknad for automatisk freda kulturminne i og med at den avdekka rydningsrøysa kan handsamast som bestemmelsesområde med høve til lokal dispensasjon. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereide avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med dispensasjonen. Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoner «H 730 og H570» på plankartet i området o_Leik.

Løda er eit koseleg innslag og eit minne om Volda si tidlegare historie. Det er synd å rive denne, men det er ikkje hensiktsmessig – korkje vedlikehaldsmessig, bruksmessig eller arronderingsmessig for arealet å ta vare på denne. Nokre knuste egg for ein omelett.

Steingardane vil ikkje bli røyvde men skal i utgangspunktet inkorporerast som kulturlandskapsminner i frikorridorane / leikeområda. Dette er teke inn i Føresegnene §§ 4.3 b og 6 b.

7.5 Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser

Den gamle ball-løkka ved enden av Gamlevegen vart tidlegare mykje nytta av ungane i området.
Vi har teke inn denne lokaliteten i planen som offentleg leikeplass, dvs at vi ikkje endrar føremålet i høve noverande bruk. Leikeplassen må ha tilfredsstillande støyskjerming ned mot noverande E39.
Høvet til å kome seg frå Gamlevegen og til fjells via Nordalen vert ikkje forringa andsynes nosituasjonen.
I dag går folk opp gjennom Frøholmfeltet - i framtida kan dei alternativt velje å gå langs turdraget i vestgrensa av vårt felt.
Stien frå Nordalen opp til Kleppåsen er brukt av mange – den kjem ned ovanfor vårt byggefelt og vil ikkje bli berørt av vår utbygging.

7.6 Trafikktilhøve

Planen vil medføre auka biltrafikk i Gamlevegen. Naboane er skeptiske til auka trafikk både i Gamlevegen og gjennom bustadgatene i Frøholmfeltet.
Med den avkøyrslepolitikken som kommunen har praktisert i Gamlevegen dei senaste åra vil all ny bygging i området aktualisere stenging for gjenomkøyring av Gamlevegen. Alle dei 4 nye husa (2 stk 4-m-bustadar + 2 einebustadar) som er under bygging i Gamlevegen 48 får direkteavkøyrsler til Gamlevegen, og med alle andre direkteavkøyrsler i tillegg til svært lav horisontal og vertikal standard er det vel berre stenging som er forsvarleg. Dette vart vurdert ved utarbeiding av den nye (2011) kommunedelplanen for Volda sentrum der konklusjonen var å ikkje stenge gata, men bygge gangveg mellom Frøholmfeltet og krysset til Klokkarvegen. Vi legg difor inn i planen «vår del» av denne gangvegen forbi Strandfeltet.

7.7 Sosial infrastruktur

Skulekapasitet
Næraste barneskule er Øyra skule (1,6km). Vår utbygging vil sjølvsagt legge press på skulekapasiteten i Volda sentrum. Det er sannsynleg at skulen vert opprusta og/eller utvida dei næraste åra.
Barnehagekapasitet
Det er fleire barnehagar i nærområdet med tilstrekkeleg barnehagekapasitet og planforslaget vil neppe utfordre barnehagedekninga.

7.8 ROS

Planforslaget vil ikkje gi ein endra situasjon i forhold til ROS.
Rasfare
Skredfaren i området er vurdert og nødvendige sikringstiltak synleggjort i planen.

7.9 Teknisk infrastruktur

Planforslaget legg opp til tilkopling til eksisterande V/A-anlegg, og det er (etter det vi forstår) god nok kapasitet på dette nettet.

7.10 Jordbruk / skogbruk

Skrenten opp mot Kleppåsen er endra frå LNF-område til friområde med forbod mot flatehogst. Dette arealet går dermed ut som skogproduksjonsområde for landbrukseigedomen.

7.11 Økonomiske konsekvensar

Opparbeiding av tekniske anlegg i feltet til samsvar med plan er vilkår for utbygging i området. Jf Plan og bygningsova kap. 18.
Vilkår for utbygging av området er fastlagt i reguleringsplan og føresegner, jf rekkefølgjekrav.
Eventuell kommunal medverknad i utbygging/tilrettelegging av infrastruktur etter plan vil bli avklara gjennom utbyggingsavtale. Jf. Reguleringsføresegnene §8.



REGULERINGSPLAN FOR

STRAND - Volda sentrum

Volda kommune

ENDRINGAR

TEIKNFORKLARING PBL.§ 12-5

1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL.§ 12-5 .1)

FS_1,2	FRITTLIGGANDE SMÅHUS
BK_1,2	KONSENTRERT BUSTADBYGGING
o_Leik	OFF. LEIKEPLASS
f_Leik_1,2	FELLES LEIKEPLASS

2:SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

f_SKV_1,2	FELLES KØYREVEG
o_SKV	OFFENTLEG KØYREVEG
f_SP_1,2	FELLES PARKERING/GRASJER
o_SG/S_1,2	OFF GANG-/SYKKELVEG
o_SaV_1,2,3	ANNA TRAFIKKAREAL

3:GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5 . 3)

f_GT	TURDRAG
o_GFr	OFFENTLEG FRIOMRÅDE

OMSYNSSONER

H140_1,2	RpSikringSone H140_1,2 (Frisikt)
H220_1,2	RpStøySone H220_1,2 (støy gul sone 1,5m o terr.)
H190	RpSikringsone H190 (restriksjonar på hogst)
H310_1	RpFareSone H310_1 (skred / steinsprang-fare)
H730	RpBandleggingSone (Automatisk freda kulturminne)
H570	RpAngittHensynSone (Buffer)

JURIDISKE LINER OG PUNKT

- Plangrense
- Føremålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterline
- Bestemmelsesgrense kulturminne
- CL støyvoll / støyskjerm

KARTOPPLYSNIGAR

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

0 10 20 30 40 m

Basiskart er teikna med svak gråfarge

N

M 1:1000

SAKSHANDSAMING ETTER PBL

Oppstartkonferanse
Forvarsling i tida 1.feb - 15.mars 2013
1. gangs handsaming i planutvalet
off. ettersyn i tida frå_____til_____
2. gongs handsaming i planutvalet
Handsaming i kommunestyret
Kunngjering med klagefrist

PLANEN ER UTARBEIDD AV:

SIV.ING SVEIN HOLMEN
AREALPLANLEGGING

DATO
Utarbeidd 20.feb -15
Just 3.mai -15 sh
Just 8.okt -15 sh
Just 21.okt -15 sh
Just 10.nov -15 sh

REGULERINGSFØRESEGNER

Detaljregulering for Strand
PlanID: 15192012011
Revidert 1.11.2015, 10.11.2015
Eigengodkjenningsdato: _____
Eigengodkjend av: _____

REGULERINGSFØRESEGNER
tilknytta detaljreguleringsplan for Strand

Reguleringsplan: B-60 STRAND -gnr 15 bnr 2 m.fl.

Utarbeidd **av: Svein Holmen Planlegging – for Strand Utvikling as**

§ 1 -GENERELT

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008. Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet

1.2 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.3 Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan-og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgjevinga og dei kommunale vedtektene.

§2 – REGULERINGSFØREMÅL:

Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Frittliggande småhus (1111) **FS_1,2**
	Konsentrert bustadbygging (1112) **BK_1,2**
	Offentleg leieplass (1610) **o_Leik**
	Felles leikeplass (1610) **f_Leik_1,2,3 og 4**
Samferdsleanlegg (S)	Off. Køyreveg (2011**) o_SKV_Gamlevegen**
	Felles køyreveg (2011) **f_SKV_1-2**
	Gang og sykkelveg (2015) **o_G/S_1,2**
	Annan veggrunn (2018) **o_SaV_1,2** (kantareal langs Gamlevegen)
	Felles parkeringsanlegg(2080) **f_SP_1,2**
Grønstruktur (G)	Friområde (3040) **o_GFr_1**
	Turdrag(3030) **f_GT**
Omsynssoner (Pbl §12-6)	RpSikringSone **H140_1,2** (Frisikt)
	RpSikringSone **H190** (Restriksjon på hogst)
	RpFareSone **H310** (Skred/steinsprang-fare)
	RpStøySone **H220_1og2** (Støysone<1,5m o terreng
	RpBestemmelseGrense (RpJuridiskLinje 1235 - kulturminne)

§3 FELLESFØRESEGNER

a Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet.

b Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.
Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar / anlegg.

c Høgde og utforming av gjerde mot veg skal godkjennast av kommunen. Gjerde mot nabo / fellesareal / veg / friområde må ikkje vere over 80cm. høgt inklusive sokkel.

d Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemurar i eigedomsgrensene

e Alle bustadbygg skal oppførast med tett sålekonstruksjon (radonsperre) i grunnmur.

f Det skal leggast vekt på å opparbeide gode uteareal. Eksisterande trevegetasjon skal så langt som råd takast vare på. Ny vegetasjon skal haldast så lav at den ikkje tek utsikt frå bakanforliggande hus.

g Overskottsmasse skal køyrast vekk.

h Utbyggar har meldeplikt etter § 8.2 i lov om kulturminne dersom det vert avdekka automatisk freda kulturminne innanfor plangrensene. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast**.**

i Detaljert byggeplan før byggeløyve kan gjevast.
Før det kan gjevast løyve til utbygging på dei einskild byggeområde, BK1 og 2, og Fs1 skal det utarbeidast detaljert byggeplan for kvart område. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomta samt utforming og innhald på leikeareal skal visast på byggeplanen.
Det skal utarbeidast 3D-illustrasjonar av husa som del av byggeplanen.
Leikareal:
Innanfor byggeområda skal det settast av min. 50m2 pr bueining til leikeareal med universell standard.
Plassert som vist i reguleringskartet.
Områda skal planleggast ut frå fylgjande retningsliner:

- leikeplassane skal utformast i samsvar med reglane i Rikspolitiske retningsliner om barn og unge og rettleiar til denne.
- areala skal/bør lokaliserast på sør-vest for husa /med gode sol og vindtilhøve
- areala skal vere flate (areal brattare enn 1:3vert ikkje rekna som del av arealkravet) med tilrettelagte soner/stiar som kan trafikkerast med rullestol
- areal smalare enn 10 m skal ikkje reknast inn i leikearealet
- areal sett av til køyreveg, parkering, fareområde, areal lagt med restriksjonar som hindrar barn sin frie leik skal ikkje reknast med.
- nærleikeplassane kan møblerast etter bebuarane sine ynskjer, men skal minimum vere opparbeidd med sandkasse, benk og eit leikeapparat
- nærleikeplassane skal vere opparbeidd før første bustadeining i eit område kan takast i bruk.

Vidareført støyvurdering –dokumentasjon i høve til vilkår i T-1442 :
Støyskjerming mot E39 skal etablerast ved støyvoll mot byggeområda og ved støyskjerm mot område til off. leikeplass (o_Leik - sosi1610) i samsvar med beskrivelse gitt i Støyrapport datert 29.07.2014 utarbeidd av Sweco Norge/Vest Akustikk.
Som del av utarbeiding av detaljert byggeplan for dei ulike byggeområda skal det gjennomførast vidareført støyvurdering og det skal ligge føre dokumentasjon utarbeidd av sakkunnig, som sikrar at alle deler av bygg og uteareal er sikra støytilhøve innan for gjeldande retningsliner i T-1442.
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

J Bestemmelsesområdet på BK_1og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.

K Ved utbygging /anleggsarbeid på område Bk1 og f_leik 3 skal det oppsettast lettgjerde som markerer grensa mellom utbyggingsområda og omsynssone H_730/H_570, som ei fysisk synleg påminning om at dette er område der ein ikkje skal gå inn, ut frå omsynet til automatisk freda kulturminne Idnr 177066.

§4 BEBYGGELSE OG ANLEGG, PBL. §§12-5 nr.1 og 12-7

4.1 Konsentrert bustadbygging (BK_1og2)

a Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for områda BK_1 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles returpunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggast fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen.
Evt avbøtande tiltak mot støy for alle delar av bygga og uteareal skal vere dokumentert av fagkunnig som del av byggeplan. (jf pkt 3 g)
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39.

b Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for område BK_2 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkløysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles retupunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggast fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen. Evt avbøtande tiltak mot støy i 2.høgda skal dokumenterast og godkjennast av fagkunnige i byggeplanen. (jf pkt 3 g)

c I BK_1 og BK_2 kan det førast opp konsentrert bebyggelse med tilhøyrande anlegg som garasje bud ol.
d Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. Bygningar på BK_1 kan oppførast med møne-/gesimshøgd inntil 8 m og mønehøgd inntil 9 m.

På BK_2 kan gesimshøgde på inntil 10.5 m (lavblokker) godtakast. (gesimshøgd målt frå lågaste terrengnivå i front av bygget/hovudfasade).

e Innanfor BK_1 og BK_2 kan maksimal utnyttingsgrad vere 40% BYA.
BK_1 og BK_2 skal ha avkøyrsle frå o_SKV_Gamlevegen.
Avkøyrslene skal plasserast i samsvar med plankartet og utformast i samsvar med reglane i Statens vegvesen si handbok 017.

f Innafor BK_1 og BK_2 skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar pr. bueining – minst ein av desse skal vere i garasje, carport eller parkeringskjellar

g Vidareført støyvurdering vert kravd som del av bygeplan, der plassering og utforming av bygg er klarlagt for å sikra at vilkår i T-1442 vert tilfredsstilt. Ved byggemelding for dei husa i BK_1 og BK_2 som ligg innanfor omsynssona H220- (trafikkstøy) må det leggast ved plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige.
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

h Bestemmelsesområdet på BK_1og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.

i I dei områda av BK_2 som omfattast av faresone ras skal det etablerast avbøtande tiltak.
Skredsikringstiltaka kal planleggast og gjennomføring av tiltak kontrollerast av geolog før bustadbygg kan takast i bruk.

4.2 Frittliggande småhus (FS_1og2)

a På områda FS_1og2 kan det førast opp frittliggande småhus med tilhøyrande anlegg som garasje, bud ol.

b For området FS_1 skal det utarbeidast samla plan som syner plassering med høgder, avkøyrsler og tomtedeling for bustadhusa før bygging. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegrensene som er vist på plankartet. I område merka FS_1 og 2 skal bygningar ha gesimshøgd og mønehøgd innanfor rammene i PBL og byggeforskriftene. Ei friare form som er tilpassa bratt terreng kan også godtakast her.

c Innanfor FS_1 og 2 kan det tillatast utnyttingsgrad på inntil 30% BYA.

d Bustadhusa i FS_1 skal ha garasjer på trafikkareala f_SP_1 og 2.
FS_2 skal ha min 2 P-plassar evt i garasje på eigen grunn.

e I område FS_1,2 skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m2 BYA og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgd enn 3 m og mønehøgd ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

f Innafor FS_1,2 skal det etablerast naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn

g I samband med byggemelding for hus på FS_2 må det leggast fram plan for støydempingstiltak, og fagkunnige skal dokumentere at desse støytiltaka er tilstrekkelege før hus på FS_2 kan takast i bruk.
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

4.3 Felles leikeplass (f_Leik_1-2-3 og 4)

a **f_Leik_1-2** skal vere felles leikeplassar for heile feltet. Terrenget kan berre i moderat grad bearbeidast, men det kan plasserast leikeutstyr/anlegg på **f_Leik_1 og 2** som er knytt til bruken av området. Kommunen skal godkjenne utforminga.

b Det kan ikkje gjerast tiltak på **f_Leik_2** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i nord

c **f_Leik 3-4** skal vere felles nærleikeplassar for h.h.v BK_1 og BK_2 Områda skal ha Universell Standard og avgrensast slik som vist i plankartet med minimum 50 m2 pr. bueining. Areala skal inngå i byggeplanen for BK_1og2 – sjå pkt 4.1.a. Leikeplass / støyvoll i Bk1 må sikrast med gjerde mot E39.

d Bestemmelsesområdet på BK_1og f_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.

4.4 Off. leikeplass - o_Leik (sosi1610)

a o_Leik skal oppretthaldast som offentleg leikeplass. Det kan ikkje gravast, overdekkast , byggast eller gjerast inngrep på plassen innanfor området som er markert som omsynssone H 730/570.
Omsynssona markerer automatisk freda kulturminne med id nr 177066.

b Det må gjennomførast nødvendige avbøtande tiltak mot vegtrafikkstøy for området slik vist i reguleringskart og beskrive i planomtalen. Tiltaka skal tilfredsstille vilkår i RP-retningsliner T-1442 og skal vere dokumentertgodkjennast av fagkunnige.
Støy- og sikringstiltak må tilpassast omsynssone H 730/570.

§5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 nr.2 og 12-7

5.1 Gang-og sykkelveg.

Innafor **o_G/S_1 og 2** skal det etablerast gang- og sykkelveg / fortau med utforming som vist på plankartet.

5.2 Køyreveg

a **o_SKV_Gamlevegen** er offentleg samleveg i området og skal ha utforming som vist på plankartet med køyrebane 4m, gangvegbreidde 3m og kantareal 1,5m på begge sider.

b **f_SKV 1 og 2** er internvegar i byggefeltet og skal vere felles for dei tomtene som grensar til vegen

c Før utbygging i områda BK_1-2 kan skje skal det vere utarbeidd detaljplan for veg og fortau (**o_SKV** og **o_G/S**) forbi utbyggingsområdet, og etablert utbyggingsavtale som sikrar deltaking og kostnadsdeling for utbygging / oppgradering samt kommunal overtaking av veganlegget.

5.3 Parkering (**f_SP_1og2)**

f_SP_1 og 2 skal nyttast som felles garasjetomter for bustadhusa i FS_1. Det kan byggast vanlege dobbeltgarasjer på f_SP_1 og 2

§ 6 Grønstruktur, pbl. §§12-5 nr.3 og 12-7

a **o_GFR_1** er planlagt som offentleg friområde som inngår i gjennomgåande grønstruktur opp mot Kleppåsen.
Friområdet inngår som del av skredsikring (H190), og eksisterande vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje tillatt med flatehogst, men vanleg skogskjøtsel kan godtakast. Innafor området kan det berre tillatast tiltak som har naturleg tilknyting til området sin funksjon som friområde.

b **f_GT** utgjer eit grønt turdrag opp gjennom feltet. Trevegetasjonen skal i størst mogleg grad bevarast på f_GT. Det kan ikkje gjerast tiltak på **f_GT** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i vest

§ 7 Omsynssoner, pbl. § 12-6

7.1 RP SikringSone

a H190_1 inngår som del av skredsikring av området o_GFR_1 og det er forbod mot flatehogst i dette området. Vanleg skogskjøtsel kan tillatast.

b H 140_1,2 utgjer frisiktsonene i kryssa. Innanfor frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane.

7.2 RP StøySone

H220 utgjer støysone (gul sone 1,5m o terreng) for trafikkstøy. I samband med byggeplanen for dei husa som ligg innanfor denne sona må det leggast fram plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige, og fagkunnige skal dokumentere at tilstrekkelege støytiltak er gjennomført før desse husa kan takast i bruk

Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:

-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.

-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».

-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

7.3 RP FareSone (Rasfare)

Innafor H310_1 er det registrert skredfare. Som del av byggeplan for dette området må det gjennomførast naudsynt detaljert skredvurdering av fagkunnig. Bustadbygg eller uteområde for opphald innanfor faresona kan ikkje takast i bruk før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert av geolog.
Sikring av steinar på topp fjellskråning må gjennomførast før utbygging på områdeFS1 og FS2 og f_SP1 og 2 vert sett i gang. Jf geologisk rapport pkt 9, (fig 18).

§ 8 Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10

a Støyvoll langs E39 skal vere bygd før noko bustdbygg kan takast i bruk i feltet.
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39.

b Tilstrekkeleg skredsikring både i byggeperioden og før bygningane blir tekne i bruk må ivaretakast for utbygging innanfor H310_1 i BK2 . Sikringstiltaka skal dokumenterast av fagkunnige.

c Gamlevegen med fortau skal vere ferdigstilt gjennom feltet før noko bustdbygg kan takast i bruk

d Internvegar i feltet med tilhøyrande parkeringsareal og garasjeplassar skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.

e Før bygging kan ta til i område Fs1 og 2 må Nordalsvegen vere opparbeidd til kommunal standard i samsvar med reguleringsplan for Nordalen (planID 1519 2011008) til forbi kryssområdet med f_SKV 2.

f Nærleikeplassane f_Leik_1,2,3 og 4 skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.

g Utbyggingsavtale mellom Utbyggar og kommunen som avklarar ansvarsfordeling og kostnadsdeling knytt til opparbeiding av veg/fortau og annan infrastruktur, og eventuelt grunnlag for kommunal overtaking av slike anlegg skal vere på plass før utbygging på området skal kunne setjast i gang.
I utbyggingsavtale skal også avklarast korleis dokumentasjon for gjennomført skredsikring, og tiltak mot støy er ivareteke gjennom prosjektering og utbygging.
Vilkår for utforming og opparbeiding av friområder/areal for leik skal vere avklara.

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Utviklingssektoren

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/2636	5169/2015	2012011	SVK/ SOH	20.05.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLAN ID 1519 -2012011: FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND

Vi melder med dette frå at formannskapet den 19.05.2015, hadde føre ovannemnde som sak PS 75/15, der det vart gjort slikt vedtak:

Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum -"Strand"- gnr 15/2 m.fl. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:

1. ***Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.***
2. ***Plankartet vert justert slik:***
   Byggeområde BK_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.
   Støyvoll må visast i plankartet.
   Manglande juridiske linjer i tekstfelt– må påførast.
3. ***Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggar sin plan.***
4. ***Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.***
5. ***Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3***
6. ***Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Svein Holmen Arealplanlegging

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda		70058701	939 760 946	3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2012/2636
		Arkivkode:	2012011

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
75/15	Formannskapet	19.05.2015

PLAN ID 1519 -2012011: FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND

Handsaming:

Barn og unge sin representant i plansaker, Berit Koen, var til stades under handsaminga av saka.

Arealplanleggar Per Heltne orienterte om reguleringsplanen.

Det vart halde synfaring i planområdet.

Dan Bjørneset kom med framlegg om å stryke andre og tredje periode i pkt. 2:

~~*Byggområde FS_2 går ut. Og blir del av O_GFr1 og H190.*~~

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt framlegg:

Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.

Ordføraren kom med slikt framlegg til nytt pkt. 3:

Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggar sin plan.

Røysting:

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Dan Bjørneset om å stryke delar av pkt. 2, fekk 6 røyster og vart vedteke, to røysta mot (Margrete Bjerkvik og Gunnar Strøm).

Pkt. 2 – resterande av framlegget frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå ordføraren (nytt pkt. 3) fekk sju røyster og vart vedteke. Gunnar Strøm røysta mot.

Pkt. 3 og 4 (nytt pkt. 4 og 5) i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Gunnar Strøm (nytt pkt. 6) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet - 19.05.2015:

Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum -"Strand"- gnr 15/2 m.fl. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:

1. ***Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.***
2. ***Plankartet vert justert slik:***
   Byggeområde BK_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.
   Støyvoll må visast i plankartet.
   Manglande juridiske linjer i tekstfelt– må påførast.
3. ***Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggar sin plan.***
4. ***Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.***
5. ***Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3***
6. ***Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.***

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum -"Strand"- gnr 15/2 m.fl. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:

1. *Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.*
2. *Plankartet vert justert slik:*
   Byggeområde FS_2 går ut. Og blir del av O_GFr_1 og H190.
   Byggeområde BK_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.
   Støyvoll må visast i plankartet.
   Manglande juridiske linjer i teksfelt– må påførast.
3. *Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.*
4. *Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3*

Uprenta saksvedlegg:
Kommunedelplan Volda sentrum.

Samandrag av saka:
Det er fremja privat reguleringsplan for eit område utlagt til bustadformål i kommunedelplan Volda sentrum, område B60 – Strand del av 15/2 m.fl.
Planframlegget er utarbeidd i samsvar med reglane i plan og bygningslova kap. 12.

Ein legg til grunn at det vert gjennomført synfaring i samband med handsaming av saka.
Etter gjennomgang har ein funne at plan kan fremjast for politisk handsaming sjølv om det er registrert behov for endringar av planframlegget.
Desse endringane kan justerast inn før utlegging av plan til offentleg ettersyn. Jf tilrådinga i saka.
Nærare utgreiing av planframlegget går fram av Planomtale. Kopi av innspel ved oppstartvarsling ligg også ved her.

Saksopplysningar:

Kommunen har motteke framlegg til reguleringsplan for ein del av eigedomen Strand, gnr 15 bnr 1, eit areal som i kommunedelplan Volda sentrum-,Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60.
I kommunedelplan, plan godkjent 18.06.2009, er arealet avsett til bustadformål.

Med grunnlag i Kommunedelplan har grunneigar i samarbeid med plankonsulent teke initiativ til utarbeiding av reguleringsplan for området.

Oppstartmøte vart gjennomført den 12.12.2012. Kopi av referat frå møtet ligg ved.
Her vart fylgjande føresetnader lagt til grunn:

"Kommunedelplanen er utgangspunkt for arbeidet. Eksisterande vegnett skal kunne nyttast, og at ein i planprosessen fastset dimensjoneringskrav og behov/krav til opprusting tilsvarande som for naboeigedomen Gamlevegen 48. (4m gatebreidde-,3m fortau-, 1.5m anna vegområde- og 1.5 m gjerdeavstand. Samla 10m vegområde. Det bør vurderast behov for møteplassar på strekninga.)
Krav om opprusting/kostnadsdeltaking i naudsynt oppgradering av vegnett må fastsettast gjennom utbyggingsavtale.
Kommunaltekniske anlegg:
Volda kommune har planar om opprusting av hovudleidningar for vatn og avløp i Gamlevegen. Kommunaltekniske anlegg elles er dimensjonert slik at dei nye områda kan tilknytast utan vesentlege nye eksterne kostnader. Dimensjonerande kapasitet vil vere krav til brannvatn.
***Byggegrense** mot E39 i utgangspkt. 50 m frå senterline. Avvik /reduksjon etter konkret vurdering/avbøtande tiltak gjennom reguleringsplan etter samråd/avklaring med Statens Vegvesen/M.R.Fylke. Byggegrense langs kommunal veg min.10m frå senterline veg.*

Tilkomst og bebyggelse bør planleggast ut frå ønskje om minst mogeleg sjenanse og konflikt med eksisterande bebyggelse/bumiljø. Som utgangspunkt bør utbygging baserast på tilkomst frå Gamlevegen.
Grøntareal/fellesareal til leik etter konkret vurdering, med min 50m2 pr bueining som utgangspunkt. Dette bør ivareta både småbarnleikeplassar nær bustad og større felles aktivitetsareal.

Mogeleg behov for rasvurdering og avgrensing av byggeareal i høve til dette må avklarast gjennom prosessen."

I tekstdelen til kommunedelplan Volda sentrum er det sagt fylgjande som gjeld også dette området:

"5.2 Nye utbyggingsområde til bustader
Planframlegget legg opp til at Volda sentrum skal utviklast til å verte meir attraktiv for busetting. I planframlegget er det foreslått nye område for bustadbygging som opnar for å kunne tilby ulike typar bustader (einebustader, rekkehus, leilegheiter m.m.), både sentrumsnære og typiske sentrumsbustader, samt tette og varierte bustadområde. Desse ligg ved Andaneset, i Heltne/Brattebergområdet, i Midttun/Myraneområdet, ovanfor Solhøgda, på Rotset, ved Frøholmfeltet og på Mork. I tillegg til desse er det foreslått sentrumsområde med kombinasjon av bustadføremål, industri og forretningsverksemd og i Drivekleppområdet er det opna for spreidd bustadbygging.
Alle bustadområda må utviklast på grunnlag av reguleringsplan.

***B60:** Utviding av Strandeigedomen. Området har ein del utfordringar når det gjeld landskapet. I tillegg vil auka utbygging i området auke trafikken på Gamlevegen. Planforslaget vil vere positivt ved at ein får etablert fleire bustader i nærleiken til sentrum samtidig som det ikkje har særleg negative konsekvensar for landbruket."*

I KU knytt til plan er det her sagt fylgjande om B-60 - området:

"Område nr. 13 B60: Strandeigedomen
Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF - Planlagt ny arealbruk: Bustader, Areal: 18 daa
***Tema:** Helse:*
Realisering av forslaget vil medføre at bustader kan etablerast som utviding av eksisterande bustadområde. Med variasjon av ulike type bustader og universelt utforma uteområde, med tilstrekkelege areal for barn og unge kan ein få til eit godt bumiljø i området. Tilrettelegging av meir areal til bustader vil avhjelpe ein stram bustadmarknad.
Friluftsliv og tilgjenge til uteområde:
Området har ingen registrert verdi som friluftsområde, men ligg inntil friområde. Det er gode mulegheiter for friluftsliv i området.

Tilgjenge til bygningar og tenester:
Store delar av området er svært bratt, noko som kan medføre utfordringar i høve til å innfri kravet om universelt utforma uteområde, tilkomst til og innan bustadområdet.
Bustadområdet vert liggande nokså nær sentrum, sjølv om avstanden kan opplevast som såpass stor at dei fleste vil velje bil til dei daglege gjeremåla.
Dyr- og planteliv:
Det er ikkje registrert verdifullt dyre- og planteliv i området.
Jordbotn, vatn og luft:
Det er lite sannsynleg at utbygging av bustader i området vil medføre negative konsekvensar for jordbotn, vatn og luft. Avløp må koplast til godkjent off. avløpsanlegg.
Klima og energi:
Avstanden til sentrumsområdet og mange kvardagsaktivitetar kan medføra auka grad av privatbilisme sjølv om området ligg nær nok til at mange finn det aktuelt å gå/sykle.
Landskap:
Utvidingsområdet er ein del av grønstrukturen og er ein del av de skogkledde li-sidene som kryp ned mellom busetnaden og ned mot sjøen. Terrenget stig bratt mot ein rygg mot aust som

er grensa mellom Klepp og Nordalen. Inntrykket av landskapselementet som ei markert grense mellom to byggeområde vil verte redusert ved ei større utbygging av området. Terrenget opp mot ryggen vil vere vanskeleg å utnytte og dette vil truleg avgrense utbygginga opp mot dette landskapselementet.
Landbruk:
Området har liten verdi som landbruksareal.
Kulturminne og kulturmiljø:
Det er ikkje kjende kulturminne eller kulturmiljø i området.
Transport og trafikk:
Det bør etablerast ny avkøyring frå Gamlevegen til området. Gamlevegen har funksjon som samleveg, men har ikkje e fortau/ gangveg.
Støy:
Beredskap og ulukkesrisiko:
Grovanalysen av risiko og sårbarheit har ikkje avdekt spesielle risikofaktorar. Ved reguleringsplan eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter.
Vurdering:
Området har ein del utfordringar når det gjeld landskapet. I tillegg vil auka utbygging i området auke trafikken på Gamlevegen. Planforslaget vil vere positivt ved at ein får etablert fleire bustader i nærleiken til sentrum samtidig som det ikkje har særleg negative konsekvensar for landbruket.
Konklusjon: *Delar av området kan leggast ut til bustadføremål. Det må settast krav om reguleringsplan, der det vert lagt vekt på å finne gode løysingar når det gjeld tilkomst til området."*

Planoppstart vart varsla ved kunngjering i Møre og på kommunen si heimeside og ved tilskriving av partar og aktuelle høyringsorgan ved brev av 31.01.2013.
Planprosessen har så langt vore gjennomført i samsvar med gjeldande reglar i PBL.
Kopi av innspel ved førehandsvarsling ligg ved planomtalen.

Vurdering og konklusjon:
Det er gjennomført støyvurdering ut frå trafikksituasjonen på E39 som går forbi området. Støyberekninga er gjennomført av Sweco as. Eg viser til vedlagde rapport datert 29.07.2014. Konklusjonen her er at ved planlagt bygging av støyskjerming ved voll mot E39 vil området kunne bebyggast. Deler av området vil likevel ligge innanfor gul sone. Det må difor gjennom nye berekningar og vurderingar knytt til utbyggingsplan (detaljplan med eksakt byggutforming/plassering og plassering av uteareal/leik mv.) dokumenterast at tilhøva vert tilfredsstillande sett i høve til krava i T-1442.
Krav om dette er lagt inn i reguleringsføresegnene, jf tilråding i saka.
Vist støyvoll i plan er plassert heilt inn mot avsett areal til utviding av E39 med gangveg. Støyvollen ligg langs deler av området på fylling.
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at dette tiltaket kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39. Jf. Framlegg til justering i reguleringsføresegnene i tilrådinga i saka.

Det er i planprosessen også gjennomført geologisk vurdering av området, og rasvurdering. Dette er utført av firma Breiteig Fjordsenter, og er beskrive i rapport frå november 2013, datert 6.12.2013.
Planframlegget er justert og tilpassa ut frå konklusjonane i denne rapporten.

I kommunen si tilråding i saka vert reguleringsføresegnene justerte for ytterlegare å sikre farlege områder i/ved planområdet både før og under utbygging og før bygningar/areal kan takast i bruk.

Både uttaler frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkesmannen og kommunen sin barnerepresentant peikar i sine innspel på omsyn til barn og unge, med omsyn til eigna leikeareal for ulike aldersgrupper, gode trafikkløysingar.
Det er dels lagt til rette for dette gjennom avsette areal i plan og gjennom føresegner til plan.
Dei avsette områda f_leik 1 og 2 og o-AFr gir saman med turvegdraget f_GT eit samla godt tilbod til naturoppleving og leik. Jf også krav i føresegnene til internleikeplassar i byggeområda.
Planlagt turdrag/grøntområde langs vestkanten av området er forma av eit markert høgdedrag, eit fint avgrensande naturområde mellom eksisterande bebyggelse og planlagt utbygging. Ein føresetnad for at både turdraget og leikeområda skal fungere etter intensjon er at byggeområda ikkje vert pressa så langt inn mot dette høgdedraget at det mister sin tiltenkte funksjon. Vi rår difor til at grensa mellom grøntdraget og byggeområdet vert justert mot aust om lag til vist byggelinje i planframlegget, og at denne vert justert tilsvarande. (+4m). jf. Kartskisse.

Eksisterande balløkke på nedsida av Gamlevegen, har tidlegare vore mykje nytta av barna i Frøholmfeltet og Nordalen. Denne er lagt inn i planen med slikt formål, men det bør også gjennom føresegner til plan (rekkefølgjebestemmelse) sikrast at denne vert tilgjengeleg for ein ny generasjon barn og unge, og at den vert skjerma mot støy frå vegen nedanfor. Jf tilrådinga i saka med framlegg til endringar i føresegnene til plan.

Område FS_2 er eit markert høgdedrag (Ås-rygg). Området ligg også innanfor sikringssone for skred (jf restriksjonar hogst).
Området er svært bratt og eksponert og planlagt plassering av bustad her, både tilkomstveg, naudsynt utsprenging av tomt og byggplassering her vil vere uheldig landskapsmessig, og vert ikkje tilrådd. Vi rår til at planområde FS_2 vert teke ut av plan.

Område BK_2 vert som nemnt ovanfor tilrådd justert med områdeavgrensing mot grøntdrag i vest. I tillegg vert det presisert at tilkomst til heile området skal skje frå vist avkøyrsle mot Gamlevegen f_SKV1. Også for eventuelt terassebygg på området.
Føresegnene vert foreslått justert for å sikre dette. Vidare vert føresegnene foreslått endra når det gjeld planlagt byggehøgder i dette området. Det er her lagt opp til inn til 4 etg. Bygg, med maksimal byggehøgde 12m.
Dette vert justert til maksimal byggehøgde (gesims og mønehøgd) 10.5m, målt frå plan kjellargolv (garasjekjellar). Dette gir rom for utbyggingsmodell med to etg pluss kjellar/underetg med garasje/bodplass.(Om lag tilsvarande som er tenkt t.d i Håmyra-området).
Føresegnene er også foreslått justert i høve til rassikringsområde H310, der det er klarare presisert at dokumentasjon for sikring både i høve til utbyggingsperiode og før bustader blir tatt i bruk er inkludert.
Føresegnene knytt til dokumentasjon for støyskjerming er justert, slik at dette vert sikra som del av detaljplan for dei ulike byggeområda.
For Byggeområde BK_1 er det i planframlegget lagt til grunn maksimal gesims og mønehøgd på 9m. I illustrasjon som fylgjer planen er det vist bygg med inntil 2 etg.

Tillate byggehøgd kan ut frå dette reduserast til maks gesimshøgd 6 m og maks mønehøgd 9m. Vi tilrår slik endring.

Elles er planlagt opprusting av Gamlevegen med fortau gjennom planområdet tilfredstillande vist i plan, og det er i føresegnene gitt rekkefølgjebestemmelse knytt til detaljplanlegging av denne, utbyggingsavtale og krav om ferdigstilling før bygg i området kan takast i bruk.

Vi har med grunnlag i vurderingane/konklusjonane ovanfor utarbeidd justert framlegg til reguleringsføresegner for området. Jf. Framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.
Vi rår til at planen vert fremja for offentleg ettersyn med grunnlag i desse endringane og fylgjande justering i plankartet:

Byggeområde FS_2 går ut. Og blir del av O_GFr_1 og H190.
Byggeområde BK_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.
Støyvoll må visast i plankartet.
I teksfelt manglar ein del juridiske linjer – desse må på plass.
I plantittel er nytta betegnelsen Strand gnr15 bnr 30 m.fl. Dette må rettast opp i alle plandokumenta då rett bruksnr er gnr 15 bnr 2 m.fl.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vert avklara gjennom planprosessen.

Økonomiske konsekvensar:
Kommunal deltaking vert avklara gjennom utbyggingsavtale basert på godkjent plan.
Det er sendt ut gebyrkrav for handsaming av privat reguleringsplan i samsvar med gjeldande vedtekter, slik varsla ved førehandskonferanse.
Gebyr er ikkje registrert betalt og ein føreset at dette er gjort før utlegging av plan til offentleg ettersyn.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen vesentlege.

…….

Rune Sjurgard
Rådmann
Utskrift av endeleg vedtak:
Går til sektor Utvikling for utlegging av plan etter oppdaterring i samsvar med vedtaket i saka.

Kopi:
Svein Holmen Arealplanlegging, postboks 319 , 6101 Volda

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
09.07.2015
Dykkar dato
08.06.2015

Vår ref.
2015/3523/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE
Saksnr 2012/2636 Avd OTV
Løpenr. Sbh PH
15 JUL 2015
Arkivdel: Planid
Klassering P: 2012011
Klassering S:

Volda kommune
Reguleringsplan område B60 Strand - gnr15 bnr2 m.fl. - detaljplan - Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Støy
Resultatet av utarbeidd støyrapport må nedfellast i føresegnene, slik at nødvendige tiltak mot støy blir konkretisert. Dette gjeld til dømes høgde på støyvoll og støydempingstiltak i bygningsmassen. Det er ikkje tilstrekkeleg at dette blir utsett til byggesaka, slik det er gjort i dei føresegnene som no ligg føre. Inntil dette er gjort, har vi **motsegn** mot planen.

Samfunnstryggleik
ROS-analysen peiker på at området kan vere utsett for skredfare, og det blir vist til at det må utførast ei geofagleg vurdering av faren. Det kjem ikkje fram i planomtalen at ei slik vurdering er gjennomført, eller resultatet av denne. Først under planføresegnene blir det vist til at ein geofagleg rapport er gjennomført for planområdet. Kommunen bør oppdatere planomtalen slik at planen meir eintydig viser at geofagleg vurdering er gjennomført, og korleis planen tek omsyn til den potensielle skredfaren.

Paragraf 7.3 i føresegnene omhandlar faresone for skred. Vi meiner at andre avsnitt som seier: «*Sikring av steinar på topp fjellskråning må gjennomførast før utbygging på områdeFS1 og FS2 og f_SP1 og 2 vert sett i gang*», bør vere ei rekkefølgjeføresegn, og soleis flyttast til § 8.

Barn og unge
I reguleringsføresegnene punkt 4.1 h, står det at det innanfor BK 1 og BK 2 skal setjast av minimum 50 m2 pr. bueining til leikeareal med universell standard, og at dette skal visast på byggeplanen. Det er viktig at nærleikeplassane BK 1 og BK 2 er plasserte på plankartet allereie no, slik at egna areal blir sikra til nettopp denne bruken. Vidare skal opparbeiding vere sikra gjennom rekkjefølge- og funksjonskrav i føresegnene. Medan rekkefølgje er sikra i føresegnene som ligg føre, er ikkje funksjonskrava tilstrekkelege. Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat. Dette er i tråd med krav i Rikspolitiske retningslinjer og fylkesmannens satsing for å sikre gode oppvekstvilkår for born og unge. Vi har **motsegn** mot planen inntil leikeplassane BK1 og BK 2 er kartfesta og føresegnene endra.

Postadresse: Postboks 2520 6404 Molde
Telefon: 71 25 84 00
E-post: fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/mr
Org.nr: 974 764 067

Når det gjeld felles leikeplassar, Leik 1 og leik 2, står det i punkt 4.3 a i føresegnene at terrenget berre i moderat grad kan bearbeidast, men at det kan plasserast leikeutstyr/anlegg her som er knytt til bruken av området. Vi rår til at føresegnene også her blir klårare m.o.t. utforming og funksjonskrav. Vi rår også til at ferdigstillinga av desse areala blir sikra i rekkefølgjekrava for området, noko som også gjeld nærmiljøanlegget o_AFr.

Konklusjon
Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er endra m.o.t. støysikring og funksjonskrav for leikeplassar, i tillegg til at egna areal til leikeplassane BK 1 og BK 2 er sikra i plankartet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen tlf.: 71 25 84 15

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
10.11.2015
Dykkar dato
03.11.2015

Vår ref.
2013/836/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Volda kommune
Reguleringsplan Strand gnr15 bnr2 m.fl – detaljplan
Trekking av motsegn

Bakgrunn for saka
Fylkesmannen opprettheldt i sitt brev av 23.10.2015 motsegn på bakgrunn av at nærleikeplassane framleis ikkje var vist på plankartet og at nødvendige støytiltak for o_Leik ikkje var sikra i føresegnene.

Barn og unge
Nærleikeplassane f_Leik 3 og f_Leik 4 er no kartfesta og Reguleringsføresegnene §3 punkt i stiller opp krava som gjeld med høve til utforming, funksjon og rekkefølgje.

Støy
Når det gjeld o_Leik skal det ifølgje føresegnene §3 punkt i) skjermast mot støy frå E39 ved å setje opp støyskjerm i samsvar med skildring gitt i utarbeidd støyrapport.

Konklusjon
Planen kan eigengodkjennast når føresegnene sikrar konkrete støytiltak som skal gjennomførast for o_Leik og at støyskjermen er vist på plankartet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Svein Holmen	Posteboks 319	6100	VOLDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Møre og Romsdal fylkeskommune

FYLKESRÅDMANNEN

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/2636	10.06.2015	41202/2015/REGULERINGSPLAN/1519	Johnny Loen, 71 25 82 88	08.07.2015

-

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan Strand, Volda sentrum gbnr 15/1 m.fl. - offentleg ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne
Det vart utført ei arkeologisk registrering i planområdet i 2014. Det vart då gjort funn av to automatisk freda kulturminne idnr 177066 og 177067. Dette er rester etter eldre dyrkningslag som for idnr 177066 i vest er frå yngre bronsealder, medan i aust er funna frå eldre bronsealder. Det er ikkje gjort funn av gravrøys slik planomtalen er inne på, men ei nyare rydningsrøys opp på fossilt dyrkningslag i 177067.

Desse funna ligg i planen i område som er tiltenkt utbygging. Det er av den grunn nødvendig med frigiving etter kulturminnelova § 8, fjerde ledd. For å kunne gjere slikt vedtak, og for dermed å kunne eigengodkjenne planen, må visse endringar gjerast.

Planen slik han er lagt ut ved offentleg høyring legg opp til forenkla frigjeving knytt til offentleg høyring av begge dei lokalitetane. Vern av idnr 177066 kan sameinast med grøntføremål der leik/friluftsføremål er tillate utan inngrep i marka. I planforslaget ligg lokaliteten i o_AFR - nærmiljøanlegg/ballplass. Dette inneber inngrep som er motstridande i forhold til vern. Vi har derfor **motsegn**. Vi ber kommunen/tilakshavar sjå på andre løysingar som kan ivareta både fornminnet og frileik. RpBo-markeringa må i tilfelle erstattast med omsynssone D (H_730), og ikring denne må det også gjerne vere noko omsynsone C (H_570). Av føresegnene må det framgå at dette er automatisk freda kulturminne som det ikkje er lov å skade ved inngrep i grunnen eller dekke til.

For idnr 177067 i BK_1 vil vi kunne gi forenkla dispensasjon når planen samla er tilfredstillande. Vi her merksam på at føresegnsområde (RpBo) skal vere nummererte i planen, og nummereringa skal finnast igjen i føresegna, til dømes slik: "RpBo#1 ID 177067". Føresegnene til RpBo skal ikkje ligge under omsynsonene, men under hovudføremålet som her er BK_1. Dette må rettast opp i plan før planen kan eigengodkjennast og før ein kan fatte vedtak etter kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Inntil desse momenta er tekne omsyn til pliktar vi å reise motsegn til planframlegget. Vi ber om eit avgrensa ettersyn av planforslag som tilfredstiller desse formalia, og der idnr 177066 vonleg er omsynssone. Vi vil då kunne tilrå frigjeving av idnr 177067. Planomtalen må oppdaterast tilsvarande.

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ● Besøksadresse: ● Telefon: 71 25 80 00 ● Telefaks:
e-post: post@mrfylke.no ● www.mrfylke.no

I den samanheng peikar vi også på at kap 5.4 i planomtalen heilt manglar informasjon om dei funna av automatisk freda kulturminne som faktisk er gjort i området. Det er også konkludert i verknadskapitlet 8.4 med at utbygging ikkje vil ha negativ verknad for automatisk freda kulturminne. Sjølv om lovleg gitt dispensasjon ligg til grunn, må det vel vere openbart at fjerning av fornminne er negativt for fornminnet.

Barn og unge
Planen legg opp til tre store leikeareal, det eine offentleg som ballplass (o_AFr), dei andre felles (f_Leik 1 og 2). Som påpeikt i planomtalen er alle i hellande terreng, noko som fordrar terrenginngrep dersom det skal tilretteleggast. Når det gjeld ballpassen, vil dette bli vanskeleg ut frå kulturminneomsyn. Når det gjeld f_Leik 1 og 2 er det positivt med areal til frileik, til dømes aking om vinteren. Liklevel bør det nok stillast krav til at noko av arealet skal tilretteleggast, gitt til dømes at det ikkje er tilrettelagt småbarns-leikeareal for einebustadene i planen.

Det er stilt krav om situasjonsplanar for BK1 og BK2, der ytterlegare leikeareal skal vere eitt av elementa som er pålagt. Primært vil vi kreve at leikeareal vert fastsett som eige føremål i planen. Dette vil gjere arbeidet med å dokumentere eigna kvalitet mykje lett-are. Under visse føresetnader kan vi likevel akseptere ei løysing som i planframlegget, men ikkje slik som det ligg føre no. Vi har derfor **motsegn.** Det er ein hovudgrunn til dette. Arealkravet på 50 kvm per bustadeining er godt, men det er ikkje stilt noko krav om kvalitet på desse areala utover at det skal vere "universell standard". Universell standard betyr berre at her skal vere tilgjenge for alle. Det er med andre ord uklart kva som ligg i kravet om ferdigstilling, slik det er formulert i § 8 d. Det er eit faktum at illu-strasjonane i planomtalen berre representerer ei av mange moglege løysingar for om-rådet. Utan krav til kvalitet i føresegnene, har kommunen liten moglegheit til å gå inn i situasjonsplanane og krevje kvalitet. Dette gjeld solinnfall, storleik, tryggleik, topografi mv.

Illustrasjonane viser ein situasjon for BK_2 som synest å vere godt innanfor rammene av akseptabelt. Det er likevel ikkje sagt noko om kva tal på bustader ein utnyttingsgrad på BYA 40 % kan innebere, eller om illustrasjonen utnyttar potensialet i så måte. Leike-arealet som er teikna kan etter føresegnene dekkje inntil 50 bustader, men det er neppe 50 bustader i skissa og planen kan kanskje opne for meir (sjå planfagleg vurdering). Når det gjeld BK_1 er tomta meir trengt. Her gjeld det same som for BK_2. I tillegg kan det ut frå snitteikning sjå ut som at den innteikna leikeplassen, trass eit stort bruttoareal, er betydeleg smalare enn dei ti metrane som skal til for å kunne reknast som leikeareal, jamfør Rikspolitiske retningsliner om barn og unge og rettleiar til denne.

Verknadskapitlet har eit avsnitt om uteområde og barn og unge. Vi har ikkje merknader til det som kjem fram her, men saknar som nemnt ei betre synleggjering av korleis rammene i planen påverkar barn og unge som skal flytte inn i området. Ein må her dokumentere at planen sine rammer er tilstrekkelege, jamfør også motsegnspunktet ovanfor. Det kunne i tillegg vere sagt noko om skuleveg.

Planfagleg vurdering
Plankart og føresegner "dukkar opp" midt i planomtalen (punkt 6). Vi tek for ordens skuld til vitande at vi har fått oversendt kart og føresegner som eigne dokument i tillegg. Kart, føresegner og planomtale er tre separate element i planen. Kartet og føresegnene høyrer dermed ikkje heime i planomtalen og må takast ut.

Kapitlet om planprosess bør også kortast betydeleg. Premiss som vart gitt i oppstart-møtet med kommunen kan like gjerne inngå i hovudkapittel 2 og øvrige opplysingar om innhald kjem like gjerne fram som del av eksisterande situasjon eller om planforslaget.

Planomtalen er elles godt strukturert og gjer godt greie for tilstøtande reguleringsplanar. Det er også gjort godt greie for eksisterande status innanfor planområdet med kart og illustrasjonar (kapittel 4 og 5). Kapittel 5.4 manglar likevel opplysningar om dei funna som vart gjort ved kulturminnegranskingane (sjå fagmerknad ovanfor). Desse må tilføyast.

Det manglar også opplysingar om talet på bueiningar planen opnar for. Dette talet er vesentleg for vurderinga av verknader, både på skule- og barnehagekapasitet, trafikk-situasjon, barn og unge og nabokonsekvensar. Utnyttingsgrad BYA 40 % i BK2 vil til dømes innebere 5,4 x 0,4 daa i fotavtrykk, parkering innrekna. Det er opna for minst tre høgder, og sjølv med eit solid fråtrekk for andre føremål enn sjølve bygga, vil det vere 5-6000 kvm buflate. Dette kan potensielt romme mange bueningar; fleire enn dei femti som leikeplassen skal dekke.

Konklusjon
Planen er i all hovudsak godt gjennomarbeidd og gir eit godt utgangspunkt for endeleg løysing. Vi har motsegn på to punkt

- utifrå omsynet til dei to automatisk freda kulturminne i planen, fordi det er konflikt mellom fornminne og utbygging inntil eventuelt dispensasjonsvedtak frå kulturminnelova § 8, fjerde ledd ligg føre. Planen er ikkje tilstrekkeleg tilrettelagt for eit slikt vedtak, dels på grunn av formalia i planen, men også fordi vi i utgangspunktet ikkje vil tilrå frigiving av den vestlege lokaliteten og det er motstrid mellom føremål og kulturminneomsyn.

- ut frå omsynet til barn og unge, jamfør rikspolitiske retningsliner om barn og unge, punkt 5 b. Sjå nærare detaljar ovanfor.

Planomtalen må oppdaterast tilsvarande.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva tlf. 71 25 88 67 / 959 45 835

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Møre og Romsdal fylkeskommune

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/2636	03.11.2015	71027/2015/REGULERINGSPLAN/1519	Johnny Loen, 71 25 82 88	04.11.2015

-

Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan Strand, Volda sentrum gbnr 15/1 m.fl. - fråsegn ved avgrensa ettersyn.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne idnr 177067 etter kml § 8 fjerde ledd.

Vi viser til dykkar oversending av justert plankart og føresegner dagsett 3.11.2015.

Innafor reguleringsområdet er det registrert automatisk freda kulturminne i form av fossile dyrkingslag Strand 1 idnr 177066 og Strand 2 idnr 177067. Desse er freda i samsvar med lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd pkt. c Etter kml § 8 fjerde ledd skal ein i samband med handsaminga av reguleringsplan ta stilling til om det kan gjevast løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir berørt av planen. Møre og Romsdal fylkeskommune er rette mynde til å avgjere dispensasjonsspørsmålet i denne saka, i samsvar med Miljøverndepartementet sitt delegasjonsvedtak av 24.3.2011.

Møre og Romsdal fylkeskommune finn etter ei samla vurdering å kunne tillate at reguleringsplan for Strand i Volda kommune blir vedtatt utan vilkår om vidare arkeologisk undersøking av fossilt dyrkningslag idnr 177067 før tiltak etter planen blir realisert. Tilstrekkeleg dokumentasjon er allereie gjennomført i samband med registrering utført av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Idnr 177067 er i plan avmerka som RpbO nr 1 – ID177067. Vi gjer merksam på fylgjande. Føresegna står under føresegn til BK1 som pkt h. I justert plankart ligg området no både i BK1 og f_Leik_3. Føresegna må difor enten stå begge stadar, eller som generell føresegn. Vi ber dykk justere føresegna før vedtak i samsvar med dette. Det vil og gje ei klårare førsegn om de oppgjev i det er gjeve dispensasjon for freding etter kml §§ 3 og 4, gjennom godkjenning av plan, jfr kulturminnelova § 8 fjerde ledd. Slik føresegna står no er det nemnt dispensasjon, utan at ein forstår kva det er dispensasjon for, sidan freding etter kulturminnelova eller fornminne ikkje er nemnt.

Idnr 177066 er regulert til omsynsone H_730. Utanfor denne skal det helst vere H570. Vi har akseptert at dette fall bort mot BK_1, pga dei vanskar det ga å få dette inn. Sidan førre plankart har altså f_Leik_3 kome inn som del av grannearealmot aust, på kostnad av BK_1. Vi ber om at ei mindre omsynsone c) med H_570 vert lagt inn mot f_Leik 3.

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde ● Besøksadresse: Julsundvegen 9 ● Telefon: 71 25 80 00 ● Telefaks:
e-post: post@mrfylke.no ● www.mrfylke.no

Vi ynskjer også eit lettgjerde oppsett under utbygginga mellom BK_1/F_Leik 3 på eine sida og O_Leik/ omsynsona jfr vårt svar på førre henvendelse dagsett 21.10.15. Dette kan vi ikkje sjå har kome inn i føresegn. Dette gjerdet vil minske risikoen for at det skjer inngrep i fornminnet under arbeidet, då det utgjer ei fysisk synleg påminning for dei som bygg at her kan dei ikkje gå inn. Dette har ofte vist seg naudsynt, det er i alle si interesse og vi tilrår på det sterkaste at de tek eit slikt moderat krav inn i føresegn.

Motsegn er etter dette å forstå som trekt.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar
Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva tlf. 71 25 88 67

Vedlegg:
-Kart stempla Møre og Romsdal fylkeskommune og datert 4.11.2015.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her
Fornminneseksjonen, Universitetsmuseet i Bergen, Postboks 7800, 5020 Bergen
Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo

Møre og Romsdal fylkeskommune

Oversiktsplan omsøkt tiltak:

Gard:	Strand
Gardsnummer:	15
Bruksnummer:	2
Kommune:	Volda
Fylke:	Møre og Romsdal
Kulturminneid:	177067
Kulturminnetype:	Fossilt dyrkningslag
Dispensasjonsdato:	04.11.2015





Molde, 04.11.2015

Ø. Klevra

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
FYLKESKULTURSJEFEN

Noregs vassdrags- og energidirektorat

NVE

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Vår dato: 13.07.2015
Vår ref.: 201301004-5
Arkiv: 323
Dykkar dato: 08.06.2015
Dykkar ref.: 2012/2636

Sakshandsamar:
Terje Systad

Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan område B60 Strand - Volda kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 8.6.2015. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for B60 Strand. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader.

I samband med planarbeidet har Breiteig Fjordsenter gjennomført ei skredfarevurdering og identifisert skråningar som er utsett for steinsprang. Ei skråning er markert som ei omsynssone i plankartet. Til omsynssona er det krav om at det ikkje kan ferdigstillast bustadbygg innanfor faresona før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert av geolog. Eit skogsområde i den meir skredutsette delen av planområdet er regulert som lagt inn som sikringssone med forbod mot flatehogst for ikkje å auke skredfaren.

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Statens vegvesen

Volda kommune
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:	Sakshandsamar/innvalsnr:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Per Norvald Walderhaug -	2013/031724-003	2012/2636	29.06.2015

E39 - Volda kommune - Detaljplan - Strand gnr. 15 bnr. 2 m fl. - Offentleg ettersyn - Uttale

Vi viser til e-post datert 10.6.2015 med oversending av dokument til offentleg ettersyn for reguleringsplan Strand gnr. 15 bnr. 2 m. fl.

Statens vegvesen registrerer at trafikkstøy er behandla i reguleringsføresegnene §4, og at eit avbøtande tiltak er bygging av ein kontinuerleg støyvoll langs etter europaveg 39. Tiltaket er og eit rekkjefølgjekrav i §8, som seier at støyvollen skal vere bygd før noko bustadbygg kan takast i bruk. Elles vert vidareført støyvurdering kravd som del av byggeplan der plassering og utforming av bygg er klarlagt for å sikre at vilkår i Miljøverndepartementets Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) for å sikre at grenseverdiar for innan- og utandørs trafikkstøy vert teke i vare.

Statens vegvesen meiner at forholdet vedrørande vegtrafikkstøy er tilfredsstillande teke i vare i framlagt reguleringsføresegner og at vidare støyvurdering vert kravd ved seinare byggesaks-behandling.
Byggegrense mot europavegen er satt til 12m. Avstand til vegmidte E39 bør settast til 15m då lina likevel ser ut til å verte liggjande i planlagt støyvoll.

Statens vegvesen har utifrå sitt ansvarsområde ingen andre merknader enn dei som er nemnd ovanfor.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

for Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Per Norvald Walderhaug

Kopi: Fylkesmannen
Fylkeskommunen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Siv.ing. Svein Holmen AREALPLANLEGGING

Boks 319
6101 Volda

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/2636	1747/2013	2012011	SVK/ SOH	12.02.2013

MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERNIGSPLAN FOR STRAND GNR/BR.NR 15/1, 2, 7, 18, 30, 52 OG 54 I VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at Kommunalt råd for funksjonshemma den 11.02.2013, hadde føre ovannemnde som sak PS 4/13, der det vart gjort slikt vedtak:

FUNK oppmodar utbyggjar om at der ein ikkje kan oppnå universell standar, likevel kan universell utforming ligge til grunn for planarbeidet.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Kopi til:
Per Heltne

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Siv.ing. Svein Holmen AREALPLANLEGGING

Boks 319
6101 Volda

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/2636	1746/2013	2012011	SVK/ SOH	12.02.2013

MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERNIGSPLAN FOR STRAND GNR/BR.NR 15/1, 2, 7, 18, 30, 52 OG 54 I VOLDA KOMMUNE

Vi melder med dette frå at Eldrerådet den 11.02.2013, hadde føre ovannemnde som sak PS 4/13, der det vart gjort slikt vedtak:

Eldrerådet ser positivt på at Strandfeltet vert utbygd.

Eldrerådet ser likevel store utfordringar i manglande standard på tilkomst til feltet, eks. Gamlevegen.

Eldrerådet ber kommunen sjå på dei to reguleringsplanane for Norddal og Strand i samanheng når det gjeld traffikale tilhøve.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no
Telefon: Telefaks: 70058701
www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda

Postmottak Volda Kommune
Stormyra 2
6101 Volda

Dykkar saksnr: 2012/2636 Vår ref: Petter Bjørdal Dato: 15.07.15

Sak: Reguleringsplan for STRAND i Volda Kommune.

Vi vil vise til reguleringsplan for Strand i Volda Kommune som no er ute på høyring.

I det vidare reguleringsarbeidet ber vi om følgjande:

1. At det vert sett av plass og opparbeida felles oppstillingsplass for renovasjonsbehaldarar i tilknytning til fSP1 for bustadane i FS1 og FS2.

2. At snuplass for SKV 2 er stor nok for lastebil til å snu på også vinterstid.

3. Det må setjast av felles plass til avfallsbehaldarar ved innkøyrslene til BK1 og BK2. Vi minner i den samanheng om at renovasjonsforskriftene § 7c krev at avfallsbehaldarar skal stå lett tilgjengeleg på fast og flatt underlag fritt for portstolpar og liknande 1-3 meter frå vegkant på hentedag med fri løftehøgde for innhenting med mekanisk arm.

MVH

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Ola A. Rangsæter
Nordalsvegen 13
6102 VOLDA
olarang@gmail.com

postmottak@volda.kommune.no

MERKNAD TIL PLANFRAMLEGG - PLAN 1519-2012011, B60 STRAND

Viser til utsende plandokument, og til innspel i forvarslinga. Etter å ha sett gjennom reguleringsframlegget, har eg følgjande innspel:

1. Gjennomgangstrafikken gjennom Frøholmfeltet ser ut til å verte mindre enn frykta ut frå Strand-utbygginga. Med kun 3 hus i øvre del av planområdet, vert det ikkje nokon dramatisk auke i talet på bilar gjennom Nordalsvegen og Øggardsvegen. Her vil ei eventuell realisering av Nordals-reguleringa medføre ei mykje større ulempe for Frøholmfeltet.
2. Pleieheimskrysset er eit svært farleg kryss, sikt- og reaksjonsområdet på Gamlevegen og E39 er kort og trangt, og dette gjeld sjøl om stamvegstatus på Ørstavegen forhåpentleg fell bort om nokre år. Særleg i utbyggingsperioden med tungbiltrafikk i krysset, vert det skapt ei stor trafikkfare når storbilar som skal svinge av Ørstavegen opp i Gamlevegen ofte må stanse for motgåande trafikk. Faren for kjedekollisjon mot svingen ved Klippa er dramatisk! Mine framlegg vil vere at Volda kommune søkjer Vegvesenet om å få sette opp skilting med forvarsling av kryss/farleg avkøyrsle utanfor svingen ved Klippa, slik at trafikk i retning Volda vert varsla om potensiell stillestående kø rett bak svingen. Likeeeins bør ein få Vegvesenet/fylket til å prioritere ei forbikøyringslomme i krysset ved å få hand om delar av parkeringsplassen/innkøyringa til Pleieheimen.
3. Med bakgrunn i punkt 2, og med visning til planomtale av gjennomkøyringsforbod i Gamlevegen, vil eg presisere at det er viktig at eit slikt gjennomkøyringsforbod vert gjeldande frå krysset Ørstavegen/E39-Gamlevegen, slik at trafikken frå Frøholmfeltet ikkje vert tvungen ned i Pleieheimskrysset. Særleg i rushtrafikken og rundt tidene med ferjekøer er det viktig at trafikken frå Frøholmfeltet/Nordalen kan gå via Gamlevegen. Volda kommune kan umogleg tvinge trafikk ned i dette livsfarlege krysset i større grad enn i dag. Ei utbygging av Strandfeltet vil også gje ei større belastning og større risiko i dette krysset, men den totale risikoen kan reduserast ved å gjennomføre tiltak som eg nemner i pkt. 2.
4. Ser ein vekk frå det trafikkproblematiske Pleieheimskrysset, ser utbygginga på Strand ut til å kunne verte ein fin tilvekst i busetnaden i denne delen av Volda. Ei opprusting av Gamlevegen vil vere ein fordel også for eksisterande busetnad i området.

Dette innspelet bygger på argumentasjon kring det trafikale i området, som eg har fått medhald i frå dei fleste av naboane i Frøholmfeltet ved tidlegare innspel. Utover dette, står eg sjøl for innhaldet i innspelet til denne planen, og ønskjer lukke til med realiseringa.

Nordalsvegen, 21.6.15

Beste helsing
Ola A. Rangsæter

Viser til høyringsdokumenta som er datert 08.06.15., med frist til 25.7.

Reguleringsplankartet som er utsendt utan at planlagt bebyggelse eller internvegar i i BK 1 eller BK 2 er vist, men i framlegget side 33 og 34 er det skiserte utkast som ikkje er juridisk bindande. Grunna dette er det umuleg å ta stilling til planen, då heller ikkje avkøyringspunkt er vist på det juridisk bindande kartgrunnlaget.

om planen skulle verte vedteken omlag som plankartet no ligg føre legg vi til grunn at det vert stilt krav om at det vert utarbeidt ein detaljert bebyggelseplan for felta innafor BK1 og BK 2,med høyringar, og seinare politisk vedtak på bebyggelseplanen for dei enkelte områda.

Byggehøgder/ avstandar- I framlegget er det i i BK2 området gjort framlegg om at gesimshøgde på 12 m kan godtakast og med byggjegrense på 4 m frå nabogrense. 12 m gesimshøgde betyr 4 etasjers bygg som kan plasserast tett inntil nabogrense. Ei gesimshøgde på 9 m som for BK 1 , vil vere meir itråd med dei praksis som er etablert i område og også med tanke på branntryggleik. Vi forutset at krav til byggjehøgde og avstand til nasbogrense vil vert kravd spesifisert i ein detalj bebyggelseplan for BK- områda, slik at berørte partar får anledning til å kommentere konkrete planar der bebyggelse, vegar, avkøyrsle,avstandar og høgder er spesifisert. Om ikkje bør planen utsetjast slik at dette kan taskast inn i det reguleringskartet.

Ved så høg utnyttinngsgrad som 40 % for BK areala og byggjehøgde som skisert bør byggjeastanden til nabo vere minst 5-6 m, og spesielt vest for eksiterande bebyggelse.

Ei skilting med gjennomkøyring forbudt av Gamlevegen, vil vi som sist det var reguleringsframlegg i Gamlevegen, vere positiv til.

Vi forutset ei positiv vurdering av våre kommentarar.

Med helsing

Hake AS- Vikebygdvegen 4- 6103 Volda

Øyvind Eidså

Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast
www.avast.com

Sonja Håvik

Fra: ingelid [ingelid@tussa.com]
Sendt: 25. juli 2015 17:01
Til: Postmottak@volda.kummune.no
Emne: Sak-nr 2012/2636 Strand reguleringsplan

Merknader til reguleringsplan område B60 Strand, sak nr 2012/2636.

Leik 2:
Flott at den gamle steingarden vert teken vare på. Her må ein også sikre mot leikeplassen slik at barn ikkje klatrar og får stein over seg. Eit godt gjerde er truleg beste løysinga.

Køyreveg:
Tilkomst til FS1 og FS2.
Før utbygging av disse områda kan skje må vegen SKV 1 frå enden av Nordalsvegen og til SKV 2 opprustast til dagens standard for bilvegar.

Mvh
Inge Lid

Merknad til sak 2012/2636.

Har ikkje noko i mot utbygging av bustader i volda sentrum slik planlagt her, men foreslår følgjande føresetnader før godkjenning.

Reguler trafikken gjennom Gamlevegen med bom.

Bommen bør settast utanfor Gamlevegen 48. Sykkel etc må kunne passere på utsida. Dette vil løyse problemet med for stor trafikk i Gamlevegen og spare kommunen og innbygjarane store kostnader. Er kjend med at krysset ved pleieheimen er farleg og at ein ikkje vil sluse meir trafikk inn på her, men i samarbeid med utbyggar / byggherre ev. fylke må dette kunne la seg løyse. Det er viktig å bevare Gamlevegen som ei trygg ferdselåre for mjuke trafikantar. Vegen er mykje bruk av syklistar og gåande. Å ruste opp og utvide med fortau etc er oppskrifta på meir trafikk. Dette er svært kostbart og gje mindre nytte, då trafikken vil auke. Hugs ! Gamlevegen stort sett ein veg for dei som bur der, - og få andre. Ei opprusting og utviding av vegen med fortau vil bli dyrt og krevjande.

"……..Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen."

Rådmannen vil såleis rå til at kommunestyret oppnemner eit breitt samansett politisk arbeidsutval, som får som mandat å avklare kommunen sine behov og muligheiter i ei oppfølging av resultata frå arbeidsgruppene nemnt ovanfor. I dette arbeidet må involverast privat sektor (næringsliv og frivilligheita) og andre offentlege aktørar (stat (HVO/statsbygg)/fylkeskommune). I dette arbeidet må det sjåast på tiltak på kort sikt og tiltak på lang sikt, innafor berekraftige /realistiske rammer.

Helse og miljøkonsekvensar:
Er vurdert i sakene 38/15 og 82/15.

Økonomiske konsekvensar:
Volda kommune er nyleg kome ut av ROBEK-registeret. I etterkant har kommunestyret vedteke bygging av Øyra skule, og økonomiplanen viser at Volda kommune vil kome opp i 1 milliard i gjeld i 2018. Ny idrettshall og ev kulturelle arenaer som kino mv er da ikkje med i dette gjeldsbildet, m.a.o ikkje innarbeidd i gjeldande økonomiplan. Kommunestyret må vere budd på at det må skapast eit handlingsrom dersom slike anlegg skal prioriterast. I eit samarbeid med Høgskulen og ev andre partar, må kommunen vere tydeleg på at det er viktig å tenkje både heilskapleg og langsiktig, og at dette samtidig inneber at kommunen si deltaking må baserast på berekraftig økonomi der utbyggingar med kommunal deltaking bør kunne byggjast i fleire byggjesteg. Resultat av prosessane frå arbeidsgruppene, vert å kome attende til i eigne saker og i budsjett- og økonomiplanarbeidet for perioden 2017 - 2020.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Betra lokalitetar er med å høgne beredskapen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2014/1913
		Arkivkode:	A60

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

CAMPUSUTVIKLINGSPROSJEKTET VED HØGSKULEN I VOLDA

Administrasjonen si tilråding:

1. **Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.**

2. **Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.**

3. **Kommunestyret ser det som ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet. Eventuelle skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.**

4. **Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.**

Vedleggsliste:

1. Campusutviklingsplan for Høgskule i Volda – Sluttrapport
2. Høgskulestyret sine prioriteringar

Uprenta saksvedlegg:

F-sak 189/14, møte 21.10.14
www.hivolda.no
www.studiebygda.no

Samandrag av saka:
Det vert rådd til at kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda- sluttrapport- til vitende, og at kommunen signaliserer aktiv deltaking i utvikling av høgskulen vidare.

Saksopplysningar:
Infrastrukturen har lenge vore eit problem for HVO. Skulen slit med både manglande areal og areal som i liten grad er tilpassa dagens krav og undervisningsformer. I etatsstyringsmøte med KD for eit par år sidan fekk skulen råd om gjere ein analyse av infrastrukturen før dei kunne kome tilbake for å diskutere mogelege planar om nybygg.

HVO bestemte seg for å gjennomføre eit campusutviklingsprosjekt og tok kontakt med Statsbygg, som har lang røynsle med å gjennomføre slike prosjekt. Statsbygg stilte med prosjektmedarbeidar. De vart etablerte ei styringsgruppe, engasjerte ein prosjektsekretær og tre arbeidsgrupper der aktuelle samarbeidspartar vart inviterte med i prosjektet. Prosessen starta med eit seminar oktober 2014 og vart avslutta med eit sluttmøte i april 2015 i samsvar med framdriftsplanen. Kommunen har vore representert i både styringsgruppa og arbeidsgrupper.

Vurdering og konklusjon:
Rapporten, som følgjer som *vedlegg 1*, gir eit godt grunnlag for utvikle campus i StudiebygdA til ein attraktiv studieplass i åra framover. I kapitel 6 er det gjort framlegg om ein god del strategiar og tiltak. Høgskulestyret har i sitt møte 4.6.15 vedteke ei liste over tiltak dei meiner er dei viktigaste å realisere, jfr. *vedlegg 2*. Når det gjeld framdrifta har dei tenkt at ikkje alt kan gjerast med ein gong.

Høgskulen i Volda er umåteleg viktig for Volda og regionen; skulen er ein stor arbeidsgjevar med over 300 høgt kvalifiserte medarbeidarar. Skulen har hatt ein sterk auke i studenttalet dei siste åra og har no nær 4000 studentar, av desse er om lag 2200 på campus. Møreforsking og studentsamskipnaden er også lokaliserte her som følgje av at HVO ligg i Volda. Samla generer dette ei omsetjing i regionen for om lag 650 million kroner. Dei mange kulturelle aktivitetane som har sitt utspring i høgskulen er med på å gjere regionen vår attraktiv.

Etablering av ulike firma innafor dei kreative næringane i samråd med Sunnmøre Kulturnæringshage AS, er anna døme på "spin-off" frå dei ulike studieretningane ved skulen. Pr. i dag er det omlag 20 ulike bedrifter etablert, med bortimot 50 kompetansearbeidsplassar.

Gjennom StudiebygdA-prosjektet har ein igjen fått stadfesta kor viktig Høgskulen er i Volda-samfunnet. Konkret har den delen av prosjektet som gjeld Høgskulen og kommunen utvikla felles forståing av situasjonen og utfordringar når det gjeld utvikling av campus, og ein er no i overgangen frå avslutninga av prosjektet over på initieringsfasen på ein prosess for planlegging og utbygging for å utvikle høgskulen i kommunen og regionen. StudiebygdA-prosjektet vert no vidareført gjennom ein "Partnerskapsavtale", der føremålet er å *"samarbeide om å utvikle og styrke Volda som ein attraktiv stad for utdanning og kompetanseheving*", og der visjonen er : *StudiebygdA – ein møteplass for å dele og lære av kvarandre."* Samarbeidet i partnerskapen skal byggje på kjerneverdiane:

Samspel - Mangfald - Idéar - Læring (SMIL).

Rådmannen har tidlegare signalisert at Volda kommune bør vere interessert i ei nærare samarbeid med HVO når det gjeld planlegging av eit "medieringsbygg", jfr. strategi 1 og 4 i *vedlegg 2.* Kommunen bør på nytt signalisere interesse for deltaking i ein slik prosess, der det kan avklarast om kommunale tiltak kan sjå si løysing i eit slikt samarbeid/bygg. Sameleis

stadfeste interesse for deltaking i strategiane 4 og 9: etableringa av kunnskapspark, og elles i dei strategiar der kommunen sin medverknad er ynskjeleg.

Bygging av nytt undervisningsbygg er først og fremst eit prosjekt i høgskuleregi. Kommunen kan delta som partner for å løyse ev kommunale og samfunnsmessige behov. Det er i rapporten peikt på kino og ev kulturanlegg. Dette må vurderast ut frå ein heilskapleg strategi og på nivå som er realistisk for kommunen å vere med på. Eventuell ombygging av Aasenbygget til kunnskapspark vil vere ei typisk partnerskapsprosjekt med kopling mellom offentlege og næringsliv.
Høgskulen må ha realisert sine utbyggingar innan 2020 når dagens leigeavtaler for høgskulen sine bygg går ut. Dette har samanheng med nye leigevilkår og finansieringsordningar som kan nyttast gjennom Statsbygg. Det er derfor viktig med kontinuitet i prosessen. Rådmannen ser det ynskeleg at Høgskulen inviterer kommunen, Studentsamskipnaden og andre aktuelle samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliserast til campusområdet.

Helse og miljøkonsekvensar:
Den nye folkehelselova pålegg kommunane å tenkje "helse i alt vi gjer". Eit godt samarbeid mellom kommune og HVO vil kunne vere med på å auke trivselen, ikkje minst for studentar og tilsette.

Økonomiske konsekvensar:
Vert å kome attende til i budsjett og økonomiplanar framover.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Fleire og betre bygg er eit gode for beredskapen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Høgskulen i Volda
Boks 500
6101 Volda.

CAMPUSUTVIKLINGSPLAN FOR HØGSKULEN I VOLDA

Sluttrapport

HØGSKULEN I VOLDA

STATSBYGG

Føreord

”Hus treng folk – folk treng hus” heiter det i songen. Det gjeld også for ein institusjon som Høgskulen i Volda. Sjølv om undervisning og forsking i høg grad er ”åndsverksemd”, har dei fysiske rammevilkåra mykje å seie.

Høgskulen har lenge hatt knapt med areal i høve til talet på studentar og tilsette. Nokre av husa er svært gode, men ein del av kjerneverksemda går føre seg i lokale som ikkje stettar dei krava det er rimeleg å stille i 2015. Det estetiske, bruken av uteområda inkludert parkeringsutfordringane er også sider som har kalla på nytenking.

I arbeidet med denne campusutviklingsplanen har svært mange vore involverte – og somme har gjort ekstra store innsatsar. Eg nyttar høvet her til å takke for alle spennande og konstruktive innspel både gjennom arbeidsgruppene og på andre måtar. Ei særleg takk er det på sin plass å rette til Statsbygg: Dei vi har hatt å gjere med i denne prosessen, frå avdelingane både i Oslo og i Trondheim, har vore særs hjelpsame og innstilte på å yte gode tenester. Eg er glad for at Statsbygg har lova å støtte oss også i oppfølginga av planen.

Strukturane i norsk forsking og høgare utdanning er i endring. Det er vanskeleg å spå om kor lenge Høgskulen i Volda vil halde fram med den organiseringa vi har i dag. Men alle gode krefter vil vere opptekne av å vidareutvikle høgare utdanning, forsking, utviklingsarbeid og formidling her. Ein av føresetnadene er då tenlege lokale og eit triveleg høgskuleområde som spelar aktivt på lag med bygda og regionen.

Med denne campusutviklingsplanen skal det vere lagt eit godt grunnlag for vidare målretta arbeid med å setje StudiebygdA Volda på kartet både nasjonalt og internasjonalt!

Høgskulen i Volda, 20. mai 2015,

Per Halse, rektor.

INNHALD

1 Innleiing 6

1.1 Bakgrunn/føremål 6

1.2 Beskrivelse av prosess og organisering 6

2 Campusutvikling, trender og utviklingstrekk 8

2.1 Moderne campusutvikling 8

2.2 Læringsformer, teknologi og utforming av campus og bygningar 8

2.3 Høgskulane si rolle i samfunnet 9

3 Beskrivelse avdagens campus ..... Feil! Bokmerke er ikke definert.

3.1 Undervisning og forskning 10

3.2 Dagens campus med omgivelser ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

3.3 Byplanmessige forhold 17

3.4 Interaksjon mellom høgskulen og lokalmiljøet 19

4 Identifiserte behov og Analyser 21

4.1 Behov 21

4.2 Bygg 21

4.3 Campus/uteområder, stadanalyse 26

4.4 Omgivnadar, tilhøve til tettstaden og sentrum 29

4.5 Høgskulen i samhandling med lokalsamfunn og næringsliv 30

5 Høgskulen og det nye utdanningslandskapet 32

6 Morgondagens campus Volda 33

6.1 Visjon 33

6.2 Strategiar 33

6.3 Tiltak tilknytt strategiane 34

6.4 Strategisk arealkart 38

6.5 Oppfølging av strategiar og tiltak, prioritering og ansvar ..... **Feil! Bokmerke er ikke definert.**

7 VEDLEGG 40

Samandrag

Høgskuleområdet i Volda har mange kvalitetar som brukarane ikkje alltid er like medvitne om. Campusen er open og romsleg med vakkert utsyn. Nokre av bygningane er moderne og svært tenlege til føremåla sine, men ikkje alle. Medieutdanningane som er flaggskip for institusjonen er spreidde i fleire hus med til dels dårleg standard, og den internasjonalt respekterte animasjonslinja arbeider i tronge bomberom.

Høgskulen har bruk for fleire og meir fleksible undervisningslokale som er tilpassa krava til god formidling i tida framover. Campusutviklingsplanen peikar på behova både for eit nytt mediehus og for oppgradering av eksisterande bygningsmasse. Planen syner vidare korleis uteområda kan gjerast meir attraktive og korleis kollektivtilbodet og parkeringsløysingane bør forbetrast.

Utdanningslandskap i endring

Volda kan ikkje kvile på laurbæra som tradisjonsrik studiebygd, men må ta omsyn til endringane som skjer i samfunnet generelt og i universitets- og høgskulesektoren spesielt. Pågåande reformer legg opp til større einingar som lett kan verke sentraliserande. Same kva strukturendringar Høgskulen i Volda måtte bli del av i åra som kjem, er det avgjerande viktig å gjere studiestaden og tilboda her så attraktive som råd både for studentar og tilsette. Ein open og tiltrekkjande campus er viktig i så måte.

Eit anna vesentleg utviklingsdrag er digitaliseringa og auka etterspurnad etter fleksible løysingar for livslang læring. I etter- og vidareutdanningsmarknaden er det stor konkurranse, og både tekniske og fagleg-pedagogiske løysingar må vere oppdaterte med høg kvalitet for at høgskulen skal halde på og vidareutvikle rolla si i regionen.

Visjon, strategiar og tiltak

I prosessen med denne planen kom ein fram til følgjande visjon for prosjektet: ”Kompetanse for framtida, i StudiebygdA”. Visjonen framhevar den intime koplinga mellom primæroppgåvene i undervisning og forsking med miljøet for læring i heile lokalsamfunnet.

Planen munnar ut i heile tolv strategiar med tilhøyrande tiltak (kap. 6). Nokre av tiltaka kostar lite og vil kunne gjennomførast raskt. Andre krev meir arbeid og større investeringar. Av prioriterte ”lågthengande frukter” kan her nemnast oppgradering av uteområda, betre skilting og meir tenlege bussruter. Mellom dei meir krevjande prosjekta prioriterer planen å raskt setje ned ei gruppe til å skissere behov og romprogram for eit nytt mediehus.

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn/føremål

Høgskulen i Volda (HVO) er den største høgskulen i Møre og Romsdal. Han er svært viktig både for lokalsamfunnet og regionen. Høgskulen er ein stor arbeidsgjevar med over 300 høgt kvalifiserte medarbeidarar. Vi har hatt ein sterk auke i studenttalet dei siste åra og har no nær 4000 studentar, av dei er om lag 2200 på campus. Møreforsking og Studentsamskipnaden for Sunnmøre er også lokaliserte her som følgje av at HVO ligg i Volda. Samla generer dette ei omsetjing i regionen for om lag 650 million kroner. Dei mange kulturelle aktivitetane som har sitt utspring i høgskulen er med på å gjere distriktet vårt attraktivt.

Leiinga for høgskulen har stor tru på at HVO vil utvikle seg vidare. Ein ønskjer å utvikle eit innovativt senter for formidling med tidsmessige lokalitetar og oppdatert utstyr. Dersom vi framleis skal vere ein attraktiv høgskule, må vi starte no med å planleggje for framtida. Vi har m.a. ein del bygningar som ikkje møter dagens krav til eit godt læringsmiljø. Vi ser behovet for ein gjennomgang av heile campus: arealbehov, nybygg, trafikk- og parkeringsløysingar, uteområde og anna. Eit slikt prosjekt er også eit høve til å diskutere høgskulen si rolle i regionen. Kva muligheiter har vi i samarbeid med det private og det offentlege arbeidslivet så vel som med kulturlivet? Vi ønskjer mellom anna å sjå på sjansane for sambruk av lokale og andre ressursar.

1.2 Prosess og organisering

Arbeidet har vore utført gjennom ein brei samarbeidsprosess. Følgjande grupper har vore med:



Figur 1 Organisering av campusarbeidet. Dei tre arbeidsgruppene sine temaområde er viste.

Mandat for gruppene og gruppesamansetjing er vist i vedlegg til rapporten. Høgskulegruppa har hatt eit hovudansvar for å sjå på kva profil studietilboda bør ha på lang sikt. Lokalmiljøgruppa har sett på høgskulen si rolle i lokalsamfunnet, og dei har vurdert mogelege synergieffektar ved meir samarbeid mellom HVO og andre aktørar i regionen. Arealgruppa si oppgåve har vore å sjå nærare på utviklinga av høgskuleområdet i åra framover; både uteområda og bygningsmessige behov.

Campusutviklingsprosessen starta med eit seminar 13. oktober 2014 der ein gjekk gjennom kva ein campusutviklings-plan er og kva arbeid det vart forventa at gruppene skulle gjere. Gruppene hadde så fleire møte før midtvegsmøtet 29. januar 2015. På dette møtet blei eksisterande situasjon innanfor dei ulike arbeidsområda gjennomgått. I tillegg ga gruppene innspel til visjon og strategiar for campusplanen. Styringsgruppa hadde så eit møte der ein la føringar for det vidare arbeid.

Arbeidsutvalet har sett saman rapport frå arbeidet basert på innspel frå gruppene og prioriteringar frå styringsgruppa. Eit utkast til rapport har vore på høyring før sluttmøtet 15. april 2015. Diskusjonar og prioriteringar på det møtet, og på styringsgruppa sitt avsluttande møte, utgjer grunnlaget for denne endelege campusutviklingsplanen.



Figur 2 Arbeidsprosess i campusprosjektet

2 CAMPUSUTVIKLING, TRENDAR OG UTVIKLINGSDRAG

2.1 Moderne campusutvikling

Kvalitet i utdanning og forsking handlar i stor grad om gode studieopplegg, forsking og lærekrefter. Utdanning har vorte ein internasjonal konkurransemarknad. Rundt omkring i verda ser vi i aukande grad at attraktive og gode bygg og campusar blir ein potensiell konkurransefordel i kampen om dei beste studentane og forskarane. Det vert satsa meir enn før på å heve kvaliteten også på dei fysiske omgjevnadene. I Danmark har ein til dømes vedteke ei campuslov og utvikla ein eigen metodikk for campusplanlegging.

Gjennom ein campusutviklingsplan blir både aktiviteten ved høgskulane, samhandlinga med lokalsamfunnet og dei fysiske omgjevnadane vurderte og tiltak vert foreslegne.

Statsbygg eig og driftar bygg og areal for universitet og høgskular på 35 ulike campus. Statsbygg har dei seinare åra i samarbeid med høgskular, universitet og lokalsamfunn utarbeidd 12 campus-utviklingsplanar. Slike planar medverkar til at dei aktuelle områda vert utvikla meir målretta gjennom ein felles langsiktig plan.

Ein god høgskule har høg kvalitet på studietilbod og forsking, og ein god campus er ein stad der folk finn seg til rette gjennom store delar av døgeret. Då må det vere fleire møteplassar inne og ute og gode areal for læring. Ein god campus er open også for innbyggjarane i samfunnet rundt, og området bør samhandle tett med næringsliv og lokalsamfunn.

2.2 Læringsformer, teknologi og utforming av campus og bygningar

Universiteta og høgskulane sine læringsformer er i endring:

- Meir fjernundervisning og MOOC (massive open online courses); ikkje alle studentar er på campus kvar dag
- Meir bruk av teknologi i undervisning og oppgåveløysing
- Mindre bruk av lesesalar, meir bruk av grupperom, meir behov for uformelle møtestadar i «mellomroma».
- Meir etter- og vidareutdanning

I perioden 2006-13 har talet på fleksible studietilbod stige med 28 prosent i Noreg – og talet på fleksible studentar har auka med 38 %. Dette er studentar som gjennomfører studiet ein annan stad enn på den aktuelle institusjonen; anten ved at studiet går føre seg t.d. i utlandet eller ved undervisning på nettkurs. Talet på studentar som gjennomfører slik undervisning har dei siste seks åra vore på 6-7 pst. av den totale studentmassen.

Talet på studentar som tar etter- og vidareutdanning (livslang læring) er framleis relativt lite, men her er det venta vidare vekst i etterspunaden. Tidspunktet for undervisninga, og måten undervisninga går føre seg på, vil vere annleis i vidareutdanninga enn for heiltidsstudentar. Det vil her vere meir aktuelt med kvelds- og helgeundervisning og meir bruk av fjernundervisning basert på IKT. Korleis HVO ligg an i høve til dette blir skildra i kap. 3.1.

Dei nemnde endringane har følgjer for korleis bygg og uteområde blir utforma. Bygg og campus bør vere tilpassa den forma for undervisning og bruk som til ei kvar tid er aktuell.

2.3 Høgskulane si rolle i samfunnet

Høgskulane og universiteta si rolle som formidlar og deltakar i samfunnsdebatten er blitt vektlagt meir og meir dei seinare åra. Det vert forventa at høgskulane opnar seg for samfunnet rundt, inviterer bygdefolket inn på sine tilbod og arrangerer møte og kurs. Slik er skulane med og fremjar folkeopplysning og opne debattar. Fleire av dei leiande universiteta i verda er svært aktive i så måte, og det er vurdert som eit kvalitetsteikn.

Figur 3 Forskingsdagane inneheld mange arrangement der Høgskulen sine tilsette og studentar formidlar forsking og vitskap ut til alle som er interesserte

3 HØGSKULEOMRÅDET I DAG

3.1 Undervisning og forskning

3.1.1 Faktaopplysingar

Total tal studentar: På campus Nettstudentar Fjernstudentar	3705 2689 (452 master- og 2237 bachelorstudentar) 883 133
Tal internasjonale studentar:	210 (inkludert i totaltalet)
Tal studietilbod:	188 (femnar om alle studieprogram: master-, og bachelorutdanningar, årsstudium, vidareutdanningar på ulike nivå og av ulikt omfang og fleksible studietilbod som til dømes nett- og deltidsstudium)
Tal fleksible studietilbod:	70
Tal tilsette:	ca. 305 (derav om lag 195 vitskapleg tilsette)
Tal førstestillingar:	ca. 83 (derav 19 toppstillingar)

Figur 4 Studentar i arbeid!

Volda lærarhøgskule og Distriktshøgskulen i Møre og Romsdal, Volda, vart slegne saman til Høgskulen i Volda i 1994.

I 1998 fekk høgskulen eit nytt hus som batt saman dei to tidlegere institusjonane. Dette Berte Kanutte-huset ga ein liten auke i talet på undervisningsrom med to nye auditorium (220 sitteplassar), to klasserom med plass til om lag 30 studentar i kvart og fleire datarom. Sidan 1998 har vi ikkje fått nye undervisningsrom sjølv om studenttalet har auka frå om lag 2800 i 1998 til 3700 i 2014. I 1998 hadde vi rundt 50 studieprogram. Innføringa av kvalitetsreforma i 2002 gav oss fleire fullmakter og høve til å starte eigne studieprogram utan godkjenning frå departementet. Det førte til ein stor auke i talet på studieprogram – i Volda som andre stader. HVO har også satsa mykje på utvikling av fleksible studium, og vi har no 188 studium i alt.

3.1.2 Fagprofil

Høgskulen i Volda er den største av dei tre høgskulane i Møre og Romsdal og har ein langstrekt, men samla campus. HVO er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen. Dei nasjonale satsingsområda våre er:

- Yrkesretta medieutdanning
- Nynorsk i utdanning, forsking og formidling
- Fleksible vidareutdanningstilbod

Høgskulen har ein brei samansett studieportefølje. HVO er ein av dei få høgskulane som har halde på og vidareført dei praktisk-estetiske faga ved å opprette bachelorgradar i musikk, kunst og handverk, drama/teater, friluftsliv og idrett. Skulen tilbyr profesjonsutdanningar og skal dekkje landsdelen sine behov for utdanning til viktige yrke i velferdsstaten. Sidan 2006 har vi utdanna nesten 1200 lærarar (allmennlærar, lærarar med praktisk pedagogisk-utdanning og grunnskulelærarar),738 sosialarbeidarar (barnevernspedagogar og sosionomar), 416 journalistar og 355 masterkandidatar.

Medieutdanningane ved HVO

Medieutdanningane ved HVO har eit godt renommé, er nasjonalt kjende, har mange søkjarar og studentar som gjennomfører med gode resultat. Mediefagmiljøa har i tillegg til det teoretiske fokuset lagt stor vekt på at dei skal vere mest mogleg relevante for arbeidet som venter i profesjonelle redaksjonar. Utdanningane er difor organiserte med interne praksisperiodar i realistiske redaksjons- og produksjonsmiljø med tett fagleg oppfølging og rettleiing. Dette er svært ressurskrevjande, men også eit viktig særtrekk ved medieutdanningane ved Høgskulen i Volda. Møreforsking gjennomførde ei undersøking i 2013, og ho syner at kandidatane opplever utdanningane som relevante og nyttige nå dei melder seg på arbeidsmarknaden.

Lærarutdanningane ved HVO

Lærarutdanningane er særs viktige for HVO. Ein stor del av vidareutdanningane våre er også knytte til lærarutdanning, og utan ei solid grunnutdanning vil vi ikkje kunne stette krava for oppdatering og livslang læring. Grunnskulelærarutdanninga (GLU) vil bli masterutdanning frå 2017. Dette inneber ein auke i studenttalet og fleire studentgrupper – noko som krev fleire undervisningslokale. Det inneber også ein auke i talet på tilsette – og dermed behov for fleire kontor.

Sidan GLU blir master, er det grunn til å tru at det blir same krav til å drifte PPU. Ambisjonen er at vi skal tilby PPU på masternivå når det kravet kjem. Det er viktig både for å dekkje behova for lærarar i regionen og for halde oppe og vidareutvikle dei gode fagmiljøa.

Sosialfaga

Utviklinga i velferdstenestene med samhandlingsreforma, endringar i NAV, vektlegging av tverrprofesjonelt samarbeid og krav om meir spesialisert kompetanse, er ei utfordring for sosialfaga. Endringane stiller nye forventningar om innhald og opplegg for utdanningane. Det vert meir vekt på praksisnær og klientrelatert kompetanse, behov for meir kunnskap om og erfaring med tverr-profesjonelt samarbeid og truleg også etterkvart utviding av studia til masternivå. Dette vil krevje fleire undervisnings- og grupperom.

Master- og doktorgrad

HVO har seks mastergrader og ein doktorgrad i Helse og sosialfag saman med Høgskolen i Molde.

HVO er på den eine sida prega av stabilitet i studietilbod og fagleg profil. Samstundes har profilen stadig blitt spissa og gjort tydelegare. Som nemnt ovanfor har høgskulen vekst på fleire område.

Internasjonalisering

Internasjonale perspektiv, språk og kulturforståing er i aukande grad relevant for dei som skal ut i arbeidslivet.

Ikkje alle studentar har høve til å studere i utlandet. Internasjonalisering handlar difor også om internasjonalisering heime. Å ha mange internasjonale studentar på campus verkar positivt til dette. Høgskulen i Volda har, samanlikna med tilsvarande institusjonar, mange inn- og utreisande studentar. HVO har laga ein møtestad for internasjonale- og norske studentar, Pangaia, der ein internasjonal trainee er til stades for samtale, støtte og rettleiing. I tillegg har vi internasjonal klubb, internasjonale kveldar, buddy-veka, turar og andre sosiale tiltak. Dette er viktig for at vi skal lukkast med å ta vare på dei internasjonale studentane og gi dei ei god oppleving av studietida i Volda.

3.1.3 Forsking

I FoU-omgrepet ligg både forsking og utviklingsarbeid. Høgskulen i Volda er ein forskingsintensiv høgskule med høg kompetanse i staben og høg forskingsproduksjon etter nasjonale kriterium. Mesteparten av dei knapt 200 tilsette i faglege stillingar ved høgskulen driv eiga forsking i større eller mindre grad.

Delen tilsette som publiserer forskingsresultat har auka dei siste åra – i takt med at kompetanse-nivået også aukar. Ca 50 prosent av dei fagleg tilsette har førstekompetanse eller høgare. I eit fem-års perspektiv ligg HVO blant dei fem øvste høgskulane på lista for gjennomsnittleg forskings-publisering.

Mesteparten av forskinga ved høgskulen er innanfor samfunnsvitskaplege og humanistiske fag. Forskingsaktiviteten har difor i liten grad vore avhengig av spesialrom. Han vil for dei fleste tilsette gå føre seg på dei vanlege arbeidsplassane. Når det gjeld kunstfag, idrettsfag og mediefag vil det i ein viss grad vere behov for spesialrom for utviklingsarbeid og forsking. Forskarar ved Møreforsking i Volda held til i ein eigen paviljong. Desse forskarane samarbeider om felles prosjekt og har også eit fagleg fellesskap basert på utdanning og arbeidsområde.

Det typiske forskingslandskapet ved Høgskulen i Volda er kontor og kontorlandskap med møte- og seminarrom.

Auka studentdeltaking i forskingsaktivitetar.

I strategiplanen står det at auka studentdeltaking i forskingsaktiviteten er eitt av fire særlege mål for åra 2015-2018.

Eit unytta potensial ligg her i spesialroma for medie- og kulturproduksjonar. Ved AKF er det spesialrom for musikk, drama, idrett og kunst/handverksfag. FoU-aktiviteten ved avdelinga er under oppbygging, og dei nemnde lokala har potensial for å kunne bli spennande arenaer for FoU-arbeid. Ved AMF er det store areal retta inn mot profesjonsutdanningane i journalistikk, PR kommunikasjon, animasjon og dokumentar. Desse er bygde opp som redaksjons- og produksjonslokale.

3.2 Høgskuleområdet og omgjevnadene

3.2.1 Bygg

HVO disponerer per februar 2015 desse husa:

Hus	m^2	merknad
Idrettsbygget	4270	Symjehall, gymsalar, AKF MID 300m^2 i kjellar

Kaarstad-huset 1922	2100	Undervisningsrom, spesialrom og grupperom
Kaarstad-huset 1982/2002	3720	AKF spesialrom, kontorfløy AKF i påbygg frå 2002
Nedretun	340	Kontor for AKF idrett og friluftsliv
Berte Kanutte-huset	8240	Bibliotek, kantine, kontor AHL og fellesadministrasjonen, undervisningsrom, spesialrom, grupperom
Synnøve Riste-huset	1400	Kontor AHL, lager i kjellar
Hans Strøm-huset	4340	Kontor ASH i 0. og 3. etg, undervisningsrom, AMF spesialrom
Ivar Aasen-huset	2300	Kontor AMF i 2. etg, bokhandel, undervisningsrom og spesialrom
A-paviljongen	160	Undervisningsrom, sakralrom
B-paviljongen	160	Kontor
C-paviljongen	280	Undervisningsrom, kontor, studentorganisasjonar
Lettbygget	550	Kontor
Sum	**27860**	

Figur 5 Campus Volda. Omtrentleg avgrensning av campusområdet med grøn stipla strek

3.2.2 Uteområde ved Kaarstad-huset:

Figur 6 Kaarstad-området. Til høgre: frukost i Kaarstad-parken

Framom Kaarstad 1922 var det ein prydhage. Han er framleis fin, men ikkje halden som prydhage. Det finst blomar, buskar og benkar der. Mellom Kaarstad og Nedretun renn ein bekk.
Framom Kaarstad 1982/2002 og Nedretun er det to grusbaner som vert brukte i undervisninga på Idrett og friluftsliv. Det er ikkje bruk for to baner no. Framom Nedretun er det ein «leikejungel» som er mykje brukt av borna på Øyra skule og av born i stroket rundt.

Aust for Nedretun er det tre parkeringsplassar og ein grasbakke. Bakken er delt av gang- og sykkelvegen som fungerer som kommunikasjonsakse aus–vest på campus.

3.2.3 Uteområde ved Berte Kanutte-huset



Figur 7 Berte Kanutte-området

Figur 8 Ei roleg stund i parken

Området rundt Berte Kanutte-huset vert halde ved like som grasbakke. Vest for kantina er det ein uteplass med benkar for om lag 20 personar.

Framom Berte Kanutte-huset er det ein gang- og sykkelveg som del av aust-vest-aksen. Sør-aust for Berte Kanutte-huset renn ein bekk, og der eg laga til ein dam nord for brua.

I sør-austre del av området er det rundkøyring for av- og påstiging og fire parkeringsplassar.

3.2.4 Uteområde ved Strøm og Aasen-husa

Figur 9 Strøm- og Aasen-området

Figur 10 Hans Strøm-huset

Nord for Lettbygget og paviljongane renn ein bekk. Rundt og mellom husa er det plenar eller grasbakkar. Mellom Strøm og Aasen-huset er det ein uteplass mot sør med sitteplassar. Aust for Aasen-huset er det parkeringsplassar og sykkelstativ.

3.2.5 Kommunikasjon inne på campus

Til fots vil kommunikasjonen aust-vest skje som visti Figur 11: For studentar og tilsette som vist med raud linje (gjennom husa), og utandørs som vist med blå linje.

Denne løypa kan også brukast med rullestol – med unnatak for utgangen i Kaarstad 1922 mot Idrettsbygget. Ein rullestol må trille ut frå mellombygget mot nord og forbi Kaarstad 1922 på baksida. Bakken mellom Nedretun og Kaarstad 1982/2002 er kort og bratt og langt over hellingskravet for rullestol. Her er det planlagt ein rampe bak Nedretun. Traséen har brukbar standard, men burde kanskje vore stramma opp litt og skilta.



Figur 11 Kommunikasjon innandørs gjennom campus for studentar og tilsette vist med raud farge. Kommunikasjon utandørs og med sykkel vist med blå farge.



Figur 12 Parkering på campus. Dagens vegtilkomstar viste med raude trekantar. Hovudtilkomst gjennom Joplassvegen lengst nede.

Parkeringa på campus skjer i dag relativt spreidd, sjå figur 12 ovanfor. Det er og fleire tilkomstvegar inn til dei ulike delane av campus i dag.

3.2.6 Omgjevnader



Figur 13 Volda sentrum med butikkar innanfor fiolett felt. Stipla line viser vanlege gangvegar mellom sentrum og høgskuleområdet. Grøne sirklar er studentbustadar og gule sirklar viser andre student-funksjonar.

Dei fleste butikkar og andre sentrumsfunksjonar er plasserte som vist med raud ring. Gangavstand frå høgskulen er 700 – 900 meter.

Gangavstand frå Berte Kanutte-huset til bussterminalen i sentrum er ca. 800 meter og frå Kaarstad 1922 er det ca. 700 meter. Det er ikkje skilta eller merka korleis ein skal kome seg til høgskulen frå bussterminalen, og for heilt ukjende kan det vere vanskeleg å finne kortaste vegen.

For bilistar er det skilta til høgskulen frå E39 til Berte Kanutte-huset. Det burde nok i tillegg vore skilta til høgskulen frå sentrum.

Det går ringrute frå bussterminalen forbi høgskulen til bustadområda nord og aust for campus. For buss til høgskulen er «beste» stoppestad aust for Aasen-huset. Han er ikkje tilrettelagt eller skilta, og han forsvinn når Volda-tunnelen vert bygd. Dersom ein stig på bussen der for å kome til sentrum, blir ein med ringruta til bustadfelta før ho så går mot sentrum.
Det er også ein busstopp ved Idrettsbygget, men han er berre aktuell for transport til sentrum.

3.2.7 Studentbustader og funksjonar for Studentsamskipnaden

Studentbustadane er lokaliserte nær campus: Porse og Røysmarka mellom campus og sentrum; Heltne og Myrane i kort avstand aust for campus.

Figur 13 viser også andre studentrelaterte funksjonar. Studentbarnehagen er plassert tett ved høgskulen. Samskipnadens administrasjon er uheldig plassert utanfor campus på andre sida av E39 og utan god vegkryssing for fotgjengarar. Det har vore fleire møte om denne utfordringa med mellom anna Statens vegvesen utan at det er noko god løysing i sikte.

Studenthuset Rokken er lokalisert i Volda sentrum med nærleik til bussterminal, kjøpesenter og Stamina treningssenter.

3.3 Byplanmessige forhold

3.3.1 Kommuneplanens arealdel

Figur 14 Kommunedelplan for Volda sentrum

Kommunedelplanen for Volda sentrum av 18.6.09 seier at i ein etter kvart konsentrert tettstad som Volda sentrum er, vil det vere naudsynt å sikre tilstrekkeleg areal til dei offentlege funksjonane. Vi har store offentlege institusjonar som sjukehuset og høgskulen, i tillegg til den kommunale verksemda, som vi må syte for har det arealet dei til ei kvar tid treng. For høgskulen sin del er det sett av areal til offentlege føremål slik utsnitt av planen syner, jfr. figur 14. Skravuret vil seie at reguleringsplan for området framleis gjeld (sjå nedanfor).

3.3.2 Gjeldande reguleringsplanar

Reguleringsplan for Røysmarka av 02.03.95 er vist i figur 14. Høgskulen ligg innanfor områda O1, O2, O4 og O5 i reguleringsplanen.

Reguleringsføresegnene seier:



Figur 15 Del av kommunedelplan for ny Volda-tunnel, vedteken av kommunestyret

«Områda merka O1, O2 og O4 skal nyttast til høgskuleområde. O5 skal nyttast som tilleggsareal for Øyra skule. O6 skal nyttast til ballplass. O7 skal nyttast til ekspansjonsareal for høgskulen eller ev. andre offentlege skuleformål.»

3.3.3 Pågåande reguleringsprosessar

I austre del av området, mot rundkøyringa, ligg det no føre ny kommunedelplan for E39-Voldatunnel. Planane her viser at innkøyrsla til høgskuleområdet ved Aasen-huset vil bli fjerna. Ho er føreslege erstatta med ny innkøyring via vegen Nytun. Det vil bli utarbeidd reguleringsplan for området.

3.3.4 Anna utviklingsarbeid

Volda kommune førebur no revisjon av kommuneplanen. Her er det under arbeid eit "utfordrings-notat" som inneheld ein gjennomgang av samfunnsutviklinga i Volda – og som peikar på utfordringar for kommunen i planperioden.

Vidare har kommunen, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune gått saman om eit sentrumsutviklingsprosjekt, der det no er under arbeid ein utviklingsplan. Denne skal representere eit langsiktig og heilskapleg verkty for utviklinga av Volda sentrum som attraktiv handelsstad, skule-stad, bu- og arbeidsstad.



Figur 16 Gjeldande reguleringsplan for høgskule-området.

3.4 Interaksjon mellom høgskulen og lokalmiljøet

Gjennom støtte til festivalar og andre opne arrangement verkar HVO til bulyst i Volda-samfunnet. HVO stiller med lokale, trykkeritenester, PR-kompetanse, teknisk kompetanse og logistikkhjelp til større arrangement. Fagtilsette og studentar er ein viktig del av frivilligapparatet kring større arrangement både i Volda og i kommunane rundt.

Potensialet for slik interaksjon er større enn det HVO leverer i dag. Det er gildt med festivalar, og dei er gode fyrtårn gjennom året, men det er verdt å merke seg at det er arbeidet på det jamne som er viktigast for eit velfungerande student- og arbeidsmiljø. Konkret bør det satsast meir på til rette-legging for møteplassar mellom fastbuande og studentar. Gode døme på dette er SfS-tiltaka Stamina treningssenter, Studenthuset Rokken og StudiebygdA-julefesten.

Lokalsamfunnet og det private næringslivet er også gode støttespelarar til HVO-initierte og studentdrivne tiltak. For eit velfungerande student- og arbeidsmiljø er det viktig at både kommunen og frivillige organisasjonar støttar opp om kvarandre sine tiltak. Gode døme på dette er X2, Den norske dokumentarfilmfestivalen, idrettslag, korps og anna lagsarbeid. Dei sosiale sidene ved lokale praksisplassar og samarbeid om ulike arrangement og prosjekt (fagleg og ikkje-fagleg) er avgjerande for god interaksjon mellom lokalmiljøet og høgskulen.

Kommunikasjon mellom HVO og bygda kan aldri bli for god, og denne kontinuerlege prosessen vil alltid ha eit forbetringspotensial. Erfaringane frå bulystprosjektet StudiebygdA viser at toppstyrte interaksjonsprosjekt har vanskar med å nå målsettingane og skape varige positive endringar.

Studenttinget har framheva dei studentinitierte arrangementa X2, Dokfilm, Doc Lounge, VEKA og Fadderveka som gode døme på interaksjonen mellom studentar og fastbuande. Likevel ser ein behov for at HVO utanom studentane må delta i større grad. Det trengst for at arrangementa skal kunne

fungere optimalt i åra framover. Eit stikkord som studentane heile tida tek fram er forbetrings-potensialet for kommunikasjon mellom avdelingane og sjølve institusjonen ut mot lokalsamfunnet.

Studentane bidreg mykje til interaksjon med lokalsamfunnet gjennom all deltaking i generelt lagsliv, spesielt innan idretten. Studentorganisasjonane er flinke til å tenke utanfor student-bobla og inkludere lokalmiljøet. Døme her er RE:ACT sitt samarbeid med flyktningemottaket og Natura som stadig vekk inkluderer lokale innbyggjarar på arrangementa. Sjølv om det er mykje positivt rundt dagens situasjon ønskjer STIV at samarbeidet skal bli enda sterkare, spesielt med tanke på næringslivet i lokalsamfunnet og HVO.

Rekrutteringa av studentar til Høgskulen i Volda er ofte basert på informasjon via "folkemunne". Med det meiner vi at det er studentmiljøet som dreg store delar av studentmassen til Volda. HVO er heilt avhengige av vidare tilstrøyming av studentar for å oppretthalde og vidareutvikle tilboda våre for framtida.

4 IDENTIFISERTE BEHOV OG ANALYSAR

Etter oppstartmøtet har kvar av gruppene jobba med ulike oppgåver i samsvar med mandata dei fekk. Kvar for seg har ein skildra no-situasjonen, diskutert utfordringane og foreslått strategiar og tiltak. På midtvegsmøtet vart innspela til visjon, strategiar og tiltak lagt fram og diskuterte.

Det har også vore viktig å fokusere på dei kvalitetane Høgskulen i Volda har – slik at dei kan framhevast og forsterkast. Strategiane og tiltaka held seg samstundes til trendar og utviklingsdrag i UH-sektoren generelt. I kap. 1.2 vart prosessen omtala nærare.

4.1 Behov

Følgjande behov vart spela inn frå leiinga ved høgskulen ved oppstart av campusprosjektet:

Forventningar frå Høgskulen i Volda

1. Vi forventar at prosjektet skal synleggjere kva muligheiter HVO og aktuelle samarbeidspartnarar (som t.d. Samskipnaden, Møreforsking, Volda kommune, Kulturnæringshagen) har til å utvikle eit styrka kompetansemiljø i Volda.
2. Campus må leggast til rette for fleksibel og variert bruk der randsoneverksemd som t.d. Kulturnæringshagen kan bli ein naturleg del. Det bør også leggast til rette for bruk av areala/bygga ut over vanleg dagtid, t.d. for kulturtilbod til folk i regionen.
3. Campus (bygga) må vere tilpassa nye lærings- og kommunikasjonsformer.
4. Prosjektet må analysere arealbehovet til HVO
5. Prosjektet må vurdere fysiske/funksjonelle tilhøve (uteområde, bygningar).
6. Prosjektet må lage skisse til erstatningsbygg for Ivar Aasen-huset (gjerne i form av eit signalbygg), paviljongane og kome med framlegg til korleis ein kan få dekt behov for meir areal.
7. Prosjektet må vurdere behovet for parkeringsplassar og trafikkløysingar til og frå campus (moglege konsekvensar av Voldatunnelen) og kryssing av vegen til SfS sine kontor.
8. Prosjektet må sikre areal i nærleiken av HVO for framtidig utbygging.

4.2 Bygg

Campusplanlegginga har hatt fokus både på effektiv bruk av eksisterande bygg og evt. behov for nybygg. For å vurdere bruken av eksisterande bygningsmasse er det gjennomført ei såkalla «Usability»-utgreiing.

4.2.1 Usabilityundersøking

Under arbeidet i arealgruppa kom det tidleg fram at opplevinga av brukskvalitet ved høgskulen var eit tema. Styringsgruppa vedtok derfor tidleg i prosjektet at det skulle gjennomførast ein analyse av brukskvaliteten for høgskulen sine bygningar. Arbeidet blei lagt til arealgruppa, og på oppdrag frå

Statsbygg (5. januar 2015) har Narud Stokke Wiig Sivilarkitekter AS gjennomført ei evaluering av Høgskulen i Volda. Evalueringa kjem som innspel til høgskulen sitt strategiarbeid og Campus-utviklingsprosjekt, og det er gjennomført over ein fem-vekers periode i januar/februar 2015.

Til grunn for studia er i tillegg til føresetnadane frå Statsbygg lagt manualen «USEtool, evaluering av brukskvalitet» (NTNU/Sintef 2009). Brukskvaliteten i bygga er eit viktig mål på kor godt bygningane er tilpassa den aktiviteten som går føre seg i dei.

Det blei gjennomført to møte med brukarar i perioden. Det første møtet var for å definere omfanget og fokusområde for studien. Ein konkluderte med at mykje av campusområdet fungerer svært bra. For å nytte samla kompetanse og tid best mogleg blei det avgjort at studien sitt hovudfokus skulle vere:

***Tema 1**: Brukskvalitet ift. Lærarutdanninga sitt areal med hovudvekt på tiltak i Gamle Kaarstad; eksisterande areal, brukars innmelde behov (juli 2014) og pågåande plan-utfordringar og potensial.*

***Funn:** Funna for tema 1 Lærarutdanninga, er at tilgjengeleg areal er greitt nok og Nye Kaarstad fungerer godt. Gamle Kaarstad sitt interiør held ein låg kvalitet med noko nedslitne overflater, gjenbygde/nedbygde himlingsløysingar, ingen ventilasjon og til dels dårleg funksjonalitet i rom og utdatert og plasskrevjande møblering. Det er i tillegg sett i gang eit etterlengta prosjekt for oppgradering av ventilasjon. Det kunne med fordel vurderast om bygget burde sjåast under eitt der ventilasjonsprosjektet koordinerast mot brukar sine andre rombehov, samt ei vurdering av eksisterande bygningspotensial.*

***Tema 2:** Brukskvalitet ift. Mediefaga sine areal med utgangspunkt i eksisterande bruk, og gjennomgang av kva areal ein evt. nyetablering av funksjonen bør ha, dette som et utgangspunkt for vidare diskusjon.*

***Funn:** Funna for tema 2 Mediefaga, var at Ivar Aasenbygget synast å vere i så dårleg stand at det blei valt å gå vidare med ein studie av kva eit nytt mediebygg burde innehalde.*

Funna kan summerast opp med at med renoverte areal i Gamle Kaarstad og eit nytt bygg med nye areal og erstatningsareal for Ivar Aasen-huset vil høgskulen vere godt rusta for framtidig bruk etter dagens aktivitetsnivå.

Figur 17 Kaarstad 1922, der ventilasjonsanlegg no skal leggjast inn.

4.2.2 Behov for nytt bygg for formidling

I diskusjonen om framtidig struktur i UH-sektoren har Høgskulen i Volda streka under at vi har som mål å fornye og vidareutvikle posisjonen vår som akademisk kunnskapsformidlar. Høgskulen har over tid satsa på pedagogikk, journalistikk og kreative uttrykksformer. Med utgangspunkt i dette har HVO ambisjonar om å utvikle eit innovativt senter for formidling med tidsmessige lokalitetar og oppdatert utstyr.

HVO har behov for erstatningsbygg for Aasen-huset som i dag husar Avdeling for mediefag (AMF). Ein del av AMF sine aktivitetar går også føre seg i Strøm-huset. Eit nybygg bør i størst mogleg grad gi rom for alle mediefaglege aktivitetar. Huset bør innehalde redaksjonslokale, radio- og fjernsynsstudio og produksjonsfasilitetar for ulike typar formidling. Dersom mediefaga på HVO skal samlast og Seksjon for MKT i AKF skal vere ein del av dette, bør også det takast omsyn til. Eventuelle frigjorde areal i Strøm og Idrettsbygget kan nyttast til å dekkje det generelle behovet for undervisningsareal og kontor.

Det er gjort ulike reknestykke for romprogram for eit nytt bygg, bl.a. gjennom arbeid i arealgruppa og gjennom Usability-studia. Dei førebelse romprogramma har ulik storleik – alt etter kva funksjonar som er lagde inn. Ein viktig strategi i campusutviklingsplanen er strategi 4: «Etablere nybygg som dekkjer dokumenterte behov». Som tiltak vert det foreslått å setje ned ei arbeidsgruppe som skal lage ei skisse til eit nybygg for mediefaga. Meir grundig rom- og funksjonsprogrammering må gjerast der.

Figur 18 Animasjonsstudent i arbeid

Figur 19 Premiert kortfilm av Volda-student

Ved utbygging av undervisningslokale på campusområdet bør også potensialet for eit sambruks-konsept som inneheld kino og eventuelt andre kulturhusfunksjonar vurderast. Med ei slik løysing vil ikkje kommunen ha behov for kino i Samfunnshuset. Ei sambruksløysing vil kunne innebere undervisningsrom på dagtid og kino/kultursal på kveldstid Dette passar godt med omsyn til HVO sitt behov for lokale som er spesialtilpassa moderne formidling.

HVO samarbeider med Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet og Møre og Romsdal fylke om å drifte Seanse – senter for kunstproduksjon. Senteret har behov for ei fast lokalisering med prøve- og produksjonsrom for kunstnarar og visningsarenaer for kunst i vidaste forstand.

Det er ønske om eit opplevingssenter for medieutviklinga i Volda, helst med utstilling av utstyr frå det tidlegaste til det siste moderne, dvs. eit opplevingssenter der ein kan sjå utviklinga, sjå filmar og prøve å gjere opptak med seg sjølv. Ønsket er å lage noko liknande som opplevingssentera i VG, NRK, Ulstein Group osv. I det minste bør vi få på plass faste lokale for NAC (Norwegian Animation Center) som førebels held til i eit forretningslokale i Hamnegata i Volda.

Kommunen leiger for tida lokale for læringssenter (grunnskuleopplæring for vaksne og norsk-undervisning for flyktningar) på Hamna dagsenter. Dette er ei teneste som ville falle naturleg inn i miljøet på høgskulen. Skal det vere gevinstar for kommunen i å flytte denne tenesta, må det liggje til rette for gode sambruksfunksjonar.

HVO treng vidare spesialrom for distanseovergripande undervisning. I denne samanhengen nemner ein ofte MOOC (Massive open online courses). Det nye medie- og kulturbygget må vere fleksibelt og utnytte moderne teknologi slik at dei ulike areala stadig kan fylle ulike funksjonar. Det må stimulere til å vere eksperimentell og innovativ. Smarte løysningar kan gjere at ein treng mindre areal. Her bør ein orientere seg om samanliknbare prosjekt også utanfor landegrensene.

4.2.3 Behov for bygningsmasse tilpassa nye lærings- og kommunikasjonsformer

HVO ønskjer å ha eigne basar for studentar på bachelorgradane og profesjonsutdanningane. Då vil studentane på dei ulike programma vere meir samla, og det vil vere lettare å utvikle ei tilknyting til profesjonen. Basane skaper også rom for praksissimulering- og oppfølging. Det gir god sosial interaksjon og kan føre til lågare fråfall. HVO har alt delvis slike basar på medie- og kulturfaga, men ikkje på dei store profesjonsutdanningane; lærarutdanningane og sosialfaga. Studentane der ønskjer baserom som kan fremje gode undervisningsopplegg og eit godt studiemiljø. Det er ikkje rom for dette i dagens bygningsmasse.

Nye læringsformer, livslang læring, auka konkurranse om nettstudentar, fleire fleksible studium og endra digital kvardag vil føre til nye behov knytt til utforming av arealet ved HVO. For å kunne gi

tilbod om gode distanseovergripande studium treng HVO rom som er lagde til rette for skjermopptak og med høve til å filme forelesar. Vi treng også opptaksrom som dei fagtilsette kan bruke til opplæring og rettleiing. For å utvikle fleksibel læring er kunnskapar om formidling av lyd, bilete, tekst, animasjon og mediesjangrar naudsynte.

Det er stor mangel på laboratorieliknande lokale til slike føremål. Vi ser at andre høgskular har mange undervisningsrom særleg innretta på fleksibel læring; fast monterte studioriggar som kan brukast av lærarar både i øving og utvikling av innhald i fleksibel læring.

Det er også behov for særlege kurslokale retta inn mot interne og eksterne aktørar på område som medietrening, kriseøvingar, krisekommunikasjon og andre kurs der mediekontakt eller ekstern kommunikasjon er eit viktig element. Høgskulen i Volda har hatt ei rekkje slike kurs gjennom mange år, men enkelt sagt vert kvart einskild kurs rigga særskilt i staden for at ein kunne ha eit permanent opplegg.

HVO tilbyr mange samlingsbaserte studium i eit livslangt læringsperspektiv. Til dømes er alle mastergradar samlingsbaserte, og det same gjeld for mange vidareutdanningar for lærarar. Desse samlingane strekker seg over fleire - og lange - dagar med intensiv undervisning. Vi har fått mange tilbakemeldingar frå studentar og lærarar om at undervisningsroma er for dårlege for slik intensiv bruk. HVO har ikkje nok gode undervisningsrom som ein kan setje av til desse samlingane.

Masterstudentane våre er ofte vaksne som tek ein mastergrad ved sida av arbeid og/eller familie-forpliktingar. Desse studentane er ofte vane med gode konferanse- og seminarfasilitetar. Det ville vere ein fordel om HVO kan tilby eit attraktiv studiemiljø som gir sosiale møtestader og betre høve til gruppe- og kollokviearbeid.



Figur 20 I stadanalysen blei det vurdert kva område nytt bygg kan oppførast. Mange ulike plasseringar blei vurdert. Lokalitet 3 er godt egna for eit nytt «signalbygg». Det vil binde saman og fortette eit langstrakt campus. Område 6 og 7 kan eigne seg for ein ev. kunnskapspark/konferansesenter. Men, det kan vere argument for ulike plasseringar, og avgjerd om lokalisering av eventuelle nye bygg må gjerast gjennom ein eigen prosess

4.2.4 Kunnskapspark og konferansesenter

HVO og SIVA-næringshagen Sunnmøre Kulturnæringshage AS har signert ein langsiktig samarbeidsavtale om m.a. å arbeide for etablering av Volda Kunnskapspark. HVO er ein av få høgskular i Noreg som ikkje har kunnskapspark. Ein slik part vil gje betre grunnlag for etableringar med utspring frå HVO enn det ein i dag kan realisere gjennom næringshagen. HVO bør finne finansiering til eit forprosjekt om etablering av Volda Kunnskapspark.

Ein kan sjå føre seg at Aasen-huset, som er eigd av Volda kommune, kan nyttast på ein ny måte:

- Kurssenter med grupperom og kunnskapspark med inkubator i første etasje.
- Bed & breakfast i øvste etasje for forelesarar og deltakarar på samlingsbasert etter- og vidareutdanning.



Figur 21 Kunnskapspark og konferansesenter ved Strøm/Aasen?

Her kan det tenkjast fleire alternative løysingar når det gjeld eigarskap, drift og finansiering. Til dømes kan Selskapet for industrivekst SIVA SF vere ein aktuell finansieringspartnar dersom meir enn 50% av innhaldet i bygget blir definert som næring. SIVA har god tradisjon for å samarbeide med kommunar, lokalt næringsliv og bankar.

4.2.5 Vurdering

Gjennomgangen av dei samla HVO-lokalitetane syner at mykje av bygningsmassen har god kvalitet og tenleg standard. Utfordringane er særleg knytt til desse områda:

- Ventilasjon og oppgradering i Kaarstad 1922
- Trong om samlokalisering av mediefaga i eit moderne nybygg
- Kunnskapspark og/eller anna utnytting av Aasen-huset

Arbeidet så langt tilseier at det er desse punkta ein bør konsentrere seg om når det gjeld det bygningsmessige framover, og dette er fanga opp i strategiar og tiltak i kap. 6.

4.3 Uteområda, stadsanalyse

4.3.1 Kvalitetar

Høgskuleområdet i Volda har mange kvalitetar. Følgjande er vurdert som verdiar som ved vidareutvikling av campus bør ivaretakast og forsterkast:

- HVO har ein grøn campus, med gode uteområde, gode soltilhøve, opne bekkat og fint utsyn mot vakker natur. Dette er ein god stad å vere, fri for luftforureining og støy. Det er godt å opphalde seg utandørs ved HVO – i alle fall i fint ver!
- Sjølv om campusen er langstrekt (500 m), er han samla med korte avstandar i høve til andre høgskular og universitet.

- Det er samband for gåande på tvers av heile campus (ute og inne), og fleire gode gangvegar til områda rundt. Slik sett er lett å kome fram til og på området. Campus Volda er ikkje eit lukka område, men ope for omgjevnadane. Mange som ikkje har sitt daglege verke her, går gjennom området. Barneskule og barnehagar ligg like i nærleiken. Dette skaper liv, og det er ein kvalitet som ikkje alle campus kan skilte med.
- Det er kort veg til sentrum med servicetilbod og offentlege funksjonar. Mange campus ligg utanfor sentrumskjernen i byar og tettstadar. Høgskulen i Volda ligg i tettstad-sona, i ca. 10 minutts gangavstand frå sentrum. Det er ikkje mykje. Det er ein viktig kvalitet at alle handels- og servicetilbod er i gangavstand.

Figur 22 Ei roleg stund i parken

- Det er eit relativt godt busstilbod til campus. Området er også lett tilgjengeleg med bil. For studentar, tilsette og tilreisande til høgskulen er det ein stor fordel at det ligg flyplass eit knapt kvarter ifrå.
- På sjølve campus er fellesfunksjonar sentralt plasserte. Ingen har meir enn fem min. å gå til kantine og administrasjon. At folk må ut for å kome til kantina kan gjere at somme ikkje bruker henne, i sær på regnversdagar, men samstundes verkar dette til at det blir liv rundt og mellom husa.



Figur 23 Campus er grønt, med flotte friareal og bekkar som renn gjennom området

Figur 24 Høgskulen si plassering mellom fjell og toppar på Sunnmøre er ein kvalitet som mange set pris på

4.3.2 Utfordringar

Stadanalysen har peikt på desse utfordringane:

- Uteområda er ganske homogene. Dei gode naturgjevne føresetnadene er ikkje godt nok utnytta. Dei store uteområda har få aktivitetsskapande element, og det er få sitjeplassar og møteplassar. På godvêrsdagar er det trongt om dei plassane som finst. Fleire delar av campus, m.a. Strøm og Aasen i aust, har ikkje gode areal for opphald utandørs.

- Eldsjeler har stelt med Kaarstad-parken, men det trengst meir vedlikehald, hogst og stussing av vekstar, samt enkle tilretteleggingstiltak for optimal bruk.
- Det er mange køyretilkomstar til campus. Det kan vere vanskeleg å vite kva som er hovudtilkomst. Fleire av dei mindre tilkomstane bør leggjast ned, og hovudtilkomsten ved Joplassvegen bør markerast tydelegare.
- Som gåande og ny på staden kan det vere vanskeleg å orientere seg på campus. Skiltinga kan forbetrast.
- Mykje og spreidd parkering, mange små parkeringsplassar mellom bygga, og parkering på umerka område gjev eit rotete inntrykk. Det er få som reiser kollektivt og dermed stort press på parkeringsplassane.
- For bygningsmessige behov, sjå kap. 4.2.

4.3.3 Vurdering

Campusutviklingsarbeidet har identifisert at dei største utfordringane ligg i bruken av bygg og behov for meir husrom. Nybygg og ombygging er kostnadskrevjande tiltak. Uteområda er ein viktig del av campus. Høgskulen har fine uteområde, men stadanalysen har vist at potensialet ikkje er fullt utnytta. Forbetring av dei kvalitetane campus allereie har, ved tiltak på uteområda, bør vere ein viktig del av utviklingsplanen. Oppgradering av uteområda er dermed ein viktig strategi. I kap. 6.2 blir det foreslått fleire tiltak innafor denne strategien.

Campus Volda har relativt høg parkeringsdekning. Likevel opplever mange at det er vanskeleg å finne plassar midt på dagen. Prosessen har vist at mange køyrer til jobb og studiestad sjølv om avstanden er kort. Behovsvurdering eller betalingsparkering vil sannsynlegvis redusere trongen for parkeringsplassar, og planen legg difor ikkje opp til at det skal etablerast fleire.

Busstilbodet er ikkje dårleg. Men det er sannsynlegvis eit potensial for å auke bruken av kollektivtilbodet. Gjennom strategien «Få fleire over på kollektiv, gange og sykkel» vert det foreslått enkle tiltak som kan verke til dette.

Strategiar og tiltak i kap. 6 er utarbeidd for å bøte på dei utfordringane ein her har peikt på.

4.3.4 Strategisk arealkart

Ein campusutviklingsplan er sett saman av sjølve samarbeidsprosessen, av ein rapport med strategiar og tiltak og eit strategisk arealkart. Dette siste kartfestar og viser dei fysiske tiltaka som ein kjem fram til skal gjennomførast.

Med bakgrunn i gruppene sine innspel og stadanalysen er det utarbeidd eit strategisk arealkart for campusområdet. Dette skal leggast til grunn for framtidige arealdisponeringar og for prioritering av tiltak. Det strategiske arealkartet vert presentert i kap. 6.

4.4 Omgjevnader, tilhøve til tettstaden og sentrum

Volda har ein særleg kvalitet som studiestad med gangavstand mellom campus, studentbustader og sentrum. Avstanden frå campus til sentrum er om lag 500 m, og det er mange gangvegar i området. Statistikk viser at høgskular som ligg sentrumsnært ofte har høgare søkjartal. Det er viktig for Høgskulen i Volda at det finst eit aktivt sentrum med handel, kulturtilbod, kafear, offentlege servicetilbod og utestader.

Sentruma i Volda og Ørsta utfyller kvarandre. Møreforsking og Telemarkforsking sin rapport om byregion for Volda og Ørsta (rapport nr 62-2015) peikar på at det er viktig at desse to sentruma utviklar urbane kvalitetar som gjer dei meir attraktive. Rapporten viser at sentruma i Volda og Ørsta har høg attraktivitet i såkalla besøksnæringar, men at dei har potensial for fleire funksjonar som kan verke tiltrekkjande på annan aktivitet.

Volda er vertskommune både for høgskule, sjukehus og vidaregåande skule. Sentrumet har såleis ein regional funksjon som stiller forventingar til urbane kvalitetar. Volda næringsforum, kommunen og fylkeskommunen har sett i gang eit sentrumsutviklingsprosjekt som har som intensjon å gjere tettstaden meir triveleg og funksjonell. Det er viktig at også studentane sitt syn på og behov i Volda sentrum vert fanga opp i dette prosjektet. Rokken som vert driven av Studentsamskipnaden er som konsertarena og restaurant ein viktig møteplass for studentane, men også for andre yngre menneske i regionen.

Figur 25 Aktivitet i Volda sentrum!

Både i campusprosjektet og sentrumsprosjektet vert det drøfta korleis ein kan sjå aktivitetar og fasilitetar ved høgskulen og i sentrumsgatene meir i samanheng. Det vil vere viktig å vere medviten om val av strategiar og tiltak, slik at studentane vert ein del av gatemiljøet også når campus vert utbygt med eventuelle nye funksjonar som kino og andre lokale med fleirbruksfunksjonar. Dersom fleire kulturelle aktivitetar vert lagt til campus, kan lokalisering av studentbustader i sentrum vere eit alternativ til å skape liv og gjere studentane enda meir synlege i bygdebyen. Visjonen som er valt, peikar i retning av ulike tiltak for å skape liv i Volda som studentbygd. Gjennom strategiane 11 «Betre markering av campus i sentrum og omgjevnadene» og 12 «Meir samarbeid med Volda kommune» er det foreslått tiltak som skal følgje opp dette.

4.5 Høgskulen i samhandling med lokalsamfunn og næringsliv

HVO sin infrastruktur og faglege ressurspersonar kombinert med studentane sin iver, lærings- og gjennomføringsvilje har eit stort potensial for gjennomføring av felles prosjekt i samarbeid med lokalt og regionalt næringsliv.

Utdanninga i entreprenørskap er ein god start. Det tilbodet bør bli endå meir synleg og utvidast til fleire av avdelingane. Her vil HVO finne medspelarar med ynskje om å bidra, som til dømes

Innovasjon Noreg, den fylkeskommunale entreprenørskapssatsinga hoppid.no, Ungt Entreprenørskap, START Norge, Sunnmøre Kulturnæringshage AS og Volda næringsforum.

Det er viktig for å kunne realisere potensialet i samarbeid med privat sektor at HVO blir meir kundeorientert. Eit verkemiddel kan vere å etablere ei fast arbeidsgruppe av ressurspersonar som kommuniserer med det regionale næringslivet om utvikling av fakturerbar etter- og vidareutdanning. Eit slikt team kunne kanskje også få ei rolle i skriving av HVO sine eigne Doffin-anbod og vere ein ressurs i koplinga mot lokale og regionale næringslivsorganisasjonar, innovasjonsselskap, Forskingsrådet, Innovasjon Noreg og verkemiddelapparatet for FoU elles.

Næringslivet har i samband med tilpassa kurs behov for undervisingsrom med tilknytte grupperom. Kravet til standard på rom og fasilitetar er høg for denne gruppa - og betalinga deretter. For næringslivet er det viktig med pålitelege og fleksible IKT-løysingar. Det gjeld både breiband, mobilt breiband og videokonferanseutstyr.

Næringslivet har krav til gode parkeringstilhøve. Innføring av betalingsparkering vil truleg redusere bruken av bil for studentar og tilsette som bur nær campus – og soleis kanskje og behovet for nye parkeringsplassar. Innføring av betalingsparkering på campus kan gjerne skje uavhengig av kva strategiar Volda kommune vel for parkering i samband med sentrumsutviklingsplanen.

Volda kommune har utdaterte fasilitetar for kinoframsyning, og ein bør finne ut om dei har interesse av å leige ein eller to mindre salar med 70-100 plassar. Dette er i tråd med utviklinga ein ser elles i Noreg der same maskinrom tener fleire salar. Ein kan og sjå føre seg at kioskdrift knytt til kino blir eit tilbod til studentar som er på lesesalar eller på campus i andre samanhengar på kveldstid. Ei kinoløysing på campus vil og bli ein kjærkomen ressurs for eksisterande animasjons- og dokumentarfilmfestivalar og skape nye rammevilkår.

Det er ei gjennomgåande oppfatning at HVO har behov for eit nybygg som m.a. kan erstatte det kommunale Aasenhuset. Nye lokalitetar og ein oppgradert campus vil kunne verke positivt også for framtidig rekruttering av studentar og fagpersonell.

Mange i lokalsamfunnet har peikt på behovet for eit nybygg som kan samle undervisinga i mediefaga og sikre at den utdanninga også i framtida høyrer heime i Volda. Medieutdanningane er av høg verdi for det regionale næringslivet og heile fylket i høve nasjonal opinionsdanning og kunnskapsformidling.

Følgjande strategiar inneheld tiltak som skal betre samhandling mellom næringsliv, lokalsamfunn og høgskule:

Strategi 2: «HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning, arbeidsliv, forsking og utviklingsarbeid.»

Strategi 4: «Etablere nybygg som dekkjer dokumenterte behov på campus.»

Strategi 9 «Auka fokus på entreprenørskap og samarbeid med regionalt næringsliv».

Strategi 10: «Bli tydelegare som samfunnsaktør.»

5 HØGSKULEN OG DET NYE UTDANNINGSLANDSKAPET

Det norske høgskulelandskapet er i endring. I Nord- og Midt-Noreg ser det ut til at alle høgskulane vert lagde under universiteta. NTNU får i tillegg med seg skulane i Ålesund og på Gjøvik, og Stord/Haugesund går inn i Universitetet i Stavanger. Mykje tyder på at eit par andre relativt store høgskular vil slå seg saman for også å bli universitet.

HVO har respondert på statsrådens strukturprosess med å framheve trongen for vidare regional styring med forsking og høgare utdanning. Det vil ikkje seie at alt skal halde fram som før. Vi har invitert til meir forpliktande samarbeid i ulike retningar, og vi har argumentert for ein styrka institusjon med nynorsk-profil på Nord-Vestlandet. Sidan Ålesund har valt fusjon med Trondheim, og sidan Høgskulen i Sogn og Fjordane prioriterer koplingane til Bergen, snakkar vi for tida også om tettare samarbeid med Molde og Lillehammer.

Same kva som vert utfallet av den pågåande strukturprosessen, skal HVO utviklast vidare som høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Dei profesjonsretta grunnutdanningane er berebjelken for høgskulen. I tillegg til den avgjerande regionale rolla prioriterer HVO tre nasjonale satsings-område: Yrkesretta medieutdanning, Nynorsk i utdanning, forsking og formidling og Fleksibel vidareutdanning.

HVO har det største mediefagmiljøet i landet, og vi har ambisjon om å vere i fremste rekkje i Skandinavia på yrkesretta medieutdanning. Vi profilerer oss på nynorsksatsinga ikkje minst gjennom *Ivar Aasen forskingssenter for språk, litteratur og kultur*, Master i nynorsk skriftkultur og vidareutdanning i Nynorsk i opplæringa. Frå eit språkpolitisk perspektiv er det særleg viktig å ta vare på lærarutdanningane som er så sterkt knytte til det nynorske forskings- og formidlingsmiljøet.



Figur 26 Samarbeid med Høgskulane i Molde og på Lillehammer?

HVO har mange fleksible studietilbod, og i åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Vår ambisjon er å vere mellom dei aller beste på fleksible nettstøtta tilbod. Det stiller krav til både pedagogisk kompetanse, infrastruktur og støttefunksjonar.

Eit gjennomgåande drag i utdanningslandskapet er at fleire og fleire tek master. Det vil føre til at komande studentgrupper vil vere eit år lengre på studiestadene, og fleire som er ferdig utdanna vil ta vidareutdanningar. Samlingsbaserte mastertilbod vil vere relevante for denne studentgruppa og vil kunne gje auka behov for undervisningsrom.

I dialogen med Kunnskapsdepartementet har høgskulen fått positiv respons på profileringa som er nemnt ovanfor. Vidareutvikling av campus-kvalitetane vil vere avgjerande for framtida åt studiestaden same kva som måtte skje med strukturane i UH-landskapet.

6 MORGONDAGENS CAMPUS VOLDA

6.1 Visjon

Kompetanse for framtida, i StudiebygdA

Visjonen spelar på to sentrale element:

Hovudoppgåva for høgskulen er å syte for forsking og utdanning som gjev kompetanse for framtida. Slik er visjonen også formulert i den nyleg reviderte strategiplanen for Høgskulen i Volda (vedteken av styret 29.10.2014).

Visjonen for campusutviklingsprosjektet er utvida med tillegget « - i StudiebygdA». Slik får vi fram det nære samspelet mellom høgskulen og lokalsamfunnet. Forskarar, undervisarar og studentar har lenge vore og skal framleis vere integrerte som viktige aktørar i bygda og regionen. Visjonen peikar på at partane i prosjektet held høgt medvitet om i fellesskap å utvikle vidare:

- service- og kulturtilbod for å gjere Volda endå meir attraktiv som studiebygd
- innsats frå høgskulen til lokalsamfunnet og regionen

Strategiar og tiltak i planen skal byggje opp om dette.



6.2 Strategiar

Følgjande strategiar er vedteke:

Strategi 1	HVO skal ha eit levande, attraktivt og godt studiemiljø med tett kontakt mellom lærar og student og mellom ulike studentgrupper
Strategi 2	HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning, arbeidsliv, forsking og utviklingsarbeid
Strategi 3	HVO skal vidareutvikle fleksible og distanseovergripande studietilbod av høg kvalitet
Strategi 4	Etablere nybygg som dekkjer dokumenterte behov

Strategi 5	Oppgradere bygningsmasse der kvaliteten er for dårleg
Strategi 6	Verke til effektiv bruk av eksisterande bygg
Strategi 7	Oppgradere uteområda med element som utnyttar kvalitetane, aukar attraktiviteten og gjev god samanheng til områda rundt
Strategi 8	Få fleire reisande over til gange, sykkel og kollektiv
Strategi 9	Auka fokus på entreprenørskap og samarbeid med regionalt næringsliv
Strategi 10	Bli tydelegare som samfunnsaktør
Strategi 11	Betre markering av campus i sentrum og omgjevnadene
Strategi 12	Meir samarbeid med Volda kommune

Vi syner også til Høgskulen i Volda sin strategiplan av 29.10.2014, der strategi 1,2 og 3 er henta frå.

6.3 Tiltak knytt til strategiane

Strategi 1	**HVO skal ha eit levande, attraktivt og godt studiemiljø med tett kontakt mellom lærar og student og mellom ulike studentgrupper**
Tiltak	1. Ha undervisnings- og produksjonslokale for å kunne tilby framtidsretta og moderne medieutdanning 2. Ha baserom for prosjektorganisert læring

Strategi 2	**HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning, arbeidsliv, forsking og utviklingsarbeid**
Tiltak	1. Leggje til rette for lokale som er tilpassa samlingsbasert undervisning - og som gjev sosiale møtestadar og høve til gruppe- og kollokviearbeid

Strategi 3	**HVO skal vidareutvikle fleksible og distanseovergripande studietilbod av høg kvalitet**
Tiltak	1. Bygge opp støttefunksjonar og rom som er lagd til rette for skjermopptak og med høve til å filme forelesar. 2. Ha opptaksrom som fagtilsette kan bruke til opplæring og rettleiing

Strategi 4	**Etablere nybygg som dekkjer dokumenterte behov**
Tiltak	1. Starte arbeidet med å planleggje eit nytt bygg for formidlingsfaga. Finne beste plasseringa 2. Starte arbeidet med å planleggje lokaliteter for kunnskapspark, ev. med overnatting og konferansesenter/lokale for samlingsbaserte studiar

Strategi 5	**Oppgradere bygningsmasse der kvaliteten er for dårleg**
Tiltak	1. Utarbeide og gjere kjent ein kvalitetsmal for framtidige undervisningsrom 2. Gjennomgang av eksisterande undervisningsrom og bygningsmasse etter malen **3.** Lage prioriteringsplan for dei dårlegaste undervisningsromma

Strategi 6	**Bidra til effektiv bruk av eksisterande bygg**
Tiltak	1. Følgje opp Usability-utgreiinga. Arbeide vidare for å kartleggje grundigare behovet for endringar, og vurdere moglege ombyggingar 2. Arbeide for å få inn naudsynte bygningsmessige endringar når ventilasjonsanlegget skal oppgraderast i Kårstadhuset 3. Vurdere behovet for grupperom og sjå på mogelege enkle tiltak 4. Endre strategi for utlån av nøklar for betre utnytting av lokala gjennom døgnet 5. Tilsette ein timeplanleggar og rombookar som skal koordinere undervisninga. 6. Betre utnytting av kapasiteten gjennom døgnet. Undervisningsopplegg større delar av dagen 7. Betre undervisningslokale og fasilitetar til samlingsbaserte studium 8. Vidareføre rom for studentorganisasjonar

Strategi 7	**Oppgradere uteområda med element som utnyttar kvalitetane, aukar attraktiviteten og gjev god samanheng til områda rundt**
Tiltak	1. Uteareala vert delte i ulike soner i samsvar med strategisk arealkart 2. Det vert sett av eit område der aktivitetsfremjande tiltak kan etablerast (sjå strategisk arealkart). 3. Studenttinget foreslår kva aktivitetsfremjande tiltak som kan setjast i verk, til dømes sandvolleyballbane og/eller stadfast bordtennisbord 4. Det vert laga fleire sitjeplassar utanfor kantina (sjå strategisk arealkart). 5. Etablere grillplass/bålplass som kan brukast utanfor opningstida i tilknyting til sitjeplassane. 6. Det vert laga opphaldsplass ute på sørsida av gangpassasjen mellom Aasenhuset og Strømhuset 7. Terrassen mellom Aasenhuset og Strømhuset mot nord vert oppgradert slik at han

vert trivelegare.

8. Boskontainarar vert flytta frå bekkekantar. Det vert laga sitjeplassar ved elvekanten fleire stader.
9. På sikt må organisering av uteområde, innkøyring osv. omarbeidast for tilpassing til ny tunnelløysing mellom Volda og Ørsta. Innkøyring aust for Aasenhuset vert stengd.
10. Rådgjeving frå Statsbygg sine landskapsarkitektar; hogge nokre tre, kutte andre.
11. Fjerne søppelkasser og parkeringsplassar framfor hovudinngangen til Kaarstadhuset og gjenopprette framsida der som ein hovudtilkomst for gåande. Seremoniplass, uteområde framfor Kaarstadhuset, vert oppgradert.
12. Etablere gangstiar mot nord-aust (sjå strategisk arealkart).
13. Bruke uteareala til å vise kunstprosjekt, vise media/animasjonsfaga sine produkt på skjermar i fellesareala eller ute.

Strategi 8 **Få fleire reisande over til gange, sykkel og kollektiv**

Tiltak

1. På sikt redusere talet på mindre parkeringsplassar og samle dei i større plassar ved hovudtilkomsten (Joplassvegen)
2. Innføre betalingsparkering; kommunen syter for oppsetting av skilt i høve vedteken skiltplan.
3. Optimalisere busstilbodet ved aktivt å ta del i ruteplanlegginga i samarbeid med Volda kommune, busselskap og Møre og Romsdal fylkeskommune. I første omgang orientere om Høgskulen sitt behov i brev til aktørane.
4. Det må stå busstoppskilt på busshaldeplassane.
5. Det må ikkje stå busstoppskilt på busshaldeplassar som ikkje er i bruk.
6. Det må skiltast frå campus til busshaldeplassane.
7. Det må være hengt opp rutetabellar på haldeplassane.
8. Høgskulen må lage eige informasjonsmateriell for bussreiser til ulike stader der studentane kjem frå.
9. Busshaldeplassane ved Campus må vere oppførte i rutetabellhefte og på nettet.
10. Oppmoding om å ta buss vert lagt ved invitasjon til samlingar.
11. Joplassvegen er hovudtilkomst til campus.

Strategi 9 **Auka fokus på entreprenørskap og samarbeid med regionalt næringsliv**

Tiltak

1. Synleggjere og vidareutvikle HVO si satsing på entreprenørskap - og søkje samarbeid med til dømes Innovasjon Noreg, den fylkeskommunale entreprenørskapssatsinga hoppid.no, Ungt Entreprenørskap, START Norge,

Sunnmøre Kulturnæringshage AS og Volda næringsforum.

2. Setje i gang eit forprosjekt for etablering av Volda Kunnskapspark.
3. Undersøke sjansane for ombygging av Aasenhuset til kurssenter/kunnskapspark/overnattingsstad for samlingsbasert etter- og vidareutdanning. Undersøke om Studentsamskipnaden for Sunnmøre kan vere interessert i å drifte bed & breakfast-hotell i øvste etasje av eit ombygd Aasenhus.
4. Undersøke om det er mogleg å etablere ei økonomisk insentivordning for tilsette ved HVO for utvikling og gjennomføring av kompetansehevande kurs for privat og offentleg sektor.
5. Etablere og i samarbeid med STiV drifte ein nettstad der arbeidsgivarar og oppdragsgivarar kan melde inn praksisplassar og tema for bachelor- og masteroppgåver.
6. Etablere eit forum for kontakt med representantar for arbeidsgivarane i offentleg og privat sektor slik at HVO kan vere i forkant med omsyn til kompetansebehov, planlegging av fagtilbod og relevant kursverksemd.
7. Syte for meir stabilt WiFi gjestenett og/eller god 4G dekning på campus så vel som gode videokonferanserom.

Strategi 10 **Bli tydelegare som samfunnsaktør**

Tiltak

1. Invitere fleire til foredraga som HVO allereie i dag har på campus. Syte for at informasjon om forelesingar på HVO blir lett tilgjengeleg for alle. Informasjonen kan gjerne vidareformidlast av næringslivsorganisasjonane i BAS-regionen.
2. Bruke andre arenaer som t.d. Rokken til "kveldssete" med debattar der fagpersonell frå HVO kan ha leiande rolle.
3. Meir bruk av studentar i lokalmiljøet; til dømes til studentdrivne kulturnæringstenester, kurs for kulturskulen osv.

Strategi 11 **Betre markering av campus i sentrum og omgjevnadene**

Tiltak

1. Det er behov for betre skilting internt på campus - mellom dei ulike bygga.
2. Et større skilt («reklame», omdømebyggande) nær tilkomsten langs E39. Betre skilting til Høgskulen frå sentrum, både for gåande og bil.
3. Tydeleggjering av Volda som studentby. Vise fram spennande animasjonsfilmar eller produkt på utvalde stader i sentrum.
4. Midlertidige tiltak som markerer Høgskulen som kreativt studentmiljø.

Strategi 12 **Meir samarbeid med Volda kommune**

Tiltak

1. Auka sambruk av bygningsmassen HVO disponerer; kommunen kan leige på kveldstid.
2. Syte for at kunnskapen samla i campusprosjektet blir spelt inn til det pågåande

sentrumsutviklingsprosjektet i Volda kommune.

3. Vidareføre partnarskapen i StudiebygdA-prosjektet og forankre deltaking i partnarskapen i strategien for HVO.

6.4 Strategisk arealkart

Det strategiske arealkartet viser dei prinsippa ein ønskjer å byggje framtidig utvikling av campusområdet på. Kartet viser fleire strategiske val og fleire – men ikkje alle - foreslegne tiltak.



Figur 27 Forslag til strategisk arealkart

Det strategiske arealkartet viser med svart farge bygga som høyrer til campus. Vidare viser det viktige gangvegar, gamle (heiltrekte) og foreslegne nye (stipla). Det viser parkeringsplassar med grå farge.

Kartet viser det viktige grøne draget som går frå aust til vest gjennom campus. Dette er ein viktig kvalitet, og potensialet for å utvikle det til eit mindre homogent område er stort. Uteområdet er på kartet delt opp i soner med ulike funksjonar. Eit område for aktivitetar er tenkt mellom Berte Kanutte og Nedretun. Her kan ein sjå for seg sandvolleyballbane, basketkorg, fast utetennisbord eller liknande. Det er behov for eit større sitjeområde og sosial møteplass utanfor kantina i Berte Kanutte.

Eit anna framlegg er å revitalisere det gamle inngangspartiet framfor Kaarstad 1922 ved m.a. å fjerne bilane framfor huset og markere tilkomsten betre; sjå figur 17.

Den blågrøne strukturen er markert tydelegare. Det inneber eit ønskje om å utnytte denne kvaliteten betre, til dømes ved å leggje til rette for sitteplassar og benkar nær bekkane.

Kartet signaliserer også at ein ser for seg ei tydeleggjering av hovudvegtilkomst gjennom Joplassvegen, m.a. gjennom samling av tilkomstvegar når ny Voldatunnel blir bygd. Det er vidare ønskeleg å tydeleggjere ein gangtilkomst frå sentrum og opp mot Kårstadhuset. Parkeringsplassar bør samlast til færre område, m.a. ein større parkeringsplass i aust.

Det strategiske arealkartet viser to område for framtidige bygg. Eit signalbygg for mediefaga som skal ha sambruk med kommunen bør ha ein sentral og god plassering. Ein mogeleg kunnskapspark/konferansesenter mm. kan etablerast i samband med Aasenhuset. Høveet til å gå gjennom og langs campusområdet skal vidareførast ved ei mogeleg utbygging.

6.5 Oppfølging av strategiar og tiltak, prioritering og ansvar

Prioriteringstabell

Strategi	**Tiltak**	**Ansvar**	**Frist**
5	Sikre økonomisk grunnlag for mest moglege vedlikehaldsmidlar til Kaarstad 1922 for å sikre god standard på undervisningsroma	HVO/Statsbygg	Straks
5	Utarbeide og gjere kjend ein kvalitetsmal for framtidige undervisningsrom	Læringsmiljøutvalet/Statsbygg	H-15
1 og 4	Setje ned ei arbeidsgruppe som skal lage ei skisse til eit nybygg for mediefaga	HVO-leiinga	H-15
6	Sentral samordning av rombookinga	Studieadministrasjonen i samarbeid med avdelingane	Blir gjennomført frå H-15
11	Betre skilting på campus, inkludert merkering av hovudinnkomst	Drift	Til semesterstart H-15
8	Ta kontakt med Fylkeskommunen om informasjon om rutetabellar på haldeplassar, busstoppskilt, skilting til campus frå haldeplassane og påverke ruteplanlegginga	Kontor for samfunnskontakt	Til semesterstart H-15
3	Tilrettelegging av opptaksrom som fagtilsette kan nytte til opplæring og rettleiing	Drift/IT	Arbeidet er i gang og vert gjennomført i 2015
6	Koordinere undervisninga på	Rombookar i samarbeid med	Gjennomførast

	samlingsbaserte studium	avdelingane	frå H-15
10	Lage kalender som synleggjer førelesingane på HVO for eksternt interesserte.	Kontor for samfunnskontakt på HVO	Gjennomførast frå H-15
??	Fleire ladestasjonar for elbilar	Statsbygg/HVO ved Drift	Frå H-15
9	Drift av nettstad der arbeidsgjevarar og oppdragsgjevarar kan melde inn praksisplassar og tema for BA- og masteroppgåver.	STiV i lag med vevkoordinator på HVO.	H-15?
7	Lage ein framdriftsplan for oppgradering av uteareala	Drift/Statsbygg	Starte arbeidet H-15, setje i verk tiltak frå 2016
2	Leggje til rette eigna lokale for samlingsbaserte studium	HVO-leiinga/Statsbygg	H-16
1	Samle studentane på BA-utdanningane og profesjonsutdanningane på eigne basar	Studieadministrasjonen i samarbeid med avdelingane	Frå H-16
4 og 9	Setje i gang eit forprosjekt for etablering av Volda kunnskapspark i 2016. Tiltaket inkluderer vurdering om eit ombygd Aasen-hus kan vere eit tenleg som kunnskapspark	HVO, Volda kommune og Sunnmøre kulturnæringshage	Frå V-16
8	Vurdere betalingsparkering	HVO	2017

7 VEDLEGG

7.1.1 Deltakarar i prosessen

Styringsgruppa:

Regiondirektør	Kjetil Lehn	kle@statsbygg.no	Statsbygg Region Midt-Norge
Rektor	Per Halse	pha@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Direktør	Jacob Kjøde	jk@hivolda.no	Høgskulen i Volda

Rådmann	Rune Sjurgard	Rune.sjurgard@volda.kommune.no	Volda kommune

Arealgruppa

Gruppeleiar: Aud Folkestad

Dekan AKF	Aud Folkestad	audf@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Rådgjever	Per Ernst Lundberg	per.ernst.lundberg@volda.kommune.no	Volda kommune
Seksjonsleder, forvaltning og utvikling. Samferdsel	Dag Hole	dag.hole@mrfylke.no	Møre & Romsdal fylkeskommune
Strategiseksjonen	Sindre Blindheim	sindre.blindheim@vegvesen.no	Statens vegvesen Region Midt
Eiendomsforvalter	Geir Skaaren	gesk@statsbygg.no	Statsbygg Region Midt-Norge
Driftsleder	Frank Helge Lande	frankhelge.lande@statsbygg.no	Statsbygg Region Midt-Norge
Dekan AMF	Sverre Liestøl	sl@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Leiar Drift/Tillitsvald Tekna	Leif Roar Strand	leifroar@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Tillitsvald Utdanningsforbundet	Odd Helge Mjellem Tonheim	oddht@hivolda.no	Høgskulen i Volda
STIV, fagansvarleg/nestleiar	Karoline Strand	stiv@hivolda.no	STIV
Representant IPAS	Grete Matland Olsen	GretheMattland.Olsen@moreforsk.no	Høgskulen i Volda
Senioringeniør	Kristin Dale Selvig	kristin.dale.selvig@statsbygg.no	Statsbygg
Samferdsel mrfylke	Rolf Stavik	rolf.stavik@mrfylke.no	Høgskulen i Volda

Høgskulegruppa

Gruppeleiar: Gonnie Smit

Studiedirektør	**Gonnie Smit**	**gonnie@hivolda.no**	**Høgskulen i Volda**
Økonomi- og organisasjonssjef	Ann Elin Johansen Rovde	Ann.Elin.Rovde@mfaa.no	Møreforsking
Adm. Direktør	Jan Henning Egset	je@hivolda.no	Studentsamskipnaden
Dekan AHL	Arne Myklebust	Arne.Myklebust@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Dekan ASH	Ketil Jarl Halse	kjh@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Tillitsvald NTL	Sylvi Gulla Hovdenakk	sgh@hivolda.no	Høgskulen i Volda
STIV, leiar	Joanna Antoniak	stiv@hivolda.no	STIV
Fagtilsett	Ivar Jon Erdal AKF	erdali@hivolda.no	Høgskulen i Volda

Lokalmiljøgruppa

Gruppeleiar: Martin Foldal

Dagleg leiar	**Martin Foldal**	**martin.foldal@sknh.no**	**Sunnmøre Kulturnæringshage**
Rådmann	Rune Sjurgard	rune.sjurgard@volda.kommune.no	Volda kommune
Fylkesplansjef	Ole Helge Haugen	ole.helge.haugen@mrfylke.no	Møre & Romsdal fylkeskommune
Dagleg Leiar	Stefan N. Halck	stefan@voldaforum.no	Volda næringsforum
Kontaktperson	Odd Magne Vinjevoll	omv@orsta-nk.no	Ørsta næringskontor
Dagleg leiar	Terje R. Høybakk	terje@mafoss.no	MAFOSS Maritim Forening for søre Sunnmøre
Dagleg leiar	Hege Karete Hamre	hege.karete.hamre@furene.no	Furene AS
Adm. direktør	Solveig Midtbø	solveig.midtbo@sparebanken.no	Sparebank 1 Søre Sunnmøre
Professor IPAS	Jørgen Amdam	Jorgen.Amdam@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Fagtilsett	Kari Hasle	kari.Hasle@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Fagtilsett	Kristian Fuglseth	kfu@hivolda.no	Høgskulen i Volda
Styret	Roar Amdam	ram@hivolda.no	vara
Styret	Marit Vartdal Engeset	mariteng@hivolda.no	Fast medlem
Planleggar	Regine Solberg Aklestad	regine.solberg.aklestad@volda.kommune.no	Volda kommune
Ordførar	Arild Iversen	arild.iversen@volda.kommune.no	Volda kommune

Høgskulestyret sine prioriteringar etter styremøte 4.6.15:

Strategi	Tiltak	Ansvar	Frist
5	Sikre økonomisk grunnlag for mest moglege vedlikehaldsmidlar til Kaarstad 1922 for å sikre god standard på undervisningsroma	HVO/Statsbygg	Straks
5	Utarbeide og gjere kjend ein kvalitetsmal for framtidige undervisningsrom	Læringsmiljøutvalet/Statsbygg	H-15
1 og 4	Setje ned ei arbeidsgruppe som skal lage ei skisse til eit nybygg for mediefaga	HVO-leiinga	H-15
6	Sentral samordning av rombookinga	Studieadministrasjonen i samarbeid med avdelingane	Blir gjennomført frå H-15
11	Betre skilting på campus, inkludert merkering av hovudinnkomst	Drift	Til semesterstart H-15
8	Ta kontakt med Fylkeskommunen om informasjon om rutetabellar på haldeplassar, busstoppskilt, skilting til campus frå haldeplassane og påverke ruteplanlegginga	Kontor for samfunnskontakt	Til semesterstart H-15
3	Tilrettelegging av opptaksrom som fagtilsette kan nytte til opplæring og rettleiing	Drift/IT	Arbeidet er i gang og vert gjennomført i 2015
6	Koordinere undervisninga på samlingsbaserte studium	Rombookar i samarbeid med avdelingane	Gjennomførast frå H-15
10	Lage kalender som synleggjer førelesingane på HVO for eksternt interesserte.	Kontor for samfunnskontakt på HVO	Gjennomførast frå H-15
	Fleire ladestasjonar for elbilar	Statsbygg/HVO ved Drift	Frå H-15
9	Drift av nettstad der arbeidsgjevarar og oppdragsgjevarar kan melde inn praksisplassar og tema for BA- og masteroppgåver.	STiV i lag med vevkoordinator på HVO.	H-15?
7	Lage ein framdriftsplan for oppgradering av uteareala	Drift/Statsbygg	Starte arbeidet H-15, setje i verk tiltak frå 2016
2	Leggje til rette eigna lokale for samlingsbaserte studium	HVO-leiinga/Statsbygg	H-16
1	Samle studentane på BA-utdanningane og profesjonsutdanningane på eigne basar	Studieadministrasjonen i samarbeid med avdelingane	Frå H-16
4 og 9	Setje i gang eit forprosjekt for etablering av Volda kunnskapspark i 2016. Tiltaket inkluderer vurdering om eit ombygd Aasen-hus kan vere eit tenleg som kunnskapspark	HVO, Volda kommune og Sunnmøre kulturnæringshage	Frå V-16
8	Vurdere betalingsparkering	HVO	2017

Oppfølging av Campusutviklingsplanen for Høgskulen i Volda – arbeidsgruppe nybygg

Innleiing

Styret for HVO gjorde følgjande vedtak om Campusutviklingsprosjektet på styremøtet i juni 2015:

Styret sluttar seg til prioriteringane i punkt 6.5 i sluttrapporten til campusutviklingsprosjektet for Høgskulen i Volda.

Arbeidsgruppe for å planlegge nybygg ved HVO

Strategi 4 i planen er å etablere nybygg som dekkjer dokumenterte behov

I punkt 6.5 *Oppfølging av strategiar og tiltak, prioritering og ansvar* fekk høgskuleleiinga i oppdrag å setje ned ei arbeidsgruppe som skal lage ei skisse til eit nybygg for mediefaga i haustsemesteret 2015.

Kva er dei dokumenterte behova?

I følgjer rapporten har HVO « behov for erstatningsbygg for Aasen-huset som i dag husar Avdeling for mediefag (AMF). Ein del av AMF sine aktivitetar går også føre seg i Strøm-huset. Eit nybygg bør i størst mogleg grad gi rom for alle mediefaglege aktivitetar. Huset bør innehalde redaksjonslokale, radio- og fjernsynsstudio og produksjonsfasilitetar for ulike typar formidling. Dersom mediefaga på HVO skal samlast og Seksjon for MKT i AKF skal vere ein del av dette, bør også det takast omsyn til. Eventuelle frigjorde areal i Strøm og Idrettsbygget kan nyttast til å dekkje det generelle behovet for undervisningsareal og kontor.»

Vidare står det i rapporten: «Ved utbygging av undervisningslokale på campusområdet bør også potensialet for eit sambruks-konsept som inneheld kino og eventuelt andre kulturhusfunksjonar vurderast. Med ei slik løysing vil ikkje kommunen ha behov for kino i Samfunnshuset. Ei sambruksløysing vil kunne innebere undervisningsrom på dagtid og kino/kultursal på kveldstid.

Det er ønske om eit opplevingssenter for medieutviklinga i Volda, helst med utstilling av utstyr frå det tidlegaste til det siste moderne, dvs. eit opplevingssenter der ein kan sjå utviklinga, sjå filmar og prøve å gjere opptak med seg sjølv. Ønsket er å lage noko liknande som opplevingssentera i VG, NRK, Ulstein Group osv. I det minste bør vi få på plass faste lokale for NAC (Norwegian Animation Center) som førebels held til i eit forretningslokale i Hamnegata i Volda.

HVO treng vidare spesialrom for distanseovergripande undervisning. I denne samanhengen nemner ein ofte MOOC (Massive open online courses). Det nye medie- og kulturbygget må vere fleksibelt og utnytte moderne teknologi slik at dei ulike areala stadig kan fylle ulike funksjonar.

For å kunne gi tilbod om gode distanseovergripande studium treng HVO rom som er lagde til rette for skjermopptak og med høve til å filme forelesar. Vi treng også opptaksrom som dei fagtilsette kan bruke til opplæring og rettleiing. For å utvikle fleksibel læring er kunnskapar om formidling av lyd, bilete, tekst, animasjon og mediesjangrar naudsynte.

Det er stor mangel på laboratorieliknande lokale til slike føremål. Vi ser at andre høgskular har mange undervisningsrom særleg innretta på fleksibel læring; fast monterte studioriggar som kan brukast av lærarar både i øving og utvikling av innhald i fleksibel læring.

Det er også behov for særlege kurslokale retta inn mot interne og eksterne aktørar på område som medietrening, kriseøvingar, krisekommunikasjon og andre kurs der mediekontakt eller ekstern kommunikasjon er eit viktig element. Høgskulen i Volda har hatt ei rekkje slike kurs gjennom mange

år, men enkelt sagt vert kvart einskild kurs rigga særskilt i staden for at ein kunne ha eit permanent opplegg.

HVO tilbyr mange samlingsbaserte studium i eit livslangt læringsperspektiv. Til dømes er alle mastergradar samlingsbaserte, og det same gjeld for mange vidareutdanningar for lærarar. Desse samlingane strekker seg over fleire - og lange - dagar med intensiv undervisning. Vi har fått mange tilbakemeldingar frå studentar og lærarar om at undervisningsroma er for dårlege for slik intensiv bruk. HVO har ikkje nok gode undervisningsrom som ein kan setje av til desse samlingane.»

I rapporten kjem det fram at: «HVO ønskjer å ha eigne basar for studentar på bachelorgradane og profesjonsutdanningane. Då vil studentane på dei ulike programma vere meir samla, og det vil vere lettare å utvikle ei tilknyting til profesjonen. Basane skaper også rom for praksissimulering- og oppfølging. Det gir god sosial interaksjon og kan føre til lågare fråfall. HVO har alt delvis slike basar på medie- og kulturfaga, men ikkje på dei store profesjonsutdanningane; lærarutdanningane og sosialfaga. Studentane der ønskjer baserom som kan fremje gode undervisningsopplegg og eit godt studiemiljø. Det er ikkje rom for dette i dagens bygningsmasse.»

Det er såleis mange rombehov som kjem fram i rapporten:

- Nybygg for mediefaga
- Areal til opplevingssenter for medieutviklinga i Volda
- Spesialrom for distanseovergripande undervisning
- Særlege kurslokale for t.d. medietrening, kriseøvingar, krisekommunikasjon
- Eigne undervisningsrom til samlingsbaserte studium

Mandat til arbeidsgruppe som skal lage skisse til nybygg for mediefaga

Styrevedtaket må tolkast slik at det er nybygg for mediefaga som skal prioriterast. Til mediefaga reknar vi også dei som ligg under Avdeling for kulturfag.

Areal til opplevingssenter for medieutviklinga i Volda kan ein kanskje finne innafor ramma av ein kunnskapspark eller anna frigjort areal på campus. Og eigne undervisningsrom til samlingsbaserte studium kan truleg blir frigjort ved at mediefaga flytter ut av Strøm når nybygget er på plass. Spesialrom til distanseovergripande undervisning må ein gjere ei særskilt vurdering av i arbeidsgruppa: er det tenleg å samle slike rom i eit nytt mediebygg eller bør slike rom vere spreidd på ulike bygg på campus?

Mandat:

- I denne fasen skal det lagast ein funksjonsanalyse/eit romprogram som beskriver behovet til dei samla mediefaga på HVO. Det er viktig at gruppa kjem opp med ei skisse til innhaldet i bygget og korleis den heng saman med resten av campus. Gruppa må også vurdere ulike plasseringar på campus.
- Lage ei skisse til eit nybygg for mediefaga som inkluderer alle mediefaglege aktivitetar. Bygget bør innehalde redaksjonslokale, radio- og fjernsynsstudio og produksjonsfasilitetar for ulike typar formidling.
- Vurdere om særlege kurslokale for t.d. medietrening, kriseøvingar, krisekommunikasjon skal inngå i nybygget
- Vurdere potensialet for eit sambruks-konsept som inneheld kino og eventuelt andre kulturhusfunksjonar
- Leggje basetenkinga til grunn for utforminga av bygget
- Vurdere plass til studentsamskipnaden sin administrasjon i eit nybygg

Medlemmar i arbeidsgruppa:

Dekan Pål Aam, leiar
Ingeniør Reidulf Botn
Høgskulelektor Idar Flo
Dekan Aud Folkestad
Førsteamanuensis Ivar John Erdal
Høgskulelektor Carl Jørgen Nesset

Sekretær avdelingsingeniør Margrete Apelseth

Styringsgruppe:
Rektor Johann Roppen
Prorektor Jens Standal Groven
Studiedirektør Gonnie Smit
Høgskuledirektør Jacob Kjøde jr
Representant Volda kommune
Representant Studentsamskipnaden for Sunnmøre (Volda)

Framdrift

Frist for arbeidet er 15. desember 2015

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset, Julsundveien 9
6404 Molde

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/443	4458/2015	614	SVK/ US	04.05.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VOLDAHALLEN - TILSTAND, REHABILITERING, NYBYGG

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.04.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 38/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.

2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.

3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- ***Volda kommune med 2 frå administrasjonen***
- ***Møre og romsdal fylkeskommune med 1 representant***
- ***Volda idrettsråd med 1 representant***
- ***Volda handball med 1 representant***
- ***KFUM Volleyball med 1 representant***

Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.

4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:

a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.

b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.

c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.

d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727

e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.

f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.

5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.

6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.

7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.

8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.

9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Volda idrettsråd v/Johan Roppen
Volda handball v/Hilde Karin Berg
KFUM Volleyball v/Kristin Indresøvde
Volda ungdomsråd
Hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet i Volda kommune
Høgskulen i Volda
Volda næringsforum v/Stefan N. Halck
Leiar eigedomsavd. Kjell Magne Rindal
Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik
Økonomisjef Henrik Skovly
Leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø
Økonomikons. Janne Semb
Folkehelsekoordinator Berit Koen
Utviklingssjef Jørgen Vestgarden

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kjell Magne Rindal	Arkivsak nr.:	2015/443
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
61/15	Formannskapet	21.04.2015
38/15	Kommunestyret	30.04.2015

VOLDAHALLEN - TILSTAND, REHABILITERING, NYBYGG

Handsaming i kommunestyret:

Håvard Strand reiste spørsmål om han var ugild, då han er påtroppande dagleg leiar i Volda handball. Egil Berg reiste spørsmål om han var ugild, då han er gift med avtroppande dagleg leiar for Volda handball. Kl. § 40, jf fvl §6, 2. ledd.
Inger-Lise Eiken var kalla inn på førehand og ho tok sete som vara for Håvard Strand.
Det var 26 røysteføre til stades under handsaming av saka.

Røysting vedk. ugildskap:
Håvard Strand vart samrøystes kjend ugild.
Egil Berg vart kjend ugild med 20 røyster. 6 røysta mot.

Odd A. Folkestad, Ferjelista, kom med fylgjande tilleggsframlegg som nytt pkt. 4g:
Det bør utgreiast dersom det blir tilrådd at ein ny hall bør byggjast, - om hallen også funksjonelt kan utformast slik at den t.d. ved einskilde høve kan nyttast som storstove til kultursamlingar (konsertar, teaterframsyningar m.m.) - Dette fram til det kan reisast eit nytt eige KULTURHUS-anlegg i Volda. - Ein føreset at det som er nemnt i dette punktet, ikkje kompliserer finansieringa av ny hall.

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som tillegg til pkt. 4a:
Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.

Det vart halde gruppemøte.

Odd A. Folkestad endra sitt framlegg til å lyde:
Det bør utgreiast dersom det blir tilrådd at ein ny hall bør byggjast, - om hallen også funksjonelt kan utformast slik at den t.d. ved einskilde høve kan nyttast som storstove til

kultursamlingar. - Dette fram til det kan reisast eige KULTURHUS-anlegg i Volda. - Ein føreset at det som er nemnt i dette punktet, ikkje kompliserer finansieringa av ein ny hall.

Prøverøysting:
Tilrådinga frå formannskapet fekk 26 røyster. Ingen røysta mot.
Framlegget frå Sindre Rotevatn fekk 26 røyster. Ingen røysta mot.
Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 8 røyster. 18 røysta mot.

Endeleg røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.
Framlegget frå Sindre Rotevatn vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 9 røyster og fall. 17 røysta mot.

Inger-Lise Eiken gjekk, og Håvard Strand og Egil Berg tok sete.

Vedtak i Kommunestyret - 30.04.2015

1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.

2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.

3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- ***Volda kommune med 2 frå administrasjonen***
- ***Møre og romsdal fylkeskommune med 1 representant***
- ***Volda idrettsråd med 1 representant***
- ***Volda handball med 1 representant***
- ***KFUM Volleyball med 1 representant***

Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.

4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:

a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast.

b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.

c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.

d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.

e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.

f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.

5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.

6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.

7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.

8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.

9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

Handsaming i formannskapet:

Eigedomssjef, Kjell-Magne Rindal, møtte og svara på spørsmål frå formannskapet.

Volda FrP v/Roald Espset, kom med slikt framlegg:

1. *Kommunestyret ber Volda idrettsråd kartlegge idretten sitt arealbehov med tanke på etablering av ny hallkapasitet. Det vert konkret bede om at ein ser på enkelte idrettane sine særbehov og vurderer korleis ein kan legge til rette for sambruk. Ein ber og om at idretten skisserer mulig medfinansiering frå kjelder idretten har tilgong til. Ein ber og om at Volda idrettsråd tek høgde for at løysinga skal gje grunnskulane i sentrum tilgong til ledig kapasitet for gymnastikk.*

2. *Kommunestyret stiller inntil kr 100.000,- til rådvelde for Volda idrettsråd for å gjennomføre prosessen skissert i pkt 1.*

3. *Kommunestyret føreset umiddelbar oppstart av vedteken rehabiliteringsprosess knytt til Voldahallen.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg til nytt pkt. 4 g:

Det bør utgreiast dersom det blir tilrådd at ein ny hall bør byggjast, - om hallen også funksjonelt kan utformast slik at den t.d. kan nyttast som storstove til kultursamlingar (konsertar, teaterframsyningar m.m.). – Dette fram til det kan reisast eit nytt eige KULTURHUS-anlegg i Volda.

Dan Bjørneset kom med slikt tilleggsframlegg til pkt. 3:

KFUM Volleyball med 1 representant.

Røysting:

Framlegget frå Roald Espset fekk ei røyst (Roald Espset) og fall, åtte røysta mot.

Tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteken, Roald Espset røysta mot.

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk fire røyster (Odd A. Folkestad, Roald Espset, Helge Hamre og Dan Bjørneset) og fall, fem røysta mot.

Framlegget frå Dan Bjørneset vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 21.04.2015 til kommunestyret:

1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.

2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.

3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- *Volda kommune med 2 frå administrasjonen*
- *Møre og romsdal fylkeskommune med 1 representant*
- *Volda idrettsråd med 1 representant*
- *Volda handball med 1 representant*
- *KFUM Volleyball med 1 representant*

Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.

4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:

a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing.

b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.

c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.

d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.

e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.

f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.

5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.

6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.

7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.

8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.

9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering.

2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert.

3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- Volda kommune med 2 frå administrasjonen
- Møre og romsdal fylkeskommune med 1 representant
- Volda idrettsråd med 1 representant
- Volda handball med 1 representant

Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.

4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat:

a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing.

b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.

c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.

d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.

e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.

f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.

5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016.

6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift.

7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.

8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.

9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan.

Vedlegg:
Tilstandsrapport for Voldahallen utarbeidd av Nordplan, datert 21.11.14.

Samandrag av saka:

Voldahallen har ikkje hatt systematisk vedlikehald. Dette har gjeve seg særleg synlege utslag på dusj- og garderobeanlegget. Det vart avsett pengar i budsjettet for å gjere noko med dusj og garderobe. Nærare vurdering av anlegga viste at det også er andre sider ved hallen som må vurderast, og det vart derfor innhenta ein tilstandsrapport for bygget. Rapporten viser at eit kostnadsoverslag på renovering til kr 25 000 000 eks. mva. Med tillegg av ulike andre kostnader vil kalkylen kunne kome over kr 30 000 000 eks. mva.

Renovering vil ikkje utløyse tippemidlar eller deltaking frå fylkeskommunen på investeringssida. Rådmannen foreslår derfor at det vert sett i gang ein prosess for å avklare nærare forhold rundt ev bygging av ny hall. Ulike interessenter vert invitert til å delta i prosessen, og resultatet av prosessen vil vere grunnlag for vidare avklaring i styrande organ hos interessentene. For kommunen sin del må eit ev prosjekt få si avklaring i økonomiplan og budsjett.

Saksopplysningar:

Voldahallen vart bygd i 1978. Hallen har eit brutto flateareal på 1725 m². I tillegg er det eit areal i kjellar på 135 m². Bygget har ikkje vore endra på og har behalde fasade og utsjånad, men bygget er sterkt prega av slitasje og etterslep på vedlikehald.

Kommunestyret har sett av kr 1 200 000 til utbetring av dusj og garderobar etter at det var påvist skade og behov for rehabilitering av desse anlegga. Eigedomsavdelinga starta undersøking av garderobane og konkluderte med at det var store og omfattande skadar. Dette resulterte i at før ein sette i gang arbeid med utbetring av isolerte delar av hallen, så ville det vere fornuftig å gjere ei tilstandsvurdering av heile hallen inkludert ei nærare undersøking av garderobane. Nordplan AS vart hyra inn til å foreta ei tilstandsvurdering med kalkyler (Rapporten er vedlagt).

Rapporten viser at hallen står overfor store kostnadar med rehabilitering. Denne vil være så omfattande at det vil reknast som ei hovudombygging etter PBL §31-2. Dette kan føre med seg at TEK10 vil verte fullt ut gjeldande for rehabiliteringa, med omfattande krav til m.a. energibruk, branntekniske tilhøve m.m. Ein må også merke seg at hovudberesystemet for hallen er dimensjonert etter byggeforskrift 1969, som viser til ein snølast på 150 kg/m². Dette er alt for lite i høve til dagens regelverk.

I Volda hallen har handballbana ei speleflate på 800 kvadratmeter (20m x 40m). Tryggleiksavstandane er ca 1,5 meter på austsida, 3 meter på vestsida, 1 meter på sørsida og

0,94 meter på nordsida. Til saman gjev dette eit mål på 974,5 kvadratmeter (21,9 m x 44,5m). Netto fri høgde er 9,75meter i mønet og 5,94 meter ved sidelinja. I rettleiaren frå idrettsforbundet for fleirbrukshallar heiter det i pkt. 6.6; *"Spelebane for handball skal være 20 m x 40 m + sikkerheitssone 1 m på langsider og 2 m på kortsider til saman 22 m x 44m. Netto fri tak høgde skal være på 7m over heile speleflata (20 x 40m)."*

Eksisterande hall vil kunne klare å stette krava til bredde med å fjerne delar av tribuneanlegget, men fri høgde vil ikkje kunne gjere noko med. Dette vil ha konsekvens for at det ikkje blitt gitt tilskott til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (tippemidlar).

Hallen er i dagleg bruk av Volda kommune ca 20 skuletimar i veka, Volda vidaregåande skule (VGS) nyttar salen ca 90 timar i veka i dag. VGS har uttrykt vanskar med fleire grupper i hallen samtidig, da det er svært mykje støy mellom salane.

I tillegg er der full aktivitet i hallen fram til kl 23.00 på kvardagar. I helgar er der ein del bruk til ulike turneringar, arrangement og liknande. Kapasiteten i hallen er sprengt i dag. Volda-skulen og VGS er avhengige av kapasiteten til hallen mellom kl 0800-1500 kvar dag for å kunne stette sine krav til opplæring. Der er utfordingar knytt til HMS (helse-/miljø- og sikkerheitskrava) med så stor kapasitetsutnytting på dagtid, spesielt retta inn mot støyproblematikk for elevar og tilsette.

Handballgruppa i Volda brukar hallen 25,5 timar i veka. Handballgruppa satsar høgt og har behov for god kapasitet og godt publikumsareal. Det er særlege krav til konkurranseanlegg i dei høgste divisjonane.

Slik rapporten konkluderer så er Voldahallen i stor grad nedsliten, og treng ei totalrenovering. Renoveringskostnaden er rekna til kr 25 100 000 eks. mva. I tillegg kjem kostnader som ikkje er teke med i kalkylen, mellom anna prisstigning og intern kostnad mm. Grovt rekna kan renoveringa kome på over kr 30 000 000 eks. mva. Fylkeskommunen har ikkje avvist å delta i eit rehabiliteringsprosjekt, men renovering vil ikkje utløyse tippemidlar.

Kommunen hadde møte 8. januar med fylkeskommunen ved eigedomssjefen og utdanningssjefen for å orientere om den tekniske tilstanden for hallen, og for å drøfte mogleg samarbeid for framtidig løysing av hallen. Fylkeskommunen signaliserte behov for at det er ein god hall i nærleiken til den vidaregåande skulen i lang framtid. Dei fysiske rammene er utfordrande med sikte på fullgod løysing ved renovering. Samtidig er det forholdsvis store netto kostnader med renovering.

Fylkeskommunen har kartlagt behovet for hallkapasitet for den vidaregåande skulen til 1635m². Fylkeskommunen har signalisert at dei er innstilt på å inngå samarbeid med vilkår knytt mot arealbehov og utnyttingsgrad i prosent (tatt utgangspunkt i drift i skuleåret med opningstider kl 0800-2200 på kvardagar og kl 1000 - 2000 i helger). Fylkeskommunen ser for seg å dekkje kostnader til drift og investering (to avtalar) etter formelen % utnytting x % arealbehov. Fylkeskommunen sitt bidrag i drift og investering vert rekna til 44%.

Ein ny Voldahall for å erstatte fylkeskommunen og kommunen sin bruk i dag kan stipulerast til 2 000 m2. Grovt kan ein slik hall kostnadsestimerast til kr 40 000 000 eks mva.

Overslag over finansiering:

Tippemidler (grovt overslag)	7 000 000
Fylkeskommunen	14 520 000
Volda kommune/lokal finansiering	18 480 000

Momsen vil kome i tillegg med kr 10 000 000. Dersom hallen vert bygt for kommunal og fylkeskommunalt formål, vil momsen verte kompensert. Dersom hallen også skal leigast ut til andre, så vil ein måtte gjere nærare vurdering av modellar for å få refundert momsen. Ved nybygg vil ev. riving av eksisterande hall også kome i tillegg. Dette er svært grove kostnadsestimat. Dersom det vert aktuelt å vurdere ny hall må kostnader og finansiering nærare utgreiast. Vidare må driftskostnadene utgreiast. Fylkeskommunen har stadfesta at dei kan delta i 44 % av driftskostnaden etter fråtrekk av tippemidlar. Dette er basert på eit konsept som dekkjer kommunen og fylkeskommunen sitt behov.

Oppvekstsektoren i Volda kommune peikar på at Øyra skule vert bygt utan kroppsøvingsanlegg, og at gymnastikksalane ved ungdomsskulen på sikt bør skiftast ut. Oppvekstsjefen ber om at sentrumsskulane sitt behov for kroppsøvingsanlegg vert vurdert i samband med planar for Voldahallen.

Fram til ein ev ny Voldahall kan realiserast, eller oppstart av renovering kan starte opp, bør midlar som er sett av til renovering av dusj/garderober omdisponerast til å halde hallen gåande til den blir renovert/bygd ny. Det er mange kostnadar som må takast i denne perioden, spesielt inn mot brannteknisk og diverse vedlikehald for at normal drift skal kunne gjennomførast.

Volda kommune har ikkje vore nokon tydeleg eigar av Voldahallen. Kommunen har over fleire 10-år forsømt seg på justering av leigesatsane. Det har heller ikkje vore nokon policy frå kommunen som eigar med omsyn til prosedyre for avtaler og inntektsfordeling ved reklame og sponsing. Kommunen har såleis gått glipp av inntekter som kunne gått til løpande vedlikehald av hallen.

Vurdering og konklusjon:

Det er kostbart å ikkje ha ein strategi for forvaltning av bygningsmassen. Dette forsterkar seg ytterlegare i bygg som idrettshallar med hyppig og belastande bruk.

Med bakgrunn i forholdsvis store kostnader med renovering som ikkje utløyser tippemidlar, vil rådmannen rå til at ein det vert starta opp eit prosjektarbeid for å utgreie ny hall i samarbeid med fylkeskommunen. Ny hall vil vere ei meir framtidsretta løysing og kunne dekkje opp for manglande kapasitet i dag. Mellom anna bør det utgreiast med sikte på å dekkje opp grunnskulen sitt behov i sentrum. Vidare bør idretten inviterast inn i prosjektet for ev å delta for å dekkje opp sitt behov.

Det er ikkje prioritert større investeringsmidlar til idrettshall i gjeldande økonomiplan. Den tekniske rapporten tilseier at det er nødvendig å utgreie framtidig løysing, og at resultata av utgreiinga må vurderast i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.
Ei slik utgreiing bør ta utgangspunkt i kommunen og fylkeskommunen sitt behov. Dette vil også på kveldstid/helg dekkje opp den aktiviteten som lag og organisasjonar har i hallen i dag. Idretten kan ha behov for større areal/fasilitetar i forhold til kva Volda kommune kan

realisere gjennom samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Dei bør såleis inviterast i prosessen på det grunnlag at utviding som stettar deira behov vert finansiert av idretten. For å ivareta ulike behov er det nødvendig å vurdere alternativ lokalisering for å finne det mest tenlege.

Rådmannen rår til at det vert sett ned ei arbeidsgruppe samansett av:

- Volda kommune med 2 frå administrasjonen
- Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 representant
- Volda idrettsråd med 1 representant
- Volda handball med 1 representant

Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet.

Rådmannen rår til slikt mandat:

a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing.

b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke.

c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift.

d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt.

e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre.

f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring.

Administrasjonen må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Rådmannen foreslår at dette vert lagt fram som eiga sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.

Rådmannen foreslår vidare at det vert stilt til disposisjon ei løyving på inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde inveseteringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.

Ei større investering i hallprosjekt er ikkje inne i gjeldande økonomiplan. Hallen er ein slik tilstand at ein er nødt til å få utgreidd realiserbare løysingar og ta stilling til tidsperspektivet for realisering i budsjett og økonomiplan. Det er mange partar som er involvert, og det er eit større utgreiingsarbeid som ligg føre. Det er derfor nødvendig å setje av god tid til prosessen. Dersom det får kommunestyret vert prioritert ei større investering i hallprosjektet, så vil det tidlegast kunne ha oppstart i 2017.

Rådmannen viser avslutningsvis til planane for bygging av ein regionidrettshall i Ørsta sentrum. Ein ev ny Voldahall bør ikkje verte eit konkurrerande prosjekt, men eit anlegg som skal stette behova for kommunen, fylkeskommunen (VGS) og idretten i Volda som sentrumsanlegg.

Helse og miljøkonsekvensar:
Totalrenovering eller ny hall vil gi betre hygienemessige og inneklimamessige forhold, samt stette forskriftsmessige branntekniske forhold og universell utforming.

Økonomiske konsekvensar:
Situasjonen som er avdekt viser at det i alle høve må gjerast noko med Voldahallen. Omfattande rehabilitering eller nybygg er ikkje inne i gjeldande økonomiplan, og prioritering av tiltaket må vurderast opp mot ei heilskapleg prioritering. Dette gjeld alt frå omprioritering av innarbeidde investeringstiltak til omstilling og rasjonalisering av tenestestrukturen. Dei økonomiske konsekvensane må avklarast gjennom utgreiing i vidare prosess. Vedtak om prioritering og finansiering må sjåast i samanheng med budsjett og økonomiplan.

Det er ein føresetnad at det vert utgreidd eit prosjekt som er realistisk å gjennomføre. Dersom det skulle vise seg at utgreiinga fører fram til eit urealistisk gjennomførbart prosjekt, bør kommunestyret som eit alternativ likevel vurdere rehabilitering når det skal ta endeleg stilling til saka i prioritering i budsjett og økonomiplan.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Voldahallen er eit stort lokale som ved ekstraordinære situasjonar kan tene som lokale i beredskapssamanheng.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell-Magne Rindal
leiar eigedomsavdelinga

Utskrift av endeleg vedtak:
Eigedomsavdelinga for oppfølging
Møre og Romsdal fylkeskommune
Volda idrettsråd
Volda handball
Økonomiavdelinga, her
Oppvekstsjefen, her
Volda ungdomsråd
Hovudtillitsvalt for Utdanningsforbundet i Volda kommune
Folkehelsekoordinatoren, her
Utviklingssektoren, her
Høgskulen i Volda
Volda næringsforum

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Administrasjonen

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2015/443	10395/2015	614	SVK/ US	07.10.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - VURDERING AV KROPPSØVINGSANLEGGA FOR SENTRUMSSKULANE

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 01.10.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 96/15, der det vart gjort slikt vedtak:

Administrasjonen si vurdering av kroppsøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik
Leiar eigedomsavd. Kjell Magne Rindal

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2015/443
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
152/15	Formannskapet	22.09.2015
96/15	Kommunestyret	01.10.2015

VURDERING AV KROPPSØVINGSANLEGGA FOR SENTRUMSSKULANE

Handsaming i kommunestyret:

Røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 01.10.2015

Administrasjonen si vurdering av kroppsøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

Handsaming i formannskapet:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte formannskapet om saka.

Røysting:
Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 22.09.2015 til kommunestyret:

Administrasjonen si vurdering av kroppsøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

Administrasjonen si tilråding:
Administrasjonen si vurdering av kroppsøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

Uprenta saksvedlegg:
PS 38/15 Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg

Samandrag av saka:
Kommunestyret hadde i møte 30.04.15 oppe sak 38/15 Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg. Punkt 6 og 8 i vedtaket lyd slik:

> *6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som ein del av arealbehovet og organisering/drift.*
>
> *8. Administrasjonen vert bedt om å sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015.*

Saksopplysningar:
Læreplanverket LK06 seier blant anna følgjande om formålet til kroppsøvingsfaget:

> *«Kroppsøving er eit allmenndannande fag som skal inspirere til ein fysisk aktiv livsstil og livslang rørsleglede(...) Rørslekultur i form av leik, idrett, dans, svømming og friluftsliv er ein del av den felles danninga og identitetsskapinga i samfunnet (...) Faget skal bidra til at barn og unge utviklar sjølvkjensle, positiv oppfatning av kroppen, sjølvforståing og identitetskjensle. Det skal ruste elevane til vurdering av kroppsideal og rørslekulturar som kan påverke sjølvkjensla, helse, ernæring, trening og livsstil. Elevane skal forstå kva eigen innsats har å seie for å oppnå mål og kva faktorar som påverkar motivasjon til aktivitet og trening.*
> *Sentralt i faget står rørsleleik, allsidig idrett, fair play, dans, svømmedyktigheit og friluftsliv.»*

Kroppsøvingsfaget har kompetansemål etter 4., 7. og 10. årssteget i grunnskolen (dessutan etter Vg1, Vg2 og Vg3 i den vidaregåande opplæringa). Kompetansemåla gjeld både aktivitetar i friluft, i gymsal og i symjebasseng. Når ein skal utgreie behov for kroppsøvingsanlegg må ein derfor sjå på både dei tilgjengelege gymsalane og svømmehallane.

Læreplanen i kroppsøving vart revidert i vår, og den nye læreplanen er gjeldande frå 01.08.15. Bakgrunnen for revideringa var å styrke symje- og livbergingsopplæringa, slik at fleire barn og unge lærer å symje, og danne grunnlag for ei felles forståing av kva symjedyktigheit inneber. Revidert læreplan skal legge betre til rette for ei tidleg, systematisk og kontinuerleg opplæring i symjing. Læreplanen har dermed fått meir konkrete krav til symjedugleik og livberging for elevar, både etter 4. årssteg, 7. årssteg og 10. årssteg.

Gymsalar
Volda ungdomsskule og Øyra skule deler på to gamle kroppsøvingssalar lokalisert på Volda ungdomsskule. Desse kroppsøvingssalane oppfyller ikkje lenger krava til dagens standard.

Kroppsøvingsseksjonen ved Volda ungdomsskule skildrar situasjonen slik:

«I forhold til dei andre store ungdomsskulane på Søre Sunnmøre, er Volda ungdomsskule utan tvil den skulen med dei dårlegaste fasilitetane. Vi har to gamle gymsalar som er alt for små. I den nyaste gymsalen er det lagt nytt golv, noko som er veldig bra. Salen er for liten til lagring av utstyr. Vi har ikkje plass til utstyr til elevar med spesielle behov. Ventilasjonsanlegget fungerer dårleg vinterstid. Garderobedelen er pussa opp, men er framleis for dårleg etter dagens standard.

I den andre salen er golvet klart for utskifting. Garderobedelen er i god stand, men garderobane er for små og tronge. Der er heller ikkje omkledingsrom for lærar (mann). I denne salen er der enda mindre plass til lagring av utstyr. Alle takoppheng må dessutan skiftast ut og ventilasjonsanlegget er svært dårleg vinterstid.»

Gymsalane stettar heller ikkje det arealbehovet dei to skulane har for kroppsøvingsanlegg i dag. Salane er i bruk i alle timar kvar skuledag, og i tillegg brukar Øyra skule 20 veketimar i Voldahallen. Likevel treng Øyra skule minst 8 veketimar til for å stette sitt salbehov. Frå 2018 vil det verte ei klasse til på Volda ungdomsskule, noko som gjer at skulen treng minst 3 veketimar til i gymsal.

Symjebasseng
Volda kommune har ikkje lenger noko symjeanlegg i Volda sentrum, og elevane ved Mork skule, Bratteberg skule, Vikebygda skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule har no symje- og livbergingsopplæring i varmtvassbassenget ved sjukehuset og i symjehallen i idrettsbygget.

Symjehallen i idrettsbygget er ikkje eit eigna opplæringsbasseng for dei minste, då det er kaldt og djupt. Varmtvassbassenget passar dei aller yngste elevane, men er for varmt for dei som er symjedyktige og skal øve på å symje lengre distansar.

Det er administrasjonen si vurdering at skulane i sentrum vil kunne få vanskar med å nå dei nye kompetansemåla med dei ressursane og fasilitetane vi har i dag. Det kan vere nødvendig å starte symjeundervisninga tidlegare enn i 3. klasse slik vi gjer i dag, både for å gi elevane betre tid til modning, og for å sleppe å avlære lite formålstenleg teknikk som elevane har lært på eiga hand når dei kjem i 3. klasse. Vi bør også ha timar til å gje symjeundervisning til elevar på mellomsteget som ikkje har nådd krava til symjedugleik etter 4. årssteg og for å halde ved like symjedugleiken for at elevane skal klare å nå måla etter 10. årssteg.

Vurdering og konklusjon:
Det arealet og dei fasilitetane Volda kommune kan tilby elevane ved Øyra skule og Volda ungdomsskule i dag gjer det krevjande å nå kompetansemåla i læreplanen for kroppsøving.

Rehabilitering av eksisterande Voldahall eller ein ny hall som skal erstatte Voldahallen vil i hovudsak stette behovet til den vidaregåande skulen, og ikkje behovet for auka saltid og betre fasilitetar til grunnskuleelevane i sentrum.

I dag brukar 5.-7. klasse ved Øyra skule Voldahallen, men det er ei lite tenleg løysing på sikt fordi det går vekk mykje tid til forflytting og på- og avkledning.

Avstanden er ein viktig faktor. Dess større avstanden blir mellom skulen og kroppsøvingsanlegget, dess større blir ulempene.

Volda ungdomsskule og Øyra skule har behov for meir tenlege kroppsøvingsfasilitetar enn det vi kan tilby elevane i dag. Ein ny idrettshall som er meint å stette desse skulane sine behov bør ligge i nær tilknytning til skulane. Vidare har skulane i sentrum behov for eit meir tenleg opplæringsbasseng enn det vi kan tilby elevane i dag.

Rådmannen sine sluttkommentarar
Mandatet som kommunestyret ga i K-sak 38/15 er avgrensa til utgreiing av idrettshall og omfattar ikkje svømmehall.

Rådmannen meiner det er viktig å gjere kommunestyret merksam på oppvekstsektoren si vurdering av svømmehalltilbodet for sentrumselevane. Samtidig vil rådmannen presisere at ein ser vanskar med å løyse dette i nær framtid, og at ev planar for svømmehall ut frå den økonomiske situasjonen bør avgrensast til å inngå i planar for eit ev andre byggjesteg dersom det vert bygt ny hall. Dette inneber at ein må ha mellombelse løysingar ved leige av svømmeanlegg i Idrettsbygget og Varmtvassbassenget, ev også om skuleanlegga ved bygdaskulane kan nyttast ved å organisere opplæringa i intensive bolkar.

Nemnde kommunestyresak byggjer vidare på føresetnader om eit hallprosjekt bygd på realistiske føresetnader. Dette inneber at utviding av arealbehovet utover dagens arealflate i Voldahallen er tenkt å kome gjennom ekstern finansiering. Dersom skulane sine tilbod skal dekkjast gjennom ny hall, må dette takast omsyn til i høve geografisk plassering, samt auka kostnader som må finansierast. Det er ei kjensgjerning at Øyra og Volda ungdomsskule vil ha behov for lokale til kroppsøvingsanlegg. Øyra fordi den nye skulen vert bygt utan kroppsøvingslokale, og ungdomsskulen har lokale som ikkje stettar dagens krav. Dersom ein ikkje finn løysing for desse behova innanfor mandatet for utgreiing av hall, så vert ein nødt til å kome attende til dette i ein eigen prosess. Samtidig er det lite sannsynleg at kommunen har økonomi til å delta i både ny Voldahall og byggje eigne kroppsøvingsanlegg for Øyra og Volda ungdomsskule. Derfor bør skulane sitt behov innarbeidast som eitt av alternativa til skisse for ny Voldahall, slik at kommunestyret kan ta endeleg stilling til val av løysing når resultatet frå arbeidsgruppa vert lagt for politisk handsaming.

Det er som nemnt i K-sak 38/15 ikkje prioritert større investeringsmidlar til idrettshall i gjeldande økonomiplan. Ev bygging av ny hall må vurderast ut frå heilskapleg prioritering i budsjett og økonomiplan. Bygging av Øyra skule bind opp handlingsrommet til kommunen, og kommunestyret vil få krevjande utfordringar med å finne rom til nye store tiltak dei næraste åra.

Administrasjonen si tilråding:

Administrasjonen si vurdering av kroppsøvingsanlegga for sentrumsskulane vert teke til vitende.

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:
Opplæring og oppvekst
Eigedomsavdelinga

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2012/329
		Arkivkode:	611, &50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
162/15	Formannskapet	03.11.2015
123/15	Kommunestyret	26.11.2015

NÆRINGSAREAL PÅ ROTSET - GJENNOMFØRING AV REGULERINGSPLAN-OREIGNING.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

1. ***Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.***
2. ***Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.***
3. ***Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta grunnen i bruk før det er halde skjøn.***
4. ***Volda kommune krev skjøn.***

Administrasjonen si tilråding:

5. *Med heimel i kap. 16 i Plan- og bygningslova oreignar Volda kommune frå Per Schjelderup, eigar av gnr. 30 bnr. 4, om lag 48 da med påståande bygning, i samsvar med detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde", vedteken i kommunestyret i møte 13.11.14, sak 142/14 . Eventuelle rettar, avtalar og liknande som måtte kvile på areala nemnt ovanfor vert og oreigna.*
6. *Kommunestyret meiner tvangsinngrepet etter punkt 1 ovanfor tvillaust er meir til gagn enn skade.*
7. *Volda kommune vil søkje fylkesmannen i Møre og Romsdal om løyve til å ta*

grunnen i bruk før det er halde skjøn.

8. *Volda kommune krev skjøn.*

Vedleggsliste:

1. K-sak 107/12, møte 30.8.12
2. Brev til Schjelderup av 3.7.13
3. Svar frå advokat Knardal 18.7.13
4. Brev av 13.2.15 til adv. Knardal
5. Referat møte 2.3.15
6. Brev av 13.3.15 frå adv. Knardal
7. Brev av 19.3.15 frå avd. Andresen
8. Brev av 13.5.15 til advokat Knardal: Varsel om oreigning
9. Brev av 28.5. 15 frå advokat Knardal
10. Kart over oreigningsområdet
11. Overskjøn 2.7.14

Uprenta saksvedlegg:

1. http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2012008 (Reguleringsplanen)
2. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_3-2#KAPITTEL_3-2 (heimel til oreigning).

Samandrag av saka:

Volda kommune har vedteke reguleringsplan for næringsområde på øvre Rotset. Kommunen har inngått avtalar med fire grunneigarar om overtaking av slikt regulert areal, og det er ført tingingar også med eigar av gnr. 30 bnr. 4, Per Schjelderup, om overtakinga av areal frå hans eigedom, men desse tingingane har ikkje ført fram. Det vert med dette gjort framlegg om oreigning av regulert næringsareal frå gnr. 30 bnr. 4 med heimel i pbl. kap 16.

Saksopplysningar:

1. **Nærare om arealet:**

Det regulerte området ligg på øvre Rotset, ved foten av Rotsethornet, nordvendt og ganske avsølt store delar av året. E 39 går gjennom planområdet med tunnelinnslag for Rotsethorntunnelen rett sør for planområdet. Frå kommunesenteret Volda sentrum er det i overkant av 2 km langs offentleg veg til planområdet. Skulekrins er sentrumsskulen i Volda, Øyra skule. Det er elles kort veg (under 2 km) til ungdomskule, vidaregåande skule og høgskule. Volda sjukehus er også i gangavstand. Frå planområdet er det med andre ord kort veg til sentrum og tilhøyrande funksjonar.

I planomtalen går m.a. følgjande fram:
"Volda kommune eig i dag ein del av området avsett til industri/forretning/kontor, ein del er i privat eige som etablerte næringsareal. Planarbeidet skal gje grunnlag for kommunal sikring av areal til næringsføremål i samsvar med intensjon i kommuneplan. For å sikre naturleg avgrensing og alternative tilkomstløysingar er også areal mot Rotevatnet teke med. Areala mellom dagens veg og Rotevatnet skal vere del av grøntstruktur/friluftsføremål, med høve til

framføring av tursti og ev. sikring av friområdet mot vatnet. Det er i planen også lagt til rette eit utvindingsareal for Leirhaugen gravplass. For å skilje gravplassen og tilgrensande bustader frå byggearealet industri/forretning/kontor er det lagt inn eit parkbelte.

Elles er arealbruken tenkt som i kommunedelplanen for Volda sentrum……
……..Følgjande føringar er lagt til grunn:

- *Reguleringsplan skal sikre grunnlag for kommunal sikring av areal til næringsføremål*
- *Areal mellom dagens veg og Rotevatnet skal vere del av grøntstruktur/friluftsføremål*
  med høve til framføring av tursti……..

Med bakgrunn i kommuneplanen og behov for eit "allsidig" næringsområde er arealbruken fastsett som kombinasjonsareal. Det er ønskjeleg at både forretningsføremål (innan avgrensa bruk), kontorføremål og industriføremål skal kunne etablerast i områda. Det vert lagt til grunn ei utnyttingsgrad i storleik BYA 60 %.....

Planarbeidet vert gjennomført for å sikre nye utbyggingsareal for etablering av samfunnsmessig nødvendige næringstiltak. Planområdet er vurdert i kommuneplanen slik at arealet er nødvendig for å opprette nødvendige arbeidsplassar, handel, tenesteyting og industriverksemd for eit velfungerande lokalsamfunn……

Kommunestyret vedtok i møte 13.11.14, sak 142/14, reguleringsplanen for næringsområdet på øvre Rotset, sjå http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2012008 .

2. Samtalar/møter/tingingar med grunneigar:

Allereie før nogjeldande plan vart vedteken hadde administrasjonen tinga med grunneigarane om kommunal overtaking av areal. I møte 30.8.12, sak 107/12, gjorde kommunestyret vedtak om å godkjenne avtalar med fire grunneigarar på øvre Rotset om overtaking, jfr. *vedlegg 1.*

I nemnde sak er det også gjort greie for dei tingingar som til då også var gjorde med eigar av gnr. 30 bnr. 4, Per Schjelderup. Det hadde ikkje lukkast å kome fram til avtale med han, og kommunestyret gjorde såleis slikt vedtak i ovannemnde sak, punkt 2:

> *"Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova."*

Under kommunestyret si handsaming av saka vart det fremja slikt forslag, som fall då 2 røysta for, medan 24 røysta mot:

> *"Volda kommune godtek at eigaren av gnr. 30, bnr. 4 sel grunnen sjølv. Det må då vere ein føresetnad i eit samarbeid mellom kommunen og grunneigar når det gjeld kven som skal tildelast tomter på den aktuelle grunnen. Det er også vidare ein føresetnad at alle kostnader kommunen får til utarbeiding og klargjering av næringsarealet vert refundert for dette arealet på same måte som for arealet elles."*

Kommunen sende nytt brev dat. 3.7.13 til Schjelderup med førespurnad om friviljug avtale avståing av grunn, jfr. *vedlegg 2.* På denne førespurnaden svara adv. Knardal i brev av 18.7.13 at Schjelderup ynskjer å utvikle og selje dette arealet sitt sjølv, jfr. *vedlegg 3.*

Kommunestyret vedtok i møte 13.11.14, sak 142/14, ny reguleringsplan for næringsområdet på øvre Rotset, sjå http://tema.webatlas.no/1519/planinnsyn?planid=2012008

Kommunen v/adv. Reidar Andresen tok eit nytt initiativ i saka ved brev av 13.2.15 til adv. Knardal, jfr. *vedlegg 4,* der det vert bede om eit nytt forhandlingsmøte. Slikt møte vart halde 2.3.15, jfr. *vedlegg 5.*

Adv. Knardal har i brev av 13.3.15 kome med nokre kommentarar til referatet frå møtet, jfr. *vedlegg 6.*

Adv. Andresen har på vegne av kommunen kommentert Knardal sine merknader, og har i brev av 19.3.15 også gjeve melding om at manglande tilbakemelding etter ein frist på fem veker inneber at kommunen set i gang oreigningssak etter pbl kap. 16, jfr. oreigningslova § 12 (det skal gjerast forsøk på å kome fram til minneleg semje), og § 28 (melding om at eigar ikkje kan råde rettsleg over eigedomen utan at oreigningssøkjaren samtykkjer), jfr. *vedlegg 7.*

Administrasjonen har sendt varsel til grunneigar om at det vil vert fremja forslag om oreigning, jfr. *vedlegg 8*. Til dette har grunneigar som hovudargument framført at han ynskjer å byggje ut området sjølv, gjennom ein utbyggingsavtale med kommunen, jfr. *vedlegg 9*. Dette ynskjemålet har kommunestyret i prinsippet vurdert og avvist, jfr. det forslag til vedtak som vart nedstemt i sak 107/12, referert ovanfor. Sjå elles kommentarar til grunneigar sitt brev i punkt 5 nedanfor.

Når det gjeld driftsbygningen på området vil kommunen ved oreigning måtte erstatte denne på vanleg måte, evt. også driftsavbrot, jfr. hans merknad punkt 4.

3. Grunnlag for oreigning

Heimel til oreigning er plan- og bygningslova § 16-2. Det fylgjer av denne paragrafen at kommunestyret kan oreigne "til gjennomføring av planen". I dette ligg det at oreigningsinngrepet må vere naudsynt for ei hensiktsmessig gjennomføring av reguleringsplanen. Dette går også fram av orl. § 2,1.ledd som gjeld tilsvarande, og som slår fast at oreigning skal skje *"så langt det trengs til eller for".*

Utgangspunktet er at nødvendigheita ved oreigningsinngrepet skal vurderast ved alle former for oreigning. Ved oreigning etter reguleringsplan vert det i praksis ikkje stilt same krav til avveginga av inngrep som ved andre oreigningsinngrep, dette fordi ein gjennom reguleringshandsaminga har gjort ei grundig vurdering som delvis kan leggast til grunn ved oreigninga, jfr. rundskriv H-14-02 frå kommunal- og regionaldepartementet.

4. Kvifor oreigning

Kommunen har som ei av sine viktige oppgåver å legge til rette for utvikling i næringslivet med sikte på etablering og vidare utvikling av bedrifter i Volda. Dette er særleg viktig i ei brytingstid med m.a. nye vegsamband. Kommunen må ivareta dette mellom anna gjennom ein reguleringspolitikk, der ein sikrar næringslivet tilgang til hensiktsmessige areal for vidare vekst for den einskilde og lokalsamfunnet. Dette kan etter rådmannens syn best skje ved at kommunen har hand om større reguleringsplanar og sikrar regulerte utbyggingsareal, og syter for heilskapleg og effektiv infrastruktur. Det vil gi næringsaktørar føreseielege rammevilkår, i dette tilfellet like tomteprisar, i eit og same reguleringsområde. Volda Næringsforum seier følgjande i innspel til reguleringsplanen:
"*Når det gjeld Øvre Rotset har Volda kommune eit dobbelt ansvar: Dei eig i hovudsak all grunn i planområdet, i tillegg til å vere regulerande mynde.*
Det gir og større moglegheiter. Kommuna kan gjennom å tenke heilskapeleg og strategisk, i større grad påvirke utviklinga av området.

Og kor vi saman vel å nytte dei ulike areala optimalt for å underbygge den best moglege utviklinga for næringslivet, men ikkje minst for heile Volda-samfunnet. Og det er eit viktig ansvarsområde for dei lokale folkevalde, som sit med eit tydeleg samfunnsansvar."

For å sikre tilgjengelege og eigna tomter til bedriftene sine behov, er det etter rådmannen sitt syn såleis naudsynt at kommunen har hand om fordeling av tomtene innanfor eit samla næringsområde. Dette er også synspunkt som implisitt kjem fram frå Volda Næringsforum, då dei i same innspel til reguleringsplanen m.a. skriv at :
"*Overordna er det positivt at Volda kommune tek si rolle som tilretteleggar av næringsareal på alvor. Dette vonar vi kjem til å halde fram i framtida, slik at næringslivet sine behov blir stetta. Og slik at ein syt for at Volda held fram med å være ein attraktiv stad å starte opp og drive næring."*

I denne saka er det gjort fleire forsøk på å kome fram til minneleg semje med grunneigar, både før og etter ny reguleringsplan, jfr. omtale ovanfor. Det har i reguleringsprosessen kome klart fram at kommunen gjennom å fremje ny reguleringsplan for området ynskjer ei gjennomføring i kommunal regi. I og med at stoda no er at kommunen har hand om mesteparten av arealet reguleringsplanen omfattar, oppfattar rådmannen det slik at omsynet til samla utbygging og tilrettelegging i kommunal regi bør vege tungt i denne saka. Grunneigar vil i medhald av Grunnlova § 105 få full økonomisk erstatning ved rettsleg skjøn.

5. Kommentar til grunneigar sitt svar på varsel om oreigning.

Ved brev av 13.5.15 fekk grunneigar varsel om at sak om oreigning vil verte lagt fram, jfr. *vedlegg 8.* Dette har grunneigar sin advokat svara på i brev av 28.5.15, jfr. *vedlegg 9*:

1. Ynskjer å utnytte arealet sjølv, ved å inngå utbyggingsavtale med kommunen.
   Kommentar:
   I Kommunedelplan for Volda sentrum, tekstdelen, godkjent av Miljøvern-departementet 22.3.11 går følgjande fram i kap. 2.12:
   "*Det er gjort endringar i plan- og bygningslova når det gjeld utbyggingsavtaler. Utbyggingsavtaler kan berre nyttast i forhold til dei bestemmelsar som er gitt i arealdelen til kommuneplanen, reguleringsplan eller utbyggingsplan. Dersom ein ønskjer å nytte utbyggingsavtaler for å styre utbygginga, må grunnlaget leggjast i ein plan.*
   Slike utbyggingsavtaler skal i tillegg ha grunnlag i kommunalt vedtak som definerer når utbyggingsavtaler er ein føresetnad for utbygging, og som synleggjer kommunen sine forventningar til avtalen. Dette kan gjerast gjennom t.d. eit handlingsprogram for realisering av planen….."

   Det er ikkje i detaljreguleringsplanen for "Øvre Rotset næringsområde" teke inn noko om utbyggingsavtale, snarare er det planen sin intensjon at kommunen skal stå for gjennomføringa. Det vert også vist til at kommunestyret i prinsippet har vurdert og avvist dette, jfr. sitat av det forslaget som vart røysta ned av kommunestyret i sak 107/12, sjå kap. 2 ovanfor.

2. Meiner vilkår for oreigning ikkje vil vere oppfylt.
   Kommentar:
   Med henvising til argumentasjonen i punkt 3 og 4 ovanfor meiner rådmannen at vilkåra er til stade.

3. Driftsbygning på eigedomen vil medføre store kostnader å erstatte ved ei innløysing.
   Kommentar:
   Når det gjeld driftsbygningen vil kommunen ved oreigning måtte erstatte den, og skjønsretten vil fastsetje erstatninga.

4. Ynskjer ikkje at kommunen skal kunne ta grunnen i bruk før skjøn er halde, ettersom dei er avhengig av å nyte m.a. driftsbygninga i næring.
   Kommentar:
   Det tek som regel nokre månader (opp til eit år) frå oreigning er vedteke til skjøn vert halde. Det kan vere viktig for anleggsdrifta i eit så stort prosjekt å kunne ta grunnen i bruk samla. Men for anleggsdrifta sin del treng ikkje driftsbygninga fjernast før skjøn er halde, då bygningen ikkje står å vegen for slik anleggsdrift.

5. Det vert bede om at kommunen ikkje går inn for oreigning, men i staden ser positivt på Per Schjelderup sitt ynskjer om å utvikle arealet sjølv,
   Kommentar:
   Det vert vist til punkta 2, 3 og 4 ovanfor.

6. Konklusjon:

I samsvar med kommunestyret sitt vedtak i sak 107/12, punkt 2, fremjar rådmannen såleis forslag om at om lag 48 da. av gnr. 30 bnr. 4 vert oreigna, jfr, kart *vedlegg 10*. Ved vedtak av reguleringsplan har kommunestyret vurderte det slik at tvangsgjennomføring av planen tvillaust er meir til gagn enn skade.

Det vart 2.7.14 halde overskjøn i området, der prisen på dei areala kommunen fekk til avtale om i sak 107/12 vart fastsett, jfr. *vedlegg 11*. Dette overskjønet vil telje med ved skjønsretten si fastsetjing av rett pris.

Volda kommune sin prosessfullmektig vert advokat Reidar Andresen.

Helse og miljøkonsekvensar:
Er vurdert i sakene 107/12 og 142/14 (reguleringsplansaka)

Økonomiske konsekvensar:
Ikkje kjende før det er halde skjøn.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Per Schjelderup
Prestegata 25,
6100 Volda

Adv. Knardal
Boks 75,6101 Volda.
Adv. Reidar Andresen
Boks 377,
6001 Ålesund

Klageinstans:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTI «POSTSTED»

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2012/329	8372/2012	611	SVK/ US	04.09.2012

MELDING OM POLITISK VEDTAK - GODKJENNING AV AVTALAR OM INNLØYSING AV NÆRINGSAREAL M.M. PÅ ROTSET

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.08.12, hadde føre ovannemnde som sak PS 107/12, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Avtalane mellom Volda kommune og Lars Barstad, Astri Eidset Rygh, Cesilie Dahle Torbjørnson og Ragnar Aarflot jr. vert godkjende slik dei ligg føre i vedlegg 5, 6, 7 og 8 til denne saka.***
2. ***Kommunen vil parallellt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prove å få til avtale om frivillig skjon også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova.***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Kopi til:
Kultur- og næringsavd. v/Per Ernst Lundberg
Komm.tekn. avd. v/Asbjørn J. Aasebø
Planleggar Per Heltne
Sakshandsamar Arne Eliassen (for vidare arbeid)

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no Telefon: 70058886 Telefaks: 7005870170058701
www.volda.kommune.no Org. nr: 939 760 946 Bankgiro: 3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Arne Eliassen	Arkivsak nr.:	2012/329
		Arkivkode:	611, &50

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
154/12	Formannskapet	21.08.2012
107/12	Kommunestyret	30.08.2012

GODKJENNING AV AVTALAR OM INNLØYSING AV NÆRINGSAREAL M.M. PÅ ROTSET

Handsaming i kommunestyret:

Ragnhild Aarflot Kalland reiste spørsmål om ho var ugild, då ho er søster til ein av partane. Ivar-Otto Kristiansen reiste også spørsmål om han var ugild, då dotra hans har eit forhold til sonen til ein av partane. Dei tok ikkje del i handsaminga av og røystinga over spørsmålet om ugildskap. Kommunelova § 40, jf forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokst. b.

Silje Elise Grevsnes var innkalla på førehand, og ho tok sete som vara for Kalland.

Røysting vedk. ugildskap:
Ragnhild Aarflot Kalland vart samrøystes kjend ugild.
Ivar-Otto Kristiansen vart samrøystes kjend gild, og han tok sete.

Odd Martin Velsvik, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 2 i formannskapet si tilråding:
Volda kommune godtek at eigaren av gnr. 30, bnr. 4 sel grunnen sjølv. Det må då vere ein føresetnad i eit samarbeid mellom kommunen og grunneigar når det gjeld kven som skal tildelast tomter på den aktuelle grunnen. Det er også vidare ein føresetnad at alle kostnader kommunen får til utarbeiding og klargjering av næringsarealet vert refundert for dette arealet på same måte som for arealet elles.

Røysting:
Pkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.
KS har fått ei sterkare presisering om representasjon av tillitsvalte der fleire kommunar samarbeider om felles sak (Hovudavtalen DEL B. § 1-4-3 Kommunal samhandling/ interkommunalt samarbeid) . Vil elles minne om §1 Formål, samarbeid og medbestemmelse

Samarbeidsavtalen frå overordna samhandlingsutval som kommunane skal vedta, ligg bla. oppgåver til lokale samhandlingsutval.

Kapittel 4 Lokale samhandlingsutvalg. *Lokale samhandlingsutvalg er partsammensatte utvalg mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunene i Møre og Romsdal.*
Det skal være fire utvalg, et for hvert sykehusområde.
Oppgaver
1. Iverksette godkjent kompetanseplan
2. Medvirke til utvikling og spredning av lærings-og mestringstiltak i kommunehelsetjenesten
3. Iverksette lokal implementering av faglige retningslinjer og pasientforløp mellom helseforetaket og kommunehelsetjenesten.
4. Arbeide aktivt for en felles kultur for læring, forbedring og fagutvikling.
5. Ansvarlig for å arrangere faste samarbeidsmøter mellom sykehuset og kommunene.
6. Bidra til utvikling av og spre gode modeller for samhandling.

Fagforbundet Møre og Romsdal Telefon: 71 19 17 30 Storgata 9 Org.nummer 974263475
postmottak.mr@fagforbundet.no Telefaks: 71 19 17 31 6413 Molde

7. Ha en oppdatert oversikt over ulike samhandlingsprosjekt i sitt nedslagsfelt
8. Utveksle gjensidig kunnskap om de utfordringene tjenestene står overfor.
9. Holdes orientert om årlig status på avvik og avviksregistrering. Motta til orientering oversiktsrapport over avvik i samhandlingsområdet.

10. De lokale samhandlingsutvalg skal holde Overordnet samhandlingsutvalg orientert om sin virksomhet/faglige utfordringer i samhandlingsområdet

Slik Fagforbundet tolkar forslag til ny samarbeidsavtale mellom Helseforetaket og kommunane i Møre og Romsdal, bryter dette forslag med intensjonen i felleserklæringa.

Fagforbundet vil minne om at det skal drøftast / forhandlast om representasjon i desse utvala (Hovudatalen).
Helseforetaket og kommunane kan ikkje einsidig endre dei inngåtte avtalar, det er det den enkelte arbeidsgivarområde som kan.

Vil også minne om at møte i Overordna samhandlingsutval ikkje har mynde til å drøfte/forhandle.

Fagforbundet Møre og Romsdal ber Helseforetak og kommunane oppretthalde den representasjon ein har i dag.

Fagforbundet Møre og Romsdal

Mariann Brandstad
Fylkesleiar

Kopi til fagforeningene

Fagforbundet Møre og Romsdal Telefon: 71 19 17 30 Storgata 9 Org.nummer 974263475
postmottak.mr@fagforbundet.no Telefaks: 71 19 17 31 6413 Molde

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2014/137
		Arkivkode:	020

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
165/15	Formannskapet	03.11.2015
126/15	Kommunestyret	26.11.2015

KOMMUNEREFORMEN - OPPNEMNING AV FORHANDLINGSNEMND

Handsaming:
Dan Helge Bjørneset og rådmannen orienterte om tidlegare møte med Ørsta om kommunereforma.

Ordføraren kom med framlegg om Dan Helge Bjørneset som medlem i forhandlingsnemnda.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med framlegget frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.***

2. ***Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, Dan Helge Bjørneset og rådmann.***

3. ***Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.***

Administrasjonen si tilråding:

4. **Kommunestyret viser til sitt vedtak i sak 70/15, møte 18.6.15, og har som intensjon å følgje opp dei oppgåver og framdriftsplan som der er skissert.**

5. **Kommunestyret vel følgjande forhandlingsnemd på 4 medlemmer: Ordførar, varaordførar, ……og rådmann.**

6. **Kommunestyret føreset at rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing vert halde same dag i Volda og Ørsta.**

Vedleggsliste:

1. K-sak 70/15, møte 18.6.15: Kommunereformen - status pr. 1.halvår 2015
2. Innbyggarundersøking Volda/Ørsta, dat.1.7.15
3. Referat fellesmøte arbeidsgruppene 20.8.15
4. Referat lokal arbeidsgruppe 4.9.15
5. Referat fellesmøte arbeidsgruppene 28.9.15

Uprenta saksvedlegg:
Byregionen Volda-Ørsta: http://www.volda.kommune.no/nyhende/arkiv/byregionen-volda-orsta.27788.aspx

Samandrag av saka:
Kommunestyret vert bede om å oppnemne eit forhandlingsnemnd, som får til mandat å tinge vidare med Ørsta kommune om samanslåing av kommunane.

Saksopplysningar:
I kommunetyret 18.6.15, sak 70/15, gjorde kommunestyret slikt samrøystes vedtak, jfr. ***vedlegg 1:***

"1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.

2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.

3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.

4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

5. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga."

Ørsta kommunestyre gjorde i møte 11.6.15 tilsvarande vedtak.

I samsvar med punkt 4 i vedtaka vart i månadsskiftet juni/juli gjennomført innbyggjarundersøking om kva alternativ kommunen bør arbeide vidare med fram mot folkeavrøystinga. 600 personar i Volda kommune, og tilsvarande tal i Ørsta kommune, deltok i undersøkinga, som vart utført av Sentio Research.

For Volda viser undersøkinga at 11 prosent meinar kommunereform er svært viktig, 15 prosent meinar det ikkje er viktig. Fleirtalet er midt på skalaen. Undersøkinga viser vidare at 56 prosent av dei spurte meiner at kommunen bør slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar. Dette er ein indikasjon på eit relativt sikkert fleirtal for kommune-samanslåing, meinar forskarane. 34 prosent ønskjer kommunestruktur som i dag. Motstanden mot endra kommunestruktur er størst blant dei under 30 år. Om det vert bestemt at kommunesamanslåing skal gjennomførast, er Ørsta klart førsteval for Voldingane.
88 prosent av dei spurte peikar på dette som alternativ.

I Ørsta meinar 15 prosent at spørsmål om kommunesamanslåing er svært viktig, og like mange meinar det ikkje er viktig. Haldninga til fleirtalet av dei spurte ligg midt i mellom. Nær halvparten av dei spurte i Ørsta (48 prosent) meinar Ørsta bør slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar, medan fire av ti meinar kommunestrukturen bør vere som i dag. Forskarane i Sentio held fram at tendensen i svara er eintydige nok til å konkludere med eit sikkert fleirtal for samanslåing. Om det vert bestemt at kommunesamanslåing skal gjennomførast, er Volda soleklart alternativ for Ørsta. Heile 87 prosent av dei spurte peikar på dette. Det vert elles vist til ***vedlegg 2*** for nærare detaljar om denne undersøkinga.

Det må her nemnast at Sunnmøre Regionråd alt hausten 2014 gjennomførte ei innbyggjarundersøking for heile Sunnmøre, som for Volda viste om lag same resultat som ovannemnde undersøking. Regionrådet vil no i løpet av oktober gjennomføre ei ny tilsvarande undersøking, der resultatet vil verte presentert på "Agenda Sunnmøre" den 26.11.15.

I oppfølginga av kommunestyrevedtaka frå juni har dei lokale arbeidsgruppene for kommunereforma (som er slik samansett: ordførar, varaordførar, rådmann, 2 tilsetterepr. og lokal kontaktperson) til hatt eigne møte og fellesmøte, jfr. ***vedlegga 3-5.***

I fellesmøte 20.8 15 vart m.a, drøfta om det er mogleg å innhente ressursar frå Sunnmøre Regionråd (SR) til vidare prosess. Vidare vart drøfta at folkeavrøysting våren 2016 i Ørsta og Volda må haldast på same dato. Det er i denne samanheng viktig med rask avklaring på kva det skal røystast over, t.d. ja/nei til intensjonsavtale Ørsta og Volda, eller om andre spørsmål kan vera aktuelle for avrøysting. Vidare prosess må innrettast etter dette.

To framgangsmåtar i arbeid med intensjonsplan vart drøfta; utarbeide samla plan og legge fram for politisk drøfting, eller etappevis forhandling og politisk drøfting undervegs. Modell med etappevis forhandling/drøfting stod på det tidspunkt fram som best.

I vår lokale arbeidsgruppe sitt møte 4.9.15 vart drøfta mål med ein intensjonsplan (jfr. kst. vedtaket punkt 3), der aktuelle målesettingar med ein intensjonsplan t.d. *kan* vere (ikkje uttømande opplisting):

a) Alle innbyggjarane er likeverdige, intensjonskommunane går inn i ny kommune med sine plikter og verdiar som vert forvalta og vidareutvikla av eit nytt felles kommunestyret.
b) Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å halde på og vere med på å utvikle eksisterande fylkeskommunale og statlege institusjonar der desse i dag er etablerte.
c) Det er føresett at tenestene i den nye kommunen blir minst like gode som i dei gamle. Heile kommunereformen byggjer på føresetnaden om å levere betre tenester til innbyggarane og samtidig ha betre kompetanse i det spesialiserte samfunnet.

d) Å utvikle gode nærdemokratiske system og ordningar som sikrar at alle i ei større kommune får god nok demokratisk innflytelse. Ordninga med kommunalt oppnemnde grendeutval bør vidareførast.
e) Kunne realisere større tiltak for utvikling av lokalsamfunnet som den enkelte kommune i dag ikkje greier kvar for seg.
f) Utvikle breiare og mindre sårbare fagmiljø

I utkast til vidare prosess *kan* tema vere:

- Utfordringsbiletet
- Felles framtidsvisjon –(kva vil vi oppnå som ein kommune?)
- Verdiar og grunnleggjande prinsipp i prosessen som *ein* kommune
- Felles interesser (t.d tenesteperspektivet, servicefunksjonar i den enkelte kommune, bygdene, demokratiske omsyn, felles satsingsområde/investeringsprosjekt dei første 4 åra etter samanslåing mv)
- Særinteresser – (og korleis løyse desse ut frå overordna prinsipp)

I fellesmøtet 28.9.15 vart det klart at Sunnmøre Regionråd kan stille som prosessrettleiar for den vidare prosess, og dei har avklara dette med Fylkesmannen, som vil stille støttande opp.

Det var vidare i møtet semje om at det i den vidare prosess bør veljast ei forhandlingsnemnd i kvar kommune. Denne nemnda bør bestå av politikarar (både posisjon og opposisjon) og rådmann. Erfaringar frå kommunesamanslåingsprosessar tilseier at det er tenleg at nemnda har 4 medlemmer frå kvar kommune for ikkje å verte for stor.

Noverande arbeidsgrupper for kommunereforma vert då referansegruppe for forhandlingsnemndene. Desse referansegruppene må haldast fortløpande orientert, sameleis formannskapa.

I kommunestyra sine vedtak frå juni er det skissert ein framdriftsplan. Der det er føresett at etter at kommunestyrevalet er gjennomført, skal det nye kommunestyret gi nærare mandat for den vidare prosess, herunder oppnemne slik forhandlingsnemnd som nemnt ovanfor, og at det i perioden desember 2015- april 2016 skal utarbeidast intensjonsplan.

Vurdering og konklusjon:
Etter at kommunestyrevalet no er gjennomført, og det i begge kommunane ser ut til at det blir skifte i den politiske leiinga, har arbeidsgruppene for kommunereforma i fellesmøtet 28.9.15 rådd til at arbeidsgruppene med ny politisk deltaking held møte 5.11.15. Det vert vidare lagt opp til at kommunestyra pr. 1.12.15 oppnemner kvar si forhandlingsnemnd, og gjer vedtak om nærare mandat for den vidare prosess.

Det er i kommunestyresaka 18.6.15 skissert kva ein intensjonsplan kan innehalde, t.d.

- Kva ein vil oppnå med kommunesamanslåinga (hovudmål og delmål)
- Om det t.d. er konkrete prosjekt ein vil bruke reforma til å lyfte i lag
- Kvar kommunesenteret skal vere og fordeling av lokalisering av ulike kommunale funksjonar
- Korleis lokalsamfunnet kan styrkast
- Korleis kommunale tenestefunksjonar kan styrkast
- Korleis tilsette skal informerast og involverast i prosessen
- Korleis innbyggjarane skal informerast og involverast
- Ev. avklaring av kommunenamn og kommunevåpen
- Framdriftsplan for gjennomføring av samanslåing

- m.m.

Det er greitt å kunne ha dette som utgangspunkt i den vidare prosess, der det no ser ut til at kommunane får hjelp frå Sunnmøre Regionråd, som kan stille med prosessleiing. Det er såleis viktig at kommunestyra no oppnemner forhandlingsnemnder, der mandatet blir å følgje opp intensjonane og framdriftsplanen i kommunestyra sine vedtak frå 11.6/18.6.15.

Forhandslingsnemndene si oppgåve vil då m.a. vere å gå inn i "dei vanskelege sakene" og ikkje minst få løfta fram potensialet for kva ein kan få til i ei ny kommune. Det vert i denne samanheng vist til Møreforsking sin rapport om "Byregionen Volda-Ørsta", der det i konklusjonen m.a. går fram at *"Vi trur at det løner seg å tenke stort; Volda-Ørsta bør sjå si rolle i ein større regional samanheng, og ikkje la føringane i byregionprogrammet avgrense perspektivet på kva strategiar ein legg for framtida*."

Helse og miljøkonsekvensar:
Er omtalt i tidlegare saker.

Økonomiske konsekvensar:
Er omtalt i tidlegare saker.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Er omtalt i tidlegare saker.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Dei valde i forhandlingsnemnda
Ørsta kommune
Referansegruppa
Arbeidstakarorganisasjonane
Sunnmøre Regionråd
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTN» «POSTSTED»

Arkivsak nr.	*Løpenr.*	*Arkivkode*	*Avd/Sakshandsamar*	*Dato*
2014/137	6849/2015	020	SVK/ US	22.06.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK - KOMMUNEREFORMEN - STATUS PR. 1. HALVÅR 2015

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 18.06.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 70/15, der det vart gjort slikt vedtak:

1. ***Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.***

2. ***Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.***

3. ***Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.***

4. ***Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.***

5. ***Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.***

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Unni Strand
sekretær

Postadresse:	postmottak@volda.kommune.no		www.volda.kommune.no	
Stormyra 2	Telefon:	Telefaks:	Org. nr:	Bankgiro:
6100 Volda	70058886	7005870170058701	939 760 946	3991.07.81727

Kopi til:
Vanylven kommune
Sande kommune
Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
Eid kommune
Hornindal kommune
Stryn kommune

Sakshandsamar Per Ernst Lundberg

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ernst Lundberg	Arkivsak nr.:	2014/137
		Arkivkode:	020

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
97/15	Formannskapet	09.06.2015
22/15	Ungdomsrådet	17.06.2015
70/15	Kommunestyret	18.06.2015

KOMMUNEREFORMEN - STATUS PR. 1. HALVÅR 2015

Handsaming i kommunestyret:

Sak 61/15 i Ørsta kommunestyre, Kommunereform - status og vidare prosess var lagt ut på lesebretta møtedagen.
Melding om vedtak i ungdomsrådet frå møte den 17.06.15 vart utdelt på møtet.

Røysting:
Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 18.06.2015

1. ***Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.***

2. ***Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.***

3. ***Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.***

4. ***Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.***

5. ***Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.***

Handsaming i ungdomsrådet:

Ungdomsrådet tek saka til vitande

Røysting:
Samrøystes vedteke

Vedtak i Ungdomsrådet - 17.06.2015

Ungdomsrådet tek saka til vitande

Handsaming i formannskapet:

Innspel frå dei hovudtillitsvalde om kommunereforma dat. 03.06.15 vart lagt ut på lesebretta på møtedagen.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg:
Presisering av pkt. 3
Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan…

nytt pkt. 4:
Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.

Gunnar Strøm, SV, kom med fylgjande framlegg som nytt pkt. 5:
Volda kommune skal halde rådgjevande folkerøysting om eventuell samanslåing med andre kommunar uansett kva den andre/dei andre kommunane vil gjere.

Odd A. Folkestad kom med fylgjande framlegg som tillegg til pkt. 3:
Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.

Prøverøysting:
Pkt. 1 og 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 3 i tilrådinga frå administrasjonen og tilrådinga med presiseringa frå ordføraren, fekk tilrådinga med presiseringa ni røyster. Tilrådinga utan presiseringa fekk 0 røyster.

Tilleggsframlegget frå Odd A. Folkestad fekk ni røyster.

Framlegget frå ordføraren til nytt pkt. 4 fekk ni røyster

Pkt. 4 i tilrådinga frå administrasjonen (her etter kalla pkt. 5) fekk ni røyster.

Framlegget frå Gunnar Strøm fekk ni røyster

Gunnar Strøm trekte framlegget sitt.

Røysting:
Tilrådinga frå administrasjonen med tillegga og endringane frå ordføraren og Odd A. Folkestad vart samrøystes vedteken.

Tilråding frå Formannskapet - 09.06.2015 til kommunestyret:

1. ***Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.***

2. ***Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.***

3. ***Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.***

4. ***Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma.***

5. ***Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.***

Administrasjonen si tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen.

2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016.

3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing.

4. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga.

Vedleggsliste:

1. Notat frå Tenketank 19.2.15
2. Notat frå ope møte 9.3.15
3. Notat frå Tenketank 21.5.15
4. Kommunereforma - sluttdokument drøftingsnotat formannskapet (oppsummert 1-6)
5. Intensjonsavtale mellom Volda og Ørsta kommune
6. Vedtak i Volda kommunestyre i K-sak 62/13 – godkjenning av intensjonsavtale mellom kommunane Volda og Ørsta.
7. Vedtak i Ørsta kommunestyre i K-sak 33/13 – godkjenning av intensjonsavtale mellom kommunane Volda og Ørsta.

Uprenta saksvedlegg:

1. http://www.volda.kommune.no/kommunereform
2. https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/meld.-st.-14-2014-2015/id2401505/
3. http://www.volda.kommune.no/nyhende/arkiv/byregionen-volda-orsta.27788.aspx

SAMANDRAG AV SAKA:

Regjeringa sine hovudmål for kommunereforma er:

- Eit sterkt lokaldemokrati.
- At kommunar slår seg saman til større, robuste einingar som samsvarar betre med dei naturlege bu- og arbeidsmarknadsregionane som har utvikla seg over tid.
- Generalistkommunen tilbake. Alle kommunar skal kunne løyse sine lovpålagde oppgåver sjølve. Gode og likeverdige tenester. Berekraftige kommunar.
- Mindre behov for interkommunale løysingar og statleg detaljstyring. Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling.

I denne saka vert teke ein gjennomgang og ei vurdering av reform og prosess så langt i Volda kommune. Vidare trekkjer saka opp ei retning for eventuell kommunesamanslåing og skisserer vidare prosessar for å førebu folkerøysting og kommunestyret si endelege handsaming våren 2016. Det er i den saka kommunestyret skal ta endeleg stilling til om Volda kommune skal gå for kommunesamanslåing og ev på kva vilkår. Denne saka er viktig for å forankre framdriftsplan med milepålar for dei prosessane som skal gjennomførast for å kunne ta endeleg stilling til kommunereformspørsmålet.

Det kjem nok ikkje som noko overrasking at saka konkluderer med to alternativ som grunnlag for den vidare prosessen;

- Volda held fram som sjølvstendig kommune
- Volda og Ørsta slår seg saman

Det vert vist til at kommunereformprosessen starta med at ordførarane i Volda og Ørsta inviterte kommunalministeren til Aasentunet og samla begge kommunestyra til felles møte i september 2014. I tidleg fase har fleire sett Volda og Ørsta som naturleg case for kommunesamanslåing, og fylkesmannen tok kontakt med kommunane 2014 for å selje inn eit hurtigløp for samanslåing av dei to kommunane. Kommunane Volda og Ørsta samarbeidde om utarbeiding av prosjektrapport om kommunesamanslåing i 2011. Formannskapa i dei to kommunane har i felles møte også vedteke utgreiing av Volda og Ørsta som samkommune.

Rådmannen har teke initiativ til møte med administrasjonen i Ørsta for å formidle Volda kommune sitt arbeid med saksutgreiinga og drøfte felles innstilling og framdriftsplan.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kommunereformprosessen i Volda

Kommunestyret har tidlegare handsama to saker om kommunerforma:

- K-sak 107/14, i møtet 28.8.14
- K-sak 164/14, i møtet 18.12.14

Fylkesmannen har i brev av 16.1.15 kommentert kommunen sine planar for arbeidet med kommunereforma slik:
"Planen til Volda kommune inneheld alle dei store område kommunen må arbeide med i kommunereforma; organisering og mandat, grunnlagsmateriale, informasjon og involvering og aktivitets- og milepelsplan. Vi meiner kommunen har gjort gode vurderingar knytt til dei nemnte områda.
Vi vil løfte fram gjennomføringsplanen for hausten 2015 og fram til våren 2016 som eit arbeid kommunen kan jobbe meir med. Det kan vere ein god øving for å sjå kva for aktivitetar, prosessar og avgjersler som må vere på ferdig til dei ulike milepælane og tidsfristane…."

Kommunen har sidan fylkesmannen skreiv sitt brev arrangert møte i Tenketanken 19.2.15, 21.05.15, og ope møte/folkemøte 9.3.15. Der er laga notat frå desse møta, jfr. *vedlegg 1, 2 og 3*.

Vidare har ordførar halde orienteringar om kommunereforma i lag og foreningar. Rådmannen har hatt løpande orienteringar til dei hovudtillitsvalte, opne møte for tilsette og skriftleg informasjon til alle tilsette. På kommunen si heimeside vert lagt ut løpande informasjon om kommunale dokument, rapportar osv. frå stat, regionråd og andre, sjå http://www.volda.kommune.no/kommunereform

Formannskapet har i 6 møte etter nyttår handsama tema knytt til kommunereforma gjennom drøfting basert på notat frå rådmannen, kalla "Drøftingsnotat". På heimesida (Kommunereform) under "kommunale dokument om reforma" finn ein desse notat merka med nummer frå 1- til 6, og oppsummering i notatet "Kommunereforma- sluttdokument drøftingsnotat (oppsummert 1-6)" , som følgjer her som *vedlegg 4*.

Enn vidare har formannskapet teke del i Sunnmøre Regionråd si samling om kommunereforma den 23.4.15 i "Arena Sunnmøre".

Sunnmøre regionråd gjennomførte ei innbyggjarundersøking i kommunane på Sunnmøre i oktober 2014, der det m.a. vart spurt om innbyggarane si haldning til kommunesamanslåing og preferansar med omsyn til kven ein ev. vil slå seg saman med. Undersøkinga viste følgjande resultat: (svar i prosent av dei spurde):

Kommune	Andel pos. til samansl.	Pos til samansl m **Volda**	Pos til samansl m **Ørsta**	Pos til samansl m Ulstein	Pos til samanl m Herøy	Pos til samansl m Hareid	Pos til samansl m Sande	Pos til saman m Vanylven	
Volda	**68**	-	**86**	13	12	11	8	12	
Ørsta	**78**	**94**	-	19	10	17	9	9	
Ulstein	69	12	14	-	48	92	33	10	
Herøy	63	9	10	65	-	42	73	10	
Hareid	78	11	11	91	20	-	19	4	
Sande	75	14	13	46	68	44	-	24	
Vanylven	90	32	24	50	48	32	53-		

Det går fram av undersøkinga at det er stor oppslutning blant dei spurde i Volda og Ørsta om samanslåing av desse kommunane: 86 % i Volda og 94 % i Ørsta. I begge kommunane er det elles låge andelar som ynskjer samanslåing med andre kommuner i regionen.

Volda kommune har lagt vekt på lokal prosess med utgangspunkt i ekspertutvalet sine kriteria og kommunen sine 4 roller; myndigheitsutøving, tenesteyting, lokal samfunnsutvikling og lokaldemokratisk arena. Kommunen har ikkje lagt opp til å utgreie ulike alternativ. Det er lagt til grunn at det er mykje statistikk og utgreiingar som ligg føre som grunnlag for å ta avgjerd i kommunereforma, m.a.:

- Ekspertutvalet sine 2 rapportar
- Utgreiing av samanslåing av Volda og Ørsta
- Fylkesstatistikk
- LUK-rapport frå Asplan Viak i samband med analyse for sentruma i Volda og Ørsta og Hovdebygda/Furene.
- Sunnmøre i framtida (regionanalyse utarbeidd av Berefjord)
- Byregionanalyse Volda og Ørsta

- Rapport med ulike data for kommunane på Sunnmøre (BDO-rapport tinga av Sunnmøre regionråd)
- Innbyggjarundersøking for kommunane på Sunnmøre hausten 2014 (tinga av Sunnmøre regionråd)
- Utfordringsnotat og planprogram i samband med revisjon av kommuneplanen for Volda kommune
- Oppsummeringar frå drøftingar i formannskapet, møte med råd, lag/organisasjonar, tenketank, ope møte mv.

All denne dokumentasjonen er tilgjengeleg på kommunen si heimeside (bruk søkefeltet).

Utfordringar

Det er ein intensjon i reformprosessen at kommunane skal vurdere dagens situasjon og korleis ein ser utfordringane i framtida, og da gjerne i eit 50-års perspektiv.

Det vert vist til Planprogrammet for revisjon av kommuneplanen som ligg ute til offentleg ettersyn, sjå http://www.volda.kommune.no/sjolvbetening/rullering-av-kommuneplanen-sin-samfunnsdel.28455.aspx. I rapportar som ligg føre, og i prosessar i samband med kommunereforma, kan ein trekkje ut følgjande faktorar som sentrale for situasjon og utfordringar for Volda kommune:

Utøving av mynde
- Ut frå klagestatistikken frå fylkesmannen ser det ut til at kommunen ligg godt an.
- Kommunen sin storleik må vere slik at kompetansen og kapasiteten kan vere god nok, med t.d. spesialkompetanse på ulike felt.
- Ikkje alle får svar innan rimeleg tid etter forvaltningslova. Dette går ikkje på kompetanse, men på ressursprioritering.
- Tillit er sentralt ved myndigheitsutøving, slik at vurderingar og avgjerder vert gjort rett, og oppfatta som rette.
- Dei som skal handsame sakene (administrativt og politisk) er objektive og ikkje let seg påvirke. Av og til er det ein fordel med nærleik og lokal kunnskap, medan i andre samanhengar kan det verer det ein fordel å vere større og ha større avstand.

Tenesteyting
- Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet fagleg/administrativt for å kunne gje innbyggjarane dei tilboda dei etter lov, føresegner og statlege føringar elles har krav på.
- Det er sterke sentraliserande prosessar på gang. Kor vidt desse kan få konsekvensar for strukturen for dei ulike tenestene kommunen levere i dag et vanskeleg å spå.
- Rekruttering av fagpersonar innan dei ulike tenesteområda vil bli ei utfordring i åra som kjem

Lokalsamfunnsutvikling
- Samfunnsansvaret til kommunen handlar i hovudsak om tilrettelegging overfor næringsliv/arbeidsliv og frivillig arbeid. Vidare handlar det om arealpolitikk (planlegg/utvikling) og ha tilstrekkeleg kapasitet.

- Heilskapleg utvikling er sentralt. Kommunikasjon mellom sentrum og vestsida i Volda er ei utfordring
- Dei offentlege arbeidsplassane i Volda er kanskje ikkje trygge. Må ha fokus på dette, samtidig må ein ha fokus på utvikling av private arbeidsplassar.
- For at lokalsamfunnet skal fungerer optimalt, må det leggast slik til rette at innbyggjarane både skal kunne trivast og meistre kvardagen. Først då er grunnlaget for vekst og utvikling til stade.

Lokaldemokrati
- Deltaking og engasjement i lokalpolitisk arbeid er ei utfordring i dagens samfunn
- Nærleik til dei styrande og dei styrte har lange tradisjonar i det norske demokratiet, noverande struktur er kjent og lett å forholde seg til: Ordføraren si dør er open for alle….
- Større kommune kan gje auka avstand til dei styrande generelt, vanskelegare å nå tak i ordføraren for den enkelte. Men: Kan vere positivt med fleire veljarar bak kvar representant.

Det er sjølvsagt vanskeleg å sjå føre seg framtida, og ein veit også at i dagens samfunn vil det nesten samanhengjande kome nye reformer som kan rokke både ved dei offentlege forvaltningsstrukturane og rammevilkår for nærings- og befolkningsstruktur.

VURDERING:

Hovudargument for kommunereform

I kommuneproposisjonen for 2015 la regjeringa til grunn desse faktorane som behov for ei kommunereform:

Befolkningsutviklinga
- Vekst på 1,2 mill sidan 1970
- Antal eldre over 67 år vil verte dobla innan 2040 og vil medføre auka behov for tenester og større press på kommunebudsjettet
- Folketalet i dei mellomstore og største byregionane vil auke med høvesvis 21% og 27 % fram til 2030
- Folketalsnedgang i dei minste kommunane og desse vil få ei utvikling med større andel eldre i folket

Sentralisering
- Vesentleg sentralisering av befolkninga sidan siste kommunestrukturendring på 1960-talet, og sentraliseringa vil halde fram med særleg folketalsvekst i byområda
- Fleire tek høgare utdanning
- Digital infrastruktur og digitalisering av kommunikasjonen fører til nye arbeidsmåtar og samhandling
- Betre utbygging av samferdsel og auka pendling som gjev større integrasjon mellom kommunar i eksisterande bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Færre innbyggjarar i dei spreiddbygde områda og det har skjedd ei regional sentralisering med vekst i tettstadane

Manglande samsvar mellom administrative og funksjonelle

- Befolknings- og kommunikasjonsutviklinga har endra dei funksjonelle samfunnsutviklingsområda.
- Særleg i byområda er moglegheitene store for å sikre ei heilskapleg og berekraftig utvikling i areal-, transport- og bustadplanlegging med større og meir robuste kommunar. Mange bykommunar har avgrensa areal og er avhengig av bustadbygging i omkringliggjande kommunar for å handtere stor befolkningsvekst.

Mange og viktige oppgåver stiller auka krav til kommunane

- Kommunane har hatt stor oppgåvevekst i omfang og kompleksitet dei siste 50 åra. Dette krev relevant og tilstrekkeleg kompetanse i kommunane.

Utfordringar for lokaldemokratiet

- Interkommunalt samarbeid med representantar i styrande organ som ikkje er direkte folkevalte vert vurdert av regjeringa som ei svekking av demokratiet.
- Små kommunar medfører behov for statleg detaljstyring og kontroll.

Ein må ha klart for seg at behova for ei kommunereform er skissert ut frå at blant landets 428 kommunar har over halvparten under 5 000 innbyggjarar. I KOSTRA-grupperinga er kommunar under 5 000 innbyggjarar rekna som små kommunar, medan kommunar med 20 000 eller fleire vert vurdert som store kommunar.

I løpet av prosessen har problematiseringa av interkommunalt samarbeid vorte nedtona då ein ser at det vil vere behov for slike type samarbeid uansett kva kommunestruktur som vert valt. Samtidig er mange av desse samarbeida meir av administrativ og fagleg karakter, som revisjon, IKT, arbeidsgjevarkontroll og barnevern, og er ikkje oppgåver som skal løysast ved utøving av politisk skjøn.

Ekspertutvalet si tilråding

I Volda kommune sitt arbeid med kommunereforma har det til no blitt lagt mest arbeid i informasjon og medverknad. I det vidare arbeidet vil rådmannen rå til at det blir teke utgangspunkt i ekspertutvalet si innstilling frå mars 2014, der hovudkonklusjonen er at der er for mange kommunar under 5000 innbyggarar i landet. Dei meiner faktisk at for at kommunane skal kunne løyse dagens oppgåver bør dei ha 15 - 20.000 innbyggarar.

Utvalet peikar på at kommunar av ein slik storleik vil kunne ivareta rolla som samfunnsutviklar, ved at kommunen sin evne til å handtere samfunnsmessige og arealmessige utfordringar vert vesentleg betre. Utvalet seier også at kommunar på 15 – 20 000 innbyggjarar kan leggje grunnlag for fagmiljø som ivaretek kommunen si rolle som demokratisk arena. Samla sett er utvalet si oppfatning at ein kommunestruktur med minstestorleik på 15 – 20 000 innbyggjarar vil gi kommunar som løyse dagens oppgåver på ein god måte for sine innbyggjarar, samfunnet og næringslivet.

Ekspertutvalet rår til ein kommunestruktur som i større grad nærmar seg funksjonelle samfunnsutviklingsområde. Utvalet peikar i den samanheng særleg på behovet for kommunesamanslåingar i fleirkommunale byområde som består av oppsplitta tettstader og/eller bu- og arbeidsmarknadsregionar med stor grad av pendling mellom kommunane.

I forlenginga av dette presiserer utvalet at:

- Ein tettstad bør i sin heilskap liggje i ein kommune
  Dette inkluderer både tilfelle der tettstader har vakse ut over sine kommunegrenser, samt der to tettstader har vakse saman.

- Ein tett integrert arbeidsmarknad bør utgjere ein kommune
  Utvalet meiner at arbeidsmarknaden er tett integrert når 25 % el fleire av dei sysselsette busett i ein kommune jobbar i regionens senterkommune(-ar).

I debatten i etterkant av ekspertutvalet sine tilrådingar har funksjonelle samfunnsutviklingsområde vore omtalt som kvardagsregionar, dvs det geografiske nedslagsfeltet for felles arbeidsmarknad/pendling, handel, kulturelle aktivitetar og andre kvardagslege aktivitetar.

Oppgåvemeldinga

Mange har venta i spaning på kva "oppgåvemeldinga" ville føre med seg av nye oppgåver til større kommuner. Denne meldinga kom 20.3.15 (Meld. St. 14 2014 – 2015) , og oppgåvene som er foreslått kan skisserast slik:

Forvaltning- Mynde:	**Produksjon:**	**Utvikling:**
Bustadtilskot. Varig tilrettelagt arbeid. Arbeids- og utdanningsreiser. Finansiering pasienttransport. Tilskot til frivilligsentralar. Forenkling utmarksforvaltning. Motorferdsel. Tilskot nærings- og miljøtiltak i skogbruk. Tilskot beite, jordbruk, verdsarv Konsesjonsbehandling små-kraftverk. Enkeltutslepp forureiningslov. Naturforvaltning. Godkjenning av svømme-anlegg.	Rehabilitering. Basishjelpemiddel. Distriktspsykiatrisk senter - (DPS) – forsøk. Barnevern. Familievern. Det vert opna for at storbyane kan ta over ansvaret for vidaregåande skular og for kollektivtrafikken under særskilte føresetnader.	Lokal nærings-/samfunns-utvikling. Større handlingsrom i plan- og byggjesaker.

I tillegg er det foreslått overført oppgåver som notarialforretningar, vigselsrett og sivile politioppgåver. Sjå melding her: https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/meld.-st.-14-2014-2015/id2401505/

Oppgåvene som er skissert overført dreier seg i hovudsak om forvaltnings- og produksjons-/driftsoppgåver. Dette er oppgåver som er regulert gjennom lover og forskrifter, og som i hovudsak vert handtert av fagadministrasjonen gjennom delegeringsvedtak. Utviklingsoppgåvene er svært avgrensa.

Rådmannen er i tvil om desse oppgåvene vil gi særleg styrka lokaldemokrati. Oppgåvene som rehabilitering og rus/psykiatri er i dag gråsoneoppgåver forbunde med stor økonomisk risiko og utfordringar med utmåling av tenester og måling av effekt. Gjennom økonomisk

rammestyring kan kommunane risikere å redusere sitt økonomiske handlingsrom ved å overta den økonomiske risikoen for desse oppgåvene. Stortingsmeldinga gir heller ikkje noko svar på korleis redusert statleg detaljstyring og kontroll skal verte materialisert. Dette skal ein kome attende til i eit eige oppstarta arbeid for gjennomgang av den statlege styringa av kommunane. Resultatet av gjennomgangen vil verte presentert for Stortinget våren 2017, samtidig med framlegga til avgjerd om ny kommunestruktur og oppgåver til kommunane. I dette kan det liggje ei usikkerheit om staten faktisk greier å innfri forventingane til seg sjølv.

Kommunane er blant dei største og mest komplekse organisasjonane i det norske samfunnet. Rådmannen synest det ville vere fornuftig å gjere ei analyse på om det er tenleg å leggje enda fleire oppgåver på kommunane. Sett frå rådmannen sin ståstad er eg i tvil om det er fleire oppgåver kommunane treng, men heller føreseielege økonomiske rammer og auka fridom til å rå over dei oppgåvene som alt er delegert til kommunesektoren. Rådmannen meiner at regjeringa bør utfordrast på dette, da dette truleg er det virkemiddelet som vil ha størst effekt på auka lokaldemokratiet.

Det var ulike forventingar til kva oppgåver staten ville overføre til kommunane ut frå at regjeringa alt i tidleg fase var tydelege på at ei av dei sentrale målsettingane med kommunereforma var å forenkle og styrke lokaldemokratiet. Dersom ein skulle få ei vesentleg endring i den retninga, må staten seie frå seg makt og overføre oppgåver frå direktorata og fylkesmennene. Dette er det få som har tru på at staten er i stand til å gjennomføre, og det er derfor ikkje overraskande at forslaget til oppgåveoverføring vert av meir beskjeden karakter, og kanskje noko usamanhengande. Desse representerer samla sett i omfang og kompleksitet eit meir avgrensa nivå, som etter rådmannen si vurdering ikkje vil rokke ved ekspertutvalet si tilråding om at kommunar på 15 – 20 000 er store nok til å takle kommunen sine oppgåver og roller.

Med mindre Stortinget ikkje gjer vesentlege endringar i opplegget når dei skal handsame oppgåvemeldinga, så er det rådmannen si vurdering at ei samanslåing av Volda og Ørsta vil vere stort nok til å møte utfordringane knytt til kommunereforma.

Kan ikkje utgreie seg fram til løysing – det handlar om felles vilje

Kommunalminister Sanner presiserte i sitt innlegg til kommunane i Molde 30. april at det ikkje går an å utgreie seg fram til eit rett svar for kommunesamanslåing, og at bygging av ny kommune må baserast på ein felles vilje mellom kommunane.

Rådmannen meiner at kommunereforma må løysast gjennom ein prosess kombinert med kunnskap og modning, der grunnlaget for avgjerd bør byggje på ein felles vilje til å byggje ny kommune forankra i folkeviljen. Dette er ein politisk prosess basert på dei lokaldemokratiske prinsippa, og ein er avhengig av å ha folket i ryggen for den retninga ein vil gå. Alternativet er å halde på noverande struktur.

Volda kommune bør også vurdere si framtid ut frå kva som kan vere strategisk klokt. I den samanheng må ein vurdere sin ståstad opp mot andre kommunar sine strategiar og Volda kommune sine rammevilkår og interesser, som til dømes busetjingsstruktur/geografi, samferdsel, næringsinteresser, ynske om sentralitet, identitet og demokrati

Rådmannen synest kommunestyret i Volda har lagt seg på ei fornuftig line ved ikkje å bruke ressursar på enda fleire utgreiingar med forventingar om ei rasjonell løysing.

Mange er opptekne av dei økonomiske rammevilkåra. Regjeringa har sett i gang revisjon av inntektssystemet, og framlegg til nytt inntektssystem kjem i kommuneproposisjonen for 2017. Ein må gå ut frå at det vil vere både større og mindre kommunar også etter at kommunereforma er gjennomført, og at regjeringa vil måtte ta omsyn til at velferdstenestene må finansierast også i kommunar på storleik med Ekspertutvalet si tilråding, og truleg også kommunar som er mindre enn det. Det er småkommunetilskotet (kommunar under 3 200 innbyggjarar) som er varsla at dei vil ta vekk, men at dei vil få behalde det som overgangsordning på 20 år dersom slik kommunar slår seg saman med andre kommunar. Utover dette er det vanskeleg å føreseie fordelinga i framtidig inntektssystem. Rådmannen meiner at dei økonomiske faktorane er usikre at det er nærast uråd å leggje mykje vekt på dette i vurderinga av kommunestruktur. Kommunalministeren sa på KS si konferanse 8. april d.å. at han ikkje har noko klart mål om kor mange kommunar det skal verte etter kommunereforma, men at det viktigaste er at prosessane er i gang og at det vil føre til at ein får færre kommunar. Det er såleis naturleg å forvente at denne haldninga også kjem til uttrykk når ein skal leggje nytt inntektssystem.

Viktige føringar for strategival for Volda kommune

Sette i høve til dagens oppgåver og det oppgåvemeldinga gjer framlegg om at kommunane skal drive med, er rådmannen av den oppfatning at ei kommune på 15 - 20.000, slik ekspertutvalet gjer framlegg om, er ein høveleg storleik. Dette betyr at Volda + Ørsta med sine om lag 20.000 ligg i denne kategori.

Ut frå ekspertutvalet sin definisjon og alminneleg oppfatning er det tvillaust at Volda/Ørsta utgjer ein kvardagsregion, der kommunane, næringsliv og det sivile samfunn elles på ein god måte utfyller kvarandre, noko ikkje minst den sist framlagde Møreforskingsrapporten ”Byregionen Volda- Ørsta” viser, sjå
http://www.volda.kommune.no/nyhende/arkiv/byregionen-volda-orsta.27788.aspx

Det er også rimeleg gode offentlege kommunikasjonstilbod mellom Volda og Ørsta, noko som også legg til rette for ein velfungerande kvardagsregion.

Volda har spreidd busetjing som strekkjer seg over eit større geografisk område. Kommunen er ikkje samanbunde i dag ved at vestsida er avhengig av ferje og har store avstandsulemper. Det er ei vesentleg utfordring å få bunde kommunen saman kommunikasjonsmessig til å kunne verte velfungerande. Volda kommune bør uavhengig av kommunestruktur arbeide for å nytte den føreslegne ferjeavløysingsordninga for å knyte vestsida saman med Volda sentrum.

Det er frå statleg hald lagt vekt på at kommunane må gjere øvinga ”naboprat”. Denne øvinga har Volda og Ørsta gjort i mange år, uavhenging av kommunereforma. I samband med kommunereforma har kommuneleiinga hatt uformelle møte med kommunar sør for fylkesgrensa, og har fått formelle førespurnader om møte frå Vanylven og Ulstein. Formannskapet har bede den oppnemnde arbeidsgruppa for kommunereforma om å ta desse formelle møta.

I saka om Byregionen Volda/Ørsta, som kommunestyret handsama i møte .26.3.15, går det m.a. fram følgjande:
"Rapporten vert eit viktig grunnlagsmateriale i kommunereformprosessen. Rapporten viser på fleire område at Volda og Ørsta utfyller kvarandre på ein slik måte at det gir gevinst samla sett. Dette gjeld td. besøksoverskot i dei såkalla besøksnæringane, dekningsgrad på over 100 % for alle varegrupper med unntak av byggvarer/hagesenter, arbeidsplassvekst i den eine kommunen gir naturlege synergiar i den andre kommunen og stor grad av pendling mellom kommunane. Dette viser at Volda har flest felles interesser eller fellesskap med Ørsta kommune. Det same gjeld Ørsta i høve til Volda. Dersom kommunestyra i desse kommunane går for kommunesamanslåing, så er det mykje som talar for at Volda og Ørsta vil verte samanslått innanfor ein felles konstellasjon. Slik rådmannen vurderer det ville det vere fornuftig at Volda og Ørsta har ein samordna strategi i høve til ei eventuell kommunesamanslåing, og kommunestyra bør vurdere om dei med alle moglege atterhald skal gjere eit intensjonsvedtak om at ein ynskjer å inngå i ein konstellasjon der Volda og Ørsta er i lag dersom det skulle verte ei kommunesamanslåing."

Rapporten viser at det er ulike interesser mellom indre (Volda og Ørsta) og ytre søre Sunnmøre. Volda og Ørsta har kommunestyrevedtak på å arbeide for å verte den 4. byen i Møre og Romsdal, og kommunane hadde som intensjon å nytte seg av byregionprogrammet for å utvikle strategiar og tiltak for denne retninga. Respondentar ved administrativ leiing i kommunane i ytre gir ikkje tilslutning til ein slik strategi i Volda og Ørsta. Vi ser i nokre samanhengar at kommunar i ytre orienterer seg mot Ålesund. Den største interessemotsetninga har ein sett innanfor samferdsel. Kommunane Hareid og Ulstein har også signalisert at dei også vurderer samanslåingsalternativet med Ålesund og kommunane rundt som aktuelt.

Søre Sunnmøre har ein polysentrisk senterstruktur med fleire relativt jamvektige senter. Det er ulike strategiar og konkurranse mellom fleire av desse. Føresetnaden for ei ev. kommunesamanslåing for heile søre Sunnmøre vil vere at dei felles interessene er så samanfallande at innbyggjarane opplever ein felles vilje til å byggje eit samla samfunn.

Ulstein kommune har hatt ein klart uttrykt strategi for å verte regionsenter på søre Sunnmøre og få same tilgang til virkemiddelapparatet som vert stilt til dei større byane i fylket (dette går fram i skriv frå Ulstein kommune av 18.09.14 – høyringssvar til kommunedelplan for attraktive byar og tettstader). I ein ev. prosess for kommunesamanslåing vil ein måtte forhandle for å fordele funksjonar. Slike forhandlingsløysingar vil uansett måtte vere tidsavgrensa og ikkje binde opp framtidige kommunestyre over tid. Det vil naturleg byggje seg fram eit kommunesenter dersom ein slår saman kommunane på søre Sunnmøre. Rådmannen ser for seg at det vil vere nærast i umogleg oppgåve for dagens 7 kommunar å verte samde om kvar kommunesenteret skal liggje. Det er grunn til å tru at næringslivet og innbyggjarane vil vere opptekne av framtida for det senteret ein har i dagens kommune, og spørsmålet er om ein greier å skape tryggleik for dette i Volda kommune ved å slå seg saman med kommunane i ytre. Det vil vere lettare å skape trygge rammer for dette ved samanslåing av berre to kommunar, og då kommunar som Volda og Ørsta, som frå før er ein kvardagsregion med integrerte senterfunksjonar, der det er større grunnlag for å binde sentra saman som eitt felles senter.

Med grunnlag i ovanståande bør Volda og Ørsta ha ein samordna strategi i høve til ei eventuell kommunesamanslåing, der kommunestyra kan vurdere om dei, med alle moglege

atterhald, skal gjere eit intensjonsvedtak om at ein ynskjer å inngå i ein konstellasjon der Volda og Ørsta er i lag, dersom det skulle verte ei kommunesamanslåing. Det er kort tid på å gjennomføre nødvendige prosessar og gjere avklaringar mellom kommunane. Ørsta har valt å utgreie mange alternativ, og har til no ikkje gitt noko klart signal om kva retning dei vil gå. Ørsta kommunestyre har nemleg gjort vedtak om at dei vil vurdere følgjande alternativ for vidare utgreiing:

- Ørsta kommune åleine
- Ørsta og Volda kommuner
- "Søre Sunnmøre" (Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid)
- Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Strand kommuner
- Søre Sunnmøre, Hornindal, Stryn, Stranda, Eid og Vågsøy kommuner.

Det som er viktig for Volda/Ørsta framover er, i tillegg til at næringslivet går bra og får føreseielege rammevilkår, at dei offentlege arbeidsplassane vert sikra: sjukehus, høgskule, tingrett/jordskifterett, Helfo, Lånekasse osv. Pendlinga mellom Volda og Ørsta viser at dei offentlege arbeidsplassane i Volda har minst like stor betydning for Ørsta som for Volda, i og med at innpendlinga frå Ørsta er større enn utpendlinga andre vegen.

Omforeint løysing for ny kommune - føresetnad for intensjonsplan

Erfaringar frå tidlegare kommunesamanslåingar rår til at det vert utarbeidd intensjonsplan mellom kommunar som planlegg å slå seg saman. Det vert rådd til at ei slik plan vert brukt som grunnlag for ev folkerøysting.

Intensjonsplan kan innehalde m.a.:

- Kva ein vil oppnå med kommunesamanslåinga (hovudmål og delmål)
- Om det t.d. er konkrete prosjekt ein vil bruke reforma til å lyfte i lag
- Kvar kommunesenteret skal vere og fordeling av lokalisering av ulike kommunale funksjonar
- Korleis lokalsamfunnet kan styrkast
- Korleis kommunale tenestefunksjonar kan styrkast
- Korleis tilsette skal informerast og involverast i prosessen
- Korleis innbyggjarane skal informerast og involerast
- Ev. avklaring av kommunenamn og kommunevåpen
- Framdriftsplan for gjennomføring av samanslåing

Intensjonsplan er viktig for å tydeleggjere frå politisk hald kvifor ein ynskjer samanslåing, og kva ein vil oppnå med dette.

Rådmannen rår til at ein i samband med utarbeiding av intensjonsplan og målsetting vurderer konkrete prosjekt som ein kan løyse i ein ny større kommune, og som ein ikkje greier å realisere kvar for seg. Dette kan til dømes vere knytt til Campusutvikling/kulturanlegg i Volda og idrettshall i Ørsta. Kva som ev kan vere aktuelt må kommunane ev sjølve finne fram til i lag.

Føresetnadene og moglegheitene for framtidig utvikling kan variere frå område til område, og det er nødvendigvis ingen garanti for at ein med felles utviklingsstrategiar klarer å skape ei utvikling som alle stader er tent med. Likevel vil det vere viktig å diskutere og synleggjere korleis ein gjennom kommunesamanslåing ev. kan medverke til eit styrka og balansert

nærings- og stadsutviklingsarbeid, som kan kome heile den nye kommunen til gode. Utan gode prosessar i høve dette, er erfaringane at ein lett hamnar i ein "skyttargravsdebatt" der positiv dialog er fråverande. Dette tilseier at denne oppgåva vert særs utfordrande dess fleire kommunar som skal involverast i vurdering av samanslåing.

Her må ein også vere villig til å akseptere at stader kan ha ulik utvikling. Dersom ein får etablert nye arbeidsplassar på ein stad i regionen, vil det kunne virke positivt for alle stader i pendlingsavstand til dette. Ved ei kommunesamanslåing kan meir fokus rettast mot å trekkje til seg arbeidsplassar utanfrå regionen i staden for å konkurrere seg i mellom. For å lykkast er det viktig med felles strategi i høve dette.

I samband med dei frivillige samanslåingane som er gjennomførte, har det vore fokus på målsettingar om å styrke fagmiljøa og skape betre tenester for innbyggjarane, men den viktigaste målsettinga har vore å skape meir livskraftige attraktive kommunar generelt.

I Telemarkforsking sin rapport om erfaringar og innspel til kommunesamanslåingar (TF-notat nr 35/2014, sjå https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/komm/kommunereform.no/kommunesammenslaaing_og_prosess_telemarksforsking_bab2.pdf) er det vist til at ikkje utan vidare er lett å kome fram til ein slik plan eller avtale. Slike prosessar krev godt leiarskap, god medverknad og forankring.

Rådmannen meiner at dersom kommunar skal lykkast med samanslåing, så må ein leggje vekk ein del tema som kan problematisere prosessen. Heilt grunnleggjande må vere at alle innbyggjarar i ein ny kommune vert vurdert som likeverdige, og at kommunar som slår seg saman må gå inn med sine verdiar og plikter i eit fellesskap som vert forvalta og vidareutvikla av eit nytt felles kommunestyre.

Folkerøysting

Formannskapet har bede administrasjonen om å vurdere folkerøysting i samband med kommunereforma. Det er kommunestyret som avgjer samanslåingsspørsmålet og ei evt. folkerøysting vil såleis vere rådgjevande. I representative demokrati er folkerøysting den viktigaste formelle kommunikasjonskanalen mellom styrande og styrte. Norge har ingen sterk tradisjon for å nytte folkerøysting som demokratisk virkemiddel. I andre land, som t.d Danmark, Sveits og USA, er dette nytta i større grad.

Gjennom dette virkemiddelet opptrer veljaren åleine og det går ikkje føre seg dialog eller læring i form av å delta i debatt og vurderingar. Det må skje gjennom andre kanalar som opne møte, innbyggjarundersøkingar, paneldebattar mv. Ved folkerøysting har alle moglegheit til å uttrykkje si meining, men folkerøysting inneber at det er klare valalternativ. I spørsmål om kommunesamanslåing er alternativet ja eller nei til samanslåing av Volda og X kommune(ar). Folkerøysting kan vere mindre eigna for å få fram meiningar og bakgrunn for synspunkt. Ved låg valdeltaking kan det også reisast spørsmål ved kor vidt stemmeresultatet er representativt for innbyggjarane sine syn. I slike høve kan det vere grunn til å stille seg spørsmål om kva synspunkt den store delen som ikkje røysta har.

Ved å gjennomføre "politisk bindande" folkerøysting overlet politikarane til innbyggjarane å fatte ei avgjerd, sjølv om slike folkerøystingar i utgangspunktet er rådgjevande. Dersom politikarane gjennom dette fråseier seg ansvaret, kan det også gjere det vanskeleg å få til

politisk engasjement og debatt rundt spørsmålet, både mellom politikarane og mellom politikarane og innbyggjarane. Dette kan medføre lågt medvit om kva som er utfordringsbildet, målsetjingar og effekt av ei kommunesamanslåing, og at folkerøystinga vert ein kanal for spesielt engasjerte interessegrupper.

Som grunnlag for å gjennomføre ei folkerøysting er det på førehand viktig å gjennomføre ein brei og inkluderande prosess der positive og negative sider ved ulike alternativ vert belyst. Dersom det er usikkerheit om kva ei samanslåing inneber, så kan sannsynlegheita for å røyste for den eksisterande situasjonen vere større.

Tilgjengelege rapportar, prosessane med ulike møte og drøftingar og den politiske handsaminga av denne saka vil vere grunnlaget for å konkludere om Volda kommune skal gjennomføre ei folkerøysting.

Fylkesmannen har i sin framdriftsplan lagt opp til at kommunane skal vere ferdige med utgreiingane i løpet av 2015, og at kommunane i løpet av første tertial 2016 gjer vedtak om framtidig kommunestruktur. Tidsaspektet tilseier at kommunane bør ha teke eit retningsval innan 31.12.15. Då har ein berre 4 – 5 månader på å gjere dei avklaringane som må liggje føre til endeleg handsaming i kommunestyret. Ei ev. folkerøysting bør gjennomførast i mai 2016, og førebuing av ein felles intensjonsplan bør gjerast i forkant, slik at sentrale spørsmål er kjende når innbyggjarane skal seie ja eller nei til eit konkret alternativ. Informasjon om innhaldet i intensjonsplanen vil vere viktig for at innbyggjarane kjenner til kva ei ev. kommunesamanslåing vil innebere i praksis før dei røystar ja eller nei til alternativet.

Når spørsmålet om folkerøysting er reist, så synest rådmannen det er naturleg at kommunestyret opnar for at det vert gjennomført. Ørsta kommunestyre har vedteke at det skal gjennomførast folkerøysting i Ørsta.

Samarbeid mellom kommunane

Erfaringar frå andre land, og i vårt land i dag, viser at også store kommunar samarbeider. Slik rådmannen ser det vil det framleis vere behov for interkommunale samarbeid. Privatisering kan vere eit alternativ til mange slike samarbeid når ein legg grunnlag for større samla marknad. Dette er eit politisk spørsmål, men behovet for å løyse oppgåver i fellesskap mellom kommunar vil eksistere uansett.

Rådmannen ser det som viktig at kommunane i reformprosessen har god dialog og har respekt for kvarandre sine prosessar og retningsval. Som ein ordførar i regionen uttalte det, er det viktig å ”ikkje rive ned gjerde”. Det må liggje føre eit felles fundament der ein har folket i ryggen før ein på begge sider av gjerdet kan starte ein felles dugnad på å ta ned ”gjerdestolpane”.

På søre Sunnmøre er det etablert fleire viktige samarbeid. Rådmannen ser det som viktig at desse samarbeida vert vidareført. Alle partar har ei plikt til å sjå til at vi ikkje skadar desse samarbeida i reformprosessen, slik at dei kan vidareførast og nye etablerast uavhengig av kva kommunestruktur som vert valt. Det er også eit potensial for samarbeid med kommunar i Nordfjord. Vidare ser rådmannen at nettverkssamarbeid for å styrke Sunnmøre som region på tvers av offentlege, private og frivillige aktørar vil vere sentralt for å utvikle og utnytte komplimentære fordelar.

Framdriftsplan fram mot våren 2016

Fylkesmannen har bede om at kommunen lagar framdriftsplan for aktivitetane fram mot våren 2016, der kommunestyret skal ha gjort vedtak om kva løysing ein vil velje.

Forslag til framdriftsplan

Aktivitet	**Tidspunkt**	**Kommentarar**
Innbyggjarundersøking	Oktober	
Politikaropplæring	Oktober - desember	Opplæring i kommunereforma
Kommunestyret gir nærare mandat for vidare prosess og oppnemner representantar til å representere kommunen i prosessen.	November	Viktig at dette vert gjort av det nye kommunestyret. Resultatet av innbyggjarundersøkinga ligg då også føre, samt vedtak i Ørsta kommune om retningsval og korleis dei ser vidare prosess saman med Volda kommune.
Utarbeiding av intensjonsplan	Desember - april	Føreset at Ørsta kommune sluttar seg til å samarbeide om utarbeiding av plan
Kommunestyret handsamar intensjonsplanen	April	Prosessen vil vere viktig for å forankre likelydande vedtak om grunnleggjande prinsipp og føresetnader i begge kommunestyra
Folkerøysting	Mai	Folkerøysinga vil vere rådgjevande og basert på at Volda og Ørsta gjennomfører same opplegg
Kommunestyret handsamar endeleg sak om kommunereforma	Juni	I denne saka tek kommunestyret stilling til om Volda skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman med Ørsta kommune.
Dersom positive vedtak om kommunesamanslåing handsamar kommunestyret framdriftsplan og prosess for planlegging av samanslåing	August	Føreset likelydande vedtak i kommunestyra for kommunane Volda og Ørsta

Mellom milepålane vil det verte prosessar med informasjon til innbyggjarane, møte med interessegrupper/råd mv., og informasjon og involvering av dei tilsette. Det vil også vere

nødvendig med felles formannskaps-/kommunestyremøte under vegs for felles informasjon, forankring av felles grunnlag for innbyggjarundersøking og endeleg handsaming i kommunestyra. Det bør også vurderast om ungdomsråda, dei politiske partia i Volda og Ørsta og ev andre skal ha felles møte i perioden det vert arbeidd med intensjonsplan.

Kva vedtak kommunestyra i Volda og Ørsta vil ende opp med i juni 2016 vil avhenge av om det ligg føre ein stor nok vilje til å byggje ny felles kommune, ev. ein kombinasjon av vilje og realitetsorientering om mogleg opplevd trussel ved å halde fram som sjølvstendig kommune.

AVSLUTTANDE KOMMENTARAR OG KONKLUSJON

Mandatet frå Stortinget frå 18. juni 2014 er at alle kommunar skal utgreie kommunereforma innan sommaren 2016. Kommunane kan i prinsippet velje å stå åleine eller vedta å slå seg saman med ein eller fleire andre kommunar. Skal det verte samanslåing, må den eller dei andre kommunane ville det same.

Tidsaspektet tilseier at Volda kommune no må starte å peike ut ei retning, iallfall dersom kommunen skal gå for samanslåing. Det er kort tid fram til sommaren 2016, og skal ein følgje samanslåingsløpet må det gjerast retningsval, utarbeidast ein felles intensjonsplan, gjennomføre folkerøysting og gjerast likelydande vedtak i kommunestyra for ein ev ny kommune.

Volda kommune er i minste laget, men likevel stor nok til å kunne halde fram som sjølvstendig kommune. Kommunebarometeret til Kommunal Rapport viser at Volda kommune over dei tre siste åra har utvikla seg til å verte blant dei 10 % best drivne kommunane i landet. Kommunen har også dei siste åra gjennomført ein omfattande økonomisk snuoperasjon som Fylkesmannen omtalar som eit føredøme for andre kommunar.

Sjølv ut frå dagens situasjon er Volda kommune sårbar. Storleiken gir avgrensa kapasitet og kompetansemiljø på spesialområde og kritiske område innanfor tenesteyting og myndigheitsutøving, som td. plan, byggjesak, juridisk, økonomi, personal-/arbeidsgjevarutvikling og generell sakshandsaming. Dette skuldast dels storleiken på kommunen, men dels også at kommunen pga av strenge økonomiske prioriteringar ikkje greier å ha tilstrekkeleg kapasitet.

Ved å delta i etablering av ny og større kommune vil dagens Voldasamfunn ta del i eit større og kompetansemiljø med større kapasitet. Dette er det behov for i dag, men behovet vil auke i framtida sett i lys av utfordringar knytt til demografisk utvikling og konkurransen om arbeidskrafta. Ein ny og større kommune vil også kunne vere meir slagkraftig som samfunnsutviklar, og sjå heilskapleg utvikling for eit større samanhengjande samfunnsutviklingsområde. Dette samsvarer med konklusjonen i Møreforsking og Telemarking sin rapport frå 2011 om samanslåing av kommunane Volda og Ørsta.

Dokumentasjonen som er referert til innleiingsvis viser at Volda kommune i framtida vil møte utfordringar ved å halde fram som eiga kommune, og at det samla sett vil vere tenleg å delta i prosess for å byggje ny og større kommune. Enkelte vil nok meine at Volda og Ørsta ikkje vil verte stort nok ved ei samanslåing, og at den globale utviklinga med konkurransen om arbeidskrafta tilseier at ein må gå for vesentleg større kommune. NHO har uttrykt at ein bør slå saman heile Sunnmøre til ein kommune for å møte framtidas utfordringar og ivareta

næringslivet sine behov. Ved større kommunar enn Volda og Ørsta, vil det etter ei tid lett oppstå særlege forventingar til rasjonaliseringsgevinstar som i seg sjølv kan verte sentraliseringsdrivande, samt utfordringar knytt til bygdene og lokaldemokrati med den geografien som er i Volda kommune. Rådmannen har tru på at einingar som Volda og Ørsta kan utløyse god dynamikk mellom det offentlege, frivillige og næringslivet for framtidig verdiskaping. Framtidig næringsutvikling og samarbeid mellom aktørane er ikkje avhengig av kommunegrenser, og det vil måtte skje samarbeid og utvikling i nettverk både innanfor regionen og med aktørar utanfor regionen.

Kommunestyra i kommunane Volda og Ørsta har vedteke intensjonsavtale for samarbeid, K-sak Volda 62/13 og K-sak Ørsta 33/13, der det m.a følgjande er avtalt, jfr. *vedlegg 5-7*:

1. *Samarbeidstiltak som vert oppstarta etter at denne intensjonsavtalen har vorte gjeldande, skal vurderast med utgangspunkt i korleis tenesta mest tenleg kunne vere organisert dersom Volda og Ørsta var ein kommune.*

2. *Kommunane har gjensidige forventingar til at interkommunalt samarbeid samla sett skal gi*
    - *meir effektiv ressursbruk*
    - *meir robuste tenester*
    - *auka kvalitet*
    - *sterkare faglege miljø*
    - *redusert sårbarheit*
    - *sterkare forhandlingsposisjon for å ivareta Volda og Ørsta sine interesser i høve staten og regionale aktørar*

3. *Kommunane er likeverdige partar, og fordeler og ulemper skal også vere likeverdig fordelt. Dette inneber at begge partar har ansvar for å sikre at Volda og Ørsta kjem nokolunde likt ut i høve økonomi, tenestekvalitet og samfunnsutvikling gjennom eit slikt interkommunalt samarbeid.*

I denne intensjonsavtalen har kommunane lagt eit godt grunnlag for å førebu samanslåing som eit mogleg alternativ for folkerøysting og avgjerdsgrunnlag for endeleg handsaming i kommunestyra.

Rådmannen ser då det slik, ut frå Ekspertutvalet si tilråding, drøftingar i Tenketank, ope møte og formannskapet sine drøftingar, at det for Volda peikar seg ut eit klart alternativ, i fall det skal verte kommunesamanslåing; nemleg Volda + Ørsta. Dette er også eit klart alternativ som det kan gjerast folkerøysting over, noko formannskapet har bede vert halde. Spørsmålet som då kan bedast om svar på er: Ja eller nei til samanslåing Volda/Ørsta.

Rådmannen vil også legg vekt på at ei kommune i storleik Volda+Ørsta vil kunne halde på og utvikle eit godt lokaldemokrati. Ei enno større eining vil heller svekke enn styrke lokaldemokratiet, då avstandar frå dei styrande til dei styrde vil auke.

Rådmannen vurderer fordelane større enn ulempene ved å slå saman Volda og Ørsta:

Tenesteyting - fordel
Auka forventningar og krav frå statleg mynde og publikum generelt føreset økonomi og kompetanse til å ta seg av, jfr. at ekspertutvalet har kome til kommuner bør ha 15 -20 000 innbyggjarar for å kunne gjere dette på ein fullgod måte.

Myndigheitsutøving - fordel
Rettstryggleik har fått betydeleg større fokus, og fleire lover og reglar og publikum sine rettar gjer at storleiken på ei kommune vil kunne ha mykje å seie for om rett kompetanse kan oppretthaldast.

Politikarar som er meir medvitne si rolle som utøvarar av mynde: politikarane bestemme, administrasjon legge til rette.

Samfunnsutviklar – fordel
Det er viktig å sjå på samla utvikling i ein region. Dette fordi konkurransen med andre kommuner/regionar hardnar til. Større regionkommune vil føre til at fleire vil føle "eigarskap" til Sjukehuset og Høgskulen, og kjempe for deira eksistens. Sameleis i høve Tingrett/Jordskifterett, Flyplass, Helfo, Lånekassen m.m. Større tyngde i det å nå gjennom til direktorat, departement og regjering. Motvekt mot sentraliseringskreftene.

Større muligheit til å ta på seg ikkje-lovpålaget oppgåver: betre kapasitet til å drive innovasjonsarbeid og tilrettelegging for næringsutvikling.

Lokaldemokratisk arena – ulempe ?
Auka avstand til dei styrande generelt, vanskelegare å nå tak i ordføraren for den enkelte.
Men: Positivt med fleire veljarar bak kvar representant. Samtidig vil samanslåing av Volda og Ørsta ikkje verte nokon storkommune der ein kan snakke om særlege utfordringar med svekka demokrati.

Rådmannen understrekar at ein ikkje i denne saka skal ta stilling til om Volda skal slå seg saman med Ørsta kommune eller velje å halde fram som eiga kommune. I denne er intensjonen å leggje til rette for ei retning og framdrift for å kunne ta stilling til dette innan utgangen av juni 2016.

Helse og miljøkonsekvensar:
Vi verte avklara i den vidare prosess.

Økonomiske konsekvensar:
Vil verte avklara i den vidare prosess.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Vil verte avklara i den vidare prosess.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshusa, 6404 Molde
Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6153 Ørsta
Sunnmøre regionråd, Postboks 1521, 6025 Ålesund
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
KS Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Kopi:
Vanylven kommune
Sande kommune
Herøy kommune
Ulstein kommune
Hareid kommune
Eid kommune
Hornindal kommune
Stryn kommune

Ørsta og Volda: INNBYGGJARUNDERSØKING OM HOVUDALTERNATIV I KOMMUNEREFORMA

Ivar Aasen-tunet 1. juli 2015

SPØRSMÅL

Ørsta og Volda kommune. 15 år +
600 intervju i hver kommune.

1. Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for de? Svar på en skala fra 1 til 5 der 1 er ikke viktig og 5 er svært viktig. (6=vet ikke. IKKE LES)

2. Hvordan mener du den fremtidige kommunestrukturen for din kommune bør være? Bør kommunen slås sammen med en eller flere av nabokommunene, eller bør din kommune være en egen kommune som i dag?

- Sammenslåing med en eller flere av nabokommunene
- Være egen kommune som i dag
- Vet ikke/ingen mening

3. Dersom din kommune skulle slå seg sammen med en eller flere av nabokommunene, hvilken eller hvilke av nabokommunene burde kommunen din slå seg sammen med? (flere svar mulig)

- Sykkylven
- Stranda
- Hornindal
- Volda
- Ulstein
- Hareid
- Stryn
- Sande
- Vanylven
- Eid
- Hele Søre Sunnmøre
- Andre noter
- Vet ikke

RESULTAT VOLDA, spm. 1

Spørsmål 1: Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for deg?



	Frekvens	Prosent
1 ikke viktig	92	15 %
2	92	15 %
3	181	30 %
4	159	27 %
5 svært viktig	66	11 %
IKKE LES vet ikke	10	2 %
Total	600	100 %

RESULTAT VOLDA, spm. 1 (framhald)

Spørsmål 1: Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for deg?
Brutt ned på bakgrunnsvariabler

		1 ikke viktig	2	3	4	5 svært viktig	IKKE LES vet ikke	Valid N
Kjønn	Mann	18%	16%	26%	27%	12%	1%	(n=303)
	Kvinne	13%	15%	34%	26%	10%	2%	(n=296)
Alder	Under 30 år	20%	16%	33%	22%	▼4%	4%	(n=163)
	30-39 år	14%	15%	28%	31%	10%	1%	(n=71)
	40-49 år	▼8%	13%	33%	31%	15%	▼0%	(n=104)
	50-59 år	9%	18%	28%	31%	13%	1%	(n=85)
	60 år eller eldre	19%	15%	27%	25%	14%	1%	(n=179)
Total		15%	15%	30%	27%	11%	2%	(n=600)

▲ Signifikant høyere
▼ Signifikant lavere

Spørsmål 1: Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for deg?
Standardiserte gjennomsnitt

		Antall	Snitt
Kjønn	Mann	(n=299)	50
	Kvinne	(n=291)	51
Alder	Under 30 år	(n=155)	▼43
	30-39 år	(n=70)	51
	40-49 år	(n=103)	▲58
	50-59 år	(n=85)	55
	60 år eller eldre	(n=177)	50
Total		(n=590)	51



RESULTAT VOLDA, spm. 2

Spørsmål 2: Hvordan mener du den fremtidige kommunestrukturen for din kommune bør være? Bør kommunen slås sammen med en eller flere av nabokommunene, eller bør din kommune være en egen kommune som i dag?



	Frekvens	Prosent
Sammenslåing med en eller flere av nabokommunene	339	56 %
Være egen kommune som i dag	205	34 %
Vet ikke/ingen mening	57	9 %
Total	601	100 %

Spørsmål 2: Hvordan mener du den fremtidige kommunestrukturen for din kommune bør være? Bør kommunen slås sammen med en eller flere av nabokommunene, eller bør din kommune være en egen kommune som i dag?
Brutt ned på bakgrunnsvariabler

		Sammenslåing med en eller flere av nabokommunene	Være egen kommune som i dag	Vet ikke/ingen mening	Valid N
Kjønn	Mann	58%	32%	10%	(n=303)
	Kvinne	55%	36%	9%	(n=297)
Alder	Under 30 år	▼36%	▲50%	14%	(n=161)
	30-39 år	69%	22%	8%	(n=72)
	40-49 år	65%	27%	8%	(n=103)
	50-59 år	▲69%	▼22%	8%	(n=85)
	60 år eller eldre	59%	34%	7%	(n=178)
Total		56%	34%	9%	(n=601)

▲ Signifikant høyere
▼ Signifikant lavere

RESULTAT VOLDA, spm. 3

Spørsmål 3: Hvilken eller hvilke av nabokommunene burde kommunen din slå seg sammen med?
Flere svar mulig.



	Frekvens	Prosent
Sykkylven	2	0 %
Stranda	4	1 %
Hornindal	40	7 %
Ulstein	26	4 %
Hareid	20	3 %
Stryn	13	2 %
Sande	11	2 %
Vanylven	26	4 %
Eid	14	2 %
Hele Søre Sunnmøre	16	3 %
Ørsta	525	88 %
Andre noter	18	3 %
Vet ikke	43	7 %
Total	599	100 %

Spørsmål 3: Hvilken eller hvilke av nabokommunene burde kommunen din slå seg sammen med?
Flere svar mulig.
Brutt ned på bakgrunnsvariabler

		Sykkylven	Stranda	Hornindal	Ulstein	Hareid	Stryn	Sande	Vanylven	Eid	Hele Søre Sunnmøre	Ørsta	Andre noter	Vet ikke	Valid N
Kjønn	Mann	0%	1%	7%	5%	4%	3%	2%	4%	3%	3%	85%	3%	7%	(n=301)
	Kvinne	0%	1%	6%	3%	2%	1%	1%	5%	1%	2%	90%	3%	7%	(n=297)
Alder	Under 30 år	0%	▼0%	▼1%	2%	▼1%	▼0%	▼0%	3%	2%	1%	▼81%	6%	▲14%	(n=160)
	30-39 år	0%	1%	6%	7%	1%	▼0%	3%	▼0%	1%	3%	89%	▼0%	4%	(n=71)
	40-49 år	0%	▼0%	10%	7%	6%	3%	2%	6%	▼0%	3%	93%	1%	5%	(n=103)
	50-59 år	0%	▼0%	6%	7%	7%	▼0%	2%	6%	2%	7%	88%	2%	▼2%	(n=85)
	60 år eller eldre	1%	2%	11%	3%	3%	▲6%	2%	6%	4%	1%	89%	3%	6%	(n=179)
Total		0%	1%	7%	4%	3%	2%	2%	4%	2%	3%	88%	3%	7%	(n=599)

▲ Signifikant høyere
▼ Signifikant lavere

RESULTAT ØRSTA, spm. 1

Spørsmål 1: Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for deg?



	Frekvens	Prosent
1 ikke viktig	90	15 %
2	113	19 %
3	175	29 %
4	115	19 %
5 svært viktig	87	15 %
IKKE LES vet ikke	20	3 %
Total	600	100 %

RESULTAT ØRSTA, spm. 1 (framhald)

Spørsmål 1: Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for deg?
Brutt ned på bakgrunnsvariabler

		1 ikke viktig	2	3	4	5 svært viktig	IKKE LES vet ikke	Valid N
Kjønn	Mann	▲19%	18%	31%	18%	13%	2%	(n=305)
	Kvinne	▼11%	20%	27%	21%	16%	5%	(n=295)
Alder	Under 30 år	9%	20%	28%	21%	10%	▲12%	(n=139)
	30-39 år	15%	22%	▲45%	▼6%	12%	▼0%	(n=67)
	40-49 år	13%	20%	28%	23%	16%	▼0%	(n=116)
	50-59 år	9%	13%	38%	20%	21%	▼0%	(n=82)
	60 år eller eldre	▲23%	18%	▼22%	19%	15%	2%	(n=195)
Total		15%	19%	29%	19%	15%	3%	(n=600)

▲ Signifikant høyere
▼ Signifikant lavere

Spørsmål 1: Et flertall på stortinget har tatt til orde for en storstilt kommunereform som har som mål å redusere antall kommuner i landet. Hvor viktig er spørsmålet om kommunesammenslåing for deg?
Standardiserte gjennomsnitt

		Antall	Snitt
Kjønn	Mann	(n=300)	47
	Kvinne	(n=280)	53
Alder	Under 30 år	(n=123)	50
	30-39 år	(n=67)	44
	40-49 år	(n=116)	52
	50-59 år	(n=82)	58
	60 år eller eldre	(n=191)	46
Total		(n=580)	50



RESULTAT ØRSTA, spm. 2

Spørsmål 2: Hvordan mener du den fremtidige kommunestrukturen for din kommune bør være? Bør kommunen slås sammen med en eller flere av nabokommunene, eller bør din kommune være en egen kommune som i dag?



	Frekvens	Prosent
Sammenslåing med en eller flere av nabokommunene	290	48 %
Være egen kommune som i dag	244	41 %
Vet ikke/ingen mening	65	11 %
Total	599	100 %

Spørsmål 2: Hvordan mener du den fremtidige kommunestrukturen for din kommune bør være? Bør kommunen slås sammen med en eller flere av nabokommunene, eller bør din kommune være en egen kommune som i dag?
Brutt ned på bakgrunnsvariabler

		Sammenslåing med en eller flere av nabokommunene	Være egen kommune som i dag	Vet ikke/ingen mening	Valid N
Kjønn	Mann	53%	38%	9%	(n=305)
	Kvinne	43%	43%	13%	(n=295)
Alder	Under 30 år	▼37%	44%	▲19%	(n=139)
	30-39 år	53%	35%	12%	(n=68)
	40-49 år	▲61%	34%	▼5%	(n=116)
	50-59 år	52%	39%	9%	(n=82)
	60 år eller eldre	45%	45%	10%	(n=196)
Total		48%	41%	11%	(n=599)

▲ Signifikant høyere
▼ Signifikant lavere

RESULTAT ØRSTA, spm. 3

Spørsmål 3: Hvilken eller hvilke av nabokommunene burde kommunen din slå seg sammen med?
Flere svar mulig.



	Frekvens	Prosent
Sykkylven	2	0 %
Stranda	4	1 %
Hornindal	25	4 %
Volda	521	87 %
Ulstein	23	4 %
Hareid	12	2 %
Stryn	9	2 %
Sande	2	0 %
Vanylven	6	1 %
Eid	1	0 %
Hele Søre Sunnmøre	10	2 %
Andre noter	6	1 %
Vet ikke	58	10 %
Total	599	100 %

Spørsmål 3: Hvilken eller hvilke av nabokommunene burde kommunen din slå seg sammen med?
Flere svar mulig.
Brutt ned på bakgrunnsvariabler

		Sykkylven	Stranda	Hornindal	Volda	Ulstein	Hareid	Stryn	Sande	Vanylven	Eid	Hele Søre Sunnmøre	Andre noter	Vet ikke	Valid N
Kjønn	Mann	0%	1%	6%	88%	5%	3%	▲ 3%	0%	1%	0%	2%	1%	7%	(n=305)
	Kvinne	0%	0%	3%	85%	3%	1%	▼ 0%	1%	1%	0%	1%	1%	13%	(n=294)
Alder	Under 30 år	0%	▼ 0%	2%	80%	2%	1%	2%	0%	1%	0%	1%	▼ 0%	▲ 18%	(n=138)
	30-39 år	0%	▼ 0%	1%	85%	6%	1%	▼ 0%	0%	▼ 0%	0%	▼ 0%	1%	12%	(n=67)
	40-49 år	0%	▼ 0%	4%	91%	7%	4%	1%	2%	▼ 0%	0%	3%	▼ 0%	5%	(n=116)
	50-59 år	1%	4%	11%	88%	6%	1%	4%	0%	▼ 0%	0%	1%	1%	10%	(n=82)
	60 år eller eldre	1%	1%	4%	91%	2%	2%	1%	1%	3%	1%	3%	2%	6%	(n=194)
Total		0%	1%	4%	87%	4%	2%	2%	0%	1%	0%	2%	1%	10%	(n=599)

▲ Signifikant høyere
▼ Signifikant lavere

Oppsummering Volda

- 11 prosent meinar kommunereform er svært viktig, 15 prosent meinar det ikkje er viktig. Fleirtalet er midt på skalaen
- 56 prosent meinar Volda bør slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar. Ein indikasjon på eit relativt sikkert fleirtal. 34 prosent ønskjer kommunestruktur som i dag. Størst motstand blant dei under 30
- Om det vert bestemt at kommunesamanslåing skal gjennomførast, er Ørsta første alternativ (88 prosent)

Oppsummering Ørsta

- 15 prosent meinar kommunereform er svært viktig, om lag like mange meinar det ikkje er viktig. Fleirtalet er midt på skalaen også her
- Nær halvparten meinar Ørsta bør slå seg saman med ein eller fleire kommunar, medan fire av ti meinar kommunestrukturen bør vere som i dag. Tendensen likevel eintydig nok til å konkludere med et sikkert fleirtal for samanslåing
- Om det vert bestemt at kommunesamanslåing skal gjennomførast, er Volda soleklart alternativ (87 prosent)

Referat
Fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform, 20. august 2015

Torsdag 20. august, kl. 14.00-15.00, Volda rådhus

Til stades: Rune Hovde, Paul Kristian Hovden, Wenche Solheim, Orlaug Bjørdal Kårstad og Gro Anita Bårdseth frå Ørsta kommune. Arild Iversen, Dan Bjørneset, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter, Sirikit Vågen og Per Ernst Lundberg frå Volda kommune

Fråfall: Hild Våge, Ørsta kommune. Rune Sjurgard, Volda kommune

Dette var første fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform. Tema for møtet var gjennomgong av vedtak i båe kommunestyra i juni i år, og førebuing av framdrifts- og milepåleplan for vidare arbeid.

Kommunestyrevedtak

Gjennomgong av kommunestyrevedtak viser at pkt. 1-4 er like. Volda har eit pkt. 5 som ikkje Ørsta har (om framdrift), men momenta her ligg i saka og er også slått fast gjennom tidlegare vedtak. I praksis er kommunestyrevedtaka frå juni like.

Vidare framdrift

I drøftingar om vidare framdrift var det m.a. trekt fram slike synspunkt:

Avklare om det er mogleg å innhente ressursar frå Sunnmøre Regionråd til vidare prosess. Ordførarane kontaktar SRR om dette.

Folkeavrøysting våren 2016 i Ørsta og Volda må vere på same dato. Viktig med rask avklaring på kva det skal røystast over, t.d. ja/nei til intensjonsavtale Ørsta og Volda, eller om andre spørsmål kan vera aktuelle for avrøysting. Vidare prosess må innrettast etter dette. Dette vert tema på neste fellesmøte.

To framgangsmåtar i arbeid med intensjonsplan; utarbeide samla plan og legge fram for politisk drøfting, eller etappevis forhandling og politisk drøfting undervegs. Modell med etappevis forhandling/drøfting står fram som best. Tema på neste fellesmøte.

Innbyggjarundersøking haust 2015, i regi av SRR. Det kan t.d. vere eit poeng å spørje innbyggjarane om lokale tilhøve som ikkje vart dekka i undersøkinga i juli. Tema på neste fellesmøte.

Neste fellesmøte vert måndag 28. september kl. 12.00-15.00, Ørsta rådhus (ta med matpakke…) Til dette møtet utarbeidar kontaktpersonar framlegg til arbeidsplan med milepålar for fellesmøta og lokale møte.

Med helsing Gro Anita Bårdseth

Referat

frå møte i prosjektgruppa Kommunereform 4. september 2015 kl. 0830-1000.

Følgjande møtte: ordførar Arild Iversen, varaordførar Dan Bjørneset, rådmann Rune Sjurgard, HTV fagforbundet Oddbjørg Yksnøy Rangsæter , HTV utdanningsforbundet Sirikit Vågen og rådgjevar Per Ernst Lundberg.

1) Generell drøfting:

Rune Sjurgard refererte frå rådmannsamlinga i Molde 28.8.15 , der erfaringar frå prosessen i Stokke , Andebu og Sandefjord (SAS)og juridiske utfordringar i høve ein slik prosess var tema, sjå http://ks.event123.no/MRRadmannssamling1/foredrag.cfm

2) Drøfting av mål med ein intensjonplan:

Aktuelle målsettingar kan t.d. vere (ikkje uttømande opplisting):

a) Alle innbyggjarane er likeverdige, intensjonskommunane går inn i ny kommune med sine plikter og verdiar som vert forvalta og vidareutvikla av eit nytt felles kommunestyret.
b) Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å halde på og vere med på å utvikle eksisterande fylkeskommunale og statlege institusjonar der desse i dag er etablerte.
c) Det er føresett at tenestene i den nye kommunen blir minst like gode som i dei gamle. Heile kommunereformen byggjer på føresetnaden om å levere betre tenester til innbyggarane og samtidig ha betre kompetanse i det spesialiserte samfunnet.
d) Å utvikle gode nærdemokratiske system og ordningar som sikrar at alle i ei større kommune får god nok demokratisk innflytelse. Ordninga med kommunalt oppnemnde grendeutval bør vidareførast.
e) Kunne realisere større tiltak for utvikling av lokalsamfunnet som den enkelte kommune i dag ikkje greier kvar for seg.
f) Utvikle breiare og mindre sårbare fagmiljø

3) Utkast til vidare prosess:

-Aktørar: Arbeidsgruppene i Volda og Ørsta
-Tema:

- Utfordringsbiletet
- Felles framtidsvisjon –(kva vil vi oppnå som ein kommune?)
- Verdiar og grunnleggjande prinsipp i prosessen og som *ein* kommune
- Felles interesser (t.d tenesteperspektivet, servicefunksjonar i den enkelte kommune, bygdene, demokratiske omsyn, felles satsingsområde/investeringsprosjekt dei første 4 åra etter samanslåing mv)
- Særinteresser – (og korleis løyse desse ut frå overordna prinsipp)

-Prosessrettleiing: Regionrådet

- Presentere utfordringsbilde
- Leie prosessen
- Skrive referat og i samarbeid med adminsitrasjonen spele inn utfordringsnotat/prosessnotat til arbeidsgruppa

-Etter konstitueringa:

- Kommunestyra vel forhandlingsutval som overtek prosessen
- Felles kommunestyre der regionrådet presenterer arbeidet frå prosessen i arbeidsgruppe/forhandlingsutval + forankring – middagsserververing og sosial happening?
- Ekskursjon til Sandefjord, Kristiansund?

-Ordførarane syter for løpande dialog med gruppeleiarane under heile prosessen.

Møtet slutt.

Per Ernst Lundberg
Ref.

Påteikning:
Regionrådet v/ Anne Mette Liavaag har i e-post av 8.9.15 stadfesta at dei kan stille som prosessrettleiar i arbeidet med å utarbeidet intensjonsplan, og at ho stiller i fellesmøtet 28.9.

Referat
Fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform
Måndag 28. september frå kl. 12.00 i Ørsta rådhus

Til stades: Rune Hovde, Wenche Solheim, Orlaug Bjørdal Kårstad og Hild Vaage frå Ørsta kommune.

Dan Bjørneset, Rune Sjurgard, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter, Sirikit Vågen og Per Ernst Lundberg frå Volda kommune

Fråfall: Per Kristian Hovden og Gro Bårdseth, Ørsta kommune og Arild Iversen, Volda kommune

I tillegg møtte dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal og rådgjevar Anne Mette Liavaag.

Dette var andre fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform. Tema for møtet status for prosjektet etter kommunestyrevalet og drøfting av framdrifts- og milepåleplan for det vidare arbeid.

Møtet konstaterte at kommunestyrevedtaka frå i sommar står ved lag, men kommunane må handtere dei endringar som har skjedd som resultat av valet.

Volda hadde laga ei skisse på framdrift, der regionrådet (SR) vert bede om ta ei rolle som prosessrettleiar i den vidare prosess. Representantane frå SR sa frå om at dei er klare til å ta denne rolla. Dei ser positivt på oppdraget, og har avklara med Fylkesmannen, som vil stille støttande opp.

Det var semje om at det i den vidare prosess bør veljast ei forhandlingsnemnd i kvar kommune. Denne nemnda bør bestå av politikarar (både posisjon og opposisjon) og rådmann. Noverande arbeidsgrupper for kommunereforma vert referansegruppe for forhandlingsnemndene. Desse referansegruppene må haldast fortløpande orientert. Det vert elles vist til KS sin vegleiar om medverknad frå dei tilsette.

Det var semje om at det må fremjast ei sak til kommunestyra om val av slik forhandlingsnemnd, med skisse om struktur for det vidare arbeidet/organisering. I førebuing til denne er det ønskeleg med innspel frå SR.

Det var semje om å kalla saman til nytt fellesmøte for arbeidsgruppene etter at kommunestyra har konstituert seg, då med ny samansetjing frå politisk nivå. Møtet vart fastsett til

TORSDAG DEN 5. NOVEMBER KL. 12.30 I ØRSTA.

Til slutt takka rådmann Rune avtroppande politisk leiing i kommunane for konstruktiv handsaming av kommunereforma.

Pel

ref.

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2012/1172
		Arkivkode:	047

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
166/15	Formannskapet	03.11.2015
127/15	Kommunestyret	26.11.2015

RAPPORTERING PÅ OPPFØLGING AV VEDTAK PR. UTGANGEN AV AUGUST 2015

Handsaming:
Formannskapet gjekk gjennom vedtaksloggen og kom med merknader til rådmannen.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 03.11.2015 til kommunestyret:
Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Administrasjonen si tilråding:
Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Vedleggsliste:
Vedtakslogg pr. utgangen av august 2015

Saksopplysningar:
Formannskap og kommunestyre har tidlegare fått lagt fram vedtaksloggar f.o.m. 2012 og fram t.o.m. våren 2015. Av rapporten kjem det fram kva vedtak som ikkje er effektuerte, og med ei kortfatta forklaring på kva sektor som har ansvar for saka og kva statusen er.

Vedtaksrapportering er viktig både for at politikarane skal sjå kva oppgåver som ligg i administrasjonen til ei kvar tid, og for å vurdere kva som skal prioriterast når det oppstår avvik mellom kapasitet og arbeidsmengd.

Volda kommune har avgrensa administrative ressursar, og oversikta over manglande vedtaksoppfølging synleggjer at det ikkje er samsvar mellom oppgåver og kapasitet i administrasjonen til å utføre.

Helse og miljøkonsekvensar:
Ingen
Økonomiske konsekvensar:
Ingen
Beredskapsmessige konsekvensar:
Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Sektorsjef

Saksnr.	Dato	Sak	Status og ansvar: Sektor for utvikling
KST 132/11	15.12.11	Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ein plan for ei "indre" trafikkløysing i Volda sentrum med det mål å avlaste kryssing av E39. Herunder også miljøretta tiltak i Volda sentrum. Målsettinga må vere å få dette i funksjon før Kvivsvegen opnar.	Ok- Jf gjennomført skiltplan Planarbeid for kryssløysinga og brua ved Spinneriet i gang i regi av Statens vegvesen Tettstadsutviklingsprosjektet "mellom bygningane i Volda" er sett i gang.
FSK 151/13	24.09.13	**Reguleringsplan Rotsetfjøra –Scanaområdet** slik det går fram av plandokument datert 17.09.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.	Offentleg ettersyn gjennomført, sluttavklaring hos fylkeskomm. gjenstår, til handsaming april 2014. Planen har vore utlagt til offentleg ettersyn. Slutthandsaming gjenstår. Scana har teke ny kontakt med kommunen, og vil kome med nytt innspel til planen, administrasjonen avventar slikt innspel.
FSK 6/14	21.01.14	**Detaljregulering B58 Bratteberg:** Framlegg til Detaljreguleringsplan for område B58 slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 18.12.2013 vert fremja og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med reglane i Plan og bygningslova §12-10.	Plan utlagt til off. ettersyn februar 2014. Vidare handsaming sjåast i samanheng med planavklaring m.o.t elveforbygging. Mål om slutthandsaming no i haust.
FSK 54/14 KST 36/15	18.03.14 30.04.2015	**Planid 2011003. Detaljregulering for Håmyra. Utlegging til off. ettersyn** I medhald av pbl. §12-10 vert framlegg til detaljregulering for Håmyra, lagt ut til offentleg ettersyn slik det går fram av plandokumenta (planomtale, plankart og illustrasjonsplan med snitt, og føresegner. Illustrasjonsplan med tilhøyrande snitt sist revidert 05.03.2014, skal vere del av plan og juridisk bindande. Detaljregulering og søknad om rammeløyve vert å handsame parallelt jf. pbl. §12-15. Søknad om rammeløyve vert sendt på høyring i samband med utlegging til offentleg ettersyn. Kommunestyret finn at administrasjonen si plikt til forsvarleg utgreiing av saka (jmf. Kommunelova paragraf 23.2) ikkje er oppfylt. Dette gjeld særleg trafikkale forhold som utbygging av Håmyra vil medføre, mellom anna Raudemyrvegen og Heltnevegen.	Ok- Planen godkjent 26.februar 2015. Kravd lovlegheitskontroll som vart handsama i k-styret den 30.04.2015. Planen er handsama på nytt av kommunestyret i K-sak 62/15 den 18.06.15.

KST 62/15	09.06.2015	Krav om lovlegheitskontroll vert å sende til Fylkesmannen for vidare handsaming. Godkjenning av plan. Det skal settast i verk fleire strakstiltak før feltet kan utbyggast: 1.Vegen skal skiltast med fartsgrense 40km/t. 2.Fartshumpar/oppheva gangfelt skal etablerast ved gangveg mot Sjukehuset-, ved kryss mot Brenslene-, mot gangveg aust for Steingardsvegen og ved overgang til Heltnevegen/Uravegen. 3.Gatestrekninga skal ha prioritet i høve komande plan for utskifting/oppgradering av kommunale gatelys. 4.Dersom Raudemyrvegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda ikkje er opparbeidd til samlevegstandard før utbygging av Håmyrfeltet startar, skal det i anleggsfasen etablerast ordning med vikeplikt for møtande køyrety (skilt 212/214) eller lysregulering. 5.Kommunestyret ber om at administrasjonen startar opp reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda straks. og pkt m): Før Raudemyrvegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra /Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen på strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda vere opprusta til samleveg standard. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara. pkt. n): Før Kleppevegen skal få status som samleveg og gjennomgangstrafikk og bussløysing gjennom Håmyra/Urbakkfoten kan iverksettast, skal vegen vere opprusta til samleveg-standard. Tilsvarande må Engesetvegen opprustast. Andre byggetrinn i Håmyra skal ikkje iverksetjast før desse tiltaka er iverksett. Spørsmål om forkøyrsvegskilting av vegen skal då også vere avklara.	Reguleringsarbeidet for strekninga Lisjenakkvegen til Solhøgda er ikkje starta grunna stor arbeidsmengd og manglande kapasitet. Planen er å hente inn ekstern konsulent hjelp til dette reguleringsarbeidet. 2. Dette vert med i utbyggingsavtalen med Din Bustad, og vert 100% betalt av Din Bustad 3. Lysa i Raudemyrvegen og Heltnevegen vert skifta ut med førsteprioritet når rammeavtale er på plass, denne avtalen går ut på førespørjing i løpet av november. 4. Vert med i utbyggingsavtalen.

KST 10/14	31.1.14	**Oppstart av sentrumsutviklingsprosjektet Mellom bygningane i Volda.** 1. Kommunestyret vedtek oppstart og gjennomføring av del 1 av sentrumsutviklingsprosjektet "Mellom bygningane i Volda". Prosjektet vert finansiert med kommunal del sentrumsutvikling (jf. budsjett 2014) og fylkeskommunale midlar, jf. tilsegn om tilskot inntil kr. 500 000,- 2. Kommunestyret godkjenner vedlagte partnerskapsavtale for sentrumsutvikling i Volda, mellom Volda kommune, Volda Næringsforum og Møre og Romsdal fylkeskommune. Det er ein føresetnad at dei andre partane også vedtek avtalen. 3. Formannskapet vert representert i prosjektgruppa til "Mellom bygningane i Volda" med 1 representant: Jørgen Amdam 4. Prosjektet si styringsgruppe vert 50/50 styret i Volda Næringsforum og Volda kommune.	Under arbeid. Ansvarleg: Prosjektleiinga ligg til Volda næringsforum. Utviklingssektoren og teknisk sektor følgjer prosjektet i partnerskapet. Partane har godkjent revidert partnerskapsavtale og framdriftsplan, jfr K-sak 72/15 den 18.06.15. Arkitektfirmaet Gehl er leigd inn for å utarbeide hovudplan. Denne er ferdig og vart presentert på samfunnshuset i juni. Planen er at den skal også skal verte presentert for det nye kommunestyret. Leikepark ved rådhuset er vurdert som delprosjekt og vert lagt fram for kommunestyret for handsaming. Vedteke 28.05.15. Prosjektet er lyst ut og det har nyleg vore anbodsopning.
KST 35/15	30.4.15	**Kommuneplanen sin samfunnsdel. Varsel om oppstart av planarbeid – høyring av framlegg til planprogram** Volda kommunestyre vedtek å starte opp arbeidet med rullering av kommuneplanens samfunnsdel, jf. plan- og bygningslova §§ 11-2 og 11-12. Framlegg til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13. Offentleg ettersyn skal vere i minst seks veker.	Planprogrammet vart vedteke i KST 27.08.15. Arbeidet med samfunnsdelen er no i full gang.
Saksnr.	**Dato**	**Sak**	**Status og ansvar: Teknisk sektor**
KST 60/09 og KST 72/11	3.9.09 og 22.6.11	**Fjordvarme:** Kommunestyret ber administrasjonen arbeide vidare med saka mellomanna med utgangspunkt i fylgjande moment: - 3. partsvurdering av den teknologiske løysinga - Økonomien i prosjektet - Organisering av prosjektet - Ei grundigare vurdering av merknaden	Føresetnadene i prosjektet er usikre og prosjektet har ikkje prioritet no, jf. sak om Klimaplanen. Kommunestyret skal handsame ny planstrategi i 2016, der det må takast stilling til om revisjon av klimaplanen skal prioriterast.
KST 130/11	15.12.11	Botnavegen Opprydding avløp sone Folkestad	Botnavegen: Restprosjektering av m/ tilbodsdokument kan oppstartast etter sommarferien. Prosjektet høyrer heime i oversikta over prosjekt/investeringar og vert flytta dit ved neste rapportering. Det er stipulert eit meirinvesteringsbehov i budsjettet for 2016. Dette prosjektet

		Opprydding avløp sone Straumshamn	vert prioritert så snart vi har fått tilsett ny ingeniør/prosjektleiar. Oppfølgingsfase der det gjenstår 15-20 stk som ikkje har ferdigstilt. Opprydding Sone Straumshamn: Krav er utsendt og mange anlegg er ferdigstilt
KST 152/12	29.11.12	**Planid 2011004 – detaljregulering for Gamlevegen 48** 2. Kommunestyret ber om at Gamle Engesetveg blir stengt for gjennomkøyring så raskt som råd. 3. ..vurdere trafikale tiltak/avgrensingar som bom i Gamlevegen, i samband med rullering av Trafikktryggingsplanen.	Pkt 2- Gamle Engesetveg er mellombels skilta med gjennomkøyring forbode. Det vert stenging med bom i 2016, der har ikkje vore kapasitet til dette prosjektet i 2015.
KST 5/13	31.01.13	**Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016:** Restbeløpet til PVC går til gatelys Ulvestad - Torvika	Restbeløp til gatelys Ulvestad – Torvik: Ikkje gjennomført. Må ha tilleggsløyving for å kunne gjennomføre tiltaket.
FSK 98/13	21.05.13	**Reservevassforsyning for Volda:** 1. Rådmannen vert beden om å ta nytt initiativ ovanfor Ørsta kommune med sikte på å etablere reservevassforsyning for Volda med samankopling av leidningsnett og anna tilhøyrande infrastruktur i Furene. 2. Dersom det er vilje til å gjennomføre tiltaket i begge kommunar, vert rådmannen beden om å legge fram sak til politisk handsaming	Brev til Ørsta kommune er sendt og det er kome svar om positiv haldning til dette frå rådmannen. Fagavdelingane i dei to kommunane er bedne om å utgreie utkast til løysing. Konsulent er engasjert til å lage detaljplan/tilbodsdokument. Forslag til avtale om beredskapsvatn skal sendast til Ørsta kommune hausten 2015.
FORV 69/13	11.06.13	**Buss-skur på Lid:** Forvaltningsstyret bed administrasjonen sjå på tilhøva med buss-skur på Lid, plassering og behov for antal.	Ikkje oppstarta og ikkje finansiert. Tiltaket må vurderast i budsjett-samanheng dersom det skal prioriterast.
FORV 78/13	20.08.13	**Trafikksituasjonen i området ved Volda ferjekai - fv. 651, behov for tiltak:** Forvaltningsstyret ber administrasjonen lage ei sak som omhandlar den farlege trafikksituasjonen rundt området Skårbygget – innkøyring til ferjekaia inkl. mjuke trafikkantar, og at ein får fortgang i å gjennomføre gjeldande reguleringsplan for området.	Privat regulering for eigedomen er varsla.

KST 173/13 KST 63/15	18.12.13 09.06.15	**PS 173/13 Nye Øyra Skule - Godkjenning av Forprosjekt** **Nye Øyra skule – val av leverandør i totalentreprisekonkurranse om bygging** 3.Byggenemnd og administrasjon vert beden om å utarbeide kontraktforslag og kalle inn valt entreprenør til møte med føremål å inngå kontrakt om bygging av ny skule så snart som råd.	Øyra skule vart lyst ut på anbod i vår. Utbygging av Øyra skule vart vedteke oppstarta i K-sak 63/15. Bygginga er i gang.
KST 130/13	3.10.13	**Utbyggingsavtale for Heltnevollen** 1. Volda kommune godkjenner utbyggingsavtalen for utbygging av Heltnevollen gnr. 20 bnr. 59, jf. vedlegg 1. 2. Volda kommune skal overta fylgjande hovudanlegg: • Bustadgate med gatelys og hovudleidningar skal overtakast og vil verte drifta av Volda kommune når anlegget er fullført i samsvar med Volda kommune sin VA-norm og standardkrav for tekniske anlegg og utbyggingsavtalen for Heltnevollen. • Friområde og regulert opparbeidd tursti i feltet. 3. Utarbeidd teknisk byggeplan med materialskildring og krav til utføring utarbeidd av Tomteservice AS er godkjent med dei justeringar som framgår under saksopplysningar. 4. I utbyggingstida skal utbyggar stille påkravsgaranti på 10% av kontraktssum for dei anlegg som Volda kommune skal overta til drift og vedlikehald. Garantien vert redusert til 3% i reklamasjonstida sitt første år, 2% for det andre året og 1 prosent det tredje året.	Utbyggingsavtale og sak om justeringsrett for MVA er politisk behandla Teknisk + økonomiavd. må ha sluttforhandling med utbyggar Tomteservice AS om justeringsrett for mva. (prosentfordeling utbyggar/ kommune) jf. politisk sak om justeringsrett for MVA. (Tomteservice har bede om overlevering av tekniske anlegg , men problem med overtaking pga. at vi i har ikkje fått overteke frå Din Bolig AS Rasmusvegen og Vidjevegen så pr. i dag har vi ikkje kommunal veg fram til Heltnevollen.) Teknisk sjef har mekla mellom partane, og no ser det ut til at heile feltet kan overtakast.

KST 125/14	24.09.14	**Konkurranseutsetjing, EPC-kontrakt** 1. Kommunestyret godkjenner at det vert gjennomført energiøkonomiseringstiltak og vedlikehald av kommunale bygg etter modellen med EPC-kontrakt (Energy Performance Contracting). 2. Kommunestyret ber om at det vert gjennomført ei konkurranse for gjennomføring av fase 0 og 1 slik det er skissert i saksutgreiinga. Desse fasene vert gjennomført innanfor vedtekne rammer til energiøkonomisering. 3. Det skal leggjast fram eiga sak for å ta stilling til prioriterte prosjekt for gjennomføring av tiltaka (fase 2 – 4) innanfor ei investeringsramme som vert å handsame i samband med komande budsjett og økonomiplan. Tiltaksinvesteringane er sjølvfinansierande, og forventa inntjeningstid er 8-10 år.	Entreprenør er valt, det vart NEE som gikk av med sigeren. NEE er i gang med analysefasen. Analysefasen er ferdig 18.12.2015. Administrasjonen skal arbeide med gjennomgang av tiltaka fram til det blir lagt fram tiltakspakke til kommunestyret. Det er forventa at dette skal leggast fram i februarmøtet i kommunestyret.
FUNK OS 7/15	18.5.15	**Handikap-parkeringsplassar** Eit gjengåande tema i FUNK, parkering ved legesenteret, apoteket og ved posten.	FUNK har fått svar på hendvendelse, og der er oppmerka mange nye plassar.
KST 34/15	30.4.2015	**Budsjettendring – omdisponering av investeringsmidlar hovudplan vatn.** 1.KST godkjenner omdisponering av investeringsmidlar frå Hovudplan vatn til kjøp av ny kloakkspylevogn. 2. Kjøpet vert finansiert slik: - prosjektnr. 701201 Hovudplan vatn vert redusert med kr. 468.125 frå kr. 9.329.112 til kr. 8.8.60.987. - nytt prosjektnummer xxxxx Kjøp av spylevogn med kr. 468.125 vert oppretta.	Kjøpet er gjennomført, og vogna i full drift.
KST 46/08	24.4.08	**Tomt øvre Rotset:** Kommunestyret ber administrasjonssjefen vurdere å innarbeide ein minimum utnyttingsgrad på næringsareal i reguleringsføresegner og ved utlysing av næringsareal. Areala må lysast ut med klausul om attkjøp og byggefrist.	Reguleringsplan for området godkjent i 2014. Tomtekostnader og salsvilkår vert å utgreie og avklare i eiga sak i samband med utbygging av området.
FSK 110/15	23.6.15	**Tilleggsløyving til utbygging av K10 bustadfelt i Engeset/Klepp** 1.For å gjennomføre utbygging av K10 feltet i Engeset/ Klepp godkjenner kommunestyret tilleggsløyving på kr. 3,5 mill.kr til prosjekt 701 401 Utbygging bustadfelt K10. Finansiering vert ved å omprioritere tidlegare	Anleggsarbeidet er godt igong.

		vedtekne prosjekt: - Engeset/ Klepp, 3. byggesteg, kr. 3.055.000 - Torget mellom Cubus og Haavik, kr. 445.000 2.Løyvingar til Torget vert vidareført i budsjett for 2016. 3.Vedtaket vert gjort i medhald av kommunelova § 13.	
Saksnr.	**Dato**	**Sak**	**Status og ansvar: Eigedomsavdelinga (:teknisk sektor)**
(KST 56/07 / KST 08/108) Desse sakene er erstatta av K-sak 42/12 og budsjett/økonomiplan for 2013 – 2016.	31.05.07	**Trong for omsorgsbustader i Volda kommune** - Totalrenovering av Mork bustader - Bygging av omsorgsbustader på Lauvstad - Utviding av kapasitet på omsorgsbustader på Folkestad	Mork bustad - Skyllerom er ferdig Folkestad bustader - Ferdigstilling i desse dagar av garderober, skyllerom osv. Krav til arbeidstilsynet er stetta. Dette er gjennomført. Bygging av omsorgsbustader vert å handsame i økonomiplanen. Det vert lagt fram eiga sak om strategi for utbygging av omsorgsbustader med heilskapleg vurdering av drift og lokalisering sett i høve til Stortingsmelding nr 29 2013: "Morgendagens omsorg" og omsorgsplan for Volda kommune.
KST 67/15	09.06.15	**Volda gamle gymnas – Framtidig drift av eigedomen** 1.Under føresetnad av at Interessegruppa for Gamlegymnaset opprettar ein allmennyttig stiftelse, vil kommunestyret overdra til denne allmennyttige "stiftelsen Volda Gamle Gymnas" (sus) eigedomane gnr. 18 bnr. 14 og bnr. 22 i Volda vederlagsfritt som gåve. Når det gjeld bnr. 22 vert ikkje bygningane omfatta av overdraginga, då kommunen vil flytte desse til annan stad. 2.Det er eit vilkår at kommunen, etter nærare avtale med stiftelsen skal ha bruksrett til "Trønderen", og bruksrett/tilkome til bnr. 22 så lenge der står bygningar på denne eigedomen. 3.Den kommunale tenesta Styrk skal kunne halde til i gymnasbygget ut dette året utan at det utløyser leige. Ev vidare tilhald i desse lokala vert å avklare nærare vilkår for mellom stiftinga og administrasjonen. 4.Skulle det bli aktuelt å opparbeide regulert gate over eigedomane, må stiftelsen plikte seg til å avstå grunn til dette vederlagsfritt. 5.Kommunestyret løyver frå årets budsjett kr. 1.600.000,- til stiftelsen, øyremerka skifting av tak, og eit driftstilskot på kr. 25.000,- for 2015. Det vert vist til	Saka er følgt opp og eigedomen er overdratt til stiftinga, skøytet tinglyst 15.9.15. Det står att å gjere eventuelle avtalar i høve pkt. 2 og 3.

		arkivsak 2015/1066 (Korrigering av budsjett 1. halvår 2015) for finansiering. 6.Kommunestyret er i framtidige budsjett innstilt på å setje av kr. 25.000,- i årlege driftstilskot til stiftelsen.	
KST 11/13	31.01.13	**Mork skule, gamlebygget** Byggeteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av "Gamleskulen" med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden.	Ikkje iverksett. Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprustning av "Gamle-skulen" med sikte på godkjenning er 01.01.2018. Dette er ikkje starta opp pga kapasitet i avdelinga. MEN det er gjort eit stort arbeid for å oppretthalde drifta på skulen då den vart stengd pga fukt og luftkvalitet. Lokala i kjellaren er pussa heilt opp, utvendig har vi laga ei ytre drenering som alle taknedløp er kopla på. Vegen ovanfor skulen er omarbeidd med rett fall, slik at vasstrykk blir minska på bygget. Vidare er delar av kjellar behandla for å ikkje ta inn vatn. Resultat av dette er godt, og skulen vart godkjent opna igjen. Det er framleis gode resultat av tiltaket. Bygget er vidare planlagt for utvendig vedlikehald.
KST 163/13	28.11.13	**Vikebygda skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular** 5. Etter § 26 i "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v" gir Volda Kommunstyre dispensasjon slik at dei delar av den gamle skulen som no er i bruk, framleis kan nyttast til skuleføremål i inntil 5 år. Føresetnaden er det skal gjerast ein byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning innan utgangen av denne perioden. Naudsynte utbetringar skal enten utgreiast i eiga sak eller innarbeidast i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Ikkje iverksett. Frist for å legge fram ein samla byggteknisk gjennomgang med kostnadsberekning for planmessig opprusting av den gamle skuledelen med sikte på godkjenning er 01.01.2019. Dette arbeidet er ikkje starta opp p.ga. kapasitet i avdelinga. Avdelinga vil gå for ein EPC kontrakt i kommunen og mykje av vedlikehalds-behovet på alle bygg frå barnehage storleik vil bli stetta her.
KST 164/13	28.11.13	**Austefjord skule - godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule** 3. Volda kommunestyre er kjend med at tilkomst til garderobe og basseng ikkje er ideell for personar med alvorleg funksjonshindring. Naudsynte tiltak for å utbetre dette skal eigedomsavdelinga innarbeide i kommunen sin vedlikehaldsplan.	Pkt. 3 ikkje iverksett. Dette har svært stor kostnad som må vurderast i økonomiplansamanheng.
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsaka pkt 24: Administrasjonen vert beden om å utgreie **konkurranseutsetting av reinhaldet** i kommunen.	Eigedomsavdelinga er i gang med å førebu grunnlaget for ei konkurranseutsetjing. Det er tilsett reinhaldsleiar og gjort vesentlege tiltak for å betre rutinene, gjennomgå areal/frekvens og ressursstyringa

			innanfor reinhald. Spørsmålet om konkurranseutsetinga vert å kome attende til når ein har skaffa seg erfaring med dei endringane som er gjort. Innkjøpsprosessen med reinhaldsartikklar er kome godt i gang der ein har eit sentrallager for alle bestillingar. Dette har så langt gitt økonomisk gevinst med å standardisere innkjøpa og val av produkt. Dette er gjennomført i heilskap. Vår 2016 vil ein konkret kunne sjå effekt av endringar som eg gjort til no og ein vil kunne seie meir om konkurranse evna til reinhaldavdelinga. Dette er eit arbeid som tek tid og omorganiseringsprosessar må og skal gjennomførast på god måte spesielt med tanke på dei tilsette.
KST sak 124/14	24.09.2014	**Kyrkja i postlokala** 1. Kommunestyret godkjenner at Kyrkja får tilbod om å inngå leigekontrakt i tidlegare postlokalet til kyrkjekontor. 2. Dersom det vert inngått leigekontrakt godkjenner kommunestyret ei kostnadsramme til ombygging/tilpassing av lokalet på kr 3.500.000 + mva kr 875.000, til saman kr 4 375 000 inkl mva. 3. Tiltaket vert finansert slik: kr 3 500 000 vert finansiert ved bruk av ubunde kapitalfond og kr 875 000 ved momskompensasjon.	Arbeid er ferdig og kyrkja har teke over lokalet.
FSK 208/14	18.11.14	**Leigekontrakter Høgskulen i Volda** Formannskapet syner til saksutgreiinga og ber rådmannen føre forhandlingar med Høgskulen i Volda for dei lokala Volda kommune leiger ut, og basert på ein modell der Volda kommune som utleigar ivaretek nødvendig eigedomsforvaltning og rehabilitering der leigeareala har tilfredsstillande standard.	Er dialog med høgskulen. Volda kommune har bistand med advokat i saken. Volda kommune skal legge fram kontraktsforslag i løpet av hausten, der byggtekniske høve blir tatt omsyn til.
KST 38/15	30.4.15	**Voldahallen – tilstand, rehabilitering, nybygg** 1. Kommunestyret syner til vedlagte tilstandsrapport for Voldahallen og vedtek å samarbeide med Møre og Romsdal fylkeskommune med sikte på bygging av ny Voldahall. Idretten i Volda vert invitert til å delta i prosjektet med utgangspunkt i at auka standard og arealutviding for å stette deira behov vert dekt opp av ekstern finansiering. 2. Avsette midlar kr 1 200 000 til dusj-/garderobeanlegg	Arbeidsgruppa er i gang med arbeidet og er i rute med plan så langt. Kommunestyret har teke til vitande utgreiing frå administrasjonen når det gjeld behov og status for kroppsøvings-/symjeanlegg, jfr K-sak 96/15 i møte 01.1015 (jfr punkt 8 i mandatet frå kommunestyret i K-sak 38/15)

		vert omdisponert til tiltak for å stette forskrifts- og driftsmessige krav og behov for å drifte hallen fram til den vert erstatta av ny hall eller eksisterande hall ev vert totalrenovert. 3. Kommunestyret godkjenner å setje ned ei arbeidsgruppe samansett av: - Volda kommune med 2 frå administrasjonen - Møre og Romsdal fylkeskommune med 1 repr. - Volda idrettsråd med 1 representant - Volda handball med 1 representant - KFUM Volleyball med 1 representant Dei eksterne partane vert invitert inn i prosjektet. 4. Arbeidsgruppa får følgjande mandat: a. Kome med forslag til plassering av ny hall og avklare parkeringsbehov/-løysing. Trafikale konsekvensar og tilhøve i nærområdet skal vurderast. b. Avklare arealbehov, utarbeide romprogram og utgreie investerings- og driftskostnader ved alternativ med kommunen og fylkeskommunen sine behov som minimumsløysing og andre alternativ der idretten sine behov også er ivareteke. c. Utgreie finansiering og modell for dei ulike partane si deltaking i investering og drift. d. Kartleggje ev private næringslivsaktørar som kan ha interesse i å delta i utvikling av hallprosjekt. e. Gjere ei vurdering av kor vidt eksisterande Voldahall skal rivast eller avhendast til andre. f. Kartleggje og ev ivareta andre forhold for å sikre at prosjektet kan byggjast på realistiske føresetnader for gjennomføring. 5. Arbeidsgruppa får frist til 1. februar 2016. 6. Administrasjonen utgreier behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane skal vurderast som del av arealbehovet og organisering/drift. 7. Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr 500 000 til konsulenttenester til utgreiinga. Løyvinga vert dekt ved bruk av ubunde investeringsfond. Løyvinga skal inngå i dei totale kostnadene for grunnlag for seinare kostnadsfordeling.	

		8. Administrasjonen vert bedt om å må sjå på behov for kroppsøvingsanlegg for sentrumsskulane, og gjere ei vurdering av dette opp mot dagens anlegg, og ev kartleggje behov som bør vurderast i samband med Voldahallprosjektet. Utgreiinga vert lagt fram som sak for kommunestyret innan 1. oktober 2015. 9. Kommunestyret tek stilling til nærare løysing og framdrift når resultatet frå arbeidsgruppa ligg føre og i samband med handsaming av budsjett og økonomiplan**.**	
Saksnr.	**Dato**	**Sak**	**Status og ansvar: Helse og omsorg**
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsak pkt 34: Felleskjøkkenet ved omsorgssenteret vert vurdert å konkurranseutsette.	Kartlegging i saka er igong. Lite erfaring å finne frå andre liknande prosjekt. Vanskeleg å kome i mål med saka. Vi har vore i kontakt med innkjøpskonsulent og kun eitt liknande prosjekt frå ei kommune vart funne, Hurum. Før Hurum-saka enda opp i ei offentleg utlysing, vart konkurranseutsettinga trekt. Grunnen til dette har vi ikkje fått kjennskap til. Helse- og omsorg har ikkje administrativ kapasitet og innkjøpsfagleg kompetanse til å gjennomføre ein prosess på dette. Administrasjonen er pressa på ressursar og må prioritere primæroppgåvene knytt til tenesta. Helse og omsorgssektoren har ikkje kapasitet til framdrift i saka så langt, og administrasjonen er avhengig av at det vert vert løyvd ressursar til ekstern innleige til utgreiing og gjennomføring av konkurransen. Administrasjonen vil be kommunestyret vurdere slik løyving i budsjettet for 2016 dersom kommunestyret ynskjer dette gjennomført.
KST 134/13	3.10.13	**Oppretting av engasjementstilling, "frå mellombels til varig bustad".** Kommunestyret vedtek at det vert oppretta ei engasjementstilling i 100 % knytt til prosjektet "frå mellombels til varig bustad", p.t. knytt til pleie- og omsorgsavdelinga. Opprettinga av engasjementstillinga vert å finansiere gjennom prosjektmidlar tildelt frå Arbeids- og velferdsdirektoratet i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal Engasjementet opphøyrer når prosjektet er avslutta.	Prosjektmidlar er tildelt og prosjektleiar var tilsett frå oktober 2013. Vi har fått prosjektmidlar ut 2015. Rapport om status på prosjektet var lagt fram som orienteringssak til Formannskapet mai 2014. Tiltaket har gitt positive resultat med god organisering av bustadtildelinga og god rotasjon i bustadene. Frå Fylkesmannen er det signal om vidareføring av prosjektet i 6 mnd i 2016. Tilbakemeldingar frå samarbeidspartar i tildelingsnemnda og Eigedomsavdelinga er at ein ynskjer å halde fram med denne organiseringa vidare etter prosjektperioden.
KST 188/13	19.12.13	**Innføring av kvardagsrehabilitering i Volda kommune** 1. Volda kommune innfører kvardagsrehabilitering som arbeidsmetode i løpet av første kvartal 2014. Kommunen	Prosjektgruppe er oppretta. Planlegging er gjennomført og ressursteam er på plass. Det er frigitt ressursar frå heimetenestene, som er sett inn i turnus til brukargruppa frå 01.09.2014. Oppstart med brukarar kjem igong i september. Prosjektet er forankra i heimetenesta og avdeling

		ønskjer å endre tenesteytinga i tråd med sentrale føringar og framtidige utfordringar. Tenestene skal ha fokus på at brukarane får hjelp til å nytte ressursane sine og dermed vere lenger aktive i eigne liv. 2. Planlegging og etablering skjer innafor gjevne rammer. 3. Innføringa vil skje som eit prosjekt som skal kunne evaluerast etter eit års drift. Deretter vil det kunne implementerast i heile helse- og omsorgssektoren. Målsetjinga for prosjektet er betre tenester til brukarane og reduserte utgifter knytt til målgruppa. 4. Innføring av kvardagsrehabilitering vil bety endringar både i tankemåte og handling både for tilsette, brukarar, pårørande, politikarar og samfunnet elles og det må difor lagast ein kommunikasjonsplan som kan formidle endringane til alle desse gruppene.	forebygging, rehabilitering og legeteneste. Informasjonsfoldar vert distribuert ut i september. Prosjektleiing er lagt til leiar forebygging, rehabilitering og legetenester. Tiltaket er i planlagt innanfor eksisterande ramme. Det var søkt om prosjektmidlar frå Helsedirektoratet, og det vart avslag på søknaden. Tenestetilbodet er i drift med brukarar frå 5. november 2014 Orientering om tenestetilbodet vart gitt i Driftsstyret og Kommunestyret april 2015. Vi nyttar evalueringsverkty for å kunne seie noko om effekt. Evalueringsrapport vert for perioden fram til 31.12.2015.
DRIFT RS 1/14	20.08.14	**Behov for styrking av fysioterapitenesta:** Ber om sak - utviding av driftsavtalar. Viser til sak 73/12 i driftsstyret.	Dette har til no ikkje vore prioritert i budsjettsamanheng.
KST 65/15	9.6.15	**Budsjettkorrigering og stillingar** 13. Kommunestyret er uroa over høgt forbruk av tilfeldig innleige og overtid i omsorgstenestene, og meiner dette er uheldig med omsyn til arbeidsmiljøet for dei tilsette, og kvalitet på tenestene overfor brukarane. Overtid er i tillegg ei svært kostbar løysing som bør nyttast berre som unntak. Administrasjonen vert beden om å omdisponere delar av forbruket på variable lønnspostar og i staden auke grunnbemanninga ved å tilby delar av dette som stillingsressurs. Dette må gjerne organiserast som tidsavgrensa prosjekt der ein kan måle effekt av tiltaket. Styrking av grunnbemanning utover dette skal vurderast i samband med årleg handsaming av budsjett og økonomiplan. Det vert løyvt kr. 300.000 til styrking av grunnbemanning i pleie og omsorg. 14. Barnebustad, oppretting av teneste (PS 52/15). Til saman ei styrking på kr. 1.025.000,-.	13. Ressursen er sett inn i turnus 14. Ressursen er sett inn i turnus og tilsettingsprosess er igong og skal handsamast i tilsetjingsutvalet.

KST 97/15	01.10.15	**Ombygging ved Volda legesenter for å ta imot turnuskandidat** *1. Volda kommunestyre er positiv til å ta imot medisinsk turnuslege frå 2016 av.* *2. Dei nødvendige ombyggingsarbeida ved Volda legesenter, slik dei er utgreidde i dette saksframlegget, blir å starte snarast muleg.* *3. Prosjektkostnaden på kr. 800.000 vert finansiert slik:* *Momskompensasjon kr. 160.000* *Bruk av ubunde investeringsfond kr. 640.000* *4. Volda kommunestyre er kjend med at* *a. det må utarbeidast ein tilleggsavtale/vedlegg til noverande avtale mellom Volda kommune og fastlegane ved Volda legesenter for innarbeiding av stillinga som turnuslege i eksisterande drifsform ved legesenteret.* *b. den arealmessige kapasiteten ved legesenteret er sprengd. Plasseringa av turnuskandidatkontoret internt på legesenteret må bli å revurdere i samband med punkt 5.* *5. Det må startast utgreiing av måtar legesenteret kan få dekka sitt noverande og framtidige arealbehov. I saka må også utgreiast på kva måte arealet som no blir frådelt sin funksjon til legevakføremål, kan ivaretakast på ein fagleg og praktisk måte, slik opprinneleg funksjon var. Eventuelle tiltak som følgje av utgreiinga må innarbeidast i avtalen som vedkjem partane og i alle høve godkjennast i høve til budsjett og økonomiplan.*	Planlegging av ombygging er igong, og eigedomsavdeliga er godt igong med deltaljplanlegging.
Saksnr.	**Dato**	**Sak**	**Status og ansvar: Sektor for Kultur og service**
KST 165/12	20.12.12	**Kinodrift:** Pkt. 26 i budsjettvedtaket: Kommunestyret ber rådmannen utgreie framtidig organisering av kinodrifta i løpet av 2014.	Under utgreiing, men tek tid pga av at den som har saka har måtta prioritere handsaminga av klagene på eigedomsskatt. Det har vore møte mellom kommunane om saka, og notat med tilråding er under arbeid frå sakshandsamar.
KST	18.12.14	"Kommunestyret set av 30.000 kroner i	Midlane blei lyst ut, men ingen søknader kom inn innan fristen 20.

		stimuleringstilskot til frivillige lag og organisasjonar som kan vise til gode resultat i arbeidet med integrasjon av flyktningar. Kommunestyret kjem tilbake til finansiering av tiltaket i samband med sak om revidert budsjett i 2015"	september 2015.
FSK - OS 81/15	23.6.15	**Målbruksplan** Formannskapet ber administrasjonen om å vurdere å utarbeide ein målbruksplan for Volda kommune.	Målbruksplan er under utarbeiding, blir lagt fram for handsaming i løpet av hausten
KST 55/15	19.5.15	**Privatordninga ved Interkommunalt arkiv for M&R** Volda kommune er positive til å slutte seg til ordninga med deponering av privatarkiv ved Interkommunalt arkiv i Møre og Romsdal, men vil ta endeleg stilling til spørsmålet i tilknyting til handsaming av budsjett for 2016.	Avventer eit evt. budsjettvedtak
FUNK 18.5.15	18.5.15	**Oppnemning av kommunalt råd for funksjonshemma** Kommunalt råd for funksjonshemma vil be om at rådet vert utvida med ein representant slik at det blir fire brukarrepresentantar i rådet. Rådet vil då bestå av seks medlemer. Dette for å få ei større bredde.	Dette vert å vurdere av valnemnda og kommunestyret i samband med konstituering.
Saksnr.	**Dato**	**Sak**	**Status og ansvar: Samfunn og rådgjeving/Rådmannen**
KST 5/13	31.01.13	Oppfølging av innspel frå forvaltningsstyret og ungdomsrådet – Årsbudsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 Prisoversikt for kostnad på grunninnløysing og skjønnsrett for skulebakken på Lauvstad.	For å få fram ei prisoversikt for kostnaden med grunninnløysing og skjøn må det ligge føre ei oversikt frå kommunalteknisk avdeling eller avdeling for kart, oppmåling og byggesak over kor stort areal det dreiar seg om. Å gjette grunnprisen på Lauvstad er vanskeleg. Eit skjøn kostar rundt kr. 150.000 - 250.000 pr. rettsinstans, avhengig av talet på partar, kompleksitet osb. Tiltaket er delfinansiert i budsjett og økonomiplan. For gjennomføring må prosjektet kalkulerast og fullfinansierast.
Forv 36/15	12.5.15	**Skulebakken på Ulvestad – grunnspørsmål** Forvaltningsstyret ber administrasjonen om å setje i gang ein prosess for å finne ei løysing på grunnspørsmålet for skulebakken på Ulvestad, evt. oreigningssak.	Ikkje gjort noko med, avvente til ny rådgjevar i rådmannen sin stab er på plass 1.12, då vi får betre kapasitet i ei overlappingsgfase.
KST 165/12	20.12.12	Budsjettsaka pkt 25: **Samarbeid med andre kommunar:** Volda kommune ønskjer å utvikle samarbeid med Ørsta i 2013 og i Økonomiplan- perioden. Kommunen inviterer difor Ørsta til drøfting om følgjande saksområde: a. Næring: I løpet av 2013 skal ein utgreie eit mogleg samarbeid med Ørsta med tanke på samanslåing av næringskontora i begge kommunar. Til dette høyrer også	Viktig å få landa dei prosjekta det alt er semje med Ørsta om å få utgreidd. Brev sendt Ørsta Næringskontor og Volda Næringsforum, vedk. punkt a. Det er ikkje motteke svar. -kontakt med Ørsta om pkt b) under løpande vurdering

		felles satsing på reiseliv. b. Tekniske tenester: Rådmann skal invitere Ørsta kommune til eit utvida samarbeid, og legge fram sak der samarbeid er naturleg. c. Stabsfunksjonar: Rådmann vert beden om å utgreie eit mogleg samarbeid med Ørsta kommune innan økonomitenester og lønn.	punkt c) er i gang: Volda kommunestyre har i K-sak 112/14 den 28.08.14 vedteke at dette vert å sjå i samanheng med gjennomføring av eventuell kommunesamanslåing.
KST 107/12	30.08.12	**Godkjenning av avtalar om innløysing av næringsareal m.m. på Rotset** " Pkt 2: Kommunen vil parallelt med revideringa av reguleringsplanen for næringsområdet på Øvre Rotset prøve å få til avtale om frivillig skjøn også med eigaren av gnr. 30 bnr. 4. Dersom dette ikkje lukkast, er kommunen innstilt på å gjennomføre reguleringsplanen med heimel i kap. 16 i plan- og bygningslova."	Det vart halde nytt tingingsmøte med eigar av gnr. 30 bnr. 4 den 2. mars 2015, deretter brevveksling og varsel 13.5.15 om at det vert førebudd oreigningssak. Grunneigar har svara på dette varselet, og administrasjonen vil med det første legg fram forslag om oreigning av arealet.
KST 52/13	02.05.13	**Strategi for busetjing på bygdene** Pkt 2: Rådmannen vert beden om å ta opp med Ørsta kommune eit evt. felles grendautviklingsprosjekt som nemnda skisserer.	Rådmannen har sendt brev til Ørsta kommune med førespurnad om samarbeid. Rådmannen har følgt opp med purring våren 2014, men har ikkje fått svar frå Ørsta kommune. Ettersom svar uteblir så kan dette kanskje tolkast som at Ørsta kommune ikkje er interessert i eit slikt samarbeidsprosjekt.
KST 12/15	26.02.15	**Forvaltningsrevisjonsprosjekt - innkjøp - Volda kommune** 1. Kommunestyret tek til vitende forvaltningsrevisjonsprosjektet innkjøp Volda kommune. 2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal fylgjast/utførast. a. Rammeavtalane er for lite klar mht å definere kven i kommunen som er bundne av dei. Så lenge det ikkje står avgrensingar i avtalen, må avtalen gjelde heile kommuneorganisasjonen. Det bør gå klart fram av avtalane om den gjeld heile kommuneorganisasjonen, eller er avgrensa til delar av kommunen. b. Kommunen bør vurdere å følgje rutinar og bruke maldokument utarbeida av SSIS. Dette vil bidra til å effektivisere innkjøpsarbeidet og sikre trygge og gode innkjøpsrutinar i samsvar med gjeldande lov og regelverk. c. Det bør etablerast rutine for årleg rapportering frå	Administrasjonen har auka fokus på oppfølging av det offentlege innkjøpsregelverket. Innkjøpsregelverket er komplisert og det bind opp forholdsmessig store ressursar både i form av kostnader og arbeidsinnsats. Dette går seg utover kapasiteten til prosjektleiarar, sakshandsamarar og fagleiarar og på bekostning av framdrift på deira primærområde. Det er også risiko for å gjere feil. Fleire kommunar har rekruttert spesialisert innkjøps-kompetanse. Volda kommunestyre har vedteke at Volda kommune knyter til seg konsulentteneste gjennom rammeavtale for innkjøpsbistand. Det har til no ikkje vore kapasitet til å gjennomføre konkurranse blant tilbydarar som kan levere konsulentteneste gjennom rammeavtale. Spørsmål om fairtrade er sendt over til Volda næringsforum for handsaming.

		avdelingane til rådmannen om at regelverket vedk. offentlege anskaffelsar er fylgt. d. Det må etablerast rutinar som gjer at kommunen følgjer vedtak om fairtrade innkjøp av kaffi og te til alle kommunale møter. 3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane og evt. vidare framdrift til kontrollutvalet innan 20.08.2015. Oversending til administrasjonen: Kommunestyret ber administrasjonen legge fram ei eiga sak om korleis oppfølgjinga av Fairtradekommunestatusen til Volda kan betrast, inkludert korleis samarbeidet med næringslivet kan styrkast.	
FSK 35/15 (orienteringssak)	03.03.15.	**Fusjonsplan destinasjonsselskap Visit Sunnmøre & Nordfjord:** Formannskapet ber administrasjonen kome med ei sak om eventuell innmelding i destinasjonsselskapet og at det er naturleg at det vert henta inn synspunkt frå Volda næringsforum.	Har bede Volda Næringsforum/Volda Reiselivslag om fråsegn, sak til fsk/kst i mai-15. Slik fråsegn ligg føre, og det vert tilrådd at Volda held fram medlemskapen. Det vil bli gjort framlegg om dette i budsjett 2016.
KST	18.12.14	"Volda kommune vil i arbeidet med revidert budsjett for 2015 prioritere å finne rom for å tilsetje kommunepsykolog, om den økonomiske situasjonen tillet det og Ørsta kommune blir med på ordninga.	Psykologstillinga er lyst ut.
KST 48/15	28.5.15	**Årsmelding 2014:** Det vert vist til Delegeringsreglementet der de m.a. heiter: ”Rådmannen kan opprette og nedlegge stillingar innanfor kommunestyret si fastsette personalramme (årsverkramme)”. Rådmannen blir beden om å utarbeide ei oversikt over vedtekne/fastsette (årsverkrammer) for kvar sektor pr 31/12.2014. Den oversikta vert å leggje fram for vedtak og godkjenning av kommunestyret – innan handsaminga av budsjettet for 2016.	Hausten har vore svært arbeidskrevjande og ekstraordinær for personalavdelinga. Det vert så langt det er mogleg forsøkt følgt opp til budsjettet for 2016.
FSK 93/15	9.6.15	**Kjøp av friluftsområde – Andaneset** 1.Formannskapet bed administrasjonen tinge med eigar av gnr. 30 bnr. 18 med sikte på avtale om offentleg erverv av det i kommunedeplanen avsette friområdet på	Avtaleforslag utarbeidd, men administrasjonen vil prøve å gjere avklaringar med Miljødirektoratet før ny kontakt med grunneigar.

		Andaneset. 2.Tinging skal skje med atterhald om godkjenning av ev avtale i kommunestyret og godkjent økonomisk dekning. Primært bør det arbeidast for statleg ordning for overtaking av friområde, sekundært kommunal dekning gjennom budsjett og økonomiplan.	
FSK 95/15	9.6.15	**Fusjon DÅS og destinasjon Geiranger – Trollstigen AS** Volda kommune vil i eiga sak ta opp medlemskapen i destinasjonsselskapet til ny vurdering.	Sjå fsk-sak 35/15 ovanfor.
KST 84/15	27.8.2015	**Voldsfjordkryssing - bruselskap** 1. Volda kommunestyre ber formannskapet om å førebu etablering av selskapet "Voldsfjordkryssing", herunder utarbeide vedtekter, invitere aktuelle aksjonærar, gjere framlegg om aksjekapital, og gjere framlegg om styremedlemmer. 2. Kommunestyret vil gjere endeleg vedtak om etablering i samband med vedtak om løyving av naudsynt aksjekapital.	Ikkje kome i gang enno.
KST 70/15	18.6.15	**Kommunereform: Status pr. 1. halvår-15** 1. Kommunestyret tek til vitende orienteringa i saksutgreiinga om status i prosessen. 2. Kommunestyret tek ikkje i denne saka stilling til om Volda kommune skal halde fram som eiga kommune eller slå seg saman i ny og større kommune. Dette skal kommunestyret ta stilling til i juni 2016. 3. Kommunestyret ser det som nødvendig å gjere førebuingar for å gjennomføre ei rådgjevande folkerøysting våren 2016, der ein felles intensjonsplan er eit vesentleg grunnlag for å gjere reelt val av spørsmålet om samanslåing. Med atterhald om dette vil Volda kommunestyre invitere til eit samarbeid med Ørsta kommune for å utarbeide intensjonsplan for samanslåing. Det kan i drøftingane med Ørsta kommune om felles intensjonsplan, verte aktuelt at også andre kommunar tek del i desse samtalene.	Ørsta kommunestyre gjorde tilsvarende vedtak i møte 11.6.15. Innbyggjarundersøking gjennomført pr. 1.7.15 Halde to fellesmøte mellom arbeidsgruppene Forslag om oppnemning av forhandlingsnemnd vert fremja for kommunestyret til novembermøtet.

		4. Kommunestyret vedtek at det snarast råd skal gjennomførast ei lokal innbyggjarundersøking for Volda der også Ørsta er invitert til å delta. Dette for å kartlegge innbyggjarane sitt noverande syn på kva alternativ kommunen skal arbeide med fram mot folkerøystinga. Finansiering av undersøkinga er tildelte midlar frå Fylkesmannen tiltenkt arbeidet med kommunereforma. 5. Kommunestyret har som intensjon å følgje framdriftsplanen som er skissert i saksutgreiinga**.**	

VOLDA KOMMUNE

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Nina Kvalen	Arkivsak nr.:	2015/2293
		Arkivkode:	F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
171/15	Formannskapet	17.11.2015
128/15	Kommunestyret	26.11.2015

BRUK AV VERTSKOMMUNETILSKOTET FOR ASYLMOTTAK

Handsaming:
Rådmannen la fram eit nytt pkt. 5 til tilrådinga frå administrasjonen:

5. Styrkinga skal trappast nedatt med evn tilsvarande reduksjon av flyktningar ved asylmottaket.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen pkt.1-4, vart samrøystes vedteken.
Nytt pkt 5, vart samrøystes vedteke.

Tilråding i formannskapet - 17.11.2015 til kommunestyret:

1. ***Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.***
2. ***Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.***
3. ***Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.***
4. ***Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.***
5. ***Styrkinga skal trappast nedatt med evn tilsvarande reduksjon av flyktningar ved asylmottaket.***

Administrasjonen si tilråding:

6. ***Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.***

7. ***Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.***
8. ***Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.***
9. ***Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.***

Vedleggsliste:

1. Notat frå helsestasjonen av 09.11.15 om behov for auka stillingsressursar knytt til arbeidet med minoritetshelse.
2. Mandat, målsetting og samansetting av tverrfagleg team for minoritetshelse, revidert 10.11.15.
3. Rapport til fylkesmannen 09.11.15 om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkerer i Volda kommune.
4. Brev til Volda kommune frå LINK AS datert 22.10.15, om konvertering til ordinær driftsavtale av EMA-avdeling på Volda statlige mottak.
5. UDI-rundskriv 2011-025: Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller omsorgssenter.

Uprenta saksvedlegg:

- K-sak 23/15 handsama i k-styret 26.03.15: Asylhelseteneste – auke av stillingsressurs.

Samandrag av saka:

Volda statlige mottak vart etablert i 2008 med 120 faste plassar. Talet plassar har auka gradvis og frå november 2014 vart talet auka til 160 faste plassar, med opsjon på ytterlegare 30 plassar. Opsjonsplassane vart første gong utløyst i mars 2015 for fem månader, og på nytt utløyst frå oktober 2015, slik at kapasiteten på det ordinære mottaket no er på 190 plassar. I slutten av oktober 2015 vart det i tillegg oppretta ei EMA-avdeling ved Volda mottak, med 40 plassar for einslege mindreårige i alderen 15-18 år. Avtalen om drift av EMA-avdeling vart inngått for 6 månader med høve til lenging i 3 + 3 månader gjennom direktekjøp mellom UDI/LINK AS. No har LINK AS varsla at dei deltek i anbodskonkurranse for konvertering til ordinær driftsavtale av EMA-avdelinga på Volda mottak i 3 + 3 år, sjå vedlegg 4.

Vertskommunetilskot skal dekke kommunen sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon. Det er særleg helsestasjonen og legesenteret som har merkbart press knytt til auka tal bebuarar. For å gjennomføre lovpålagde tenester og eit helsetenestetilbod i samsvar med nasjonale føringar og Volda kommune sine prosedyrar, ser rådmannen det som naudsynt at helsestasjonen og legesenteret får styrka sine tenester. Rådmannen ser det vil vere nyttig å få fullmakt til å disponere vertskommunetilskotet og gjere naudsynte prioriteringar innafor kva tilskotet er meint å dekke for raskt å setje kommunale tenester i stand til å yte lovpålagde tenester overfor bebuarar i mottaket.

Saksopplysningar:

Tal plassar på Volda mottak

Volda Statlige Mottak er eit desentralisert mottak og fekk sine første bebuarar i november 2008. Ved oppstarten hadde mottaket 120 faste plassar, men tidvis har opsjonsplassar blitt utløyst og det har vore opp til 145 bebuarar i mottaket. Medio november 2014 vart kapasiteten auka til 160 faste plassar, med ein opsjon på ytterlegare 30 plassar. Opsjonsplassane vart utløyst i mars 2015 for fem månader, og på nytt utløyst frå oktober 2015, slik at kapasiteten i mottaket i dag er på 190 plassar. I slutten av oktober 2015 vart det i

tillegg etablert eiga EMA-avdeling ved mottaket, med 40 plassar for einslege mindreårige i alderen 15-18 år. Dvs. at det pr. i dag totalt er 230 plassar i Volda mottak.

Vertskommunetilskotet og andre tilskot til vertskommunar for asylmottak
Kommunar med asylmottak har ansvar for lovpålagde tenester overfor bebuarar i mottak. Til dette mottek kommunen eit *vertskommunetilskot* som skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon. Tilskotet er samansett av ein grunnsats og ein sats pr. type plass. I 2015 gjeld følgjande satsar:

Vertskommunetilskotet 2015	**Pr. år**	**Faktor**	**Budsjett år**
Grunnsats	492 592	1	492 592
Sats pr. ordinær plass	7 560	190	1 436 400
Sats pr. EMA-plass	13 965	40	558 600
Årleg tilskot ved 100% belegg			*2 487 592*

Vertskommetilskotet for 2015 vil utgjere **kr 1 974 884** for Volda kommune. For 2016 er det varsla om lag 2,9% auke i vertskommunetilskotet. Med 100% belegg gjennom året på 230 plassar, vil vertskommunetilskotet til Volda kommune utgjere om lag 2,6 mill. i 2016. Tilskotet vert utbetalt kvartalsvis, for det tal plassar LINK AS/Volda mottak og UDI til ei kvar tid har avtale om. I 2015 vart det utløyst tilskot for dei 30 opsjonsplassane i om lag åtte månader. Satsane for EMA-plassane vart først utløyst frå slutten av oktober, dvs. i litt over to månader.

Utover vertskommunetilskotet mottek kommunen:

- *Barnehagetilskot* for asylsøkjarbarn i alderen 4-5 år som vert tilbydd barnehageplass, inkluderer også foreldrebetalinga.
- *Grunnskuletilskot* for barn (6-15 år) og ungdom (16-18 år).
- *Norsktilskot* for vaksne knytt til norskopplæringa.
- *Innbyggartilskot* - Når bebuarar i mottak har fått opphaldsløyve blir dei folkeregistrert i kommunen og tel med i berekninga av innbyggartilskotet.
- *Særtilskot ved omsorgsovertaking* - Vertskommunar *kan søke* tilskotet ved urimelege store barnevernsutgifter ved omsorgsovertaking.

Bruk av vertskommunetilskotet i Volda kommune
I samband med etableringa av mottaket i 2008 vart det frå 01.01.2009 tilsett helsesøster i 60% stilling og helsesekretær i 8% stilling ved helsestasjonen, og 20% stilling som helsesekretær på legesenteret. Frå 01.03.15 fekk helsestasjonen auka den samla personalressursen på inntil 40%. Leiar på helsestasjonen fekk mynde til å avgjere korleis best mogleg utnytte ressursen, som vart fordelt slik: 25% helsesøster og 15% jordmorteneste. Dvs. at helsestasjonen totalt har 108% stillingsressurs finansiert av vertskommunetilskotet; 85% helsesøster, 15% jordmor, 8% helsesekretær, og legesenteret har 20% stillingsressurs som helsesekretær finansiert av vertskommunetilskotet.

Bruken av vertskommunetilskotet er pr. i dag bunden til:

- *108% stillingsressurs på helsestasjonen*
    - 85% helsesøster
    - 15% jordmor
    - 8% helsesekretær
- *20% stillingsressurs på legesenteret*
    - 20% helsesekretær
- Kostnader til *bruk av tolk* overfor bebuarar i mottaket

Helsestasjonen og legesenteret har særleg fått auka press på helsetenester overfor bebuarar i mottaket, og siste halvåret har det vore lang ventetid på helsesamtalar. Dette er uhaldbart i høve smitteoppsporing og kartlegging av behov for helsehjelp. I november 2013 kom det nye nasjonale anbefalingar for vaksinering av asylsøkjarar, noko som har ført til at det blir brukt meir tid på vaksinering enn tidlegare. Det går alltid ekstra tid på konsultasjonane då ein nyttar telefontolk og det skal gjerast grundig kartlegging av fysisk og psykisk helse samt smitteoppsporing.

Auken i tal flyktningar ved asylmottaket i haust medførte auka behov for tenester frå kommunen. Det er særleg viktig at flyktningane får nødvendige helsetenester ved ankomst. I eit internt møte om helsetenestetilbodet den 12.10.15 gav rådmannen løyve til ei midlertid ekstra styrking av helsestasjonen og legetenesta ut året 2015, som følgje av auka lovpålagde oppgåver knytt til auka tal bebuarar i Volda mottak og etableringa av EMA-avdeling slik:

- Helsestasjonen
    - 50% helsesøster
- Legesenteret:
    - 30% helsesekretær
    - 10% lege

Både helsestasjonen og legetenesta ønskjer at styrkinga vert vidareført i 2016 og gjort om til faste stillingar. *Dvs. slik samla disponering av vertskommunetilskotet frå 2016:*

- *158% stillingsressurs på helsestasjonen*
    - 135% helsesøster
    - 15% jordmor
    - 8% helsesekretær
- *60% stillingsressurs på legesenteret*
    - 50% helsesekretær
    - 10% lege
- Kostnader til *bruk av tolk* overfor bebuarar i mottaket

I notat til saka ber helsestasjonen om ytterlegare auka stillingsressurs på 50% for å ivareta oppfølging av *psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn*, sjå vedlegg 1. Helsestasjonen meiner det er viktig å få på plass eit system for oppfølging av psykisk helse for gruppa. Eit slikt tilbod vil vere førebyggjande både for personane sjølve og for samfunnet. Rus- og psykisk helseteneste tek imot henvisningar på personar over 18 år. Helsestasjonen har helsesøstre med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge. Dei jobbar i dag innanfor skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Dersom helsestasjonen skal kunne tilby eit lavterskeltilbod innan psykisk helse for målgruppa, må ressursane omdisponerast, og dei treng difor ei ytterlegare 50% stillingsressurs til dette arbeidet. Rådmannen ønskjer å sjå nærare på denne saka etter nyttår og sjå dette i samanheng med tilsetting av kommunepsykolog og korleis kapasiteten og ressurssituasjonen utviklar seg i arbeidet med minoritetshelse i kommunen.

Barnevernstenesta har til no ikkje hatt trong for auka ressursar knytt til arbeidet med bebuarar i mottaket. Dette kan endre seg som følgje av etableringa av EMA-avdelinga og ev. fleire barnefamiliar i Volda mottak.

Styrking av kommunale tenester knytt til busetjing av flyktningar
Barnevernet fekk imidlertid auka stillingsressurs med 100% barnevernspedagog i 2010, som følgje av auka busetjing av flyktningar. Rus- og psykisk helseteneste fekk same året 50% auka stillingsressurs og helsestasjonen har 60% stillingsressurs knytt til arbeidet med busetjing av flyktningar.

Framtidig disponering av vertskommunetilskotet
Rådmannen ser det vil vere nyttig å få fullmakt til å disponere vertskommunetilskotet og gjere naudsynte prioriteringar innafor ramma av vertskommunetilskotet og gjeldande regelverk av kva tilskotet er meint å dekke, sjå vedlegg 5. Dette for raskt å imøtekome behov for ressursar og setje det kommunale tenesteapparatet i stand til å yte lovpålagde tenester overfor bebuarar i mottaket.

Oppretting av tverrfagleg team for minoritetshelse
I samsvar med tilråding frå helsedirektoratet ser vi behov for å etablere eit tverrfagleg team for kvalitetssikring og koordinering av minoritetshelseteneste på ein god måte. Vedlagt følgjer mandat, målsetting og samansetting av tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.

Vurdering og konklusjon:
Rådmannen er uroa over den formidable utfordringa knytt til å vere vertskommune for eit stadig større asylmottak, som på få år og kort varsel har auka frå 120 til 230 plassar. Dette har utløyst store utfordringar med raskt å etablere kommunale tenester knytt til utviding av lokala til Volda læringssenter til norsk- og grunnskuleopplæring, og kapasitetsmessige utfordringar i legetenesta og på helsestasjonen. Det er viktig at dei kommunale tenestene vert styrka, for å yte lovpålagde kommunale oppgåver på ein fagleg forsvarleg måte.

Helse og miljøkonsekvensar:
Behovet for psykisk helseteneste er svært undervurdert, og spesialisthelsetenesta i helseforetaka må tungt inn. Rådmannen har via fleire kanalar, m.a. gjennom KS, sterkt oppmoda om at myndigheitene snarast må kartleggje utfordringane, sjå på arbeidsfordelinga og finaniseringa av utgiftene til tenestene som må ytast for at flyktningane snarast kan verte integrerte.

Styrkinga av det kommunale helsetenestetilbodet og etableringa av eit tverrfagleg team for minoritetshelse, vil gi rom for å vere betre rusta til å yte lovpålagde kommunale oppgåver, betre samarbeid og samordning av kommunale helsetenester overfor målgruppa, og sikre gode rutinar for mottak og oppfølging av personar som har krav på lovpålagde helsetenester av kommunen.

Økonomiske konsekvensar:
Med auke i talet på bebuarar i Volda mottak vil vertskommunetilskotet auke. Innafor ramma av tilskotet er det rom for å gjennomføre framlegget om auka stillingsressursar til helsestasjonen (158%) og legesenteret (60%). Grovt rekna vil dei samla kostnadene til stillingsressursar utgjer om lag kr 1,2 mill. på årsbasis. I 2015 vil vertskommunetilskotet utgjere i underkant av 2 mill. For 2016 er det forventa at vertskommunetilskotet vil utgjere om lag 2,6 mill.

Det er stor usikkerheit til om vertskommunar for asylmottak får finansiert sine utgifter gjennom vertskommunetilskotet og andre tilskot som følgjer med. Rambøll har i rapport dokumentert at vertskommunen sine utgifter er underfinansiert.

Beredskapsmessige konsekvensar:
Ikkje vurdert utover det som kjem fram av saksutgreiinga.

Rune Sjurgard Nina Kvalen

rådmann spesialrådgjevar innvandring og integrering

Utskrift av endeleg vedtak:
spesialrådgjevar Nina Kvalen
oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik
leiar helsestasjon Anne Årsnes Skrede
helsesøster Ann-Elin Lillebø
helse- og omsorgssjef Jorunn Anne Tomasgard
kommuneoverlege Arne Gotteberg
leiar førebygging, rehabilitering og legeteneste Synnøve Ringset Fuglehaug
leiar Volda legesenter Oddvar Alfsvåg
leiar hjelpepersonell Volda legesenter Ingeborg Alsaker
leiar rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne
barnevernsleiar Brynhild Solvang
konst. personalsjef Oddny Vatnehol
økonomisjef Henrik Skovly
leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø
økonomikonsulent Andreea Beleuta

VOLDA KOMMUNE
Helsestasjon i Volda
Opplæring og oppvekst
6100 Volda

Helsestasjonen sitt arbeid med minoritetshelse.

Helsekartlegging.

For oppfølging av asylsøkjarar er det veiledar IS-1022: «Helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforendte» frå Helsedirektoratet (rev -2015) som blir følgt. Alle nye som kjem til kommunen får mottakssamtale hos helsesøster.

Her blir helsestatus kartlagt m.h.t. psykisk og fysisk helse, tuberkulose- og vaksinasjons-status, tannhelse, ernæring, nettverk og bakgrunn. Tema som kjønnslemlesting og vald blir tatt opp. Helsesøster bestiller legetime på Volda legesenter for smitteoppsporingsprøver og naudsynt helseoppfølging. Med bakgrunn i smitteoppsporingsprøver og helsekartlegging vil helsesøster følge opp i forhold til vaksinasjon, informasjon, samtaler og henvisning til andre samarbeidspartar.
Hausten-13 kom det ny anbefaling frå Folkehelseinstituttet om vaksinering av asylsøkjarar og tilsette ved asylmottak pga. epidemi av polio og meslingar m.a. i Syria og Somalia. Alle nye asylsøkjarar får tilbod om desse vaksinane, i tillegg til hepatitt B vaksine av alle under 25 år. Born og ungdom får kartlagt sin vaksinestatus og får oppdatert vaksiner tilsvarande norsk vaksineprogram. Hepatitt B vaksine består av 3 doser, dermed er det mange som har mange konsultasjonar ved helsestasjonen. Tidvis vert det oppdaga smittsam sjukdom som krev ekstra oppfølging av den som er ramma, samt miljøundersøking med kartlegging av nærkontakter og evt. Vaksinering av desse. Sidan mange deler kjøkken og bad kan miljøundersøkingane ofte bli omfattande.

Helsesøster får tilsendt helsepapir frå helsetenesta i transittmottak når nye personar kjem til Volda. Helsepapira blir etter samtykke sendt til ny helsestasjon for dei som får opphald i andre kommunar.
Gravide får oppfølging av jordmor ved helsestasjonen.
Vi brukar tolk til konsultasjonane der det er behov, konsultasjonane tar då dobbel så lang tid.

Vurdering av kapasitet ved helsestasjonen.

Det har vore ei stor auke i tilflytting til Volda av personar som treng helsetenester etter veileder IS-1022.
Det aktuelle no er eit asylmottak for einslege mindreårige flyktningar med 40 ungdomar.

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

Telefon 70058820

Telefax 70058701

For å kunne gjennomføre arbeid med helsekartlegging, oppfølging av vaksiner, smittevern, helseinformasjon, administrering, som t.d. helsepapirer til og frå helsestasjonen og bestilling av tolk, er det behov for ein 50% helsesøsterressurs.

Det er viktig at Volda kommune får på plass eit system for oppfølging av psykisk helse for denne gruppa. Å ha eit tilbod om oppfølging av den psykiske helsa er viktig førebyggande arbeid både for personane dette gjeld og for samfunnet elles.
Rus- og psykisk helseteneste tek imot henvisingar på personer over 18 år. Helsestasjonen har helsesøstre med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge. Pr. dags dato jobbar dei innan skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Dersom helsestasjonen skal kunne tilby eit lavterskeltilbod innan psykisk helse, må ressursane omdisponerast og vi ser behov for ei ytterlegare 50% stilling.

Dersom ikkje helsestasjonen får naudsynte ressursar må barn og unge som slit med psykisk helse bli henvist til fastlege. Alle barn over 16 år må betale for legeteneste.

Vi ser behov for å få sett ned eit tverrfagleg team som skal arbeide med minoritetshelse. Dette er i samsvar med tilråding frå helsedirektoratet**.**

Helsestasjonen treng 50% stillingsressurs til helsesøster for helsekartlegging og oppfølging. I tillegg er det trong om 50% for å ivareta oppfølging av psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn.
Eit tverrfagleg team for minoritetshelse er viktig å få på plass for kvalitetssikring og koordinering av tenestene på ein god måte.

Volda, 09.11.15

Mvh

Anne Årsnes Skrede
Leiar helsestasjonen

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

Telefon 70058820

Telefax 70058701

Tverrfagleg team for minoritetshelse

Mandat

Volda kommune oppretter eit tverrfagleg team for minoritetshelse. Teamet skal arbeide med rutinar, prosedyrar for oppfølging av fysisk og psykisk helse, smittevernutfordringar, drøfte behov for oppfølging og iverksetjing av tiltak, derav førebyggjande lavterskeltiltak, og best mogleg utnytting av tildelte ressursar.

Møtefrekvens ca 4-6 gongar pr år, eller når nokon finn det er naudsynt å diskutere utfordringar.

Teamet skal halde seg orientert om lovverk og gi informasjon til samarbeidspartar.

Målsetting

Sikre gode rutinar for mottak og oppfølging av personar som har krav på lovbestemte helsetenester i kommunen.

Teamet si samansetting

Rus- og psykisk helseteneste, helsesøsterteneste, jordmorteneste, lege / kommuneoverlege og barnevernstenesta.

Kommunepsykolog bør nyttast som rettleiar for identifisering av traumatiske tilstander.

Andre samarbeidspartar kan verte invitert som t.d. rådmannen, Volda læringssenter, BUP, politi, psykolog og Volda mottak.


Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølgning av asylsøkere 09.11.15.docx - Melding (HTML)
Melding
Svar
Svar til alle
Videresend
Slett
Overfør til mappe
Lag regel
Andre handlinger
Blokker avsender
Sikker-lister
Ikke søppelpost
Kategoriser
Følg opp
Marker som ulest
Søk
Relatert
Velg
Svar
Handlinger
Søppelpost
Alternativer
Søk
Fra: Anne Skrede
Til: 'sverre.veiset@fylkesmannen.no'
Kopi: Rune Sjurgard; Arne Gotteberg; Nina Kvalen
Emne: Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølgning av asylsøkere 09.11.15.docx
Sendt: ma 09.11.2015 14:07
Melding
Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølgning av asylsøkere 09.11.15.docx (23 kB)
Anne Årsnes Skrede
